

Arne Garborg

Bondestudentar

Tekstkritisk og kommentert utgave
ved
Gudleiv Bø

Det norske språk og litteraturselskap/bokselskap.no
Oslo 2024

Arne Garborg: *Bondestudentar*. Tekstkritisk og kommentert utgave ved Gudleiv Bø, Det norske språk og litteraturselskap/bokselskap.no, Oslo 2024.

Teksten i bokselskap.no følger 1. utgave, 1883 (Bergen/Fr. Nygaards forlag).

Digitaliseringen er basert på fil mottatt fra Nasjonalbiblioteket (nb.no).

ISBN: 978-82-8319-747-1 (bokselskap.no),

978-82-8319-748-8 (epub), 978-82-8319-749-5 (mobi)

Filen er lastet ned fra e-bokportalen Bokselskap. Lesetekst og flere

nedlastningsmuligheter m.m. er gratis tilgjengelig på bokselskap.no

Forord: Om teksten i denne utgåva

Norsk skriftspråk er nyare enn mange andre europeiske skriftspråk. Mange europeiske skriftspråk fekk nokolunde den forma dei har i dag så tidleg som med bibel-omsettingane på 1500- og 1600-talet. Truleg uttala ein orda den gongen nokolunde slik som ein stava dei – og framleis stavar dei. På engelsk t. d. må dei ha *sagt* noko i retning av «nikjt» og «knikjt» for dét som dei *stava night* og *knight* – altså *natt* og *knekt* på norsk. Men talemålet og skriftmålet har skilt lag. Skriftmålet har stått nesten stille – medan talemålet har utvikla seg vidare på sjølvstyr! Etterkvart sa dei «nait» både for *night* og *knight* – utan å rikke det aller minste på skrivemåten. Og slik har engelsk – og andre språk som dansk og fransk – fått stor avstand mellom talemål og skriftmål. Derfor kan engelske og danske og franske lesarar klare Shakespeare og Holberg og Moliere omtrent like lett som dei klarar samtidslitteraturen.

Men i Norge endrar skriftspråket seg; og det er talespråket som styrer og er normgrunnlaget – skrifta følgjer talen – så nokolunde i alle fall. Kvifor har det blitt så annleis i Norge? Det må vere fordi *talemålet* her hos oss vart til eit slags *nasjonalsymbol* i løpet av 1800-talet. I den nasjonsbyggingsprosessen vi måtte igjennom etter 1814, var det bare talespråket som var *norsk* medan skriftspråket var *dansk*. Det blei først avgjørande for Ivar Aasen og målrørsla, sjølv sagt; men også då dansken i Norge skulle bli til bokmål – i 1907 og 1917 –, så var det ei tilnærming til norsk *tale* mål som var aktuelt.

Slik gjekk det til at i land som Danmark og England og Frankrike har *skriftmålet* prestisje som nasjonal kulturarv – folk i kultur-eliten er stolte av skriftspråket sitt som nasjonalt klenodium. I Norge haustar nok den klassiske norsk-danske litteraturen frå 1800-talet nasjonal prestisje; men ikkje det språket som den er skriven på. Norske styresmakter har ikkje den same pieteten som vi ser i andre land overfor det nasjonale *skriftspråket*. For hos oss har ein heilt sidan hundreårsskiftet 1900 med ujamne mellomrom revidert skriftnormalane for både bokmål og nynorsk. Og ein hovudtendens har då vore at ein følgjer utviklinga til talemålet. Ein aukande avstand til dei litterære klassikarane er ei omkostning ein har godtatt – tydelegvis ut frå eit ønske om at skrift og tale skal stå *nær* kvarandre.

Derfor har norske ungdommar problem med norske klassikarar i originalutgåve – anten dei er på dansk, eldre bokmål eller eldre nynorsk. Både ortografi og ordval i den klassiske norske diktinga verkar framand og stengande for moderne lesarar. Forlaga våre freistar å bøte på dette ved å modernisere språket i klassikarane. Men då blir det etter kvart eit behov for at i alle fall *fagfolka* på det aktuelle området lærer å kjenne originalen. Slik teologar må kjenne latin, gresk og hebraisk, må norskfilologar kunne lese norske og danske klassikarar i original. Då må klassikarane vere tilgjengelege, og det er her denne serien frå Det norske språk- og litteraturselskap (NSL) kjem inn: Vi føreset at forlaga framleis marknadsfører moderniserte tekster for den lesande ålmenta, men at forskarar og studentar i høgare utdanning les originaltekstene. I kultursamfunn av vår type krevst det parallellutgåver av klassikarane – ei for den alminneleg interesserte lesaren – og ei anna for det akademiske studiet av teksta.

NSL ønsker altså å gjøre originalutgåva tilgjengeleg. Men kva er originalutgåva? Oftast tenkjer ein vel på den første prenta versjonen. Men mange forfattarar endrar tekstene sine i seinare utgåver. Kva for ei av dei skal ein då sjå på som originalutgåva? Mykje talar for at det er den *siste* utgåva frå dikteren si hand, som skal gjelde som den autoritative versjonen av det aktuelle verket. Diktaren har tenkt seg om – og meiner at den siste versjonen er den han vil skal leve etter seg. På den andre sida var det den *første* versjonen som vekte åtgaum, som vart meldt i pressa, og som representerte noko nytt i litteraturhistoria. Og det er dette omsynet som har vore avgjørande for utgivingane frå NSL.

Denne boka presenterer altså originalutgåva av *Bondestudentar*. Men her er dette litt meir komplisert enn det er for dei fleste andre bøker. For denne romanen byrja å komme ut som føljetong i vekebladet *Fedraheimen*, som Arne Garborg redigerte. Det første kapittelet kom i nr. 22 og vart publisert våren 1882; så heldt han fram med å trykke nye kapittel i bladet til ut mot slutten av kapittel seks. Då hadde han i mellomtida skrive heile romanen ferdig, og sende manuskriptet til forleggjar Fr. Nygaard i Bergen. Så kom boka ut i oktober 1883. Men då hadde han gjort mindre endringar i teksten – først og fremst strykingar. For Garborg var den typen forfattar som aldri vart ferdig med tekstane sine. Og fordi han var populær, vart det stadig nye opplag og utgåver av bøkene hans. Og han retta og endra på eitt og anna i dei fleste. Så kva for versjon er den eigentlege Garborg?

Vi må også hugse på at Garborg var ein *pioner* som forfattar på det nye landsmålet; så språket var framleis under utprøving og utvikling. Han byrja å skrive landsmål i 1877, og frå først av la han seg tett opp til Aasen-normalen. Den følgjer han enno i

1880-åra. Men rundt hundreårsskiftet går han over til «midlands-normalen», som ligg nærmare målføra i fjellbygdene i Sør-Norge. Når då *Skriftir i samling* kom ut i 1908 og 1909, retta han *alle* bøkene sine til denne normalen. Mot slutten av livet nærma han seg Aasen-normalen att. Når det då gjeld *Bondestudentar*, reknar ein utgåva frå 1883 som førsteutgåva. Andre utgåve kom i 1885; og tredje utgåve var den som kom i *Skriftir i samling*. Det kom fleire i tiåra frametter, og etter kvart byrja også skuleutgåvene å komme – frå 1936 – ved Olav Midttun, Åsfrid Svensen og Sigbjørn Reime.

Den boka som blir presentert her, bygger på førsteutgåva frå 1883; dei passasjane frå *Fedraheimen* som han strauk i førsteutgåva, er tekne med, men berre i fotnotar. Men, som nemnt, Garborg heldt fram med å foreta endringar i dei seinare utgåvene – både i språket og i innhaldet. *Språkleg* går han altså sjølv over til midlandsnormalen i *Skriftir*, medan skoleutgåvene følgjer gjeldande normal for skolen på den tida den einskilde utgåva vart trykt. Når det gjeld endringar i *innhaldet*, er det stort sett strykingar han har foretatt. – Såleis er det i den boka som blir presentert her, ein kan finne den mest fullstendige teksten. Eit omfattande oversyn over dei strykingane han har gjort i *Skriftir i samling*, finst i Midbøe 1951: 121 ff.

Denne boka rettar seg i første rekke til litteratur-*studentar*. Derfor er merknadene redigerte annleis i denne utgåva enn i skoleutgåvene. Det inneber først og fremst at merknadene er færre og stuttare. Eg har gått ut frå at lesarane av denne boka har breiare generell historisk kunnskap – og større ordforråd – enn ein kan vente av vidaregåande-elevar.

Eg vil likevel streke under at eg har hatt stor nytte av skoleutgåvene. Særskilt har det vore nyttig å sjå kva for *ord* som ein i skoleutgåvene har vurdert som framande eller vanskelege. Ofte har eg nok likevel rekna med at mange slike ord har vore kurante for akademikarar og andre litt eldre lesarar. Derfor har eg latt vere å forklare mange ord som blir forklarte i skoleutgåvene. Stort sett har eg ikkje gitt kjeldetilvising ved ordforklarings jamvel der eg sjølv har måtta slå opp; eg opplyser i staden *her* heilt generelt at i slike tilfelle har kjelda vore *Norsk ordbok*.

Dei historiske realkommentarane er i denne boka korte og konkrete. Eg gir ingen breie generelle oversyn over historiske og politiske rørsler på 1870-talet, men føreset at lesarar som ønsker det, sjølv vil finne fram til relevant faglitteratur. Særskilt har eg skore ned på det politiske stoffet.

Eg kommenterer historiske personar som blir nemnde i teksten. Men eg refererer ikkje kva Garborg ved ulike høve har opplyst om historiske modellar for dei litterære figurane. Likevel aksepterer eg som litterært relevant at bruken av levande modellar gir eit generelt inntrykk av «levd liv» – at ein opplever å komme «tett inn på» både det som skjer i fiksjonen og den historiske konteksten.

Jamvel om eg har skore ned på utgreiingane om politiske straumdrag og sosiale tendensar i perioden for handlinga, så har eg styrkt merknadene noko når det gjeld dei kyrkjepolitiske og teologiske konfliktane. Eg opplever motsetnadene mellom «dei vakte» og «dei folkelege» – altså Gisle Johnson-fylkingen og Grundtvigianarane – som tilstrekkeleg sentral til at den bør bli vektlagt i den tematiske analysen av verket.

12.06.2023

Gudleiv Bø

Innleiing: Ei bok i utvikling

Nyskrivne bøker liknar på ungdommar som flyttar heimanfrå; forfattaren misser kontrollen over boka, og foreldra misser kontrollen over sonen eller dottera. Både boka og ungdommane endrar seg – litt – for kvart nytt menneske dei møter. Det gjeld sjølv sagt for deg og meg, når vi tenkjer etter; vi er litt annleis når vi er saman med bestemor enn når vi er på byen med gjengen. Og fram gjennom livet endrar vi oss – mellom anna i samver med andre. Men noko liknande gjeld for bøker: Forfattaren misser kontrollen, og for kvar ny *lesar* blir boka litt annleis. For dei som les, opplever ikkje boka heilt likt.

Men det er ein viktig skilnad mellom ungdommane på den eine sida og nokre få sjeldne bøker på den andre, nemleg dei bøkene som blir klassikarar og held fram med å leve; somme bøker lever i mange generasjonar. Då er teksten sjølv sagt den same, men lesarane endrar seg med historia; dei som las *Bondestudentar* i 1883, hadde andre føresetnader å møte boka med enn dei som las den i 1905 – eller 1945 – eller i fjor; derfor endrar også boka seg med historia. Nokre viktige drag i den endringsprosessen som denne boka har gjennomlevd, kan vi følgje om vi tar for oss kritikken av den.

Olav Midttun, som gav ut den første skoleutgåva, var bestefar min. Og han fortalde meg at dette var den romanen – av alle! – som hadde gripe han mest. Det var som om han og andre ungdomar frå 1905-generasjonen her kjende att seg sjølv og kvarandre. Rett nok var det satire, og portretta var stygge, men dei var likevel gripande. Og livssituasjonen var så ekte – møteplassane, diskusjonane, dei sosiale og ideologiske frontane. Heile dette fiktive samfunnet levde – samfunnsklassene røynde kreftene sine på kvarandre, og mange unge idealistar gjekk til grunne i striden. Men om boka var beisk, var den samtidig eit mektig våpen i ein strid som desse ungdomane trudde på, som dei visste at dei var med i, og som dei var i ferd med å vinne! Ja, denne boka handla om dei sjølve – i alle fall nesten! – Bestefar sa ikkje alt dette, men han må ha tenkt omtrent slik. Og dét må ha vore grunnen til at han laga ei skoleutgåve av romanen: Denne boka synte fram dei samfunnskreftene som hadde skapt livsvilkåra til elevane i skolen. Så derfor vart *Bondestudentar* pensum for mange generasjonar av elevar i vidaregåande skole.

Her møter vi eit hovudsyn som dominerte kritikken i dei første generasjonane: *Bondestudentar* var ein «spegel» for samfunnet på den tida som boka skildra; boka «spegla» nokre karaktertypar og kulturkonfliktar som var særmerkte for epoken. Dessutan var det ein satire, så det blei ein slags narre-spegel – slik ein som finst på tivoli, der sjølvbiletet blir komisk. Satiren gav samfunnskritikken ein ekstra snert, og humoren gjorde det lettare å bere det alvorlet som låg under.

Den viktigaste kritikaren då boka kom ut, var sjølvsgatt Georg Brandes. I 1885 skreiv han om *Bondestudentar* at «Dette er den dybe alvorlige Bog om den norske Fattigdom, dens Aarsag, dens Væsen og dens Følger med Hensyn til Karakterens Forkrøbling og den aandelige Forsumpnings Herredømme». (Her etter Winsnes 1961: 101.)

Då har han tydelegvis godtatt Garborgs intensjon med boka. For Garborg hadde sendt han eit eksemplar då den kom ut, og då la han ved eit brev om innhaldet: «Den handler om – og søger at piske – den norske Usoliditet og Uselvstændighed m. m., og har bl. a. det bestemte Formaal at ægge op Bønderne til Mod og Manddom. Forresten er den i sin Grundtendens statsøkonomisk, og med Hensyn til Stof er den specifik norsk.» (Garborg 1954: 150.)

Fleire kritikarar i perioden såg karakter-satiren i *Bondestudentar*, og plasserte boka i tradisjonen frå *Peer Gynt*, der poenget blir ein karakteristikk av «nasjonalkarakteren». Lars Holst skriv i *Dagbladet* 11. november 1883 at boka handlar om «vort folks Uvederhæftighed, Kryberi, Arbeidsulyst og uværdige Forgudelse af Embedsstillingen». Og Christopher Bruun skriv i tidsskriftet sitt «*For frisindet Christendom*» i 1885 at ingen tidlegare har vist like tydeleg at «Dovenskab er en virkelig Folkesynd her i Norge». (Båe døma etter Midbøe 1951: 102–103.) – Mange andre skreiv – oftast rosande – om boka, men festar seg først og fremst ved karakterskildringa, som om også *Bondestudentar* refsar «nasjonalkarakteren», og som om *den* er noko varig – noko som heftar ved nordmannen – nærmast som rase – sidan skapinga.

Brandes og Garborg skil seg ut ved at dei ikkje einsidig fokuserer på individa i boka, men på samfunnsstrukturane. Garborg understrekar at boka som heilskap handlar om økonomi. Brandes plukkar tråden opp, og ser at det her dreier seg om «Aarsager til» og «Følger av» fattigdom – altså drivkreftene, som formar karakterane.

Ein slik kombinasjon av sosialøkonomi og sosialmoral kom nok etter kvart til å dominere tolkinga av *Bondestudentar*, og ei slik oppfatning ligg truleg til grunn for

merknadene i skoleutgåvene – frå bestefar Olav Midttun og framover. I så fall inneber dette at fiksjonen – slik eg var inne på ovanfor – her fungerer som ein «spegel» for ein historisk røyndom. Innhaldet appellerer til lesaren nesten som om boka skulle ha vore ein reportasje – lesaren pendlar mellom innleving og moralsk forarging – som om Daniel Braut og Fram og proprietær Stensrud skulle ha vore levande menneske.

Men tolkinga av boka følgjer så nokolunde utviklinga i litteraturkritikken. Då «Nykritikken» byrja å problematisere «Den historisk-biografiske skolen» – frå 1950- og 60-talet og framover –, kom det ut ein monografi om *Bondestudentar*, som freista å løfte karaktarskildringa opp over og bort frå samfunnsbildet. Det var Hans Midbøes *Arne Garborg og Bondestudentar* frå 1951. Eitt av måla for «Nykritikken» var å sjå den universelle kjernen i verket, som låg innvevd i alle detaljane – ein tematisk kjerne som var ahistorisk og allmenngyldig. Midbøe legg tydelegvis til grunn at Daniel Brauts personlege «utvikling» er eit vregjebilde av Garborgs eiga livshistorie. Han meiner å kunne dokumentere dette med ei nærlesing av det kjende brevet som Garborg skreiv til Gerhard Gran 20. juli 1896. Her skriv Garborg at han i *Bondestudentar* «for en stor Del har harcelleret mig selv»; brevet er elles ein ironisk «sjølvbiografi» om hans eigen personlege vokster frå romantisk svermar til ein person som kan sjå samanheng og meining i vaksenlivet sitt. Midbøe les dette brevet opp mot Garborgs ungdomsskrifter, og utviklar på dette grunnlaget ei meir prinsipiell drøfting av generelle personlegdomsproblem. Monografien hans har eit fyldig tolkande referat av *Bondestudentar*, men den gir ingen noggrann analyse av verket som tekstleg konstruksjon.

Elles vender «nykritikken» gjerne interessa meir mot teksten som tekst – og mindre mot fiksjonen som «spegling» av røyndommen. Ein slags mellomposisjon fekk vi i 1976 – med *Frå vesle Daniel til student Braut. Individ, samfunn og tilpassing i Arne Garborgs Bondestudentar*. Dette er ein antologi basert på eit undervisningsopplegg under leiding av Åsfrid Svensen. Forfattarane hadde leia kvar si studentgruppe med emne frå *Bondestudentar*. Harald Bache-Wiig innleier med eit kapittel om korleis litteraturgranskinga inntil då hadde analysert boka. Harald Hellum og Åsfrid Svensen har kvar sitt kapittel om sjølve teksten – forteljeteknikk, komposisjon, miljøskildring osv. Dette blir klårt «nykritiske» tilnæringsmåtar. Så følgjer Tove Indregard med eit nærmast idehistorisk kapittel – om grundtvigianisme, pietisme, pedagogikk osv. Og til slutt følgjer Gunnar Foss om dette fiktive samfunnet som ideologi-produsent – om korleis Daniel «lærer» at det eksisterande samfunnet er det best tenkelege. Forskar-laget legg ikkje skjul på at

satiren er streng – i mange retningar, men peiker på «Fram-klikken» som ein moralsk motpol til Daniel – eit lyspunkt i eit elles dystert persongalleri. Konklusjonen framhevar elles at denne boka er spesiell i realistisk litteratur ved at bøndene ikkje blir idealiserte som kontrast til overklassa – jfr. Bjørnsons «søndagsbønder»; satiren råkar alle samfunnslag, og syner korleis maktfordelinga fungerer i dette samfunnet. – Antologien gir altså dels ein «nykritisk» tekst-analyse, meir inngåande enn granskartradisjonen inntil då hadde hatt. Metoden baserer seg på nærlesing, og målet er å avsløre dei litterære teknikkane diktaren har nytta – detaljane i kunstverket; i tillegg finn vi altså her ei drøfting av den historiske konteksten – med makroøkonomiske impulsar frå marxistisk litteraturteori. Speglings-relasjonen er framleis til stades: Fiksjonen er ein «på-likksom-røyndom» for lesaren; i kritikken møter vi denne «røyndommen» i analysane av personar og miljø.

Men snart følgjer analysar av denne boka der spegling og identifikasjon glid meir i bakgrunnen. Det er ikkje så mykje dei fiktive karakterane som appellerer til lesaren – emosjonelt og intellektuelt. Det er i staden teksten som byggverk, og som kjelde til erkjenning. – Det byrjar med ein artikkel av Per Buvik i tidsskriftet *Edda* 1975: «Daniels fall. Et problematisk aspekt ved Garborgs *Bondestudentar*». Han tar opp spørsmålet om kva denne boka eigentleg vil meddele til lesarane. For Garborg (og Brandes – og lesarar i den realistiske tradisjonen) «ville» romanen fungere som innlegg i den politiske debatten. Garborg ville «prædike» – «piske ... Bønderne op ... til ...» osb. Men budskapet er uklår, seier Buvik. For kva slags roman er dette? Det er ingen danings-roman, for den fortel ikkje om ein mogningsprosess, men om ein forfallsprosess. Ein kunne heller kalle det ei negativ utgåve av daningsromanen eller ein desillusjonsroman. Derfor kallar han artikkelen sin «Daniels *fall* ...» (mi u.s) – Og dessutan: Karakterane er tvitydige – kandidat Hirsch er først ein svermar utan menneskekunnskap, men på slutten ser han ut til å ha forfattarens sympati. Og Endre Storr ser ut til å seie mykje som Garborg kanskje kunne vere samd i. Men så seier Daniel Braut det same – og då bryt vel den budskapet saman – den blir «smitta» av Daniels uforstand? – Altså: kva «vil» dette verket? Kor fruktbart er det som kjelde til erkjenning? Gir det meining?

Ti år seinare – i 1985 – kom boka *Arne Garborgs Kristiania-romaner* av Jan Sjøvik. Han finn det interessant når Buvik les *Bondestudentar* som ei negativ utgåve av daningsromanen. For Garborgs bruk av ironi fører med seg ein viss grad av negativitet. Men synspunktet føreset at det er Daniel som er helten. Og dét er umogeleg å godta for lesarar som får med seg ironien i boka. Sjøviks løysing er at *Bondestudentar* er ein *positiv* daningsroman; men den eigentlege helten – den

som mognast ved å gjennomleve dette handlingsforløpet – det er lesaren! Dvs. dersom han eller ho går inn i rolla til den immanente lesaren, som er ein slags spegel for den immanente forfattaren – som er identisk med forteljar-instansen i boka – og som i siste instans formidlar holdningane til forfattaren – vel å merke dersom kommunikasjonen fungerer. – Ingen vegvisar til verket for den jamne lesar, kanskje, men ei teoretisk differensiering av leseprosessen.

I februar 1990 forsvarte Geir Mork ei avhandling for doktorgraden, der *Bondestudentar* sto sentralt: *Den reflekterte latteren. På spor etter Arne Garborgs ironi* (utg. som bok i 2002). Her utviklar han ei inngåande filosofisk drøfting av tekst og sjanger – delvis i forlenging av freistnadene til Buvik og Sjøvik. Som vi ser av undertittelen, er det ironien som står i sentrum. Ei grunnoppfatning hos Mork er at det er det ironiske hos Garborg som er det eigentleg poetiske, det som gjør det til skjønn-litteratur, det som fascinerer. Men dette ironiske går djupare enn den kvardagslege ironien der ein meiner å kritisere eller raljere, men offeret misforstår det som ros. I ironisk litteratur ville den litterære figuren vere det komiske offeret – medan forfattar og lesar er kritikarane. Men Mork meiner at Garborgs ironi går djupare. Dvs. at i det meste av sakprosaen frå perioden – agitasjonsskriftene – er det denne kvardagslege ironien som rår: Den eller dei som blir kritiserte, blir råka av ironien; og forfattaren si eigentlege meining med den ironiske finten er klår og eintydig. Men i kunstnarlege skrifter som *Bondestudentar* går ironien djupare, så djupt at den på eit vis underminerer sjølve utsegna; meininga blir grunnleggande uviss, den opnar for mange tolkingar – så mange at den nærmar seg det meiningslause, tome. Utsegna får då eigentleg inga klår meining. For Mork er *Bondestudentar* ei slik «utsegn». Garborg kan nok sjølv ha *meint* å prædike og piske, men *teksten* hans har blitt slik at den ikkje lar seg forstå som eintydig bodskap. Den opnar for ettertanke, men den ettertanken må kretse om ei mangbotna gåte utan svar.

Derfor godtar ikkje Mork dei framlegga til sjanger som Buvik og Sjøvik lanserte for *Bondestudentar*. Han gir Buvik rett når han peiker på det tvitydige i personskildringa, men han avviser tanken om ein «negativ daningsroman» og eit «fall». «Ironien er over Daniel frå første stund. Fallet har så å seie skjedd forut for Begynnelsen ...» (Mork 2002:69.) Daniel har inga fallhøgde – derfor er romanen ingen negativ daningsroman.

Heller ikkje godtar han Sjøviks tanke om å knytte *lesaren* til daningsprosessen. For denne romanen problematiserer sjølve det rådande daningsomgrepet. «Frons urbana» blir uthengt til spott og spe; og Magister Bibendi og Dølen og Gamle

Heltberg relativiserer også det danningsomgrepet som bondestudentane prøver å nærme seg. Såleis er *Bondestudentar* korkje ein negativ eller ein positiv daningsroman.

Derimot er boka ein *parodi* på daningsromanen – eit slags narrespel med heile den romansjangeren. Derfor er det logisk at ingen karakter i heile romanen er heva over den djupe ironien – Mork trekker fram skuggesider ved alle – inklusive Hirsch og Storr og Fram.

Avhandlinga til Mork var oppsiktsvekkande og stimulerande på mange vis – ei viktig utprøving av teoriar som var på veg inn i litteraturfaget på 1990-talet. Men synspunkta hans vekte også kritikk. Noko av kritikken gjekk ut på at Mork er for streng når han gjør alle karakterane til ironiske anti-heltar. Ti år etter Morks disputas nyanserer Siri Enger Karlsen personkaristikkane til Mork i artikkelen «Ironi og intensjon i *Bondestudentar* og *Trætte Mænd*» i *Norskraft* 102/2001. Det er rett, seier ho «at alle personene er mer eller mindre latterlige. Men det finnes grader av latterlighet, og grader av ironisk utlevering.» (Karlsen 2001:118.) Og ho hevdar vidare at ein karakter utan plett og lyte ville vere malplassert i ein slik tekst – etter sjangerkonvensjonen i ironisk satire. Så går ho gjennom dei aktuelle kandidatane – m. a. gamle Heltberg, og konstaterer at han er den einaste i romanen som blir omtalt med vørnad og kjærleik av alle som har vore borti han. Om Storr seier ho at han har noko positivt ved seg ved det at han er den einaste som målber ein sosialt gangbar kritikk av embetsstanden. Men Fram med sitt temperament blir likevel den viktigaste målsmannen for avvising av embetssatnden. Endeleg har den eldre Hirsch fått ei meir modifisert oppfatning av bondeklassen. *Saman* utgjør desse eit korrektiv til dei meir opplagte karikaturane i romanen; desse få peiker med veremåten sin mot ein demokratisk ide – underforstått eit positivt alternativ til samfunnsvilkåra i romanfiksjonen. På dette grunnlaget meiner Karlsen at det eksisterer ei ironisk pakt mellom immanent forfattar og immanent lesar – slik at ironien i verket får retning og meining.

For meg er dette gode argument; dei karakterane Karlsen drar fram, er med på å gjøre boka troverdig – «heltane» peiker seg ut frå fleirtalet, men dei er likevel «berre menneske» – derfor kan ein akseptere dette som eit bilde av ein historisk røyndom.

Eit anna punkt ved Morks avhandling som blei kritisert, var at det gjennomført parodiske i romanen ifølgje Mork kastar skuggar over dei politiske prosjekta Garborg agiterte for i sakprosaen sin: Målsaka, religionen, den politiske og økonomiske agitasjonen. Sveinung Time hevdar i meldinga si av Morks bok at han

går for langt i å oppfatte *Bondestudentar* som ein parodierande kritikk av Garborgs tidlegare kulturpolitiske posisjonar. (Time 2002: 82f.) Og han nyttar *Den ny-norske Sprog- og Nationalitetsbevægelse* frå 1877 som døme i argumentasjonen sin.

Sjølv finn eg argumenta til Time overtydande; eg ser ikkje korleis dét at bønder og bondeungdommar blir karikerte i *Bondestudentar*, skulle svekkje det han skreiv i *Den ny-norske* og dei andre agitasjonsskriftene sine, eller at spotten i *Bondestudentar* skulle tyde på at han sånn generelt har skifta meining om bønder og politikk.

Men ein kan knapt sjå bort frå at det ironiske spelet med bønder og bondegutar i romanen røpar ein grunnleggande *ambivalens* – både mot bønder og kulturoppgåver. Om ein drar inn i synsfeltet alt som i dag er kjent – av Garborgs brev og dagbøker – i tillegg til forfattarskapen elles –, så ser ein mange stader denne ambivalensen. Jamvel der han er brennande engasjert, er han ein tvilar – både aktivist og pessimist på ein og same gong – oppglødd, men også oppgitt, utmatta, skuffa, sint, urimeleg, depressiv – son av far sin. Meiningsløysa virrar framom, tilbakeslag på alle kantar, blaff av rådløyse, tomrom ...

Men likevel ustoppeleg idealist. Og derfor vart han hovding og førebilete for svært mange. Knappt nokon forfattar har vore hylla som han på 70-års-dagen – pengegåve frå lag og einskildpersonar – og ein hest! Det var sjølv sagt fordi han trass i ambivalensen og depresjonane *valde* å halde ut. Ambivalensen maktstjal han ikkje; medvitte heva seg over kjensleimpulsane når han skulle velje kurs. Alle vegval var gjennomtenkte. Rett nok var han ærleg mot seg sjølv, og valde å skifte retning nokre gonger. Men ikkje på impuls – vegvala hans var vel grunngjevne. For meg er og blir Garborgs ironi målretta, stabil og treffsikker; den gir ein ekstra snert til dei kritiske poenga. For meg er den like fullt poetisk – ironien er ein del av det skjønne i Garborgs skjønn-litteratur. Likevel aksepterer eg at *Bondestudentar* er eit gåtefullt verk – og meir spennande er det blitt etter at eg las Mork.

Vi har sett at *Bondestudentar* både er ei bok *om* utvikling og ei bok *i* utvikling. For dei tidlege lesarane var det ein satirisk narrespegel om det norske samfunnet på 1870-talet. Boka handla om lesarane. Men etter kvart som den kom meir på avstand, og litteraturfaget utvikla seg, festa ein blikket meir på det kunstnarlege meisterverket. Og til slutt har *Bondestudentar* endra seg vidare til ei inspirerande erkjeningsteoretisk utfordring.

Inspirerende for kven? For filosofar og litteraturteoretikarar. Gåta om utsegnsværdien til ein parodi eller satire er neppe serleg lokkande for ungdomar i vidaregåande skole. Og no er det då heller *ingen* litterære verk som er obligatorisk lesestoff i norsk vidaregåande skole – utruleg nok. Dessutan er kanskje Garborg blitt ein av dei diktarane som «alle» kjenner til frå litteraturhistoria, men som «ingen» les. Kanskje ein og annan «nerd»?

For dagens vidaregåande-elevar er annleis enn gymnasiastane på 1930-talet då skoleutgåvene byrja å komme ut. No er det ingen som kjenner att seg sjølv og kjenningane sine i romanen om Daniel Braut. Atmosfæren han «lever» i, er framand, studiefinansieringa er grotesk – og nærmast uforståeleg for vidaregåande-elevar med trygg økonomi heime – eller studentar med lån og stipend frå Statens lånekasse.

Men om ein no likevel skulle gå ut frå at *mennesket er ein nysgjerrig art*, så er *Bondestudentar* framleis fengslande. Fjern, men på ein måte som grip den nyfikne. Skulle ein freiste å marknadsføre Daniel Braut og verda hans for dagens vidaregåande-elevar, måtte ein nærme seg stoffet som noko eksotisk og merkeleg. Vitsen måtte nettopp ikkje vere å kjenne att seg sjølv og grannen. Men heller noko slikt: Så rare dei er, Ole Johannes og Daniel og Mjøltråvaren og dei andre! Så mykje rart folka tenkjer og seier og gjør! Meir merkelege enn Gisle Sursson og Gunnlaug Ormstunge! Kvifor er dei sånn? Økonomi? Psykologi? Religion? – – Sosialantropologi altså! – – Dessutan ville elevane lære historie: Dette er samfunnet til tippoldeforeldra våre. Korleis kan det ha gått vidare frå dette? Kva skjedde? – – Om vi skal finne ut av det med kvarandre på denne kloden, er sosialantropologi og historie viktigare enn litterære verkemiddel. Og det er mykje sosialantropologi og historie å finne i god litteratur.

BONDESTUDENTAR

AV

ARNE GARBORG

• BERGEN

FR. NYGAARDS FORLAG

ALEX. RASMUSSENS BOKTRYKKERI

1883

I.

«Thi ser I til, som aarle opstaa – Og sidde om Aftenen silde, – Med Sorrig, Arbeide og stor Vantro – Saa ville I gjøre eder rige: – Med Kummer I æde det harmelig Brød, – Thi Gud giver sine baade Klæder og Fød', – Naar de monne sødelig so-ove»,^{k1} – song dei inne hjaa han Ole Johannes Sørbraut ein sur, kald Maandags Morgo i April.

Dei heldt Bøn kvar Dag i dette Huset; for Ole Johannes var paa sin Maate ein gudeleg Mann. Han var ikkje vakt, og alt um han stundom hadde prøvt paa aa umvenda seg, so hadde han ikkje fengjet dette til, totte han, saa det laut vera til han vart gamall og fekk betre Stunder. Men han tenkte likevæl som so, at det var best aa halda seg til Guds Ord so mykje ein kunde, og serleg lagde han Lag paa aa halda Borni sine til Boki. Difor heldt han Bøn kvar Morgon, og i desse Bønestunderne maatte heile Huset vera med. Det skulde *vera* so; Ole Johannes hadde leset det i Luther og i Johan Arndt,^{k2} og dei vakte gjorde det so, dei og. Det var dessutan rimelegt i seg sjølv. Song ikkje kvar Fugl si Morgonsalma til Guds Æra? og skulde me vera mindre kvike til aa prisa Gud enn dei ufornuftige Fuglarne? So laut [2] heile Huset upp i den graae Otta for aa lova og prisa Gud, og dei Smaae stod elder sat ved Bordet og halvsov og smaafraus og song, so godt dei kunde. Men det hende, at vesle Judith greet, naar ho var altfor svevnug. Daa vart Ole Johannes paa eigne og Vaarherres Vegne vond, og syngjande av full Hals bøygde han seg ender og daa framyver Bordet og kneip Judith i Øyrat. Tagnad ho daa ikkje, so fekk ho Stryk etter Bøni, naar Ole Johannes hellest hadde Stunder; for ein skulde prisa Gud med glad Hug og ikkje graatande, som Luther sagde. Slikt hadde hendt for vesle Daniel og meir enn ein Gong; men no var han for stor.

Naar Salma var songi, las Ole Johannes Bøni i Salmeboki og dessutan stundom eit Stykkje i Skattkista;^{k3} for Ole Johannes var god til aa lesa. Deretter bad han Fadervaar og Herren velsigne og bevare dig. Det var ikkje alltid, at Salma av Kingo høvde til Stykket i Skattkista; men det gjorde det same; for det var Guds Ord alt, og Guds Ord hadde ein alltid godt av aa høyra.

I Dag raakad det hellest so til, at Salma og Teksten høvde godt ihop. Dei gjekk baae ut paa, at me ikkje skulde syta for Mat og Klæde, daa Vaarherre sjølv vilde syta for alt slikt. Fødde ikkje Gud Sporven paa Taket og Lilja paa Marki, endaa dei korkje saadde elder spann, og var ikkje me mykje meir enn dei? Skattkista minte tilslutt um Enkja i Sarepta og um Vagtlarne i Øydemarki og talad strenge Ord um den Vantrui som gjorde, at istadenfor aa slaa ^[3] vaar Lit til Vaarherre, so gjekk me og strævad og sytte for desse arme jordiske Ting, liksom det var me, som kunde faa Graset til aa gro elder Kornet til aa veksa.

Vesle Daniel, som no var ein Gut paa 13 Aar, likad baade Salma og Lesestykket, og ynskte berre, at dei no vilde liva etter det. Men daa Bøni var slutt, og Ole Johannes tok med seg baade han Lias – eldste Sonen – og han Reinert – Tenestguten – og Daniel ut i det surkalde Veret for aa taka aat med ^{k4} Vaaraanna – hu! daa var det ikkje fritt for, at Daniel totte dette var ein underleg Maate aa liva etter Guds Ord paa.

Dagen heldt paa og var sur med Blaastr og Smaaslut, so det var reint ufjelgt aa arbeida. Daniel tenkte paa si varme Seng og paa Stova der heime, som Mor visst no hadde sopat og fengje varm, so der var koselegt aa vera. Hadde no berre desse vaksne havt Vit til aa tru paa det, som stod med klaare og reine Ord i Boki! Vesle Daniel gjorde baade undrast og harmad seg. ^{v1} Han sette seg fyre, at han vilde spyrja Far sin ut um dette. Totte Folk, det var Moro aa gaa slik og træla? Elder var det ikkje sannt, det som stod i Boki? Aa, han kunde koma med mange Spursmaal i denne Saki, totte han. Men naar han for Aalvor skulde til, blygdest han, og det hadde so nær gjenget i Dag som det vanleg gjekk, naar han tenkte paa aa segja elder spyrja um nokot –: det hadde so nær ikkje vortet av. Men eingong, som Daniel stod der og skugrad ^{k5} og fraus og var reint ille ^[4] i Lag, stansad Ole Johannes med Plogen like ved han, og ingen annan var so nære, at han kunde høyra. Daa skaut Guten Hjartat i Livet, snudde Ryggen til Far sin, snuggad seg ^{k6} og fraus og sagde: «Her er ufyse aa vera ute i Dag!» – «Aa ja,» meinte Ole Johannes; «men vil me ha Mat til eit annat Aar, so lyt me nok vera ute». – «Ja men ... kvi stend der daa slikt i Boki ... som det me las i Dag?» stotad Daniel og stangad med Moldgreipi i Treskoen sin; for det var no so rart aa koma med slike Spursmaal. Ole Johannes vart reint forundrad, ja mest rædd. Kor kunde Guten koma paa slikt? Endeleg sagde han, og slog paa Gamparne for aa faa dei i Gang att –: «Soh! hypp! Der stend det i Boki, Far min, at ... soh! vil du goh! ... at den som ikkje vil arbeida, skal hellerikke æde; veit du ikkje det? Hypp! soh!» – Gamparne vreid seg seint og syrgjeleg fram i Selen att, stritad og stertad ^{k7} og kom endeleg i Veg, magtlause og arme som dei gjekk der og slong i den tidlege Vaaren. Og Ole Johannes skjeivlad

avstad etter Plogen og tenkte med seg: «Jamen er der Hovud paa Guten; han er mest for god til aa vera Bonde». –

Men Daniel stod etter motfallen og liten og undrast paa, at alltid skulde daa dei vaksne hava Rett.^{v2}

Hug til aa arbeida fekk han ikkje med dette. Han kunde sannt aa segja ikkje skyna, kvi Gud, som var almechtig, ikkje liksom kunde gjeva oss Maten utan Arbeid. Kva vilde det kosta honom aa [5] lata det rigna litt Manna, ^{k8} ja gjerna Velling og andre gode Ting med? – For aa arbeida var daa berre ei Plaga.

Vaarvinna var endeleg slutt, og so skulde det vera Skule ei 3–4 Vikur, millom den og Slaatten. Ole Johannes likad ikkje denne Skuleturen midt paa Fyresumaren, for just daa hadde dei Bruk for Smaagutarne til aa gjæta. Og det var ikkje fritt han slog paa, at i Aar var det best Daniel var heime av Skulen. Men daa vart Daniel reint utav det. Skulen var det gildaste han visste. Der slapp han aa arbeida; der fekk han leika seg i Sundagsklæde saman med mange Kammeratar; og inne i Skulen greidde han seg so vidt godt, at han kunde lika seg der med. Han maatte paa Skulen! So gjekk han til Mor si og sutrad og bad for seg, og gamle Maren maatte daa som vanlegt vaaga Trøya for Guten sin. Og ho fekk fram det ho vilde; for ho visste, kva Kant ho skulde taka Gamlen fraa. «Du ser det er Hovud paa Guten», sagde ho; «og Hug til Boki hev han og; kven veit, kva det kann verta av han, dersom han fær Lærdom»? – «Aa, han fær væl halda seg til den Stand og Stilling, som Vaarherre hev sett han i», svarad Ole Johannes tvert. – «Aa ja; men me hev no set so mangt av det Slaget», svarad Maren. «Sjaa no berre som Son hans Jo Kleppe, som vart Prest! – Ja, me ska no ikkje tenkja so høgt; men det er daa ingen, som veit nokot.» – «Aa du snakkar som du hev Vit til», meinte Ole Johannes. «Men, naar Guten plent vil paa Skulen, – so fær han væl [6] gaa daa, veit eg!» – Glad var Maren, og endaa gladare Daniel.^{y3}

Paa Skulen var godt aa vera. Folk hadde det alltid litt reinslegt og koselegt inne, naar Skulen var paa Garden, og Skulemeistaren var so snild, at han aldri slog andre enn dei, som gjorde Fantestykkje, og det gjorde Daniel aldri. Og ikkje Judith helder. Det maatte vera gildt aa vera Skulemeistar. Her kunde han gaa inne all Dagen turr og varm, ja sundagsklædd og fin, og vyrd som ein framifraa Mann av alle; god Mat fekk han, og Skulen var daa ikkje stort annat enn ein Leik mot aa gaa og vabba^{k9} i Moldi. Daniel tenkte titt med seg: den, som kunde verta Skulemeistar.

Paa Skulen fekk han ein Dag ei Forklaring um Arbeidet, som han lagde Merke til. Dei hadde i Forklaringi^{k10} um Syndefallet, og der viste det seg daa, at Arbeidet var

komet av Syndi. Hadde ikkje Syndi voret, so hadde me voret frie Arbeidet. Væl hadde Adam og Eva arbeidt paa ein Maate i Paradis og; det stod, at dei var sette i Edens Hage til aa *dyrka* og vakta den. Men fyre Syndefallet var Arbeidet berre som ein Leik elder ei Moro; for daa var Naturen so godviljug mot Mennesket, at Arbeidet gjekk av seg sjølv og gav dei rikaste Frukter for mest ingenting. Derimot etter Syndefallet hadde Naturen vortet so vrang og forvend, ^{k11} at han berre gjorde Motstand mot Mennesket, so Arbeidet no var ein tung Trældom i Stræv og Sveitte, og endaa gav Jordi so lite av seg, at det berre var so vidt me kunde liva. ^[7] Dette totte Daniel han forstod. Arbeidet var ei Straff!^{v4} Det var, som naar dei sette vonde Folk paa Tugthuset. Aa den Skarven, den Adam, som berre for eit einaste Eple hadde ført all denne Trældomen yver oss, og det han, som hadde Hagen full av Eple og Kirsebær, som han kunde eta av so mykje han vilde!

Men, heldt Læraren fram, maatte Ein ikkje segja, at Gud var streng, naar han straffad oss paa denne Maaten? Var det ikkje stygt av Gud aa leggja so hard ei Tyngsla paa oss? Daniel visste, at det gjekk ikkje an aa segja, at Gud gjorde nokot, som var stygt, og difyr svarad han hugheilt Nei, endaa han i Grunnen undrast paa, korleis Læraren vilde klara den Saki. Men det viste seg, at Læraren her som hellest visste, korleis Saki skulde klarast. Nei, sagde Læraren, det var ikkje stygt av Gud. Tvertimot! For etter Syndefallet trong me um aa arbeida i Slit og Stræv, daa Syndi hellest vilde faa altfor stor Magt med oss. Der var eit gamalt Ord, som sagde, at Lediggang var Satans Hovudgjerd, ^{k12} og var ikkje det sannt? – Jau. – Jau, det var sannt. Hadde me ikkje denne Trældomen, so vilde Djevelen fylla oss so upp med vonde Tankar og freista oss so hardt til alt, som vondt var, at det vilde ikkje verta livande for oss paa Jordi.^{v5} Læraren fekk tilslutt ut, at endaa Arbeidet i Grunnen var ei Straff, so var det likevæl ei Vælsigning. Daniel, stakkar, kjende seg reint liten under all denne Visdomen og fekk paanytt ei sterk Kjenning av, at det ^[8] nok ikkje nyttad for Smaafolk aa vilja gjera seg Tankar um nokon Ting.^{v6}

So laut ein daa finna seg i aa tru, at Arbeidet var ein Ting, som det ikkje leet seg gjera aa faa ut or Verdi. Og han vart mest rædd seg sjølv, som hadde slik Hug til Lediggang; for daa maatte det verta lett for den Vonde aa faa han i si Magt. Men fyrr han visste av det, fekk han Trøyst mot denne Suti. For no utviklad Læraren, at det var ikkje aaleine Arbeidet med Henderne, som ein kunde kalla Arbeid; langtifraa! «Trur f. Eks. du Daniel, at Presten ikkje arbeider?» No hadde Daniel i Grunnen trutt dette; men han forstod, at her skulde svarast Nei, og so svarad han Nei. «Nei», sagde Læraren, det maatte ein ikkje innbilla seg. Presten og Futen og Skrivaren og Amtmannen, dei arbeidde i Røyndi likso mykje som me, og stundom meir; og «kva trur de er tyngst, anten aa arbeida med Henderne elder med

Hovudet?» Der var fleire, som tok imist her og svarad, som dei meinte, at det var tyngst aa arbeida med Henderne. Men Daniel forstod, at det ikkje var dette Svaret, Læraren vilde hava, og so svarad han høgt og trygt: «d'er tyngst aa arbeida, med Hovudet».¹⁷ Og Læraren gav Daniel Rett og gjorde litt Narr av dei andre, som kunde svara so tankelaust. Dei skulde prøva aa arbeida med Hovudet slik som Presten, dei, so skulde dei faa kjenna. Naar ein skulde sitja baade Nott og Dag og lesa i djupe Bøker og studera framande Maal, ja lesa sjølv Bibelens i Grunnteksten,¹³ so kunde ein nok faa Sveitten ^[9] ut, meinte han, og dessutan leitte dette Arbeidet so mykje meir paa Helsa. Aa staa paa Laaven ein Dag, det var ingen Ting mot aa læra ei Leksa i eit framandt Maal f. Eks.; – Læraren sagde dette med Sjølvkjensla, av di det var aalkjennt, at han eingong hadde gjenget hjaa Kapellanen og leset Tysk.

Denne Utgreidingi var som sagt Daniel til stor Trøyst. Han kunde altso godt tenkja paa aa verta baade Skulemeistar og Prest for den Skuld; Djevelen fekk ikkje meir Magt med han for det; tvertimot – naturlegvis.

No forstod Daniel dette um Arbeidet. Det var Arbeidet med Henderne, som var paalagt til Straff; for det gav Tvang og Trældom og Armod; men Stormannsarbeidet, som var fint og høgt og gav Æra og Vinning og gode Dagar, var ikkje paalagt til Straff. Og daa han so sidan ein Gong i Kyrkja fekk høyra att det Salmeverset um, at «Gud giver sine baade Klæder og Føde, naar de monne sødelig so-ove», so forstod han med ein Gong, at det var Prestarne og dei høge, som Gud heldt serskilt for «sine», og som han gav Mat og Klæde, medan dei laag og sov. Dette var den største og vidaste Tanken, Daniel endaa hadde havt, og han fekk etter den Dag eit sterkt Ynskje um, at han ikkje vilde verta ein av desse Syndararne, som Gud maatte aga med Trældom og Slit, men at han vilde verta ein av Guds «eigne», som las Bibelen i Grunnteksten og sat reine og fine i ei varm Stova og aat Herremannskost og drakk Vin. – Og iallfall vilde han verta Skulemeistar.

^[10] – Ætti paa Sørbraut var ikkje gamall; dei mintest ikkje lenger upp enn til Farfar hans Ole Johannes. Men det skulde nok ha voret ein litt rar Kar. Han hadde voret ute i Kongens Tenest, sagde dei, og daa han kom heim att, var han so klok, at han laag alle sine Dagar sidan og arbeidde med ein Maskin, som skulde kunna gaa av seg sjølv. Han fekk ikkje denne Maskinen til; men det var utrulegt for alle dei Greiur og Gongverk, som han fann paa og sette ihop. Son hans heitte Dagfinn; det var endaa honom, Daniel var uppkallad etter. Um gamle Dagfinn Sørbraut fortalde dei, at han var slik ein Skattegravar; han hadde rotat upp alle dei Haugar som fanst paa Garden, men hadde ikkje funnet annat enn nokot gamalt Jarnskrap; paa

Garden brydde han seg ikkje um aa leggja nokot Arbeid. So kom Ole Johannes; han hadde voret Skulemeistar i sin Ungdom og galdt for ein klok Mann; men hellest foor han so stillt gjennom Verdi og gjorde so lite Braak, at Folk mest ikkje hugsad paa, at han var til. Men ein Arbeidar var han so trugjen som ein Træl, og dei sagde han hadde arbeidt seg sovidt upp no, at han mest var skuldfri paa Garden. Han hadde tri Søner. Den eldste, han Elias – elder «Lias», som han heitte til Kvardags –, var ein tung Slamp, men ein Arbeidstræl liksom Fa'ren; den andre, han Jeremias, hadde faret til Sjøes og vedkjem ikkje denne Soga; etter Jeremias kom ei Dotter, Naomi, som «hadde voret saa sæl ho hadde fengje døytt», og so kom Daniel, som «var den klokaste i heile Huset».

[11] Det var ikkje nok med, at han kunde lesa, slik som Far hans, og skriva og rekna med; men «han var so brennande god til aa svara or Grunnen»,^{k14} – «det var som han kunde vera Son aat Presten». Men Arbeidshug hadde han ikkje; «han kunde visst ha best Hug til aa vera Skattegravar, liksom den han heitte etter.» –

Men Daniel hadde større Draumar enn so.

Det gildaste og gjævaste som fanst etter hans Meining, det var dette store straalende – Taarn, liksom – av Magt og Glans, som bygde seg upp i Landet fraa Lensmann og Skulemeistar gjennom Prest og Fut og Skrivar og Amtmann høgre og høgre, meir og meir glinsande, like upp til Kongen, som stod øvst paa Toppen og var klædd i berre Gull. Dei, som hørde med i dette Taarnverkét, var store og megtige og fine og kloke; men dei, som ikkje fekk vera med der, var liksom Israels Born i Ægypten, daa dei gjekk og reidde Leir for Kong Farao. Berre aa faa sjaa desse Kongens Tenarar i deira fulle Glans totte Daniel var ei Høgtid. Som dei steig fram for den glaapande Bondemugen i sine herrelege Klædningar, strake og høge, med glinsande blanke Styvlar, med snøkvite Kragar um Hals og Hender, med blanke Brillur yver morske Andlit og med Gullkjede og Gullringar baade her og der, syntest dei for Daniel som nokot himmelsk og forunderlegt som han aldri kunde stira seg mett paa. Og so audmjuke som Bønderne stod, so snart desse Stormenn viste seg, og so som endaa den gildaste Bonden vart bøygd og liten, berre [12] han skulde tala med ein av deira Kontorgutar! Det var Karar, som hadde Magt. Og slik som dei talad. Det var som aa høyra Guds Ord sjølv. Det var ikkje dette tunge, seine Maalet, som Bønderne gjekk og brækad i, og som dei skjemdest yver sjøve, so dei knotad, naar dei skulde tala med betre Folk; nei, det var eit Englemaal, eit Høgtidsmaal, som Ein kunde kjenna seg reint uppbygd av aa høyra. – Og so var dei so lærde og kloke. Naar dei talad til ein, so galdt det berre um at vera gløgg til aa forstaa, og snøgg til aa samtykkja. Dei likad det, desse store, naar Folk forstod dei

strakst, og sagde ja med det same; for so slapp dei aa segja det uppatt. Og um ein kanskje hadde ei onnor Meining, so maatte ein aldri vera so styven, at ein kom fram med den, so dei hørde det; nei, mot Kongens Tenarar galdt det aa fara fint fram; for dei bar nok ikkje Sverdet forgjæves, som der stod i Katekisma. Det var nokot med det fyrste, ein klok Mann lærde Son sin, det, at han aldri maatte motsegja ein Storkar. – Og enn slik som det var aa koma inn til desse Folk! Daniel hadde voret med Far sin inn paa Prestegarden eitpar Gonger, so han visste det. Der var so reint og fint, at ein maatte tru dei vaskad Golvet kvar Dag; og Stolar og Bord var gjorde av Tre, som blenkte, og der var Blomar i Vindaugo, fagre som i Paradis, og Gardin so lette og kvite som Kveldskyer paa Himmelen, og paa Veggen var der Bilæte, som var so reint ulike den Jomfru Maria og den Keisar Nikolaus, som dei hadde heime, at der var ikkje Liknament; [13] og blanke Messinghamrar i Dørerne, og Glasskaap med raude og blaae og forgyllte Bøker, og eit stort, underlegt Spel, som dei klunkad paa so vent, at ein kunde graata, og eit kvitt Marmorhovud uppe paa ei Hylla, og so mange, mange fine Ting, som han ikkje visste Namn paa, – og yver det heile ein Daam, nokot reint og mildt og himmelskt, ein fin Ange, som han ikkje kunde forklara seg, ein linn, sunn, smeikjande Varme, som ikkje tyngde, og som ein ikkje vart svevnug av ... aa, aa, – det var ikkje til aa utsegja.

Alt dette bygde seg upp for Daniel til ein Himmel paa Jordi, som han knapt torde drøyma um aa koma inni, men som han drøymde um jamt likevæl. Di eldre han vart, di meir tenkte han med seg sjølv, at han maatte ut or Trældomen og Tre-skorne og Vadmaalsbroki med Skinnbøterne framme og bak; han maatte ut or den laage, myrke Bondestova og burt fraa desse Bønderne, som sat der og snakkad vondt um kvarandre og surt til kvarandre i eit fælt Maal og i ei kvævande Luft; men fyrst og sist maatte han burt fraa Arbeidet. Aa, den som berre var vaksen!

I Bygdi gjekk det ei stor Fraasegn um Son hans Jo Kleppe, han fraa Berg Sokn, som hadde voret i Kristiania og «leset seg fram til Prest». Han hadde leset og strævat i mange Aar, fyrr det vart nokot av; for det var nok ein fælt strid Skule. Gong paa Gong maatte han taka Eksamen, og det gjekk stundom galet og stundom godt; det spelad nok reint paa Vitet for Guten sometider; men han hadde drivet paa, og [14] so hadde han vunnet fram tilsist. «Og no», sluttad Soga, «no er han Prest der nordpaa ein Stad og hev kanskje sine 600 Dalar um Aaret.»

Det var ei Soga, som vart fortald med slikt eit Aalvor og slik ein Age, som galdt det ein Oskefot, som hadde vunnet eit Kongerike. Og kvar Gong dei kom til det, at «no var han Prest og hadde kanskje sine 600 Dalar um Aaret», so lyddest det for Daniel som Lurtonar, som lokkad han ut til store Eventyr. Skulde slikt kunna henda med

honom –? Den Presteskulen var so fælt dyr. Sjølve Jo Kleppe, som no var slik ein Riking, døydde som Fant tilslutt, sagde dei, fordi han hadde kostat so mykje ut paa Sonen. Og Far, han var nok ikkje nokon Riking, han. – Der var smaae Voner.

Men meir og meir drøymde Daniel um Presteskulen, og meir og meir trudde han, at Vaarherre vilde hjelpa han dit. Det kunde snart koma Raad og Hjelp, naar han fyrst vilde.

Og det hende tidt nok, at Folk gav desse hans Draumar Næring. «Det kunde verta nokot stort av den Guten», fekk han stundom høyra at den elder den hadde sagt, «berre det var nokon, som vilde halda han paa Skular». Nokot stort! – Det maatte vera Prest, det.

Dei hadde fengje ein ny Kapellan der i Gjeldet for eit Aars Tid sidan; han heitte Hirsch og var astantil. Det var slik ein snild Mann, denne Hirsch; daa Daniel gjekk og las, fekk han gaa for honom. Kapellan Hirsch var Son av ein Grosserar i ein ^[15] Austlandsby. I Kristiania var han komen i Lag med grundtvigske og norsk-norske Folk, som hadde ført han med seg inn i den nye Aandsstraumen, som daa var oppkomen, og som kveikte han upp i ei stor «Tru paa den norske Bonden.»

Det var Bonden, som sat inne med dei «bundne Krefter» her i Landet; hjaaa Bonden drøymde dei uløyste Tankar, som skulde reisa det nye Norig. No var Hirsch komen paa Bondebygdi, og alt um han i Grunnen totte Bonden saag annarleis ut, enn han hadde tenkt seg, so drøymde han likevæl stødt um dei store Aander, han her meinte han skulde finna.

Kapellan Hirsch lagde snart Merke til Daniel. Han likad denne sterktbygde Guten med det rolege, godslege Andlitet, og serleg likad han Augo. Dei kunde sjaa so blidt og trufast paa ein, desse Augo; der «drøymde Aand» i dei, meinte Hirsch. Og til hans store Gleda viste det seg, at Guten var flink, – mykje flink. Det var ikkje nok med, at han kunde sine Leksur; han forstod dei; han visste so merkjeleg godt aa finna dei rette Svare. Med stigande Voner fylgde Kapellane Guten ut gjennom Bøkerne. Og tilslutt var han stød paa, at her hadde han funnet ei bundi Kraft. Han spurde etter um Daniel ut i Bygdi. Jau, alle sagde, at det var ein framifraa klok Gut. Han hadde alltid havt Ord for det. Og Skulemeistaren sagde det same. Kapellan Hirsch vart so glad som han skulde ha funnet Gull.

«Ein Gut vert ikkje namngjeten yver ei heil Bygd, utan der er nokot framifraa ved han», tenkte ^[16] Hirsch. «Folket dømer alltid sunnt; det tek ikkje letteleg imist paa slike Ting». Og Kapellane sette seg fyre, at her vilde han gjera alt han kunde for aa

faa løysa denne bundne Krafti. Ein einaste slik Mann, som med store Gaavur gjekk frisk og sterk fram av sjølve Folkets Naturgrunn, – kva han kunde gjera i vaart folkelege Gjenfødingsarbeid, det var meir enn kanskje nokon kunde drøyma.

Eit heilt Aar hadde han, som Urtegardsmann,^{k15} gjenget her og søkt etter eit friskt Tre med fruktberande Kraft. No hadde han funnet det. Og no skulde han med Guds Hjelp dyrka det so, at Frukti kunde faa mogna seg fram i all sin rike Fylle. –

Daa Daniel var konfirmerad, fekk Kapellanen ein Sundag fat i Far hans med Kyrkja. Og han talde for Ole Johannes det beste han kunde um, at han burde halda denne Guten fram til Lærdom. Ole Johannes vart so fornøgd yver dette, at det var so han raudnad i sine gamle Kjakar; men det vilde no væl verta for dyrt. Kapellanen svarad, at han vilde lesa med Guten sjølv so langt han kunde, og det skulde ingenting kosta. Daa blenkte det sterkt upp i Augo hans Ole Johannes Sørbraut. Dessutan, heldt Kapellanen fram, skulde han tala med Klokkaren, so Daniel kunde faa gaa fritt paa Klokkarskulen^{k16} og læra Skriving og Rekning og andre Ting, som han der best og lettast kunde læra. Ja, dette var fælt snilt av Presten, reint overlag snildt, sagde Ole Johannes. Men ... var ikkje Presten rædd, det kunde vera faarlegt for Guten aa faa so mykje verdsleg Kunnskap? ^[17] – Nei, Kapellanen meinte, at mykje Kunnskap just gjorde ein Mann godt; det var liten og falsk Kunnskap, som «upplees». Ja –ja; Presten forstod no det best, han. – Men trudde Presten, at det no kunde vera Raad, at Guten kunde ... koma so langt fram? – Ja; Kapellanen trudde, han kunde koma langt fram. – Han vart tilslut litt leid av alle desse aandlause Motlegg og Tvilsmaal hjaa denne u-upplyste Bonden, og sagde, at han totte ikkje Ole Johannes burde setja seg imot dette, naar han so tydeleg saag, at det var Guds Vilje, og han skulde tenkja, at Vaarherre kanskje hadde større Tankar med Guten, enn han kunde fata. Daa Ole Johannes hørde dette, gav han seg strakst. Tilbodet var no og so godt, at det i Grunnen ikkje gjekk an aa bjoda det av. So gjekk daa Ole Johannes heim baade byrg og uroleg yver det, som i Dag var avgjort; men Kapellanen var glad som ein Landvinnar. Det skulde verta eit herlegt Arbeid aa faa saa og planta i slik ei naturfrisk Barnesjæl. –

Daniel vart halvgalen av Gleda. Han gjekk og lo ein heil Dag. At det skulde koma so snart –! Og at det i det heile kunde koma! At han, som berre var ein stakkars Bondegut, kunde hava slik ei Lukka! Aa Gud vælsigne den Presten Hirsch; han vilde aldri gløyma Presten Hirsch, nei, aldri.

Ein Dag ut i Vika ruslad gamle Ole Johannes paa Bygdi og laante seg nokre Dalar, som skulde vera til Bøker. Det var som heile Huset kom i eit Høgtidslag i denne

Tidi. Men ut paa Bygdi talad [18] dei no med Forundring, og helst med litt Spott, um denne Sørbrautguten, som heldt seg so gjæv, at han vilde verta Prest.

II.

[19] Var Kapellan Hirsch glad yver aa ha funnet ei bundi Kraft, so var han ikkje mindre glad, fordi at han her skulde faa prøva sin nye Metode. [k17](#)

For den visste han var god. Det var den naturlege. Det var den, som alle Meistrar i Uppfostringskunst i Grunnen hadde brukt. Han vilde ikkje plugga Guten full av Bokstavar. Han vilde læra han Livsvisdom. Han vilde utvikla hans Hjarta so væl som hans Vit, og læra han aa kjenna og elska *Aand*. Ei frisk Naturkraft, fostrad paa slik Maate, vilde veksa seg fram til nokot utifraa, det tottest han ikkje kunna tvila paa.

Daniel kom til Presten i glade og urolege Tankar. Han ventad seg Leksur so lange som Kyrkjevegen, og ei Utspyrjing so streng som paa den ytarste Dag. Men so fekk han høyra, at dei skulde ikkje bry seg med Leksur. Og istadenfor aa spyrja og eksaminera, so sette Kapellannen seg til aa fortelja. Han ikkje so mykje som bad Daniel «høyra væl etter» dessmeir, so han kunde «hugsa det til i Morgo». Kunde slikt gaa an? Kunde slikt bera fram til Lærdom og Eksamen?

Naa, Kapellannen forstod væl det best, han. Kapellannen visste nok, kva han gjorde. Det var kanskje [20] paa den Maaten, dei tok det, desse fine; dei brydde seg væl ikkje um aa træla med Leksur og slikt, dei.

Men daa Kapellannen ein Dag fortalde han, at den Maaten, dei her brukad, *ikkje* var den vanlege Latinskulemaaten, vart Daniel litt uroleg. Han stirde med store Augo paa denne Mannen, som vaagad aa bruka sin eigen Skikk og trudde seg sjølv klokare enn baade Bispar og Provstar. I Grunnen vilde Daniel helst havt det som ein vanleg Latinskulegut. Og han vilde kjennt seg mykje tryggare, um han hadde visst, at dei gjekk fram paa den vanlege, fyreskrivne Maaten. Men det gjekk ikkje an aa segja slikt til Kapellannen. Han slog seg til Ro og saag paa Læraren sin med Augo, som sagde: «Du veit det best; gjer med meg som du synest.»

Det var Soga, Kapellannen i dei fyrste Timarne dreiv paa med. Daniel hadde kvar Gong den tyske Grammatikken med seg, og lagde den paa Bordet framfyre seg som

ei tagall Bøn; for so lengje han ikkje kunde Tysk, var han ikkje klokare enn andre Bønder, totte han. Men Kapellanen leet Tysken liggja.

Dess meir fortalde han um vaare gamle Fedrar. Og serleg lagde han ut um dei gamle Nordmenns Tru. Fram steig dei for Daniel i lang, lysande Rad, desse høge «Aser», som han aldri fyrr hadde visst var til; Gud etter Gud kom dei straalande, fyrst tri i Talet, sidan tolv, og «Aasynjerne»^{k18} med, store og fagre, med lysande Haar, med Gulltaarer, med Aasyn ljose som Dag-Randi, med Augo so klaare som dei bleike Stjernur. ^[21] Og Odin sat høg i Hlidskjálv^{k19} med sine Ramnar og saag utyver Verdi og visste alt; men Thor rullad rundt ikring alle Himlar og slog Jøtnarne i Stein med Hamaren sin. Balder var den milde Ljosguden, som skifte Rett millom alle, men laut døy for Lokes List og fara til Hel; Frøy var Gud for gode Aar og ein veldig Herre, men gav burt sitt gode Sverd av Elsk til ei Gyger.^{k20} Daniel hadde aldri høyrst slikt! Han sat og lydde, so han gløynde baade Tysken og seg sjølv. Og han stirde paa Læraren sin med Augo so blide og so trufaste som Augo paa eit Barn eller ein Hund.

Det var eit Par forunderlege Augo, tenkte Kapellanen. Dei hadde nokot ved seg, som han lengje ikkje kunde finna Ord for; men endeleg forstod han det: dei viste slik ei Gaava til aa tru! Men var det ikkje just Gaava til aa tru, som Tidi trong um? Staalsliti^{k21} og kultursjuk laag ho og gjeispad etter Tru som Fisken paa turt Land etter Luft; gjennom alle sine Dikt skreik ho etter Tru og Vilje; den, som skulde kunna frelsa no, maatte vera Mannen med den natursterke Trudomsgaava. Og denne Gaava hadde Bonden. Vaarherre hadde stelt det so godt for dette Landet, at just naar Trui dovnad av i dei øvre Lag, so kunde dei nedre Lag stiga fram og frelsa. Det var dette, som fyrst og fremst gjorde Bonden til vaar Framtidsvon. Utan den sterke, hugheile Tru nyttad alle andre Gaavur lite; men med den skulde Bonden, rik paa Kraft som han hellest var, byggja eit nytt Norig.

^[22] Kapellanen heldt lengje paa med den «nordiske Gudetru». I den livde vaar gamle Folkeaand sterkast og klarast; gjennom den var det, at Normanna-Aanden paa nytt skulde vekkjast. Og han saag, at ho «grodde» i det unge Sinn. Det var forunderlegt, det var styrkjande aa sjaa, kor lett denne unge Sonen kjende seg att i sine Fedrars Tankar.

Men Daniel var upp i Under yver all den Visdomen, som Fedrarne vaare hadde nedlagt i Gudelæra si. Han gjekk heim fraa desse Timarne i djupe oldnordiske Draumar og tenkte med seg, at dei gamle Nordmannerne maatte ha voret annat til Karar enn desse Kruslingarne no.

Men daa han ein Dag fortalde Mor si, kva han lærde hjaa Presten, vart denne heilt forskræmd og spurde, um Presten vilde gjera han til Heidning. Han maatte telja for henne baade lengje og væl, fyrr ho vart roleg, og sidan talad han aldri meir um dei «høge Aser» heime. Men di mindre han torde fortelja, di meir drøymde han.

Ole Johannes spurde ender og daa etter, um han lærde mykje Tysk. Daa var Daniel i Beit. Men han fann snart paa aa segja, at der var so mykje annat, ein maatte læra, fyrr ein kunde taka paa med Tysken. Dette leet Ole Johannes seg lita med. Paa same Maaten greidde Daniel seg, naar Bygdefolk elder Kammeratar spurde han um dette. Vilde nokon vita, kva det var, ein maatte læra, fyrr ein kunde byrja med Tysken, so svarad Daniel, at det var «Grammatikk og slikt nokot.» Det visste han, at ingen forstod.

[23] Eit nytt Fag tok dei strakst til med, og det var «Modersmaal». Dette Faget vilde Kapellanen helder ikkje taka paa den vanlege Latinskulemaaten. Dei skulde ikkje pugga Grammatikk. Det naudsynlege av den kunde Daniel faa inn etter kvart; Innhaldet, Tankarne, Aanden var det, som det galdt aa faa Tak i.

Den Skatt av store, vekkjande Tankar, som me aatte i vaar «nordiske Skjaldskap», var so rik, at naar me rett eignad den til oss, so kunde me visst hjelpa oss utan Laan fraa Tyskland elder Rom. So tok daa Kapellanen til aa gjennomgaa «Skjaldar» med Guten. Her vart der Aand nok. Og det der ikkje var fyrr, lagde Kapellanen trufast inn.^{v8} Mest dreiv dei paa med «historisk» Diktning. Slike som Holberg og Wessel vart lett yverfarne, endaa Kapellanen roste dei sterkt; dess djupare grov dei seg ned i Øhlenschlæger, Grundtvig og Ingemann. Daniel, som fyrr ikkje hadde leset annat enn Bøner, Preikur, det gamle og nye Testamente og Olger Danskes Krønike,^{k22} vart baade glad og forundrad ved dette. Han hadde aldri tenkt, at slikt kunde skrivast av beintfram Folk. Men so fekk han daa og vita, at Skaldarne ikkje var beintfram Folk. Dei var inspirerade; og det totte Daniel var rimelegt. Sidan las dei nyare norske Dikttrarar, litt av Wergeland, som Daniel totte var mindre aandfull, meir av Welhaven, som daa var gildare, eit og annat av Munch og Ibsen, men mest av Bjørnson. Han var den aandfullaste av dei alle ihop. Men daa dei kom til Folke-Eventyri og Folkeseegnerne, [24] likad Daniel seg alrabest. Her vart det so mykje Aand, at heile Verdi tok til aa verta livande. Fjelli stod og tenkte, Skogen fortalde Eventyr, Havet sukkad i lange Dynjingar og song um uendelege Ting; langt uppe i Liderne gjekk Huldri og leet paa Lur, Tussefolket heldt Dans i Haugar og Hamrar, under Fossen sat Grimen og spelad, so alting greet, og ute paa det bleike, maaneljose Havet laag Havfrua den fagre og lokkad og song, so Sjøgutarne fekk

Hjarteilt av Elskhug. Det maatte vera underlegt aa vera Skald, so ein kunde faa høyra all denne Musikken!

Gjennom Undervisningi i desse tvo Fag fekk Daniel etterkvart inn heile Kapellans draumrike Livsvisdom og all hans djupe Eldhug.

Det stod ikkje godt til i Landet i desse Tider, sagde Kapellanen. Folket sov; Folket laag i Dvale; der var kastad Trollham paa det; det var komet ned i nokot vondt og fælt, som Kapellanen kallad Materialisme. Det visste ikkje, kva Aand var. Og so lengje det laag slik, so kunde ingen Pintse-Vind^{k23} blaasa Liv i dei daude Bein utyver Landet.

Synkvervt og ørt gjekk Folket og grov i Moldi og tenkte berre paa den stakkars Maten. Det hadde ikkje ein Draum um, kva sannt Menneskeliv var. Inkje høgare Hugmaal, inkje Sans elder Syn for det som var stort og høgt og ædelt paa Jordi, berre denne evige Trælesut for det, som gav i Gryta og fyllte i Pungen, berre denne kuande Tanken paa laag, ussel Vinning. Ingenting hadde Verd, utan det, som gav Smør; ingenting var verdt aa arbeida fyre, utan ^[25] det «nyttige»; – Kapellanen frynte stygt, naar han nemde det Ordet. Dette aandlause Matstræv laag som ei Vaabøn^{k24} yver Landet; det gjorde Folket til Trælar, til Dyr; Folket laag som trollbundet, som trollsmurt under det.

Daniel totte han forstod dette. Var det ikkje i Grunnen nokot slikt, han hadde tenkt sjølv? Han hadde ikkje tenkt det so klaart elder funnet slike Ord for det; men det var visst i Grunnen det same. Og glad var Daniel. Aldri hadde han set paa Læraren sin med blidare Augo, og aldri hadde Læraren voret vissare paa, at der i Lærlingen hans glødde ein heilag Eld, som eingong vilde slaa ut i Song elder Daad til Gleda for Landet.

Her var det altso, Arbeidet vaart laag, sagde Kapellanen. Det galdt aa ringja Folket ut or Berget, løysa det ut fraa Trolldomen og Aandløysa. Folket maatte læra aa sjaa, at der var nokot, som var større enn Maten, og at me daa Gudskjelov var meir enn Dyr. Aand var det, som Folket trong; det maatte faa Augo upp for Menneskelivet i dess høge Herlegdom; det maatte faa Sans for det store og høge og ædle paa Jordi; der maatte med eit Ord Poesi inn i Livet. Nordmanna-Aanden fraa Fedra-Tidi maatte upp; Folket maatte læra aa elska Stordaad, Soga og Song som i gamle Dagar. Kjempevisa, Eventyret og Folkesegni maatte paa nytt faa Liv, og gjennom alt dette maatte den gamle, sterke, apostoliske Kristentrui gløda som den avlande Livskraft, so at Salma og Folkevisa, Soga og Trui, det gudelege og ^[26] det folkelege,

kunde klinga saman i ein heil, stor Harmoni; daa vilde Aanden paa nytt slaa ut sine Vengjer, daa vilde Norig vera gjenfødt. –

Dette var so fagert, at det maatte vera sannt, totte Daniel. Det var alltid litt høgt, og han var ikkje stød paa, um han forstod det; men det var sannt; han kjende det paa seg. Han vart so glad av desse store, nye Tankarne, at han liksom totte han vart eit betre Menneske. Den, som berre var vaksen og Student, so ein kunde faa taka i! For her vilde han vera med av all si Magt.^{v9}

Ein Ting var Daniel leid for, og det var, at han aldri rett kunde faa Tak paa, kva dette «Aand» i Grunnen var for ein Ting. Kapellanen brukad Ordet so tidt og paa so mange Maatar. Men forstod han det enn ikkje klaart, so hadde han dess meir Age for dette store Ordet, som gjøymde i seg som i ei vid Sky «alt det store og høge og ædle paa Jordi». Kannhenda var det nokonlunde det same som det andre Ordet, Kapellanen ofte brukad: «Poesi». Og kva Poesi var, det visste Daniel. Like eins visste han, at av det Slaget var der svært litet i Folkelivet. Ikkje las dei Diktbøker og ikkje song dei Kjempevisur. Men det som han no totte var mest harmelegt, det var, at ein ikkje lenger trudde paa Huldrefolket ^[27] no som fyrr. Daniel hadde lært aa halda av Huldrefolket. Dersom ein ikkje hadde nokot slikt, so kunde der visst ikkje vera nokon Poesi i Livet. Av Kapellanen hadde han høyr, at det var Rasjonalistarne, som hadde gjort mest til aa øydeleggja Huldretrui, og det kunde han forstaa. Det var so likt dei aa gjera slikt. Rasjonalistarne hadde ikkje brytt seg um Aand i nokon Ting, dei, sagde Kapellanen. Og naar ein tok Huldri burt, var der ikkje att annat i Verdi end Mold og Stein, og so vart Folket aandlaust! Daniel tenkte med seg, at han vilde prøva aa tru paa Huldrefolket. Han kjende nok, at han i Grunnen tvilad; men no vilde han ikkje bry seg um det; han vilde tru. Det var so hyggjelegt. Og naar det kom til Stykket, kven kunde so for visst segja, at Huldri ikkje var til? Det var mange fyrr i Verdi, og mange no og, berre burti andre Bygdelag, som var likso visse paa, at dei hadde set Huldri, som at dei hadde set Sol og Maane. Og det var ikkje godt aa vita, kva som kunde bu i Jord og Haug. At dei ikkje viste seg for Byfolk og slike, det var ikkje nokot aa bry seg um; for dei viste seg berre for dei, som trudde. Og no vilde Daniel tru, so kanskje han og fekk sjaa dei. Det vilde vera so gildt, dersom Huldri var til. Verdi vart liksom so heimkoseleg og hyggjeleg for oss daa. Der vart slikt Liv i Naturen, slik Fagerdom. Kva vent var der i ein Skog, naar ikkje Huldri gjekk der inne og leet? Kva Poesi var der i ei Aa, naar der ikkje var nokon Nøkk?^{v10} Men der som Folket trudde, at det hadde Huldre og Nissar ^[28] rundt ikring seg i kvar Haug og i kvar Li, so vilde det aldri gløyma burt, kva Aand var. Daniel torde ikkje segja nokot um dette til nokon, utan til Judith;

men naar han vart vaksen og Student, so vilde han gjera ei Bok, som skulde vera so god, at ho skulde *lokka* Folk til aa tru paa Huldri. –

– Det gjekk eit halvt Aars Tid; daa kunde ikkje Kapellanen drygja lenger med Tysken. Men den vilde han helder ikkje taka paa den aandlause Latinskulemaaten. Latinskulen var i det heile eit syrgjelegt Hol, leet han um.^{v11} Det var ikkje ein Skule for Ungdom; det var ein Skule for Kaldklokskap og Aandsfiendskap. Difor saag me daa og, dessverre, at so mange av vaare Embættsmenn var paa Matstrævar sida i den store Aandsstriden. Dette forstod ikkje Daniel. At lærde og rike Folk kunde vera Matstrævarar, hadde han aldri tenkt seg. Men naar Kapellanen sagde det, maatte det vera sannt. Han hadde nok enno likat det best, um Kapellanen hadde gjort som dei gjorde paa Latinskulen; for det var alltid tryggast aa fara Kongevegen, og han var slett ikkje so rædd for aa læra Leksur; men naar alt kom ihop, fekk han nok vera glad til, at Kapellanen tok det paa sin eigen Maate.

Men med Tysken tok Presten det so, at dei ikkje skulde lesa Grammatikk her helder. Dei slog upp i Leseboki med ein Gong og gav seg til aa lesa; Grammatikken skulde koma etterkvart. Fyrst las Kapellanen upp og umsette, so gjorde Daniel det same etter. Og det gjekk. Hugsad ikkje Daniel Ordi, so [29] hugsad han Innhaldet, og dessutan lærde han snart aa gissa seg til, kva mange Ord tydde. Men andre Ord lærde han, fordi dei kom saa ofta att.^{v12} Daniel totte dette gjekk godt.

Det same totte Kapellanen. Han var fornøgd baade med Guten og med Metoden; paa denne Maaten skulde der koma Aand inn i sjølve Tysken. Og han skreiv ei Avhandling i eit Skuleblad um, kor godt det gjekk med den nye Metoden.

Likso sæl som Læraren var i denne, likso sæl var Daniel, fordi han no endeleg kunde fortelja Folk, at han las Tysk. Han lagde serlig Merke til slike Ord og Vendingar, som han kunde «faa Bruk for», og dei lærde han paa eigi Haand. Dette gjorde han for aa kunna vera lærd heime, men serleg og alrahelst for aa kunna vera lærd paa Klokkarskulen.

For der gjekk han i visse Timar og lærde Rekning og Rettskriving og slikt, og galdt for ein stor Mann. Dette gjorde, at han likad seg her. Men der var ein annan Ting og, som gjorde, at han treivst paa Klokkarskulen, og det var, at han likad so godt Inga Holm. Inga Holm var Dotter aat Klokkaren. Det var ein rund, søt liten Ting, med eit godt, sorgblidt Andlit og fagre Fakter; Augo laag liksom halvt attletne og smaadrøynde, symjande i mild, svevnug Glans. Det var forunderlegt, so ljøs og hyggjeleg Skulestova vart, naar ho var inne. Der var nokot serskilt ved henne, som Daniel aldri saag hjaa andre; alt det ho gjorde, um ho so berre rørde ein Finger, so

var det so tekkjelegt, so uskyldigt, so [30] elskelegt aa sjaa paa. Men Augo var som ein Solglytt. Kom ho til aa sjaa burt paa Daniel, vart han varm, og ei forunderleg søt og uroleg Kjensla gjekk gjennom Bringa. Daniel drøymde ofta um dei Augo, og naar Kapellanen fortalde um Ydun elder Frøya elder Jomfru Maria, tenkte Daniel alltid paa Inga. Han tenkte so smaatt, og vart blodraud ved Tanken, at kanskje elskad han Inga Holm. –

Um ei Stund laut dei til med Latinen. Det var ikkje etter Methoden; men Tidi fall slik, at Kapellanen laut driva paa.^{y13}

Daniel var stolt. Han hadde leset so mykje at han visste, at det var Latinen, som skilde millom Lærde og Ulærde. Latinen var den tronge Veggen, som førde fraa Kvardags-stimen til Aandshimmelen; ingen vart Stormann, som ikkje kunde Latin. Og no skulde han faa læra Latin. –

Med Andakt tok han næste Dag Cæsars *Bellum gallicum*^{k25} under Armen og strauk til Kapellangarden. Men daa han kom dit, fekk han høyra, at det gamle Romarfolket hadde voret eit Røvarfolk, at den romerske Bokavlen var ei aandlaus Herming etter den græske, og at det var unaturlegt og meningslaust, at me Nordfolk skulde lesa Latin. Dette kunde Daniel paa ingen Maate forstaa. Naar Kapellanen sagde det, visste han at det var sannt; men han fekk venta med aa forstaa det, til han vart eldre.

Det varde likevæl ikkje lengje, fyrr han kom etter, at Kapellanen hadde havt Rett, og at Latinen *var* nokot Uvæsen. Latinen var i alle Maatar so [31] reint motsett det, me sjølve brukad, so reint paa Tverke mot alle vaare Tankar, at det var forunderlegt, at Folk kunde læra slikt. For det fyrste var *Ordi* urimelege. At eit Land skulde heita *terra*, elder ein By *urbs*, det var ikkje likt til nokon Ting. Her nyttad det ikkje aa gissa seg fram; skulde ein forstaa *Ordi*, maatte ein *læra* dei,^{y14} og kven kunde det? Men endaa galnare var det med Setningarne. Dei var vovne ihop slik, og *Ordi* var slengde um kvarandre paa ein so vill Maate, at det var mest Uraad aa faa *Orden* i dei att. Prædikaten kunde staa fyrst i Setningen, og so kunde Subjektet koma midt nedpaa Bladet ein Stad, og stundom *var* der ikkje nokot Subjekt! Han hadde aldri set slikt. Og so Grammatikken. For her *maatte* han lesa Grammatikk; det kunde ikkje nytta med Methoden; det var vonlaust aa faa Aand inn i Aandløysa, som Kapellanen sagde. Det galdt aa lesa med Vit; Daniel maatte ikkje puglesa; men «sjaa» paa Grammatikken maatte han, og det baade stødt og stendig. Ja, Daniel «saag» paa Grammatikken. Men han kunde ikkje faa Greida paa nokon Ting. Fire Deklinasjonar! Seks Kasus! Og tvo – tri Undantak fraa kvar

Regel, og Undantak fraa kvart Undantak att, og so burtetter i Endeløysa! Daniel saag seg reint yvergjeven.

Ikkje var der nokot vidare Aand i det, dei skulde lesa helder. Daniel hadde ventat seg djupe Tankar og høge Syner og vidunderlege Sogur av eit reint nytt Slag, og so fekk han ei vanleg, turr Kvardagsskildring av nokre Smaakrigar og Slag millom Romveringar ^[32] og Villmenn upp i Gallia. Var det nokon Ting? Daniel hadde leset mykje gildare Krigsskildringar i «Almuevennen».

So vart der daa stort Stræv og liten Framgang med Latinen hans Daniel. Men Kapellanen brydde seg ikkje so mykje um dette. At den naturfriske Bondeguten greidde seg kleint i Latin var i Grunnen berre eit Merke paa, kor sterkt det romerske Væsen bar heile vaar nordiske Aand imot. Vaar sterke nordiske Aand vilde ikkje inn i den romerske Tvangstrøya. Og so trøystad han Daniel med, at han alltid lærde nok Latin til aa faa Artium med. Det var ikkje verdt aa kasta burt for mykje av sin Ungdom paa eit Fag, som ikkje styrkte, men snarare forkvaklad Aanden, og som det i Grunnen berre galdt aa gløyma, so snart ein hadde fengje Eksamen.

Fransk kunde det og drygja med. Alt dette romanske var framandt for oss og kunde also ikkje utvikla *vaar* Folkeaand. Aanden var som Diamanten, kunde berre slipast i sitt eget Støv. Matematikken laut Daniel «pugga», for den forstod ikkje Kapellanen seg paa; men no var han komen ut av Vane med aa pugglesa, og desse Formlarne og Bokstavarne var dessutan so vrange aa hugsa. Det gjekk soleis ikkje svært fort i «Matematikken» helder.

Det, Daniel lærde mest av, var Soga. Kapellanen fortalde godt, og Daniel fylgde med i stor Gleda. Det var so lett, dette, og so godt aa hugsa. Gløymde han nokot, so saag han etter i Verdenshistoria si, og paa den Maaten beit Hendingarne seg betre fast i ^[33] Minnet. Mytologien kunde han og, endaa det varde ikkje lengje, fyrr Figurarne tok til aa blotna i Kantarne og glida yver i kvarandre.

Og so lærde han aa drøyma. Han drøymde um Huldri og um Inga Holm, og dei tvo vart meir og meir eitt; og so drøymde han um alt det store og gode, han vilde gjera, naar han vart Student elder Prest. Av Skaldarne og av Kapellanen fekk han vita, at Ungdomsdraumarne høyrde med til det største i Livet. Ingen vart ein rett Mann, som ikkje hadde drøymt i sin Ungdom, sagde Kapellanen. Og naar han fortalde Daniel um Studenterlivet, som han ikkje so sjeldan gjorde, so sagde han gjerna, at det, som gav dette Livet sin Poesi og «Idealitet», det var i Grunnen dei ungdomsdjerve Draumarne. Til Studenterlivet høyrde Gleda, Song, friskt Liv,

lystige Kammeratar; men kvar Student, som der var Mannsemne i, bar i Løyndom paa fagre Draumar, som gav Gleda Aalvor og Leiken Meining. –

So drøymde daa Daniel, og drøymde, at han var eit Mannsemne, fordi han drøymde. Stundom fekk han ikkje lesa for Draumar. Dei tok Tanken burt fraa Boki og bar han vidt, vidt yver Land, og det var ikkje fritt, annat dei tok Huguen burt fraa Boki med.

Men so høgt som han livde i sine Draumar og i dei sæle Lyftningsstunderne hjaa Kapellanen, so ille totte han meir og meir, at han hadde det heime.

Der var so trongt og smaatt der, so uhyggjelegt, og so aandlaust. Alt gjekk ut um den stakkars Maten. ^[34] Baade inne og ute var stygt og ufjelgt. Dei heldt ikkje skikkeleg reint eingong, og Glaset kom mest aldri upp, so Lufti var mang ein Gong som ho kunde. Ikkje eingong seg sjølv brydde dei seg um aa halda reine. Vaskad dei seg kvar Sundag, var det godt. Ein Tanke utanfor det raae Matstræv fanst ikkje, naar ein fraatok det gudelege. «Menneskeliv» hadde dei ingen Draum um. Og her gjekk han so aaleine. Han hadde ingen aa tala med um sine fagre Draumar. Den einaste skulde vera Judith; men kva forstod væl ho. Lias, det var ein aandlaus Slamp, som gav meir for ei Skjeppa Jordeple enn for all hans Aand og Poesi. Her var i Grunnen ikkje livande for Daniel.

Vilde han segja nokot um Slarvestellet deira, so gjorde dei Narr av han elder vart vonde. Gamle Ole Johannes vart reint arg, naar Daniel kom med sine «fine Fimur». ^{k26} Han var væl for god no til aa vera i Lag med simple Folk. Han var væl alt Storkar no. Gjekk ikkje den Skarveungen her og var so vis og viktig, at han vilde vera større enn baade Far og Mor! Det skulde ikkje stor Grisen til, fyrr han slog Krull paa Rova. Og so skulde han no vera fornæm, maatru. Kvar Dag i Skule med kvit Krage paa Halsen og so oppkjemd og uppstroken, som han ikkje skulde vera den han var; og tok han si Haand i aldri so lite Arbeid, so skulde han strakst ut i Kjøken og vaska seg! Jau, det skulde sjaa ut paa Bondebygdi, dersom me vilde gie' oss til aa gaa slik og vassla. ^{k27}

^[35] Ole Johannes kunde ikkje altid tigja med dette. Og Daniel, som totte han hadde det laakt nok fyrr, um han ikkje skulde faa Gryl og Gnaal attpaa, var stundom so tankelaus, at han svarad. Ein Gong braut det reint laust. Daniel kom inn ein Kveld i Skomingi og fann Stova full av ein Os, som ikkje var god. Det hadde rignt um Dagen, og Omnen hekk full av vaate Klæde, som eimad av beste Magt. Huh, sagde Daniel og pustad og blees, og so gjekk han burt til Glaset og vilde hava det upp, endaa det ruskad og smaarignde litt ute. Og han gav seg til aa banka og hamra paa

Vindauga som det galdt Livet; for det var nok ikkje av dei, som gjekk lett. Han visste ikkje annat enn han var aaleine inne. Men burte i den store Umhengs-Sengi laag Gamlingen og saag og hørde paa alt ihop, og det tok strakst til aa koka i han. «He, kaslag æ dæ, du gjere?» spurde han endeleg med Sinne i Maalet. Daniel kvakk, men tok seg att og sagde, at han berre vilde ha upp Glaset litt, for her var so usunnt inne. Ole Johannes tagde litt; det kokad sterkt i han, og han vilde gjerna finna eit Ord, som kunde bita riktigt godt. «Jaso. Det skal væl ... vera fint det, kann eg vita», sagde han. No vart Daniel og vond, og han svarad, litt utekkjelegt, at anten det var fint elder ikkje, so vilde han ha frisk Luft! Gamlingen dirrad av Sinne, der han laag. «Høh, berre høyr! Frisk Luft! Berre høyr!» Han kunde ikkje lenger finna Ord; han berre laag og hermdde. Endeleg fann han ein brukeleg Tanke. «Kanskje du trur, at eg vil ha Ruskveret ^[36] og den kalde Vinden like her inn i Sengi til meg, naar eg skal sova?» – «Skal du sova, hev du endaa mindre godt av aa liggja i denne Osen», svarad Daniel vigtigt; han tok til aa banka paa Glaset paa nytt, men ikkje so sterkt. Likevæl gjekk det upp, og dermed leet han det staa paa Glytt og tok til beins ut. Men Gamlingen laag og kokad burti Sengji. Og so tok Vinden Glaset og slog det heilt upp. Skjelvande krabbad Gamlen seg upp, gjekk burt til Glaset, og slog det att med ein rasande Smell, som Daniel maatte høyra, so sannt han var i Huset.

Etter den Dagen gjekk Ole Johannes lengje og berre mur-tagde. Men for Maren slog han paa, at Daniel visst ikkje hadde godt av all denne Lærdomen. Maren forstod Meiningi og gjekk strakst til Daniel med det. Daniel vart sur og gav vondt; men daa bad Mor hans han hugsa paa, kva denne Skulegonga *kostad* Far hans. Det var ikkje aa undrast paa, um den gamle Mannen vart litt saar paa det; Pengarne skulde *han* ut med, og saag han so, at han berre fekk Skam til Takk –. – Aa, desse *Pengarne*, rengde Daniel. Var det hellest nokot *Pengar* aa snakka um enno? Las ikkje Kapellanen fritt kanskje? Han brydde seg nok ikkje so mykje um desse *Pengarne*, han. Til dette svarad Maren, at ein kunde daa væl ikkje for Skams Skuld lata Kapellanen stræva for reint inkjevetta; ein laut altid senda han ein Kjøtfjording^{k28} elder ein Smørambar^{k29} so daa og daa, og so laut ein ofra litt raust paa dei store Høgtiderne, og det same laut ein gjera med ^[37] Klokkaren; so naar alt vart ihoplagt, og dertil den Maten, som Daniel maatte hava, men som han ikkje gjorde Lika fyre, so vart det Pengar av likevæl. Ole Johannes hadde somen i det siste Aaret laant ikkje so faae Pengar, lagde ho sutrande til. Daniel kjende seg som djupt nede i ei Myr. *Berre* Matreknningar, *berre* Mat-Tankar, Smaaskap, Armodsdøm heilt igjenom. Skulde dei no tilmed rekna den vesle Maten, som han kunde eta upp –! Han gjekk ut; han maatte liksom have Luft etter dette.

Men sidan torde han ikkje annat enn vera snild Gut; han lempad seg etter Husens Skikk og gjekk Far sin under Augo so fint han kunde. Ole Johannes smaamynte^{k30} med seg og totte dette stod godt til. Det hev du godt av, Far min! tenkte han; det er ikkje verdt, du vert Storkar fyre Tidi. – Men Daniel likad ille paa Leiken. Han var mest hatig paa denne aandlause Moldtrælen, denne gamle Bonden, som ikkje kunde forstaa, det Slag av det, som var høgt og stort og ædelt paa Jordi. Og alt i eit gjekk han og sullad paa Bjørnsons klassiske Lengtingsvers i «Arne»:

«Ud vil jeg, ud, o, saa langt, langt, langt
over de høie Fjelde!
Her er saa knugende tærende, trangt,
og mit Mod er saa ungt og rankt!» –

Men naar Bror hans, han Lias, hørde slikt, so sagde den aandlause Slampen, at «Hr. Daniel» kunde vera glad, dersom han aldri fekk det verre enn heime.

III.

[38] Paa andre Vinteren gjekk Daniel no hjaa Kapellan Hirsch.

Men det vart ikkje stort av med dei i Aar. Kapellanen var komen upp i nokot Krangel med dei vakte, ^{k31} som vilde have det paa han, at han ikkje førde rein Lære, og dette gav han so mykje annat aa tenkja paa, at han meir gløymde Daniel. Dessutan hadde han i Grunnen saatt, det han hadde aa saa i denne Barnesjæli, so han var ikkje so ivrig i seg sjølv helder. Og endeleg forstod han, at han kunde ikkje gjennomføra «Metoden» sin, og han tok til aa ræddast fyre, at han kanskje hadde gjort galet i aa gjera denne stakkars Guten til Prøveklut for sine uferdige Forsøk i Uppfostringskunsten.

Ikring Joletider vart det fortalt i Bygdi, at Kapellanen søkte seg ifraa. Han var nok lei av aa vera her no, sagde Folk, og dessutan trong han eit større Embætte, av di han skulde gifta seg.

Daniel vilde ikkje tru dette. Kapellanen kunde daa ikkje forsvara aa sleppa han ifraa seg no, daa han fyrst hadde hjelpt han so vidt i Veg, og han var væl ingen Matstrævar helder, som kunde reisa fraa ei god Gjerning, fordi han ein annan Stad kunde faa nokre Dalar meir i Aarsløn. Men Ordet vart vissare og [39] vissare, og tilslutt spurdest det, at Kapellanen hadde fengje Kall. Daa vart Daniel so tung i Hugen. Alle Utsyner stengde seg, totte han; alle Vonerne vinglad vengskotne mot Jordi. Han hadde stundom havt den Draumen, at han skulde gravast ned livande; no totte han det var, som den Draumen skulde oppfyllast. Han forstod ikkje dette. Var det forsvarlegt aa lyfta ei Sjæl so høgt, og so sleppa henne ned i Moldi att, millom Maur og jammerlegt Matstræv? –

Kjærasten til Kapellan Hirsch heitte Frøken Rud, sagde dei, og var Dotter av ein rik Storbonde burt med Kristiania. Utpaa Fyresumaren skulde Kapellanen der burt og gifta seg, og so skulde han koma hit att og gjera seg ferdig til aa flytja. Det vart altso Slutt med Skulen alt i Vaar, tenkte Daniel; og so kunde det væl lite nytta aa lesa.

Den siste Skuletimen kom Vonom fyrr. Kapellanen fekk dessverre so mykje aa staa i no, sagde han, at han ikkje klarad det lenger. Daniel falmad, daa han hørde

dette. Han visste, det maatte koma; men det var likevæl so vondt daa det kom. «Men du skal ikkje vera modlaus for det», lagde Kapellanen til; «eg skal nok stella det so, at du kann faa halda fram med Lesningi paa einkvar Maaten». Daa ljosnad Daniel forunderleg. Kapellanen saag det, og smilte litt. «Du tenkte kanskje, eg vilde narra deg du?» sagde han. «Nei-nei-nei», stotad Daniel. –

Daa Kapellanen kom heimatt fraa Kristiania um Sumaren, fylgde Kandidat Massmann, Son aat Presten, med han. Massmann var just ferdig med ^[40] Eksamen no og skulde liggja heime og kvila seg, til dess han fekk Embætte.

Kandidat Massmann var ein roleg, faamælt Kar, bleik av Andlit, og svært aalvorleg. Folk kunde ikkje faa Greida paa denne Fyren, for han studerad korkje til Prest elder Sakfører elder Doktor. Det einaste, dei visste, var, at han hadde leset «fælt mykje Spraak», og at han skulde vera «fælt lærd». Det vart til det, at Daniel skulde faa gaa i Skule hjaa Kandidat Massmann utyver Sumaren og Hausten.

Daniel var ikkje so glad i dette, som ein skulde tenkt, for han var rædd Kandidat Massmann. Dertil var han rædd Prestegarden. Han mintest kor fint og liksom høgtidelegt der var, og hadde ein heilag Age for gamle Presten. Men dessutan tenkte han paa Prestebikkja, som han i Grunnen hadde endaa større Age for. Likevæl gjekk han, og laut takka til, at han fekk gaa. Framum Bikkja slapp han med heilt Skinn, endaa det var vendt nok; like eins slapp han godt og vøl framum Presten, og so kom han til Kandidaten, som sat bleik og roleg i ein Voggestol med ei Bok og ei Pipa og røykte.

Daniel liksom bukkad, og var raud og rædd. Kandidaten stirde paa han med isblaae Augo gjenom kalde, blanke Brillur: «Naa, det er Daniel?» – Ja, det var daa det. – «Godt; sit hit!» sagde Kandidaten og peikad paa ein Stol. Daniel fram, og ned paa Stolen. So vart han utspurd um, kva han hadde leset. Han svarad so godt han kunde; men var heile Tidi uroleg og ille ved, fordi han ikkje kunde forstaa, ^[41] um Kandidaten var fornøgd med Svare hans elder ikkje. Endeleg skulde han prøvast i Latin. Det var just det verste Faget. Daniel ynskte seg langt ned i Jordi og tok til aa sveitta, der han sat; men det nyttad ikkje. «Altso, 2dre Boki. Slaa upp ... slaa upp ... slaa upp 18de Kapitel. Du hev vøl leset 18de Kapitel?» – Ja, Daniel trudde det; men det var visst svært lengje sidan. Med dirrande, sveitte Hender slog han Kapitlet upp. Godt. Les! – Daniel las. *Loci natura erat hæc, quem locum nostri castris delegerant.* ^{k32} – Godt. Umset! – Daniel visste, at han ikkje kunde umsetja; han hugsad ikkje eit Ord. Likevæl freistad han liksom paa. Men han kom ingen Veg. Han berre sat og strævad og stunde, arbeidde med Hender og Føter og med

heile Kroppen, liksom det skulde hjelpe, men stod fast som for ein Mur. Det var fælt leiddt. Kva maatte ikkje den lærde Kandidaten tenkja? «Naa», sagde denne, «Subjektet er –? – Subjektet er naturlegvis –?» Daniel prøvde aa gissa. «*Natura*», sagde han. Men daa Kandidaten ikkje sagde Ja til dette, trudde han det var galet, og so skulde han retta –: «Nei! *loci*, sagde han. «Er *loci* og Subjekt?» spurde Kandidaten. «Nei,» kviskrad Daniel skamfull og tryllt. «Nei visseleg», svarad Kandidaten. «Subjektet er *natura*. *Natura* tyder –?» – «Natur». – «Naturlegvis. Altso: *loci natura* –?» Eit gamalt dimt Minne sveiv Daniel, han svarad gissande: «Lunden –? Naturen i Lunden –?» Dertil sagde Kandidaten ingenting, og so trudde Daniel, ^[42] at det var galet. «Nei!» kviskrad han høgt. «Nei,» sagde Kandidaten med uendeleg Ro, so Daniel vart kald. «Kva er *loci* for eit Ord? Kva heiter det i Nominativ?» – «*Lo-cus*», gissad Daniel. «Kva tyder *locus*?» – «Locus, det er ... det same som –.» «Hm. Er det det same som *lucus*?» – «Nei.» «Kva er *lucus*?» – «*Lucus* –, *lucus* – –.» – «*Lucus* er Lund. Men *locus* –?» Daniel reiv seg attum Øyrat: «*Locus*, det er –; *locus*; – hm!» – «*Locus* er 'Stad'. Kva Kasus er *loci*?» – «Det er ... Dativ –? – Nei ... Det er ... Genitiv –?» – «Hm. Høyr, Guten min», sagde Kandidaten, «hev du leset Grammatik?» – «Ja litt ... men det er ei Stund sidan no», sagde Daniel; han var vaat av Sveitte. «Ja det er visst det», sagde Kandidaten. «Kann du deklinera *natura*?». – Daniel prøvde. «*Natura, naturam, naturæ, nat* –, *nat* –.» – «*Naturæ, natura*. Pluralis?» «*Naturæ, naturas, naturarum, natu* –, *natu* –.» Sveitten rann av han. «Hm. Me fær til med Grammatikken, Far!» sagde Kandidaten. Og so fekk Daniel fyrste og andre Deklinasjonen til Leksa.

Som ein vaat Hund ruslad han heim. Han kjende seg so underleg liten. Dette her vart nok ein annan Dans. Med Isingar gjenom seg tenkte han paa den nye Læraren sin. Her vart det nok ikkje Tale um Aand og Poesi; her galdt det nok aa *kunna* sine Ting, – kunna Grammatikken. Og den stod for Daniel i ei einaste tung Skodd. Men so hugsad han, at han hadde fenget *Leksa*. Ei ærleg, ^[43] reideleg Leksa, som han skulde læra! Det var forunderlegt, som den Tanken styrkte han. No visste han daa endeleg, kva han hadde aa halda seg til! Ei Leksa var ein Ting, som han forstod seg paa; ei Leksa skulde han klara! Og naar han so neste Gong kom til Kandidaten, so skulde den lærde Mannen nok faa andre Tankar um Daniel Sørbraut. Han mest sprang heim for aa taka aat. Han vart heiltupp glad i Leksa si og tenkte med Fysnad^{k33} paa, at han endeleg skulde faa læra denne Grammatikken, som alltid hadde set han so vonlaus ut. Han skulde verta som ein Latinskulegut til aa kjenna sin Madvig.^{k34} Han gav seg til aa stormlesa. Han las og han las, til dess dei tvo Deklinasjonarne stod av Munnen hans som eit Stjernerap.^{k35} Daa han kom til

Kandidaten næste Gongen, var han ikkje so rædd. Leksa si kunde han, og meir kunde ikkje Kandidaten krevja. Det gjekk godt, og han kom heim att byrg som ein Viking. Han hadde vunnet! Grammatikken var visst ikkje so aandlaus endaa.

Med ein einaste Gong slengde han sine Draumar um Huldri og Fossekalen. No vilde han verta lærd. Han vilde verta lærd og aalvorleg liksom Kandidaten.

Hadde det berre ikkje voret den Prestebikkja! Men den øydde so tidt hans unge Mod. Kvar Gong han kom elder gjekk, so kom dette store svarte Beistet luskande med sine raude, kokte Augo og gjekk og snusad paa han, liksom han var ein Spikeknok. Og Beistet var ikkje aa spøkja med. Der gjekk Segner i Bygdi um fleire, som hadde voret ille ute [44] for Prestebikkja, og ein Husmann, som kom til Prestegarden seint um Kvelden, og som dei trudde vilde ha stolet, hadde ho bitet eit Stykkje or Leggen paa. Fleire hadde klagat for Presten yver dette Dyret; men Presten svarad altid, at Apollo beit ikkje skikkelege Folk. Men eingong tok ho paa ein Mann, som kom til Prestegarden og skulde betala Offerskjeppa. Stakkaren hadde voret paa Restancelista lengje, og Presten hadde voret paa han fleire Gonger etter denne Offerskjeppa, baade med Kyrkja og andre Stader, og no skulde daa Mannen endeleg gjera væl og betala. Han hadde endaa selt ei Ku for aa greida denne Offerskjeppa, og so ein Bank. Ja; i Banken vart han av med Pengarne sine utan Vande; men daa han kom til Prestegarden, fekk han Prestebikkja paa seg, so han laut røma det beste han hadde lært, og fekk Broki si sundflengd attpaa Kjøpet. Daa hadde Presten vortet vond og sett Bikkja i Band. Men Bikkja likad seg ikkje i Bandet. Ho stod og ylte og peip all Dagen, so Presten ikkje heldt ut aa høyra paa det. Det var ukristelegt Dyrplageri, sagde han til slutt, og so løyste han Bikkja. Sidan den Tid gjekk Beistet laust, og den, som no kom til Prestegarden, fekk greida seg sjølv, som han best kunde. Det som hjelpte var, at Bikkja aldri beit «skikkelege Folk», som Presten sagde, og Fatikfolk og slike kunde halda seg derifraa. Men Daniel var rædd likevæl, han; ein kunde aldri vita, kva slikt eit Beist kunde finna paa; og ræddast var han i Hundedagarne.

Men etterkvart lærde Apollo aa kjenna Daniel, [45] so denne tilslutt kunde gaa ut og inn i Prestegarden som han vilde. Det var ikkje fritt Daniel var byrg av, at Prestebikkja hadde teket han upp i den Adelen av «skikkelege Folk», som ho aldri gjorde nokot vondt; for Prestebikkja visste nok aa velja sine Folk, tenkte Guten.

Underleg nok likad ikkje Kandidaten denne Bikkja. Daniel fekk endaa eingong høyra, at Kandidaten vilde hava Apollo or Vegen. Det var ein raa Skikk, sagde han, ei Leivning fraa ei Villmannstid, aa halda slike tamde elder halvtamde Vargar

gangande i Gardarne til aa skræma Helsa elder Vitet av sine nervøse Medkristne, elder til aa skaffa dei Hundegalskap; og minst skulde ein venta slik Villmannskap hjaa ein Prest. Men Gamlepresten berre knurrad litegrand, og sagde, at han ikkje brydde seg um slike «moderne Idear». Og eingong vart han vond og sagde, at han vilde likso lite missa Apollo, som han vilde missa eit av sine eigne Born. Til det tagde Kandidaten. –

I Slaatten maatte Daniel vera heime; men um Hausten tok dei til att, og det gjekk godt. Daniel likad seg; for han kjende at han *lærde* nokot, og det gav Mod. Kandidaten var ein drivande Lærer, mykje glupare enn Kapellan Hirsch; og han arbeidde med Lyst, saag det ut til. Men som alt gjekk paa det beste, kom Apollo i Vegen og øydelagde det for dei.

Dei sat ein Dag som vanlegt inne hjaa Kandidaten og las. Daniel sat midt for Bordet slik, at han kunde sjaa ut yver heile Prestegardstunet. Daa ser ^[46] han eit Kvinnfolk, som kom gangande fram mot Huset paa slik ein underleg Maate. Ho var fatikt klædd, og litt upp i Aari; hellest var ho eit Bygdemenneske og saag nokso skikkeleg ut. Men i Hælarnе paa seg hadde ho Apollo, som var morsk aa sjaa til og stundom sleit henne i Stakken. Ho var jammerleg rædd. Gaa fort torde ho ikkje, stansa elder snu torde ho endaa mindre; so kom ho stigande i stutte, stive, ustøde Stig, liksom ho gjekk i Ørska. Alt i eit glytte ho ikring seg etter Redning elder Hjelp; men der var ikkje Folk aa sjaa nokonstad; ho var aaleine med dette Dyret. Og Daniel saag kor ho bleiknad for kvart Stig. Munnen stod open, Augo steig store og kvitnande fram or Hausen; det saag ut som ho svimrad, som ho ikkje kjende, kor ho sette Foten; ho kom vandrante som eit Lik, som ein Dauding; ho var halvt epileptisk. Kandidaten saag paa Daniel, at der var nokot tids; han snudde seg og saag ut. Fyrst rauk Boki paa Golvet, so Pipa; so flaug han paa Døri som ein Storm, ut gjennom Stova, ut gjennom Kjøken, og ut i Bislaget; der bergad han fyrst Kvinnfolket i Hus, og daa so Apollo kom, flikrande og liskrande ^{k36} og skulde gjera seg gild for Husbond, fordi han hadde veret so flink, so drog Kandidaten fram ein Stav, han hadde løynt attpaa Ryggen sin, og lagde til Bikkja yver Lendi, so ho dreiv langt burt etter Tunet. Og skreik gjorde ho som ein brend Djevel. Det var stygt aa høyra paa. Ylande, knistande, ^{k37} med Halen under Buken og Ryggen uppskoten rømde ho rundt, eit livande Bilæte paa all Ynk og ^[47] Jammersdom paa Jordi. Og Kandidaten etter; for Beistet skulde ha meir! Daa viste Presten seg i Bislagdøri. «Henning!» ropad han med djupt Maal. «Henning!» – Og Henning, som saag, at han ikkje stod att ^{k38} Bikkja, snudde seg no mot Far sin. Haaret hans valt nedyver Panne og Øyro, Andlitet var kvitt, men tok til aa raudna; som han stod der frammot Presten, rak og harm, skjelvande av Sinne, var han fager. «Godt! er du der?» ropad han; han var

haas. «Vil du no binna Beistet, elder jaga det av Garde? elder so ved den livande Gud, eg slær det ihel so snøgt eg kann!» – Dei vart eit Ordskifte millom Presten og Son hans; Daniel kunde ikkje høyra meir av det. Men daa Kandidaten langt um lengje kom inn, var han myrk og harm, og Daniel maatte gaa. Sidan var det som der laag ei Tyngd yver Huset. Og Kandidaten var som ein annan Mann. Naar han skulde syna Daniel, sat han tidt og seig burt i Draumar og gløymde heile Undervisningi. Stundom var han ikkje heime, dessmeir, naar Daniel kom, so denne maatte gaa att ærendslaus.

Dette gjorde, at Daniel dovnad av. Han tok til aa sakna Kapellanen, og vov seg paa nytt inn i sine gamle Draumar. Daa han um ein Maanads Tid fekk høyra, at Kandidaten skulde reisa til Kristiania og vera Privatlærer, vart han ikkje so leid for det endaa. Han tenkte med seg, at det lagad seg nok. No kom her snart ny Kapellan; og dessutan hadde Guten komet etter, at Far hans nok var meir uppsett paa aa faa han fram til Prest enn han hadde tenkt. –

[48] – Ja; Moldtrælen vilde gjerna hava sin Son fram til Prest.

Han talad fleire Gonger med Kandidaten um Daniel, og Kandidaten gav han godt Mod. «Guten hev eit *lett* Huvud», sagde han, «og greider seg utrulegt. Men paa Skule maa han. Dette her vert berre upp i Tufs, som du ser, og han vert aldri ferdig. – Kor langt han kan naa? – Haa. – Nokon Vitenskapsmann vert han ikkje; men han kann verta ein god Embættsmann; – just ein god Embættsmann, ein, som er lett i Taumen,^{k39} ein ... slik som dei vil hava han. Send han paa Fabrikken,^{k40} Ole Johannes!»

Daa Ole Johannes fekk vita, kva «Fabrikken» var, likad han denne Raadi ikkje so ille. Men daa han talad um dette til Maren, sagde ho plent nei. Styra den unge Guten aaleine heilt til Kristiania, der han kunde koma ut for baade Frimaurar og annat stygt, det fekk dei aldri henne med paa. Skulde han nokon Stad, so kunde dei senda han paa Latinskulen inn i Byen; men hellest kunde han vera heime no som fyrr, og gaa hjaa den nye Kapellanen, naar *han* kom.

Den nye Kapellanen kom. Det var ein liten raudbleik Kar med ljost Haar og raudt Skjegg; det fyrste han gjorde var aa gjera seg kjend med dei vakte. Daa Ole Johannes talad med han um Daniel, svarad han snøgt, at han 'skulde skriva til Rektor ved Latinskulen og faa alle naudsynlege Opplysningar; sjølv var han rædd han fekk so mykje aa gjera i Menigheiti, at han ikkje fekk Stunder til Privatundervisning.

[49] Ole Johannes sagde Takk. Vilde Presten høyra etter um Prisen, og um, kor lengje dei maatte gaa paa den Skulen, so var det svært snildt. Men – og Ole Johannes kom endaa ein Gong upp med sin store gamle Tvil –: trudde Presten, at det kunde nytta aa halda Guten i so høge Skular? *Gjekk* det an for ein simpel Bondeson aa koma so høgt upp som betre Folks Born? Kapellanen smilte og sagde, at me hadde Bondegutar, som var *Bispar*. Daa tagnad Ole Johannes. Men store Draumar sveiv fram for Syni hans, og han tenkte med seg, at den, som ikkje vaagad, han ikkje vann. –

Fraa Kapellanen fekk dei «alle naudsynlege Opplysningar». Daniel kunde kanskje koma inn i 3die Latinklasse, og det var dei, som var so glupe, at dei gjekk beint fraa 5te Klasse og upp til Eksamen. Det leet seg altso *kanskje* gjera paa 3 Aar. Og Skulepengarne var ikkje store. Dessutan var der Von um Friplass, naar han hadde voret der eit Aars Tid. Dette totte Ole Johannes ikkje var so ille endaa. Serleg likad han det um Friplassen. Og naar so Guten budde hjaa Hans Nerstad, og dei sjølve skaffad han det meste av det, han trong til Mat, so kunde det kanskje ikkje verta so mykje dyrare. Det same meinte Maren. Pengar laut ein laana, det sagde seg sjølv. Men dei fekk Guten sjølv betala, so snart han kom i Embætte. –

So vart Enden den, at Ole Johannes gjekk ned til Storhandlaren paa Neset, Jens i Larsebakken elder Jens Bakke, som han skreiv seg, og laante 100 Dalar for aa senda Daniel til Byen.

[50] Og no totte Daniel at han hadde vunnet.

For det fyrste skulde han faa koma ut. Og for det andre skulde han faa koma til Byen. Han hadde ikkje voret mange Gonger der. Men han hadde voret der so mykje, at han visste, kva Byen var. Med sine høge, veldige Taarn, med sine fagre Hus i lange, lysande Rader, med sine straalande Kraambuder, fyllte med alt det gildaste i Verdi, med sine Hagar og Tre, med sine stolte og fornæme Folk, som gjekk og strauk paa Gata i Gull og Silke og blanke Sko og visste korkje av Arbeid elder Sut aa segja, totte Daniel, at Byen minnte um det nye Jerusalem. Men Innferdi til Byen minnte um Paradis. Store, kvite, staselege Hus med Glasdører, med Altanar kvilande paa kvite Stolpar og umvundne av grønt Lauv, med ljose, herlege Salar, straalande av Krystal og skinande Gull liksom Salomons Tempel, og rundt omkring svære, dökke^{k41} Hagar, umgjevne med grøne Lauvgjerde og med staute Traleverk^{k42} av støypt Malm, yverskygde av framande Tre, store og forunderlege som Cedrar paa Libanon, opplyste av glødande Blomar, av kvite Kirsebærtre, av bleikt blømande Aplar som unge Brurer med friske Kransar um sitt

unge Haar, og fyllte med ein Ange so søt og sæl, at ein maatte tenkja paa Balsam fraa Gilead^{k43} ... Daniel kunde ikkje drøyma seg nokot fagrare. Alt var paa ei onnor Gjerd enn heime. Framandt, forunderlegt, storfellt, berre tenkt paa aa vera fagert. Ein kunde sjaa, at Folk her ikkje turvte tenkja paa Pengar elder spyrja kva det kostad. Kong Salomons Rikdomar ^[51]aatte dei, og Kong Salomons Herlegdom bygde dei upp att. Og no skulde han faa koma der inn. Ikkje for ein Dag, ikkje for tvo Dagar, men for Aar. Han skulde faa vera der, liva der, sjaa all denne Stordomen til kvar einaste Dag. Han skulde ikkje lenger vera Bondetamp, han skulde verta Bygut. Fint klædd skulde han dagstødt faa gaa og spennna i dei stolte, steinsette Gaturne og sjaa paa alle dei store Skip paa Hamni, med Segl so vide som Havreaakrar, og med Master so høge som Kyrkjetaarn. Og han skulde faa eta Bymat, og gaa paa kvite Golv med Aaklæde paa, og sitja i Sofa' ar so mjuke som Sengjer; og han skulde faa høyra Musik og Trommeslaatt um Dagen og Vektarsong um Notti, og sjaa Apekattar dansande paa Lirekassar, og Bjørnar, som gjorde Kunster paa Svabbesalen,^{k44} og Linedansarar, og Trollmenn, som aat Eld og svelde store Sablar og Sverd. Tusund, tusund Bilæte stimad gjennom Hausen hans som Fugleflokkar, og han var den sælaste Bondeguten paa Jordi.

Nei, ikkje den sælaste. For no skulde han ikkje faa vera i Neskyrkja kvar Sundag og sjaa Inga Holm. Men so mykje gildare skulde det verta aa koma heim att til Joli og visa seg i Kyrkja for henne og for heile Aalmugen som Bygut.

Han torde knapt sjaa sine Jamnaldringar i Augo no; han kjende seg som ein Syndar mot dei, fordi han aaleine skulde koma upp i alt dette. Og dei maatte ikkje faa den Trui, at han var stor paa det. Men i Grunnen kjende han seg ikkje lenger i ^[52]Ætt med desse Bondefolk. Til Hausten skulde han vera Bymann, klædd i Klædesfrakke, talande fint; og daa vilde han verta eit reint annat Menneskje.

Det gjekk mykje Snakk um dette i Bygdi. Daniel totte dei saag paa han med andre Augo no enn fyrr. Det gjorde dei og. Men rundt um paa Gardarne gjekk Skravlet som Vindkvernar. Og Ole Johannes Sørbraut vart so fingerfaren,^{k45} og hans Framferd so utlagd og ut-tolkad, at hadde han høyrte Helvti av det, so hadde han vortet galen. –

Daniel kom til Byen, og fekk bu hjaa Hans Nerstad. Men det viste seg, at han ikkje kunde koma høgre upp enn i 2dre Latinklassen. Ole Johannes var leid for det. Det var eit heilt Aar spillt. Og endaa i andre Klassen fekk Daniel nok aa gjera i den fyrste Tidi med aa koma etter.

Han fekk andre Ting og aa staa i. «Klassekameratarne», som saag, at han var snild, gav seg strakst til aa gjera Narr av han, fordi han var Bondetamp, og fordi han talad Landsmaal. Og tilslutt gav dei seg til aa gjera Narr av Namnet hans.

Han var innskreven i Bøkerne som «Daniel Olsen Sørbrød». Det sagde seg daa sjølv, at han snart vart heitande «*Surbrød*». Og denne Skjemten totte dei Labanarne var so makalaus, at dei sidan i alle Fristunder flokkad seg um han og ropad paa «Surbrød». Kor mykje kostad Surbrødet i Dag?

Daniel var vaksen Kar, og snild og taalmodig; men dette gjekk so innpaa han, at han tilslutten mest greet. Hadde han gjort dei nokot vondt, med di han ^[53] ikkje kunde faa vera i Fred? Men dette gjorde vondt verre. Daa dei forstod, at han tok seg nær av det, skreik dei endaa meir og hadde endaa meir Moro. Daniel hadde tenkt, at det skulde vera staut og hyggjelegt aa vera saman med so godt Folks Søner; men han hadde aldri havt det so vondt. Han kjende seg reint ynkeleg framand og aaleine, og det var som han stakk seg paa Naaler og Netlur, ^{k46} kor han snudde seg.

Det var endeleg ein Gut, som nok hadde vondt av han, og som ein Dag under fire Augo raadde han til aa gaa inn til Rektor og faa umbrigt Namnet sitt. Naar han heitte Daniel Olsen, kunde han skriva seg inn som «Olsen», so vart det slutt med dette «Surbrød»-skraalet. Daniel svarad, at dersom det gjekk an, so vilde han gjerna gjera det; men det var so leidt aa gaa inn til Rektor aaleine. «Ja, synest du det, so skal eg vera med deg», sagde den andre aalvorlegt. Dei gjekk, og Daniel fekk sin Vilje fram. Heretter skulde han med Gud og Retten heita Daniel Olsen. Men fraa den Dagen var Daniel og Kristian Bliland Venner. Og Venskapen vart so mykje sterkare, fordi dei paa ein Maate var Bondegutar baae tvo; for Kristian var Son av ein Klokkar inn i Fjellbygderne.

Det hjelpte svært dette: aa faa ein Kjenning. Og daa dei andre saag, at Daniel ikkje lenger var aaleine, men stod under Varetakt av Kristian Bliland, vart ikkje dei helder so vonde med han. For Kristian Bliland var ein vyrd Gut i Klassen, av di han var flink – og sterk.

^[54] Men Daniel kunde aldri lika seg rett paa Skulen, og heime hadde han alltid so mykje aa gjera. Istadenfor aa gaa og spenna paa Gata, som han hadde drøymt um, maatte han sitja inne paa det tronge Kotet sitt hjaa Hans Nerstad og lesa, og han hadde ikkje so mykje som ein Sofa aa kvila seg paa, dessmeir. Ein gamall Trestol med fire Føter attmed eit gamalt skralt Kjøkenbord, det var heile Stasen, og paa Veggen hekk Karl Johan med ei uhorveleg lang Nos og stirde med sure Augo mot

Døri; for han hadde set betre Dagar og likad seg ikkje her, og det gjorde ikkje Daniel helder. Men det som verre var: han totte ikkje sjølv Byen var so gild som han hadde tenkt. Det var i Haustbløyta; og Regnet var likso surt og Søyla likso blaut her som heime. Dei kvite Husi stod skitne og gaarutte^{k47} av Kolrøyk og Væta og var ikkje det Grand himmelske aa sjaa paa. Ikkje eingong Paradiset ved Innferdi tok seg ut i den graae Haustdagen.

Ein annan Ting var det og, som Daniel var leid for, og det var, at Byklædi hans ikkje var som dei skulde vera. Naar han kom i Lag med dei andre Gutarne, saag han sjølv, at han var Bondetamp. Seint og vrangt gjekk det med aa skifta Maal og. Men det kom seg visst av, at han budde hjaa Hans Nerstad. Hans Nerstad var nemleg fraa same Bygdelaget som Daniel, og var i Grunnen Bonde enno, og ho Rebekka, Kona hans, like eins, so Daniel skjemdest for aa snakka fint, so dei hørde det. Hellest hadde han det i Grunnen godt her. Maten fekk han ^[55] væl ställt, mykje finare enn heime, og naar han ikkje las, kunde han sitja nedi den logne, stille Stova, der Rebekka sat og saumad heile Ettermiddagen, og sjaa ut paa Gata, elder han kunde gaa nedi Kraambudi og høyra paa Bykjerringarne, som gjekk og handlad for ^{k48} i Saape og ^{1/2} i Stivelse og fortalde Bynytt, elder paa Bønderne, som kom inn fraa Landet med Jordeple og Smør og tok Kaffi og Tobakk istaden. –

Hans Nerstad hadde som sagt voret Bonde. Han hadde aatt ein god og nokonlunde stor Gard, som Far hans hadde arbeidt upp, og han hadde ervt Pengar attpaa Kjøpet. Men denne Vælstanden gjorde, at Hans Nerstad ikkje lenger vilde vera Bonde. Det var lettare og gildare aa liva i Byen, og so selde han Garden sin og vart Bymann. Han sette seg til med ein liten Høkerhandel.^{k49} Handel var ein Ting, som han ikkje forstod seg paa; det var berre so vidt han paa vanleg Bondevis kunde rekna og skriva; men Handlar vilde han vera; for det var slikt eit lettvinnt Liv. So sat han daa der i den myrke Kjeldaren sin Aar etter Aar og selde Sild og Smør i Skillingsvis; smaatt gjekk det, og kjeidt var det, so det var nok ikkje fritt han stundom tregad Garden sin. I seinare Tid vart det lagt Merke til, at han feitnad og vart raud i Nakken og posen under Augo; han hadde nok lagt seg paa Ølflaska. Men det gjekk svært fint. –

Det var eit surt Arbeid aa lesa etter.^{k50} Fyrst maatte Leksa for Dagen lærast, for den hadde ein Bruk for til i Morgo; men deretter aa setja seg til ^[56] og stræva med Ting, som ein *ikkje* hadde til Leksa, og som ein *ikkje* hadde Bruk for til i Morgo, og det paa ei Tid, naar dei andre fekk gaa ute og driva, det var altfor ille. Og det vart ingenting av. Daniel kunde i Grunnen ikkje læra det, som han ikkje hadde til Leksa. Det varde ikkje lengje, fyrr han totte han kunde taka seg fri for dette Arbeidet ein

Dag imillom; og sidan vart Fridagarne fleire og fleire, og dermed Arbeidet tyngre og tyngre, tildess han endeleg leet det gaa i Gløymeboki. Han slog seg til Ro so godt han kunde. Men han vart gangande all Tidi sidan med uheilt Samvit, og med ei gnagande Kjensla av, at han var etter dei andre og ikkje hadde sine Saker i Orden.

Den, han no hadde aa halda seg til, og som han jamt gjekk til i sine Fristunder, var Kristian Bliland. Denne snakka ikkje stort, men han hadde Bøker, som han las upp av, mest «Folkevennen» av Ole Vig^{k51} og annat dilikt. Her fann Daniel att mykje av dei Tankarne, han hadde lært av Kapellanen. Og det var som han trudde endaa meir paa desse Tankarne no, daa han saag, at der var fleire um dei, og at dei var aa lesa paa Prent.

Sidan kom han ofta fram med Ting, som Kapellanen hadde sagt, og som han visste, Kristian vilde lika. Det var ikkje altid han sagde, kor han hadde slikt ifraa; stundom visste han det kanskje ikkje klaart sjølv.

Det, som Daniel av eget Hovud kunde finna ut, det vaagad han sjeldan aa koma fram med; for naar han ^[57]skulde segja det til Kristian, totte han for det meste det vart so dumt. Men stundom sette han det fram liksom paa Skjemt, so han kunde læ det burt, um Kristian ikkje godkjende det. Men tok Kristian det for godt, vart Daniel heiltupp sæl og totte sidan sjølv, at det var godt sagt.

Paa same Maaten hadde Daniel det med Hans Nerstad og Rebekka i dei Ting, han kunde snakka med dei um, ja i Grunnen med alle. Han maatte altid hava nokot aa halda seg til, og han vaagad aldri aa tru trygt paa nokon Ting, utan han visste, at andre og trudde det, – liksom han paa Skulen aldri var fullstød um Svaret sitt, fyrr Læraren hadde sagt, at det var bra.

Hadde ikkje Daniel havt Kristian i denne Tid, og Bøkerne hans, so hadde han visst gløymt alle sine gamle Draumar. Skulelufti var *ikkje* sunn for dei. Det var eit underlegt Hol, denne Latinskulen. Alle Gutarne var so vituge og so vaksne; dei kunde flira og læ aat all Ting, men hadde visst aldri drøymt um annat enn Karakterar. Dei visste, at i denne Verdi galdt det um aa *klara* seg, og etter den Visdomen livde dei.^{v15} Det var som Kunnskapen i seg sjølv ikkje vedkom dei. Der var berre Spursmaal um, kva som var lett elder vrangt aa klara seg i. Og det kvittad dei eitt, anten dei klarad seg paa ærleg Maate elder med Fusk. Ja dei, som var drivne i aa fuska, galdt for heile Mynstermenn og gjekk og kytte av sine Fantestykkje for kven som vilde høyra. Men dei, som var strævsame og trugne til aa lesa, vart tidt ^[58]og ofta gjorde til Narr av dei ordførande Overlabanar i denne Grønkaal-Klassen.

«Til i Dag hev eg ikkje leset det minste Grand!» skreik dei i Munnen paa kvarandre, naar dei kom paa Skulen um Morgonen. Og so trætad dei um, kven som hadde leset minst. Men naar dei kom upp, klarad dei seg for det meste like væl, og Daniel vart baade forundrad og modlaus yver dette; for slikt kunde ikkje han gjera. –

Der var i heile denne Flokken eit stort og djupt Hat baade til Skulen og til dei fleste av Lærararne. Skulen var Fengerslet, og Lærararne var Sluttarar elder Fangefutar. Mest hatad dei kanskje Rektor, som daa og var ein god Grinefant. Deretter kom Religionslæraren, ein gamall uppturkad Rasjonalist, som sat og tøvde allstødt um dei tri store Vismennerne Moses, Jesus og Sokrates, og som dei ikkje brydde seg det Grand um, og so Historielæraren, som dreiv paa med «Oversigtstabeller» og gav Gutarne historiske Slengjenamn; sjølv vart han heitande «Robert Djevelen.» Daniel totte i det heile ikkje, at Lærararne her var som han hadde tenkt seg. Mange av dei saag ut til aa ikkje bry seg stort meir um Kunnskapen enn Gutarne, og det, dei visst tenkte mest paa, var aa faa Timarne til aa gaa. Dei byrjad seint, og sluttad so snart det gjekk an. Dei hadde sjeldan annat aa fortelja Gutarne enn det, som stod i Bøkerne. Og jamt var dei i Ulag. Det var ikkje ofta, at ein Time gjekk av utan Gryl og Skjend. Some hadde sine visse Syndebukkar, som dei kvar Dag hadde uppe og [59] reiv seg ut paa; andre dreiv det med aa harcellera og piska Klassen fram til Dygd og Dugleik med eitrande, beisk Spott. Daniel var rædd desse strenge Herrarne. Men han bøygde seg under dei med slik ein Bonde-Respekt og kunde dessutan for det meste Leksa si so nokonlunde, at han gjekk fri av den verste Kjeften. Kristian Bliland like eins, endaa han tok det meir rolegt. I det heile likad Lærararne desse Gutarne fraa Landet. Dei var oppvaksne under meir patriarkalske Forhold; dei hadde lært aa lyda og vyrda sine Overmenn; dei hadde ikkje nokot av denne *frons urbana*,^{k52} denne Storsnuten, som gjorde Bygutarne so forargelege aa hava med aa gjera. Dei var audmjuke og lydige og lette i Taumen, slik, som Skulegutar burde vera.

Men Daniel visste no, at Kapellanen hadde havt Rett, daa han talad um Latinskulen. Her var «aandlaust», og det til Gagns. Han vart stundom so leid av seg, at han drøymde um aa røma. Reisa til Amerika, elder til Sjø. Det, som dreiv han til aa lesa, var mang ein Gong berre Tanken paa Bygdesnakket – og Tanken paa Inga.

Ein Gong um Maanaden kom Ole Johannes til Byen med Matvarar til Son sin; dei tvo fyrste Gongerne var Maren og med. «Eg kann ikkje forstaa, kva du vil til Byen etter», sagde Ole Johannes; men Maren maatte inn og sjaa um «vesle Daniel», der

var ikkje Raad for det. Daniel var glad, naar dei kom, men totte dei var fælt bondsklege. Naar han fylgde dei i Byen, ynskte han alltid, at han ikkje maatte [60] raaka Kammeratar. Hellest lagde han med Gleda Merke til, at gamle Ole Johannes liksom hadde komet seg. Ny Bykjerra hadde han raadt seg til, som ikkje var so reint stygg, og det, som meir var: han kom strjukande til Byen i kvit Halskrage og Klædestrøya. Maren derimot, ho var den same, som ho hadde voret. Ho var nok for gamall til aa læra nokon ny Skikk. Ja ho likad ikkje eingong, at Ole Johannes fjelgad seg upp. Den andre Gongen, dei var i Byen, sette ho seg til aa syta og jamra for Daniel reint av Naudi um, kor rart Ole Johannes tok seg upp i seinare Tid. Han vilde liksom vera nokot meir enn han hadde voret, no, daa han hadde ein Son i Byen paa Latinskulen. Ikkje hadde han den Arbeidshugen helder som fyrr, men gjekk mykje og strauk ned paa Neset elder ut i Bygdi og hadde gode Dagar. Heime vilde han og liva godt, kjøpte heim fint Braud og Kaffi, og løyste Avisur, som han sat og las i heile halve Ykterne; Brennevin hadde han og i Huset no, som han ikkje hadde havt paa mange Aar. – Brennevin? – Ja; um der kom eit Menneskje! Det skulde vera so gildt alt no, maa vita. Maren kunde ikkje forstaa, kor det skulde bera av. Men Daniel likad i Grunnen dette. Og til Mor si sagde han, at det var visst ikkje faarlegt. Han Far visste nok, kva han gjorde; ho skulde ikkje syta for det. Han hadde kanskje, naar alt kom ihop, betre Raad enn nokon visste. Aa Gud betre oss for Raadi, sutrad Maren; det var nok laante Pengar, han flaut paa no. Ja det var vel ikkje so visst, meinte Daniel; ein skulde ikkje [61] tru ein Bonde lenger enn til Tennerne i slike Ting; han gjekk ofta og bar paa Ting, som ingen kunde drøyma um. Maren saag paa Son sin, slog so Augo ned att og sukkad. Ho forstod, at ho nok ikkje fekk nokor Hjelp her. –

Daa Daniel var heime i Joli, fekk han sjølv sjaa, at Huset var komet paa ein ny Fot. Og glad var han. Der var Framandfolk i Huset, som skulde sjaa «Studenten», og alle livde godt, og der var stor Høgtid. Daniel maatte lesa Tysk og Latin for dei Framande, og han saag, kor kry Gamlingen vart, naar dei roste Guten og undrast paa alt det han kunde. Men Lias, den Slampen, gjekk ikring so sur og tver, som han skulde vera ovundsam paa Bror sin.

Her paa Bondebygdi kjende Daniel seg fin Gut, og han viste seg fram kor han kunde, helst naar han hadde Von um, at Inga Holm kunde koma til aa sjaa han. Tala til henne tenkte han ikkje paa; men han viste seg fram, og naar han trudde ho saag paa han, so gjorde han seg so karsleg og strak som han var god til. Og so glytte han burtpaa henne som ho der sat, bøygd og bljug, søt som ein sæl Draum, med Helg yver seg som ei Brur paa ein Brudlaupsmorgon, og han bad til Vaarherre um, at ho maatte lika han. –

Tidi fraa Jol til Vaaren drog seg uendeleg seint. Han vart so leid av Lesningi, at han stundom tenkte paa aa fuska; men han kunde ikkje. Han hadde ikkje Laget. Og han kunde ikkje gjera det med so rolegt Samvit som Bygutarne. Skulde han prøva, ^[62] vilde Læraren sjaa det paa han strakst. Derimot hende det ikkje so sjeldan, at han fekk Hans Nerstad til aa skriva Sjukesetel for seg, naar han hadde altfor stor Uhug til aa arbeida.

Istadenfor aa lesa sat han daa gjerna heime og drøymde um Inga, som han vilde skriva Friarbrev til, so snart han vart Student. Og so gjorde han Vers um sin store Elskhug. Det var eit strævalt Arbeid aa gjera Vers, totte Daniel; men det var so hyggelegt aa arbeida med nokot, som vedkom «Henne». —^{v16}

Heile Skulen var som leid av seg i denne Tidi; Gutarne forsømde, ^{k53} Lærararne stundom med. Leksurne, dei fekk, var so smaae, at dei kom ingen Veg, og endaa maatte dei Gong paa Gong taka dei upp att, fordi ingen lærde dei. Det gjekk so seigt og vrangt og tungt som Vals gjennom ein Rugaaker.

Fraa Januar var der komet inn tvo nye Gutar i Klassen, den eine ein Lensmannsson, Ole Bentsen, den andre, Peter Didriksen, Son av ein Høker paa Neset. Med desse prøvde Klassen ei Stund aa hava litt Moro; men det vart ikkje nokot av. Dei visste aa klara seg, desse tvo. Godt heldt dei ihop, og kloke var dei. Ole Bentsen var tagall og likeglad som ein Sælhund, so honom beit ingenting paa, og Peter Didriksen – som hellest vart heitande Peter Dirk –, visste aa svara for seg so snøgt og smaalentugt, at ingen i Klassen var god for aa maalbinda han. Daniel og Kristian prøvde ei Stund aa halda Lag med desse tvo Kararne, fordi dei paa ein Maate ^[63] var Bondegutar, dei og; men Ole Bentsen og Peter Dirk vilde nok helst hava finare Lag. Dei hadde i det heile ein merkjeleg Umtanke for seg sjøelve. Det viste seg, at dei ikkje hadde nokot imot aa vera med paa eit og annat, som kunde vera faarlegt, t. D. eit Slag Kort, elder ei halv Flaska Øl med Cigar til; men dei visste alltid aa stella seg so, at um galet skulde gaa, so kunde ikkje dei faa Skuldi. Vilde ein hava dei med paa nokot, som dei ikkje likad, so sagde Ole Bentsen, at han Peter ikkje var motad paa det, og Peter Dirk sagde, at han torde ikkje for Ole Bentsen. Men paa Skulen greidde dei seg godt, for det var Lesehestar av Velten. ^{k54} Dei jamrad hardt yver, at det gjekk so smaatt, og Hausten etter meldte dei seg ut av Skulen og reiste til Kristiania, daa dei kunde faa Eksamen baade snøggare og billegare ved aa gaa paa «Fabrikken». –

– Endeleg tok det til aa lida fram mot Eksamen. Daa vart det ein annan Dans. Det tok til aa livna og kvikna i baade Gutar og Lærarar, liksom det vert Uro i ein

Smalagarde, ^{k55} naar det dreg upp til Uve'r. No kom Bøkerne for ein Dag, og no kom Kunnskapen og Arbeidet til Æra. Kor mykje hadde *den* leset til i Dag, og kor mykje hadde *den* leset? Kunde Per det? og kunde Paal det? Kva tydde *det* Ordet, og kva tydde *det* Ordet? Kva var det for Præposisjonar, som styrde Ablativ? Kunde Per *det* Beviset? kunde Paal konstruera *den* Polygonen? Annat var ikkje høyrande fraa Morgon til Kveld, so Daniel vart reint fælen av all denne Lærdomen. Han totte [64] han kunde ingenting av alt dette. Ikkje hadde han Tiltak til aa lesa helder. Han hadde lært seg til aa vera lat, og det fall so tungt aa vinna seg yver att. Fyrst daa det leid so langt, at Eksamen skulde byrja, so dei visste, at daa skulde dei upp i det Faget, og daa i det, – daa fekk Daniel att si Lese kraft. Men daa las han og vitlaust. Utan Gleda i aa læra, utan Tanke paa Kunnskapen, berre for aa klara seg til Eksamen, las han, og las som han var fraa seg. Han hadde lært i den Skulen han gjekk.

Og han klarad seg. Han kunde ikkje mykje, og det, han kunde, var han ustød i, fordi han var uklaar i Grunnarne. Men naar han sat med Eksamensbordet, greidde han seg likevæl. Han forstod det mest ikkje sjølv. Men han hadde fraa Barnet av øvt seg upp i aa sjaa og høyra paa Læraren, kva Svar han vilde hava, og den Kunsten brukad han tidt utan aa vita det. Men forstod han ikkje, kor Læraren vilde av, torde han tidt ikkje svara, um han so visste det nokso godt.

Han vart Nummer 9. Der var Futesøner, ja Prestesøner, som kom nedanfor honom, og dette totte han var mest utrulegt. Det same totte gamle Ole Johannes, daa Daniel kom heim og fortalde det, og Gamlingen kunde ikkje dylja, at han var kaut av dette.

Men hellest var den gamle meir tung og tagall av seg no att. Daniel forstod ikkje dette; men gamle Maren kunde fortelja han, at Ole Johannes hadde set Ende paa dei 100 Dalarne, fyrr han vardest, so no [65] maatte han tenkja paa aa faa seg eit nytt Laan. Det var ikkje greidt. Ole Johannes hadde tenkt, at 100 Dalar aldri kunde faa Ende; men naar ein foor for flust fram, so –. Daniel v Reid seg. Det var daa ei æveleg Straff med desse Pengarne.

Men han trøystad seg med, at no hadde Gamlen drivet det so vidt, at han ikkje kunde slutta. Og kva gjorde det i Grunnen, um han tok eit nytt Laan? Garden var visst stor nok til aa bera baade det og meir.

Likevæl heldt han seg litt unda for Far sin. Han var rædd, at denne og vilde snakka um Pengar. Ole Johannes mistydde dette og trudde paa sin Maate, at det var Storkarsgrillurne, som var ute att. Og dette var so mykje meir harmelegt, fordi Ole

Johannes ikkje lenger heldt seg for nokon reint simpel Bonde. Han hadde kostat *Pengar* paa aa koma seg litt upp, so Son hans ikkje skulde turva skjemmast av Far sin. Ein Dag kom han med det. Daniel svarad so snildt han kunde, at det hadde aldri voret hans Tanke, slikt. Men Gamlingen meinte, at det var greidt aa sjaa, kva Tanken var. Og han totte ikkje han hadde Grunn til aa venta slikt no, sagde han. Han hadde visst gjort alt det han kunde; og fordi um Daniel no tottest vera Storkar, so fekk han daa ikkje gløyma, kven det var, som laut svida for det. Dette kunde Daniel ikkje tola aa høyra. Han svarad, at han visste ikkje, kva slikt Snakk skulde svara fyre; so snart han fekk Embætte, so skulde snart dei Pengarne vera greidde, og dermed var det [66] væl ikkje verdt aa gjera slikt Braak um dei. Ole Johannes visste med seg, at han ikkje hadde gjort nokot «Braak», og han kjende, at han leid ein forfælande Urett; men det kunde væl lite nytta aa snakka. Berre *det* lagde han til, at det vart nok ikkje paa dei fyrste fjortan Dagarne, at Daniel fekk det Embættet. «Nei, nei; kven hev meint det?» sagde Daniel.

So vart det uhyggjelegt heime no og. Maren jamrad jamt og samt um, at det gjekk so tilatters. Arbeidet vart drivet mykje med Leigefolk; Garden tok til aa koma i Nedfall, Ole Johannes var i Skuld hjaa Jens i Larsebakken, og no maatte han handla hjaa honom mest all Ting, selja billegt og kjøpa dyrt. Ikkje var han so trugjen med Boki helder som fyrr. Han laag helder og sov um Morgonen no istadenfor aa lesa Bøni; og so kunde ein ikkje venta annat, enn at der vart liten Vælsignelse med Arbeidet. – Daniel hørde paa alt dette, men svarad ikkje lenger.

Han trøystad seg med aa drøyma um Framtidi og um Inga. Til hans store Gleda var der nok ingen, som hadde vaagat seg aat henne enno; ho var for fin for Bondegutarne, og for dei andre var ho væl ikkje rik nok. So kanskje ho fekk staa fri, fri som ein Blom paa eit høgt Fjell, til dess han, Daniel Olsen, *Student*Daniel Olsen! kom ein Dag og baud henne Hjarta og Haand. Og daa skulde dei vandra so blideleg saman gjennom Livet, han som Prest, ho som Prestefruva, og dei skulde hava det so godt, og faa so mange fagre Gutar. –

[67] Daniel fekk ikkje Friplass paa Skulen næste Aar, daa han ikkje kunde skaffa Attest for aa vera fatik. Men paa Skulen kom han likevæl; Gamlingen tenkte der var ikkje annat fyre. Og kor ille Daniel likad seg paa Skulen, so var det daa alltid likare i Byen enn heime paa Sørbraut. Ja sjølve Gamlingen vart ein annan, naar han kom til Byen. Det var som han yngdest upp att her inne, totte Daniel. Han kunde sjaa so raud og frisk ut, og hava slik ein Glans i Augo, at ein skulde ikkje kjenna Mannen att. Sjølve Hans Nerstad vart glad, naar han saag Ole Johannes saa livleg; han nikkad til Daniel og smaalo. –

Men ein Gong ut paa Hausten – det var ein regnsur og kald Dag seint i Oktober – totte Daniel, at Gamlingen var kvatare mest enn rimelegt kunde vera. Og Glansen i Augo var so tett, at det liksom vart til ei Dimma. Daniel forstod seg ikkje paa dette; men han likad det ikkje. Ut mot Kvelden skulde Ole Johannes reisa, og daa var han bleikare att og meir tagall; men det underlege Laget fylgde han enno. Og som han sat i den nye Bykjerra si og snakkad nokre Vælfar-Ord med Hans Nerstad, saag Daniel, at Augo hans var hengjande og matte som paa ein drukken Mann. Men Hans Nerstad blinkad til Daniel og smaalo. Daa seig det ei Tyngd, ei vond, verkjande Tyngd, yver Guten. Han gjekk upp paa Romet sitt og visste ikkje kor han skulde gjera av seg. Han berre saag Far sin, som han sat der nede og glodde med dei stive Augo, og det verkte [68] so vondt i Bringa hans. Kunde Vaarherre tillata slikt? Kunde han lata Far hans koma uppi dette? Far hans hadde daa alltid voret ein skikkeleg Mann og haldet seg til Boki. Ja, so nær som i seinare Tid! – Ja, men likevæl. – Nei. nei. Nokot so fælt kunde ikkje henda. Han sagde det til Vaarherre og, at det *maatte* ikkje henda! Han kjende ein brennande, saar Hug til aa graata, men fekk det ikkje til. Han sette seg burttil Glaset, og der sat han med Haand under Kinn og stirde ut i Lufti, lengje, lengje. –

So kom Lias ein Dag køyrande til Byen i den nye Bykjerra og skulde henta Doktaren. Daniel skulde og vera med heim. Det stod smaatt til med Ole Johannes. Han var komen heim fraa Byen reint skamfrosen; hadde nok somnat paa Lasset og i Ørska køyrt ein galen Veg, so han ikkje kom heim fyrr langt ut paa Morgonen; og daa maatte dei bera han inn. Han var drivande gjenomvaat og reint stiv. Og no laag han der med ein brennande Bringeverk, og so avklard, at Daniel vilde ikkje kjenna han att. Ikkje samlad han^{k56} helder lenger. Han berre laag og rasad, tøvde um Bispar og Prestar og um mangt og mykje, som der korkje var Ev elder Stev i.^{k57} Der var nok ikkje annat aa tenkja paa enn Enden. For Daniel var dette so fælt, at han tagnad reint burt. Han fylgde med heim, men var so tung og hugsjuk, som han skulde til si eigi Likferd. No var alt slutt. Og at det skulde koma so braadt, og so syrgjelegt! – Doktoren sagde det var Lungebrand. Dei skulde [69] ha hentat han fyrr; no var her ingenting aa gjera. Han skreiv upp nokot Medisin, murrad og reiste. Maren gjekk ut og inn og greet, og var so reint burte, at det mest var Judith, som maatte stella den sjuke. Daniel torde knapt vera inne. Det var so fælt aa sjaa paa Far sin som han der laag, vonlaus, hjelpelaus, med ville Augo, med hole, skjegg-grodde Kjakar, og med ein saar, riktande^{k58} Pust; men endaa fælare var det aa høyra paa hans øre Snakk um «Sonen, som skulde verta Bisp». Maren spurde Daniel med graatande Taarer, um Ole Johannes hadde voret ... um han hadde fengje nokot ... meir enn han tolde ... der inn i Byen; Daniel vart bleik, men sagde

Nei. «Aa Gudskjelov for det daa!» greet Maren; – Daniel forstod ikkje, at ho kunde graata so saart for det. Den raude Kapellanen kom ender og Gong og vilde tala med den sjuke um hans Sjælesak; men det nyttad ikkje. Han kunde nok vekkja han for eit lite Bil; men strakst etter var han burti Ørska att. Og i den Ørska døydde han. –

Der stod Daniel.

– Det viste seg no, at Ole Johannes i dei seinste Aari hadde sett seg i større Skuld enn nokon visste. Det meste skyldte han hjaa Jens Bakke. Men der var Smaagjeld baade her og der, i Byen og i Bygdi. Garden var so skuldsett som han med godo kunde vera. Skulde dei klara det, maatte dei sjaa aa koma til Lags med Jens Bakke. Denne viste seg ikkje urimeleg. Han vilde berre hava ^[70] Daniel til aa skriva under paa, at han skulde betala Gjeldi – halv tridje hundrad ^{k59} Dalar – so snart han fekk Embætte elder fast Post, og so skulde Maren og Elias gaa god for Daniel og sjølve staa for Pengarne, um han døydde elder vart helselaus; og endeleg skulde dei betala 5 Prosent Rentur um Aaret, til dess Pengarne var greidde. Daniel skreiv strakst under. Det kunde ikkje skilja honom nokot, det, og so vart der daa ein Ende paa desse ufysne Forhandlingarne. Til Lagverja tok Maren gamle Tarald Ruste, som fyrr hadde voret Lensmann, og det vart avgjort, at ho skulde verta sitjande i uskift Bu. –

Der var ingen løynd Rikdom aa finna, ingen nedgraven Skatt, ingen Pengehop paa Kistebotnen. Kunde Maren og Lias med Stræv og Sparing fikta seg igjenom, so vilde det vera mest meir enn ventande.

Til Daniel var der ingenting. ^{v17} Dei sagde han fekk prøva aa koma inn paa ei Kraambud. Han svarad ha og ja. Kva skulde han paa ei Kraambud?

Han gjekk som i ei tung, tung Ørska. Det var ute med alt. Og verst var det aa tenkja paa Inga.

Inga, Inga. Kva tenkte ho no? Han torde ikkje visa seg i Neskyrkja i denne Tidi. Men kvar Sundag, naar Folk gjekk fraa Kyrkja, sat Daniel paa ein Stein attum ein stor Runne ovanfor Veggen og glytte ned etter Inga.

– Det kunde ikkje gaa slik! Her maatte koma Hjelp. Hadde Vaarherre hjelpt so langt, so maatte han hjelpa lenger!

^[71] Han gjekk under, dersom han ikkje naadde fram. Kunde Vaarherre tillata, at ei Sjæl gjekk under?

Der var mange rike Folk i Byen. Der var Folk, som kostad burt Tusund paa Tusund berre til Stas og Moro. Det stod just i Bladet, at Grosserar Helle hadde kjøpt seg ein Lystkutter for 800 Dalar. 800 Dalar til ein Lystbaat! Med dei 800 Dalarne, elder berre med Helvti, kunde han voret bergad!

Elder Jeremias ... Han foor og flakkad i den vide Verdi, og ingen visste, kor han var. Kanskje var han i Amerika ... Gifte seg med ei rik Dame, vart Eigar av ein Million. Kom heim, greidde heile Bundten ...

Elder den, som kunde faa fat i Bergkongen. Elder i Nissen, elder i ein Dverg, elder i nokot annat slikt ... Der var Rikdomar nok, i Jord og Haug, den som berre visste aa finna dei. At ikkje den gamle Dagfinn Sørbraut likso godt kunde ha funnet ein Klump Gull! – Der var mange, som hadde funnet Gull i gamle Haugar.

Tarald Ruste! Han skulde vera ein vælhalden Mann. Enn um ein snakkad væl med honom?

Aa nei. Han var ein Moldtræl han som dei andre. Han var endaatil Jaabækianar. [k60v18](#) Det nyttad nok ikkje aa koma der.

– Men Jaabækianaren Tarald Ruste hadde tenkt litt paa den unge «Studenten». Det var ille, at dei Pengarne skulde vera reint burtkastad, totte Tarald, og dessutan skulde Guten vera flink. Det vilde visst og vera godt, um me kunde faa fleire Embættsmenn ^[72] av Bondestanden. Dei, me no hadde, var so framandslege, og kjende so lite til Livet hjaa den simple Mann, at det var plent som dei skulde vera ein annan Nasjon. Bondegutarne derimot, dei visste, kva Folket hadde aa staa i. –

Han hadde snakkat litt med Daniel og totte han saag ut til aa vera ein snild Gut. Han kom innum att ein Gong sidan og snakkad meir med Daniel. Denne totte ikkje, at han, som Skulegut, kunde hava Meiningar mot ein Mann som gamle Lensmannen, og dei kom daa svært godt til Lags. Berre naar Tarald kom innpaa um Jaabæk og Sparetanken, og um at Embættsmenneskene hadde det so altfor feitt, daa totte ikkje Daniel, at han kunde vera heilt med. Men han vilde ikkje segja imot helder, og so greidde han seg fraa det med, at han hadde havt for annsamt paa Skulen til aa kunna fylgja med i alt slikt. Men daa han saag, at Tarald Ruste ikkje var fornøgd med dette, lagde han snøgg til, at det naturlegvis var ein god Ting aa spara. «Ja, det lærer du nok aa forstaa!» meinte Tarald.

Etter dette hadde Daniel litt Von likevæl um Lensmann Ruste.

Og Lensmann Ruste hadde Von um Daniel. Han gjekk og undrast paa, kven han skulde faa med seg til aa hjelpa denne Guten fram. I Bygdi var der ingen, som aatte Pengar, utan Presten; men det var ingen, som gjekk til Presten etter Pengehjelp. Derimot kjende han eit Par Menn i Byen, som ein kanskje kunde prøva. Grosserar Helle var ein bra [73] Mann i visse Maatar, endaa han ikkje heldt med Jaabæk; – der var dei, som tvilad paa, um Grosserar Helle var so rik som han staakad til; men det tvilad ikkje Tarald paa. Og so gamle Finsen. Han hadde hjelpt ein slik Gut fyrr, han; rigtignok var det ein, som vilde paa Missjonsskulen; men kanskje gjekk han med her og. Tarald Ruste køyrde tilslutt til Byen og talad med desse Mennerne. Og det gjekk godt. Grosserar Helle sagde Ja paa fyrste Ordet. Finsen var seigare; for han hadde lovat Vaarherre, sagde han, at han vilde bruka alt det, han kunde avsjaa, til Sulu-Missjonen. Men tilslutt gav han seg. Kanskje Vaarherre kunde bøygja Hjartat hjaa denne Bondeguten slik, at han og vart Missjonær eingong. Ein fekk setja alt i Herrens Haand; hans Vegjer var ikkje vaare Vegjer. Og so vart daa desse tri Mennerne, Jaabækianaren, Grosseraren og Sulumissjonisten, samstelte um, at dei skulde hjelpa Daniel Sørbraut fram til Student-Eksamen. Tilslutt foreslog Helle, at dei skulde senda Guten til Kristiania, paa Fabrikken, for aa faa han «ferdig i ein Fart»; det var baade billegare og betre, sagde han, og so hadde Jonas Didriksen paa Neset gjort med sin Son, han Peter. Dette gjekk dei andre daa tilslutt med paa.

So kom Tarald Ruste ein Kveld køyrande til Sørbraut, kry som ein Konge og blid som Smør i Sol, fordi han hadde gjort dette store Verket, og fordi han kunde koma til Gards med slikt eit Fagnad-Bod. Og vælkomen vart han. Heile Huset kom aa Ende; Daniel lo, Maren kokad Kaffi, Judith gjekk [74] og stelte um Lensmannen som um ein gamall Bestefar, og sjølve Lias smilte og gneid seg i Henderne. Maren likad ikkje alt so godt det siste um, at Daniel skulde til Kristiania; men det gjekk ikkje an aa setja seg paa Bakføterne no. Ho berre spurde seg fyre, um det ikkje vilde vera vaaglegt aa senda so ung ein Gut der inn; ho hadde høyrte der skulde vera so mange stygge Folk, Frimaurar og Fritenkjarar og ... «Aa langtifraa!» sagde Tarald Ruste. Dei sende yngre Gutar enn Daniel der inn, og dessutan so var det berre nokot Tøv, det, at Frimaurarne slagta Folk og sende dei til Tyrkriet. Det var skikkelege Folk i Kristiania liksom her. Latinarar var dei, og Embættsvenner, og hellest nokot stort Svinepakk i mange Maatar; men det kom ikkje Daniel ved. Han klarad seg nok. Dermed maatte Maren lata seg lita. –

Daniel skulde reisa til Hausten att. Han hadde ikkje Fred heime lenger; han lengta til Kristiania. Der inne var det, at han skulde finna det store og ædle og fagre paa Jordi; og Byen bygde seg upp i hans Hugsyn som ein Skog av kvite Taarn,

lysande som Marmor upp gjennom ein solfylt Dal. Han var stød paa, at so snart han kom dit, vilde han koma inn i nokot vidunderlegt, poetiskt, stort, nokot med Gull og Glans og fagre Møyar som i dei gamle Romanarne; men mot Inga Holm vilde han alle Dagar vera trufast. –

– Lengje ventad kom endeleg den store Tyrsdagen, daa han skulde reisa. Maren og Lias fylgde ^[75] han til Byen og heilt paa Bryggja. Maren var so rædd ho skulde ha gløymt aa senda med han nokon Ting, som han kunde hava Bruk for, og ho spurde han fleire Gonger, um han ikkje meinte, han kunde turva endaa eit Nøste med graatt Ullgarn. Men Daniel meinte, han hadde Ullgarn nok; han var berre so rædd han skulde koma for seint paa Eimbaaten. So snart denne hadde lagt til Bryggja, krabbad han seg umbord, og han sagde Farvæl til Mor si og Bror sin med Hjartat bankande av uroleg Gleda.

Det ringde tridje Gongen; Baaten sette i med eit forskræmelegt Yl og tok til aa arbeida seg ut fraa Bryggja. Farvæl! Farvæl! hørde ein paa alle Kantar, og kvite Lummedukar tok til aa slaa i Lufti som mange smaae Vengjer. Men der var ingen, som veiftad etter Daniel. Gamle Maren hadde ikkje nokon kvit Duk aa veifta med. Ho hadde berre ein liten ein av raudrosutt Bomullsty; men den hadde ho gløymt etter seg heime. Ho stod ut i den eine Kanten av Bryggja, langt burte fraa dei fine, og beit i Plaggsnippen og saag etter «vesle Daniel» med raude, jammerfulle Augo. Det var so vondt aa tenkja paa, at han skulde so langt burt. Ho vilde ikkje graata, so framande Folk saag paa det; men Graaten var ikkje god aa døyva. Han fyllte Bringa som ein saar, varm Flaum, og fram vilde han paa alle Slags Vis og Maatar. Han skar seg heit og brennande fram i Augo, og vreid seg bitterleg um den magre Munnen. Men daa Baaten hadde lagt heilt ut fraa Bryggja, og ho saag «vesle Daniel» staa aaleine der paa Framdekket ^[76] millom alle desse Framande, som saag so myrke og likesæle ut, daa snudde ho seg burt, bøygde Hovudet ned i Henderne og greet, greet so det skok i dei gamle slitne Akslerne.

IV.

[77] «Olsen, Olsinis, Olsini, Olsinem, Olsen! Olsine,» – sagde Johannes Ortvedt.

Markus Olivarius Markussen lo i høgan Sky. «Ja det er rett!» sagde han, «Olsen gjeng etter 3die. Ha-ha-ha! Olsen, Olsinis – ha-ha-ha-ha! Den Ortvedt er ein Mann med Idear!»

Daniel likad ikkje aa verta deklinerad. Men han lo med so godt han kunde; for han visste fraa gamalt, at det ikkje nyttad aa slaa seg sint. Johannes Ortvedt var fornøgd. Han higrad^{k61} og lo so inderleg godslegt, og Augo hans lo, og Skjegget hans lo, og Augnekrokarne hans stod fulle av Laatt og sjølvnøgd Gleda.

– «Og der er Olsen den andre!» ropad Markus Olivarius Markussen, som og var ein Mann med Idear.

Inn kom ein ung, lang Fyr med Hengje-aksler og høg Hals; Andlitet blømde i tæringfine Liter, men var langt og flaatt bygt; Munnen var tjukk og hekk halvopen.

«Nei Takk ska' Di ha'!» sagde han med eit Bassmaal, som ingen skulde venta fraa slik ein Smalhans; «det skal Di vera blaa for! «Den andre» er [78] eg mykje for lang til aa vera, ser Di.» Og han lagde Bøkerne sine ifraa seg, tok Daniel under Armen, drog han med seg midt frampaa Golvet og song, med brestande Maal og store Teaterfakter:

«Jeg – er – Olsen den første, Olsen den første, Olsen den første;
Han – er – Olsen den anden, Olsen den anden, Olsen den anden, –
– Begge vise Mænd.»

Markus Olivarius Markussen lo i høgan Sky. Johannes Ortvedt higrad med, og Augo hans lo, og Skjegget hans lo, og heile Mennesket lo; for han visste, at no kom Markussen med Deklinasjonen.

Og Markussen kom med Deklinasjonen. Apropos: kunde Hr. Olsen den fyrste deklinera «Olsen»? –

Fleire og fleire kom. Ein og ein, tvo og tvo, ny-tvegne og bleike, slitne aa sjaa til; Svevnen sat enno i Augo paa dei, og mange sagde: «uff! jæ er saa trætt i Hode i Dag.» Og for kvar, som kom, vart den Ortvedske Deklinasjonen teken upp att, og Markus Olivarius Markussen lo i høgan Sky. Men Ortvedt stod og hørde paa med Augo lysande av sjølvnøgd Gleda; for i Dag hadde han vunnet eit Namn, som vilde liva lengje i Klassen.

Det «akademiske» Kvarter var strakst ute; Gutarne kom i Flokkevis. Some sette seg strakst paa Plasserne sine, tagalle og myrke, slog upp ei Bok og stengde seg inn i seg sjølve; andre flokkad seg um «*Olsines*» og den store Deklinasjonen. Der kom Hans Haugum. «Hr. Haugum! Hr. Haugum! ^[79] Haugum!» ropad heile Flokken i Kor; men Olsen den fyrste hadde fengje Daniel med seg frampaa Golvet att og ropad no utyver Klassen med sin utrulege Bass: «Mine Herrar! Her stend eg fram paa dette Skravle-Ting og krev, at De ein som alle og alle som ein hyller og godkjenner Olsen den andre av Dynastiet Grisenburg som min lovlege og ulovlege Ettermann i alle Maatar, og det skal De gjera av fri og god Vilje, elder so skal De dingla kvar etter sin hundske Hals –.» Lenger kom han ikkje; for Hans Haugum, som saag litt trøytt ut, brydde seg ikkje større um dette, men tok fat paa Daniel og spurde, um han ikkje hadde nokot Gardsnamn, som han kunde bruka istadenfor dette Olsen; for det var i Grunnen ikkje nokot Namn. «Maa jæ be!» skreik Olsen den fyrste, men vart ikkje høyrd. Daniel kjende seg vurd ved, at Hans Haugum tok seg av han, men sagde, at Gardsnamnet hans nok ikkje var brukande.

«Kva *heiter* Garden?» spurde Haugum. Daniel raudnad litt; «aa –,» sagde han. «Han heiter væl ikkje Tamperud, som der eg er ifraa?» spurde Olsen den fyrste; Markus Olivarius Markussen lo i høgan Sky. «Nei», smilte Daniel lettad; – men tenkje seg, at denne Austlendingen vilde fortelja slikt! – «Naa, lat oss høyra», ropad Haugum litt kvasst; han kunde ikkje forstaa seg paa denne seige Vestlendingen, som var rædd for aa segja, kor han var ifraa. «Jau», svarad Daniel modigt, «Garden heiter Sørbr–brød». «Sørbrød, det var rart», sagde Haugum. «*Segjer* dei Sørbrød, Folk der burte?» – «N–ei», svarad ^[80] Daniel uviss, «Folk segjer ikkje so; men det skrivst so.» «Kva segjer Folk daa?» spurde Haugum. «Folk –; dei segjer ...» – «Folk segjer væl Sør-*Braut*», lagde Markus Olivarius myndigt inn; han kunde Landsmaal. «Ja», sagde Daniel; «dei segjer Sørbraut.» «Altso *heiter* Garden Sørbraut daa», dømde Haugum; «og det skulde ikkje vera godt nok?» – «Sørbraut?» spurde Daniel med store Augo. Javisst! Sørbraut! «Sørbraut er eit godt Namn», dømde Markus Olivarius. «Men Sørbrød – ha-ha-ha ha! *Sørbrøzz* – han hermade det paa Dansk –, «det duger ikkje. Ha-ha-ha! Det er dei danske Futarne, som hev funnet paa det. *Sørbrøzz*, ha-ha ha-ha!» –

«Surbrød», smaa-lo Johannes Ortvedt; Daniel vart blodraud, men kom seg att, daa han saag, at ingen hadde lagt Merke til det. Markus Olivarius gav seg til aa halda eit Foredrag um norske Gardsnamn og danske Futar; men Haugum, som visste, at Tidi var knapp, stoggad han og heldt istaden eit Foredrag til Daniel um Namnet Sørbraut. Det var eit godt og norskt Namn, som han burde bruka; – «ikkje sannt, Rud?» ropad Haugum til ein nykomen, som just stod og lagde Bøkerne sine ifraa seg paa Pulten. «Heiter Garden Sørbraut?» spurde Rud. «Ja –?» sagde Haugum. «So er der væl altso eit Nordbraut og?» Dei saag paa Daniel; «n–ei; jau!» sagde denne, «men langt ifraa ... langt, langt ...» «Det er det same», dømde Rud; «altso heiter Garden *Braut*. «Sør» og «Nord» er berre Tillegg; *Braut* er Namnet, og *Braut*, bør De heita.» Jens Rud sette seg; Saki var avgjord.

[81] Aalmennt Samtykke. Braut var eit maakalaust Namn, eit herlegt Namn, eit staut Namn! og so norskt daa! – dei vart ivrige alle. Olsen den fyrste spurde, kva Daniel vilde hava for det Namnet sitt; og Ortvedt minnte um, at «Braut» var det same som Brud paa Tysk, so finare Namn kunde ingen Ungkar bera. Og so lengje heldt dei paa, til dess Daniel sjølv totte, at «Daniel Braut» lyddest godt, og endeleg lovad han Haugum med Haand og Munn, at han skulde bruka det Namnet, – «dersom det gjekk an». – «Ja visst gjeng det an», sagde dei alle.

«Hoh-oh-oh! gjeng an?» braut det no laust med stort Braak og ein hol, hivande Laatt fraa «Myrkjekroken», der Aslak Fjordan hadde sitt Rom. «Hoh-oh-oh! enn Don Pedro daa? Don Pedro *de* Monsen, oh-oh-oh! – som skifte Namn, kvar Gong han flutte, so naar dei skulde ut med Rekningar paa Monsen, so heitte han Larsen, og naar Rekningarne lydde paa Larsen, so heitte han Rabbestad, og kom det Rekningar paa Rabbestad, so heitte han Monsen att – hoh-oh-oh-oh!» – Men no kom ikkje Aslak Fjordan lenger; for Døri gjekk upp paa vid Vegg, og inn steig «Gammeln», stor og røseleg i sin lange blaae Slengfrakke, aalvorleg som ein Senator, men med Skalken^{k62} glyrande fram av sine graablaae kloke Augo bak Brillglasi, og med den høge, breide, haarsnaude Skallen liksom lysande av Aand og Vit.

I Hælarne paa seg hadde han ei Rad av Gutar, som kom for seint. Det var for det meste slike, som hørde med til «Bonnskrapet», og som jamt var [82] burte; men i Latintimarne kom dei; for daa var der «saa mye Morro». Gammeln stelte seg upp og stod og saag paa dei. Der kom Isak Abrahamsen Opjorden i si fjørprydde Vadmaalskufta og med eit Hovud so urydigt som eit Kraakereir; full hadde han voret, og vaskat seg hadde han ikkje; Bøkerne sine hadde han gløymt; – «gjeng'e du reint laus du», sagde Gammeln, – «liksom Øyken i Fjelle; he!» Der kom dei tvo

unge Herrarne, D'Hrr. Wall og Presler, finstrokne og strake, med Floshattar, med Lorgnettar, Sigarar, Spaserstokkar; dei lettad flott paa Hatten for «Rektor», gjorde eit Byks burtyver Pultarne og sette seg paa sine Plassar med dundrande Applomb. «Ha, ha, ha!» sagde Gammeln. Der kom Lars Risvold, eit herlegt Steinbrjotar-Emne, med ein Rygg som ei Laavedør og Armar som Eik, firkantad og svær, dum og trufast som ein Hoggestabbe; tilslutt kom Olai Bruvik, lysande av Saapevask, aalvorleg, pynteleg og glattkjemd, liknad eit Bibelbud. Han saag svært ærleg og paalitleg ut, og bukkad djupt for Gammeln; men i Grunnen var han arg; han forstod strakst, at han likevæl var for tidleg ute.

For no gjekk Gammeln burtaat Døri og vreid henne i Laas. Mang ein Synder kvakk, der han sat; for no hugsad Kararne, at det var i Dag, Gammeln skulde hava Pengar for Oktober. –

«Ja naa, Gutter, naa faar Dere vera snilde mot en gammal Mann!» tok Gammeln i paa sin underlege, skjemtefulle Maate, mest med eit Graatemaal. Det var ikkje so greidt aa vera til for honom helder, [83] leet han um, og han fortalde dei mykje um dette, – Gjørn det meste, litt Aalvor innimillom. Der var nok av dei, som vilde gaa paa Skulen hans og læra Perioden og verta Folk, sagde han; og det var ikkje for ingen Ting, at vaare fyrste Dikttrar og andre gode Menn hadde gjenget paa hans Skule; – Gammeln vilde ikkje segja, at *han* hadde gjort dei til Dikttrar; men det var verdt aa leggja Merke til, at dei hadde gjenget her! – ja, som sagt, det var nok av dei, som vilde læra Perioden og faa skrubba Raaheita av seg ved ei Grunnskuring i Livius^{k63} – aa! Livius, Gutter! Aa! det fins ikke slik Mann paa Jora som Livius! – men naar dei skulde til aa betala, so ... Ja, han vilde ikkje segja annat enn dei hadde voret snilde imot han alle ihop; men no fekk dei vera snilde mot han i Dag og. Han var ein gamall fatik Mann, og i Dag, – «vet Dere hva som hendte mig i Dag, Gutter?» – Jau, i Dag, fyrr Fanden fekk skott seg, – i denne heilage Morgon stund, – hadde Gammeln havt «Besøk», sagde han, – «Besøk av to svartklædte, høflige Mænd» ... «og Dere vet vel, Gutter, hva det har paa sig aa faa Besøk av to svartklædte høflige Mænd paa Morrakvisten? ... og vet Dere det ikke, saa gid Dere aldrig maa faa vite det. Har Dere Penger Gutter?» Gutarne lo, og dei, som hadde Pengar, kom med dei. Vestelommur og Pungar vart vrengde og krengde rundt alle Pultar; ein fann tvo Dalar, ein annan tri; some var rike og kom med Femmaren full; og Gammeln nappad til seg alt, han fekk Klo i, liksom han [84] var rædd dei skulde taka det ifraa han att. Men dei, som ikkje hadde nokot, tagde og liksom gjøymde seg, elder dei gjekk fram og orsakad seg og sagde, at dei skulde betala i Morgo.

Av dei, som orsakad seg, fordi dei ikkje hadde Pengar, var det ein, som Daniel lagde Merke til, av di han forsvarad seg so godt. Det var Olai Bruvik. Han fortalde ei Soga, som var so rimeleg, at det kunde godt henda ho var oppdiktad; men som han der stod, so høfleg og grunnskikkeleg, trygg paa aa greida seg, med eit ærlegt, opet Andlit og klaare usvikelege Augo, myrke, blide, fulle av Bøn, – so *maatte* ein taka hans Ord for gode, anten so ein trudde dei elder ikkje.

Daniel kjende, at han misunnte Fyren denne store Gaava til aa greida seg. Men um Gammeln tenkte han, at dersom alt Folk kunde taka Pengespursmaalet som han tok det, berre med Leik og Skjemt som paa eit Teater, so vilde Verdi langtifraa vera so vond aa liva i som ho var. –

No læste Gammeln Døri upp att. Latintimen skulde byrja.

Make til Latintimar hadde Daniel aldri i sine Dagar set elder drøymt. Kvar Time var som ein Fest av Aand og Vit, av Skjemt og Gjørn og utrulege Paafund. Sjølve Grammatikken vart livande under Gammeln's Hender, livande som Barneleik og Eventyr; og dei latinske Skribentarne, som Daniel hadde havt so laak ei Tru til, vart større enn alt stort, iser Horats og Livius.

[85] I Dag fekk han fat i den fine Staven til Hr. Presler og sette seg til aa «spela». Staven brukad han til Boge, og med den andre Haandi leikad han uppetter ein innbilt Felehals som til den gildaste Slaatt. Og so song han: «Amo – amas – amat! amamus – amatis – amant!»^{k64} – Gutarne med, so mange som hellest kunde for Laatt. Det gjekk. «Ska' vi ta' den engang til? – aa ja: amo, amas, amat! amamus, amatis, amant!» Men daa Gutarne skulde prøva seg aaleine – Gammeln sat berre og «akkompagnerad», han – so gjekk det i Surr. «Nei; nei; naa faar jeg til igjen!» ropad Gammeln, og so bar det i Veg paa nytt Lag. Og daa det endaa ikkje vilde hjelpa, kastad han «Bogen», treiv seg med fast Fingertak i Nosi og las «amo» med eit Mæle og eit Andlit, so Gutarne storhaukad. Men daa han so prøvde dei, kunde dei sitt amo heile Flokken.

Han hadde Paafund utan Tal. Men kor mange han hadde, og kor underlege dei tidt saag ut, han fekk alltid nokot utav dei, og alt, han rørde ved, vart Gaman elder Aand.

Det var ein «Metode», som aldri hev voret uppe korkje fyrr elder sidan; for Metoden var Mannen, og Mannen var eit Geni.

Mot Gutarne kunde han vera som han vilde; dei heldt av han alle ihop. Og naar dei var komne ut av Skulen, talad dei aldri med slik Gleda og Varmhug um nokon

Mann som um gamle Heltberg. –

Han var svær til aa driva dei i Madvig.^{k65} Nokonlunde ^[86] kvar Vika lovad han dei, at i neste Vika skulde dei faa eit Utdrag av hans eigen Grammatikk; men det vart aldri av. Madvig laut dei hjelpa seg med, og «Perioden» var det i Grunnen berre faae, som fekk Tak i.

Men alle fekk høyra um «Sprog-Geniussen», som kom til Jora og skapte Tungemaali, elder um Præposisjonarne, som eingong i Væra stod pent i Baas, men sidan braut seg ut, so alt vart i ei Babels Røra, elder um Ordklassarne, som der berre var tri av. «I Evighed! der er tre!» sagde Gammeln. Paa dei andre Skularne og paa «Universiteten», der sa dom det, at der var so mange Ordklasser; aah, det var so fælt; naar Folk hørde slikt, so vart dom reint rædde; men der *var* berre tri; i Evighed! der var tri! All Ting var tri; – der var endaa ein Mann, som vart galen, fordi han kom etter, at alting var tri, – fortalde Gammeln.^{k66} – Paa slik Vis fekk han sine Læresetningar inn endaa i dei tveraste Hovud, og han fekk dei inn slik, at dei sat.

Men naar han tolkad dei gamle Skribentarne, likad han seg best. Daa var han som ein Eldleik av aandfulle Lentur,^{k67} og Bilæte og Likningar kom sprakande og lysande so tett og so lystigt som i ei Komodie av Shakspere.

Men kav-norsk var han, og Daniel vart upp i Under yver, kor godt han fekk Latinen til aa høva med vaar nordiske Aand. Naar han fortalde um «Cæsarguten», som kom og gjorde Sold^{k68} paa Remdølerne og Bellovakingarne^{k69} i Gallia, den Styggheita, ^[87] som var so raa som Kua uppi Aasen, so var det so ein kjende seg mest altfor mykje heime.^{v19}

Men han kunde vera klassisk og. Som naar han fortalde um sin kjære Horats og um Livet paa hans Lystgard.^{k70} Der livde dei idealt! leet han um. Med Kransar av Vinlauv laag dei tilbords ved den silrande Kjelda og drakk den perlande Falerner^{k71} til Klangen av Lyre-Spel ... «det var nokot annat enn aa liggja upp paa Romerike og dyrka Poteter, det, Simon Husmo!» –

I Livius tok han i Dag Lars Risvold upp. Daa visste Klassen, at her vart Gaman. Lars Risvold var ein snild Gut; men han kunde ikkje nokot. Han var av desse Bygdeljosi, som gjekk her og strævad Aar ut og Aar inn og ingen Veg kom, aat upp og øyde burt, fyrst det vesle, dei sjølve raadde, so alt, som Systken elder Skyldfolk kunde skaffa, og tilslutt kvar Skillingen, dei kunde laana ihop; – for heime galdt dei for store Ljos, og paa Kyrkjegolvvet hadde dei voret No. 1. Rauk dei til Eksamen, so

var det ikkje fordi dei var dumme, men fordi «Skulen var so strid», som dei fortalde, naar dei var heime um Sumaren og slog alle Jeronymus'ar og Jesper Ridefutar^{k72} ut paa Bygderne flate med sitt *hic, hæc, hoc, hujus, hujus, hujus*.^{k73} Lars Risvold *var* ein av desse; men det var hans Lukka og store Ulukka, at han visste det ikkje sjølv.

Dei las i Dag um *Lartem Porsinnam*.^{k74} Dette, meinte Gammeln, var just nokot for Lars, og køyrde Guten forskræmeleg for aa faa han til aa skyna, [88] kva *Lartem* maatte heita i Nominativ. «Ho er diger i Dag», sagde han tilslutt og pustad.^{v20} Men med «ho» meinte Gammeln «Raaheita», som han alltid hadde svært Stræv med. Raaheita og Pontoppidan, det var hans tvo Grunn-Fiendar, og mot dei slost han paa sin Maate baade tidleg og seint. Det var ikkje Lars, og Rasmus, og Per, som Gammeln hadde for seg til Høvling; det var sjølve Raaheita, og han var just Mannen for aa temja den. «Naar ho kjem inn fraa Fjelle um Hausten, – so rauter 'a», sagde Gammeln; «men jeg er Fanden pine mej inte rædd for aa gaa inn i Baasen tel 'a, jeg!» Og naar han so hadde havt henne under Skuring ei Stund med sin makalause Grammatikk og sin guddomelege «Periode», so «jagu blei der Folk av 'a lel» for det meste.

Stundom kunde han halda heile Lovtalar yver denne Metoden sin, som var so hæv, at sjølve Lars Risvold her lærde aa tenkja logisk elder slutta seg fram fraa Nasetippen og eit Stykke ut i Verdi, – «og naar jeg engang faar udgivet min herlige Grammatik, som ligger hjemme i min guddommelige Bordskuffe, saa skal der oprinde en ny Æra i dette formørkede Land!»

– Han dreiv paa med Livius. Men der yversette Lars *Consilium* med Folkeforsamling. Daa vart der Leven. Gammeln upp, stabbad burtyver Golvet, vreid seg og jamrad seg som han hadde vondt –: «Aa Gud hjelpe meg arme Mann! Det vert ikkje Raad aa liva for meg i denne Verdi! Dersom du fekk høyra, Lars, at ein Mann var komen [89] til Byen idag, som heitte Krag, og du so kom paa Gata og saag ei Kraaka uppaa eit Hus-Møne, vilde du so taka Luva av deg, Lars, og helsa upp til Kraaka, og segja Goddag, velborne Hr. Krag! vælkomen til Byen?» Nei; Lars vilde ikkje gjera det, sagde han. «Nei, det vilde du ikkje gjera, Lars! Men just det var det, du gjorde her, Lars! Du saag ei Kraaka og trudde det var Hr. Krag! Der er Skilnad paa Krage og Krag, Lars!^{v21} Der er Skilnad paa *consilium* med s og *concilium* med c! Aa eg arme Mann! Aa desse Gutarne, som ingenting vil læra! Eg kann likso godt gaa og tinga meg Plass paa Mangelsgarden^{k75} med det same! og det er di Skuld, Lars Risvold, som ikkje veit Skil paa *consilium* med s og *concilium* med c!» Og han heldt fram med graatande Maal og stor Jammer:,

«Aa er consilium med s, Lars? 'aa er consilium med s, Lars Risvold? Consilium med s, det er *Samraad*, det, Lars Risvold! Det er Samraad, det, Lars! Hugsa no det, og lat ikkje ein gamall Mann svelta ihel for di Skuld! – Men Concilium med c», sagde han i ein annan Tone, «det er Raadsforsamling, det; det er Folkeforsamling; det er der, Cicero talar mod Catilina og Cato mot Carthago ... hugsar du det, Lars Risvold?» – Ja, no skulde han hugsar det. «Ja set deg ned daa, Lars! – oh! oh! set deg ned og skjem deg Lars, fordi du ikkje visste – oh! oh! oh!» –: Gammeln fekk ei asthmatiske Rid og tok til aa hosta, so han tilslutt vart so raud, som han kunde faa Slag, men kavad og vilde snakka like godt –: [90] «visste, at – oh! oh! oh! –at – oh! oh! oh! oh! –;» men no kunde han ikkje meir; Hosten tok Magti.

Lars sette seg, og skjemdest visst og, so godt han kunde.

Ein annan kom upp, og det gjekk likare. Men daa dei kom nokot lenger ned – der stod: *nisi, quanta vi civitates eam (libertatem) expetunt, tanta regna reges defendant* –, ^{k76} daa stod han fast, fordi han tok *tanta* til *regna*. Daa bar det oppatt med Gammeln, og til aa stabba burtetter Golvet og jamra seg. «Høyr, min snilde Halvor Mosebø! Dersom du gjekk paa ein Veg, og møtte, fyrst ei fin Dame, so ein Student, og so ein Gris, og so du strakst etter fann ein fin Silkeparasol liggjande i Veggen, vilde du so gaa med Parasollen til Grisen og segja: undskyld, høistærede, Di har visst tapt Deres Parasol? – Nei, Halvor! det vilde du ikkje! Du vilde fly avstad, tildess du raakad den unge Dama, og so vilde du bukka, Halvor, og gjera deg lækker, og segja: om Forladelse, min Frøken; men Di har visst tapt Deres Parasol. Ikkje sannt, Halvor Mosebø?» – Jau; det kunde væl henda seg det. – «Ja, men det gjer du ikkje her, Halvor! Du gjeng til Grisen med Parasollen, Halvor! Du tek *tanta* til *regna*, fordi *regna* stend nærmast! Det maa du ikkje gjera, Halvor Mosebø! *Tanta* høyrer til der langt framme, ser du! *Tanta vi, quanta vi*, Halvor Mosebø!» – Ja, no forstod Halvor det. – «Ja kjære, hugsar no paa det daa!» jamrad Gammeln; Klassen sat og lo og tenkte med seg, at slikt var det nok ikkje lett aa gløyma.

[91] Men no kom Gammeln innpaa Innhaldet av det, som «den gamle Skarven Tarkvinus Superbus elder Tarkvinus Storsnut» hadde sagt, og heldt eit historisk Foredrag um Rom og romersk Politikk, som var det mest aandfulle, Daniel hadde høyrte. Endeleg stod han upp, slog ut med Haandi og sagde høgtideleg: «Nu er vi færdige. Nu er vi – ved Gud! – aldeles færdige. Nu kan vi gaa vidare.» Og so sette han seg til aa gjennomgaa Leksa til neste Dagen. –

– Daniel budde paa eit Loft i Akersgata.

Romet var ikkje litet; men det var laagt og hadde Skraatak; Ljos fekk det gjennom tvo Vindaugo, som var bygde ut gjennom Taket. Romet var fullt av Kantar og Kræer og var litt halvmyrkt, Utsyn var der til eit Par Hustak og nokre Skorsteinar. Men Daniel likad seg her. Her var so koselegt og lognt, totte han; og det stengde Utsynet gjorde, at han kjende seg so trygg, so godt gøymd.

Byen likad han og paa ein Maate. Her var ikkje slik, som han hadde tenkt; her var smaatt og graatt i graatt for det meste, og det var utrulegt, kor simpelt her kunde sjaa ut mest alle Stader, so nær som upp paa Homansbykanten; men for Daniel var alt so nytt, at han hadde Moro av aa sjaa det likevæl. Og den einaste vesle Stubben Storgata, som Byen kunde segjast aa hava, Stykket fraa Storthingsbygningen til Slottet, var so gild med alle sine Tre og Slottet øvst uppe som ein breid Vegg, at Daniel saknad ikkje sine Marmordraumar so mykje endaa.

Det var væl slik, ein Storby skulde sjaa ut. [92] Ein kunde vera trygg paa, at dei, som bygde her, og som hadde Tilsyn med Bygningsstellet, visste, korleis det skulde vera.

Men Draumen um aa koma uppi nokot stort elder forunderlegt seig av han helder fort. Han saag ingen Ting, som minnte um Eventyr. Folk saag svært kvardagslege ut; og um han ein Gong imillom saag ei gild Vogn, so visste han, at inni den sat væl i det høgste ein Grosserar.

Men ein Ting var han arg paa, og det var, at Folk syntest so viktige. Han totte dei gjekk og smaaffirde aat han, kven han raakad, elder saag nedetter han paa Sned, liksom han var nokot stygt. Di lenger han var i Byen, di verre totte han det vart. Um han so berre skulde inn i ei Kraambud, elder han skulde hava seg eit kvart Pund Petum^{k77} hjaa ein Tobakshandlar, so var dei Diskemennerne og Sigarjomfruene so vise og viktige, at han vart baade bljug og dum. Han trøystad seg med, at naar han vart Student, skulde han gjera dei Lika for det.

Den einaste Moro han hadde var, naar han ein Sundags Ettermiddag i Skomingi kunde vera med Haugum og Aslak Fjordan elder Johannes Ortvedt og driva upp og ned Karl Johan. Daa kjende han seg fri og nøgd, lo, naar dei andre skjemtad, og saag paa alle desse ukjende, som strauk att og fram der som Fisk under ei Aa-bredd, so glad som ein Smaagut. Stundom kom det unge Gjentur – heiltupp Frøkner var dei visst – og saag paa Daniel med [93] slike Augo, at han vart reint varm um Hjarterøterne; og daa kunde dei gamle Eventyrdraumarne hans livna upp att. Men dei unge Frøknerne gjekk alltid sin Veg, og han hørde aldri nokot ifraa dei. –

Det var sjeldan, han fekk taka slike Turar. Paa Fabrikken fekk dei so vitlaust med Leksur, at den, som vilde fylgja med, laut lesa baade Dag og Nott. No lærde Daniel seg dessutan for Aalvor til aa røykja; det hørde med til Studentlærdomen, det og. Og so sat han si meste Tid paa «Hybelen» og las, røykte og las, so det verke i Hausen. Det var stridt, men det var karslegt, totte Daniel; for no kunde han daa kjenna, at han studerad. Med Byrgskap skreiv han heim, at no las han, so det heiltupp røynte paa Helsa.

Av Kjenningar fraa gamalt aatte Daniel tvo, Ole Bentsen og Peter Dirk. Desse Kararne gjekk no i øvste Klassen og greidde seg godt. Peter Dirk var nokonlunde den same, smaa-lentug og pynteleg, men kanskje ikkje fullt so viktig. Men Ole Bentsen hadde vortet gudeleg her inne. Han var komen til aa bu hja ein heilag Skomakar, fortalde Johannes Ortvedt; «og daa han forstod, at han kunde faa bu for halv Pris, dersom han umvende seg, so umvende han seg naturlegvis», meinte Johannes. Daniel kunde sjaa, at Ole Bentsen hadde forandrat seg; det rolege, kjøtfulle Andlitet hadde stivt seg og strekt seg og vilde vera aalvorlegt, og dei smaae graakalde Augo strævad med aa synast kjærlege. Og Daniel forstod snart, at Ole Bentsen gjekk med løynske Tankar um aa frelsa *hans* [94] Sjæl og. Dette vart til ei stor Plaga for Daniel. Han kunde ikkje tenkja paa aa umvenda seg enno, fyrr han hadde livt til Endes det ideale Studenterliv, og ikkje torde han vera ved, at han ikkje vilde umvenda seg helder; naar so Ole Bentsen tok til aa tala um aa passa paa Naadens Tid, so visste ikkje Daniel, kva han skulde svara. Han drog seg ifraa so mykje han kunde; og daa Bentsen endeleg forstod, at Guten var komen i Henderne paa Hans Haugum, gav han Daniel yver og var sidan mot han som mot eit annat Verdensbarn.

– Vinteren var lang, og Leksurne var store. Ein kunde lesa baade Nott og Dag, og endaa var det raadlaust aa fylgja med. Daniel vart trøytt, han som dei andre. Aa, at alt i Verdi skulde vera so tungt og stridt! I Grunnen var det med Skularbeidet som det var med alt Slit: det var ei Straff for vaare Synder. Det var i Grunnen rart, at Folk vilde leggja so vondt aat seg. –

Han lagde snart Merke til, kva det var for Lærarar, ein kunde taka det lett med. Og so tok han det lett med dei. Han lærde ikkje det, dei sette han fyre, og vart meir og meir burte fraa deira Timar. Naar andre kunde gjera dette, so kunde han med. Han lærde i den Skulen han gjekk. Men dette gjorde, at han aldri hadde full Fred i sitt Samvit.

Etterkvart vart han kjend paa Skulen. Det var ein underleg, ujamn, av likt og ulikt samanreken Flokk, den, som her var aa sjaa. Det meste var ^[95] Bondegutar og Smaafolks Søner; men her og der kunde ein sjaa ein Presteson, elder andre slike, som var burtviste fraa Latinskulen, elder som av andre Grunnar fann det laglegt aa skjota denne «Beinvegen til Eksamen». Her sat friske, grønne Sekstanaaringar jamsides med røynde Skjeggubussar og Fleinskallar paa 30; verdige Skulemeistrar sat saman med glade Sjøgastar; heilage Menn som Ole Bentsen maatte her hava Lag med Ranglefantar og Galningar, som kanskje ikkje gjorde annat enn dreiv rundt etter Moro. Saag ein heile Flokken under eit, hadde han nokot fortrykt og forkomet yver seg, eit Drag av Stræv, Pengesut, vonde Dagar elder Rangel; mange gjekk daarlegt klædde, med skitne Kragar og Handliningar, med Brøker opptrødde ned med Hælarnе, med skjeive Sko, med geniale Hattar; burtmed Omnen sat ein Gut med Vinterfrakken paa seg, endaa naar det brann i Omnen so han var raud; Tingen var, at han hadde eit Hol i Broki si paa ein Stad ... der det ikkje gjeng an aa hava Hol i Broki si, og det kunde han ikkje dylja paa annan Maate. Mange saag so skrale ut, at ein maatte tru, dei svalt; og dei, som arbeidde og prøvde aa fylgja med, gjekk gjerna med ei jamn Skodd yver Heilen sin, tunge og nervøse av Nattevaking og Ovarbeid, so dei liksom ikkje var fullt seg sjølve. Di lenger det leid, di tyngre vart Tonen; all Samtale vart aalvorleg og uglad, all Skjemt matt. Det var, som der ikkje var Ungdom i denne Flokken. Dei, som var unge av Aar, var tidt vaksne nok av Tankar; dei leid for mykje vondt. «Klasse-Aanden», ^[96] som aldri hadde voret sterk, døydde etter kvart reint ut; Klassen skilde seg sund i Smaaflokkar, og dei, som ikkje hadde nokon Flokk aa sokna til, gjekk og tuslad aaleine.

Det, dei snakkad mest um, var væl det, dei hadde minst av, nemleg Pengar. Den, som hadde Pengar! Den som var rik! den Visa gjekk fraa Morgon til Kveld. Men stundom talad dei um Politikk, Tru, Maal, Nasjonalitet; og kom dei innpaa slikt, kunde dei verta varme. Heilt fraa Hausten av hadde dei skilt seg ut i ulike Meiningsflokkar; der var liberale og radikale, der var «norske» og «norsk-norske», Kosmopolitar og Maalmenn. Dessutan var der ein Flokk «meiningslause», som «ikkje brydde seg um Politikk». I Trui var der like eins Meiningskilnad; der var fleire Grundtvigianarar, helst av dei eldre Seminaristarne, og um Jens Rud og eit Par andre vart det sagt, at dei skulde vera Ny-Rasjonalistar. Men uppi øvste Klassen skulde der jamvæl finnast Folk, som ikkje trudde paa nokon Ting.

Men med slike Gutar gjekk det no som det kunde. Dei kom her inn unge og faakunnige, misste si Barnetru og hadde ingenting aa setja istaden; helder ikkje hadde dei moralsk Utvikling til aa bera eit slikt Tap. Naar dei so misste Trui, so

misste dei si moralske Jamvigt med det same, og laag daa snart og dreiv med Kjølen i Veret. Hans Haugum og Johannes Ortvedt kjende fleire Døme paa dette.

Soleis nemnde dei ein Rødberg, som so vidt hadde fuskat seg fram til Student ifjor Haust, men [97] som baade fyrr og sidan hadde sleppt seg so reint yver. Endaa verre var det med denne stakkars Olai Juberg. Det var ein av dei rette, det. Han saag so roleg og skikkeleg ut, at ein skulde tru, det var ein rein Mors-Unge; men i lognaste Vatnet var verste Grunntrulli. Det var med honom som med so mange andre, som kom reint ferske fraa Bondebygdi og fraa eit innestengt Liv; dei gjekk og brann av løynlege Lyster under sekkte Augo, kom so her inn og drakk av alle Kristiania Rennesteinar, til dess dei ein god Dag laag der. No gjekk Olai Juberg ikring med snaud Skolt og avblømt Andlit og glodde og glodde gjennom sine breide Brillur som eit Lik gjennom ein Kjeldarglugg; det var so det var vondt aa sjaa han.

Daniel vart rædd av aa høyra slikt. Han sende ein løynleg Sukk upptil Vaarherre um, at det ikkje maatte gaa slik med honom.

Den, som Daniel likad best i heile Klassen, var Hans Haugum. Denne Haugum hadde voret Skulemeistar i fleire Aar; han var inne i alt, som høyrede med til den «folkeleg-liberale Vekkelsen» og vart her i Klassen Førar for denne Flokken. Av Kjenningar hadde Haugum tvo, som fylgde han stødt, Johannes Ortvedt og Aslak Fjordan; den fyrste likad Daniel godt med det same, men vart snart leid av hans tome Higring og evige Jabb; [k78](#) den andre, Aslak Fjordan, var ein faamælt og tung Kar, men snild og vitug, so ein likad han betre, di meir ein lærde han aa kjenna; aa sjaa til var han høg og slengjeleg, [98] med raudt, stridt Skjegg, snaud i Skallen, stygg som ein Konstabel.

I denne Flokken fann Daniel att dei Tankarne og Draumarne, han hadde lært hjaa Kapellan Hirsch, og som han gjøymde paa i Løyndom som ein dyr Skatt. Han kom alto so med i den folkelege Flokken; men han torde ikkje visa seg ivrig i si Tru; for han hadde litt vondt Samvit, naar han tenkte paa Grosserar Helle og Kapitalist Finsen. –

Der var mange Skulemeistrar og Seminaristar, eldre som yngre. Det var stillfarande, snilde Folk. Prestar vilde dei verta mest alle. Dei hadde si Livsgjerning der, meinte dei; for dei hadde drøymt um aa verta Prestar, fraa dei var smaae. Her gjekk dei daa og sleit for aa naa denne Draumen; men so vart dei trøytt og nervøse, og gjekk daa tidt og pinte seg med store Tvil. Kanskje hadde dei teket imist av Livskallet sitt. Kanskje hadde desse Prestetankarne berre voret ein Draum av deira eigi Faafengd. Kanskje hadde dei mistydt sin «Bestemmelse», forspilt,

«forfeilet» sitt Liv. Det vilde vera fælt. Det vilde vera skæmelegt. So lengje hørde Daniel paa slikt, til dess han sjølv gav seg til aa tvila og grubla; men han fekk ikkje slikt Aalvor i det som dei; – han var væl for ung. –

Haugum og Ortvedt hadde lagt seg upp litt Pengar som Skulemeistrar; her inne hadde dei fritt Husver hjaaa ein Kjenning, og dei vilde paa den Maaten klara seg fram til Artium utan aa koma i Skuld. Der var fleire, som hjelpte seg fram sjølv, [99] og det stundom paa verre Vilkaar. Ein sagde dei livde for seks Dalar Maanaden, ein annan meinte dei livde av ingenting; ikkje so faae hadde Arbeid ved Sida av Lesningi, so det var utrulegt, at dei kunde halda det ut. Daniel kjende, at *han* kunde ikkje hava det slik; – men samstundes hadde han ein Vyrndad for desse Arbeidsmenn, som mest vart til Ovund.

Fleirtalet av dei Bondegutarne, som her gjekk, var Folk, som laante seg fram; andre var hjelpte i Veg av gode Folk. Berre ein og annan, som Aslak Fjordan elder Simon Husmo – Simon Husmor, som Ortvedt sagde – hadde Pengar sjølve, elder hadde, som Jens Rud, ein rik Far til aa hjelpa seg. Men some av dei, som livde av annat Folks Hjelp, hadde eit mindre godt Ord paa seg; snart var dei veike, karakterlause Vimringar, ^{k79} som leet seg stempla og binda i baade Vilje og Tanke av dei, som dei tok Hjelp av, og snart kunde dei vera Skarvar reint ut, som gjekk til Prestar og snilde Folk og slog Mynt, laug som Hestehandlarar, og brukad Pengarne upp til Rangel og Visvas. Slik ein Kar hadde f. Eks. denne Rødberg voret, sagde Ortvedt.

Dei, som hjelpte seg sjølve, skulde i Grunnen vera best farne. Men med dei var der det, at dei vart so gamle, og tidt helseslitne, fyrr dei naadde fram. –

Var Haugum Førar for dei folkelege, so kunde ein endaa meir segja, at Jens Rud var Førar for dei radikale. Daniel trudde lengje, at Jens Rud var ein [100] Presteson. Han saag ikkje ut som Bondegut; han hadde ikkje dette breide, dette ... kraftige yver seg som dei, og serleg var Andlitet altfor fint, og Munnen for klaart formad. Endeleg fekk Daniel vita, at Jens Rud var Son av ein Storbonde her upp av Kristiania, og han totte det var merkjelegt, at ein slik kunde vera radikal.

Til Ruds Flokk hørde Halvor Mosebø, ein liten rundryggjad, gulbleik Teledøl med ei Nos som ein Sadel og eit Par myrkegraae, tungsindige Augo, som syntest smaae under dei hengjande, posne Augnelok; men i Augnekrokarne lo det stundom; for Halvor Mosebø var eit kvikt Hovud. Daniel fekk imot han, fordi det viste seg, at han kunde meir Historie enn han sjølv kunde; men det gjorde, at Daniel tok til aa lesa Historie att. Dessutan «Sven Dufva»^{k80} elder Per Brageland, ein høg, nakkebøygdt Gut med tvo klaare, rædde Gaselle-Augo, truskyldig og snild som ein

Saud. Han var «Pughest», hørde med til desse Maurarne, som tagde og strævad, tagde og strævad, forstod ikkje alt, men sette det i seg, grov seg stillt gjennom Bok etter Bok, gjennom Eksamen etter Eksamen, – «indtil de endeleg bleve salige», som Olsen den fyrste sagde, d. v. s. til dei fekk seg eit Kall der nordpaa elder vestpaa, fordi dei var so gamle, elder fordi dei hadde Kona og Born aa forsyrgja. Um Per Brageland hadde Jens Rud sagt, at «*ett dåligt hufvud hade han, men hjertat, det var godt*», og sidan vart han heitande Sven Dufva. Endeleg reknad dei Markus Olivarius Markussen med [101] til «Ruderne»,^{k81} mest fordi han var Maalmann. Det var ein herdebreid, haarfager Trønder, ivrig og smaagløgg, med mange Hugmaal, snar til aa læ, ei livleg Sjæl. Han og Halvor Mosebø budde ihop; dei «disputerad og lo, og disputerad og drakk Øl», sagde Olsen den fyrste; men greidde seg gjorde dei like godt.

Ranglefantarne var helst aa finna millom dei «meiningslause», sagde Haugum. Der var Isak Abrahamsen Opjorden, som tilslutt vart teken heim fraa Skulen, og der var Bent Bu, ein Fyr, som sjeldan var aa sjaa. Olsen den fyrste og Simon Husmor hadde nok og sine «Øl-Rider», men det var berre ein Gong imillomaat. Olai Bruvik, som alltid hadde same Meiningi som den, han talad med, laag etter alle dei Tenestjentur, han saag, og kvar Gong han fangad ei, vart han burte fraa Skulen i 8 Dagar, fortalde Ortvedt. –

Fraa Tarald Ruste fekk Daniel ender og daa Brev um, at han maatte spara. For spart var spart, og Landet var fatikt, og Embættsmännerne livde altfor feitt. Lias skreiv ein hente Gong og fortalde, at alt stod godt til, og at han mest ikkje kunde klara seg. Ingen skreiv um det, som Daniel brydde seg um aa høyra: um Inga. Daniel sende tvo Gonger Brev til Judith og prøvde aa faa henne til aa fortelja fraa Holms; men den Døla forstod ikkje Meiningi.

Pengar fekk han berre so vidt han kunde baska og liva. Stundom naadde ikkje Sendingarne ihop, [102] og so maatte han laana. Men det var ikkje faarlegt; han visste, han kunde betala. Og han vart alltid bergad. Best var Austlendingarne aa beda um slikt; Vestlendingarne var meir kloke. –

– Ein Dag kom Jens Rud til han med ei kjærleg Helsing fraa Kapellan Hirsch. Daniel raudnad. «Kjenner De Kapellan Hirsch?» spurde han. «Ja, – han er gift med Syster mi», svarad Jens. «Aa; – so.» – Men Daniel kjende seg styrkt av denne Helsingi, og han lovad seg sjølv paa nytt Lag, at han ikkje vilde gløyma sin gamle Lærar. –

Vaaren var endaa lenger her enn heime. Det tok til aa letna alt i Marts, med varm Sol og høg, ljøs Himmel; men so kom April med Vinter, og daa den sluttad, og det rett tok til aa verma i Bakkarne, so kom Mai med sin kalde Nordanvind, som aldri tok Ende. Jau, til siste Slutten rann Juni upp, – Juni med si kvite, gloheite Sol og sin tette Ølrøyk burtyver Fjorden og dei fagre Aasarne. Og Sumaren sprang ut paa ei Nott.

Men daa vart det likso ille. I Byen vart det so varmt som i ein Bakaromn, og ein kunde lite pusta.

Daa Daniel hadde lengtat so lengje etter Frimaanaden, at han hadde lengtat seg leid, – so kom Frimaanaden med. Daa var dei som blesne burt, alle dei underlege Fuglarne paa Heltbergs Fabrikk, og Daniel gjorde seg ikkje drjug, han helder. Det skulde verta ein forunderleg Ting i Grunnen: aa koma heim som Kristianiamann. –

[103] – Inga Holm var bleikare no og høgare, men ikkje mindre søt. Dette Drag av sorgmild Lengt, denne Daam av blid, elskhugssaar Drøyming, laag yver henne enno som eit Huldreslør. Men kvi var ho so bleik, den vene Møy? Hadde ho Sorg? Gjekkk ho i ein Lengt, som ikkje fann Ord? Kunde ho ikkje sova um Notti for Tanken paa sin Ven? Og Daniel kjende Bringa si gaa full av søte Straumar ved den Tanken, at kanskje var det honom, ho bleiknad burt for i Løynd. Men ... dersom det no var ein annan. Og kor rimelegt var ikkje det. Daa vart det graakaldt og tomt ikring Daniel, og inni Bringa hans vart det og graakaldt og tomt, med smaae, rivande Styngjer.

Han sat uppe i Skulemeistarstolen i Dag, til eit Merke paa, at han no var komen upp yver Aalmugen. Og han sat der og gjorde Kur til Inga Holm paa Avstand som i gamle Dagar. Men ein uventande og forunderleg Ting hende honom i Dag. Daa Messa var slutt, kom gamle Klokkar Holm og bad han med seg heim til Middags. Daniel vart blodraud og reint fortryllt. «Takk ... Takk», sagde han, og visste det ikkje. Han tenkte med ei hard Hjartebanking paa, at kankje var det Inga sjølv, som –! Og saman med ein av dei eldste Skulemeistrarne fylgde han med bivrande Hjarta Klokkaren heim.

Gamle Holm var fornøgd med Daniel. Guten hadde ikkje forandrat seg, so vidt han kunde forstaa. Utan i Maalet, naturlegvis. Dei sunne Grunnsetningarne, som han var heimangjord med, hadde han haldet [104] fast paa; og han hadde ikkje vortet oppblesen. Han heldt med Klokkaren i all Ting, og gamle Holm vart mest staut av aa faa slikt Medhald av ein Mann, som ein daa snart kunde kalla lærd.

Mons Skulemeistar tagde for det meste. Berre ender og daa kom han stikkande med eit lite Spursmaal um eit elder annat, som han lengje hadde ynskt aa faa Greida paa av kunnige Folk. Daniel svarad naadigt baade paa det han Visste, og paa det han ikkje visste, og Klokkar Holm og Mons Skulemeistar undrad seg storleg yver hans Visdom.

Men det var for det meste Hans Haugums Visdom, Daniel foor med no.

Daniel tagnad, daa dei nærmad seg Garden. Han totte alt her vart so heilagt og forunderlegt; der laag ein Glime, ei Hildring yver kvar Ting, og alt, han saag, laag liksom og glyrde til han, og takkad for sist, elder drog paa Gjeipen. Men ei gamall Høna gjekk og kaklad og breidde seg og sagde tydeleg, Gong etter Gong: Friar? Friar? Friar? –

Daniel vart blodraud. Men han kom inn. Helsad paa Gamlemor, og det gjekk nokonlunde. Helsad paa Inga; det gjekk skralt. Han var ikkje god til aa sjaa henne; der lagde seg slik ei Dimma for Augo, og dessutan kunde han ikkje faa dei upp. Men det verste var, at han ikkje kunde segja nokot. Han stod og tagde som ein stor Tosk. Det var forargelegt!

Men ved Bordet vart han modigare, daa han hadde fengje litt Øl. Og so fortalde han i Aust og ^[105]Vest, alt han kunde minnast, og laug som ein Skipper, for at Inga skulde finna det morosamt. Men det, han sagde, tydde i hans eigne Øyro som ein tom Dur.

Etter Bordet var det Pipa, og no totte Daniel det kom væl med, at han hadde lært aa røykja. Han vart sitjande hjaa Klokkaren langt utyver Dagen. Inga sat slik til, at han ikkje kunde sjaa henne fraa Voggestolen sin; men han kjende paa seg, at ho var inne; og her var so hyggjelegt. ^{v22} Make til koseleg Stova hadde han ikkje set, og slik ein Hage, med slike Blomar, og med eit Lauv, som skalv i Sumarvinden som ei søt Kviskring, fanst ikkje paa Jordi. –

Men sidan maatte Daniel paa Gjesting andre Stader. Han maatte til Lensmannen; og der laut han vera litt Jaabækianar. Der var ikkje Raad med det; Lensmann Ruste hadde gjort han so mykje godt ... Og neste Sundag maatte han til Grosseraren. Der vart det endaa verre. Der var Middags-Lag, og han maatte sitja paa Sida av Grosseraren, paa ein Stad, der alle saag han. Og so vart han vist fram. «Hm! vor Protesjé», sagde Grosseraren, daa dei var komne i Veg med Maten. «Vi understøtter ham lidt ... vil hjelpe ham frem, ser De ... Bare Bondegut; men gode Evner, siger Rektor; ingen Manerer, som De ser; men det kommer sig nok!» –

Daniel vart so sveittande skamfull. Og det vart ikkje betre, daa ein av Gjesterne, som vilde vera «behagelig», gav seg til aa rosa Grosseraren for denne hans gode Gjerning, og formanad Daniel til aa [106] vera takksam mot so «goddædig» ein Mann. Daniel var svolten som ein Skrubb, men han misste heile sin Mathug. Resten av Middagen sat han berre og prikkad i Maten, og hørde med halve Øyro paa, at ein Prest og ein Skrivar dømde Livet av Jaabæk og jamrad upp i Himmelens Skyer um, kor magert det var for Embættsmännerne.

So snart dei var komne fraa Bordet, vilde Daniel ryma. Men det fekk han ikkje. Han skulde «versgo ha Kaffi»; dessutan, lagde Grosseraren til, hadde han godt av aa vera med litt i fint Selskap, so han kunde læra Folkeskikk. Og so maatte Daniel «vera med». Han fekk ikkje eingong Lov til aa gjøyma seg burt nedi Hagen; Grosserar Helle hadde nok Bruk for sin *Protegé*. Han vart utspurd um baade ditt og datt, og daa dei tilslutt kom inn paa Politikken, so uttalad den same «behagelige» Gjesten – Hr. Pastor Eing –, at han vilde vona, Daniel ikkje var Jaabækianar. Daniel svarad, at han ikkje hadde tenkt vidare yver Politikken, og det sagde Pastor Ring var rett; Grosseraren meinte og, at Ungdomen helst burde halda seg ifraa slikt. «Men Jaabækianar vert han no ikkje», lagde Grosseraren til med eit Smil; «so mykje Tiltru hev eg til Guten.» –

Hjaa Finsen var det paa ein annan Maate. Finsen brydde seg ikkje um Politikk; men so vilde han vita, um Daniel hadde funnet Frelsaren, og det kunde ikkje Daniel greida. So fekk han ein lang Formaningstale um aa søkja Skaparen i sin Ungdom. [107] Men tilslutt kom Finsen med det, som nok laag han mest paa Hjarta: um Daniel ikkje kunde vilja vera Missjonær. «Ikkje saa aa forstaa, kjære Ven, at jæ vil lægge naaget Præss paa dej», sagde Hr. Finsen; men ... han vilde kunna hjelpa Daniel med so mykje større *Gleda*, dersom Vaarherre bøygde hans Hug slik, at han vart Missjonær. Skulde det ikkje vera herlegt og stort aa faa vera med aa byggja Kristi Kyrkja der ned i Sululand? Maatte det ikkje vera eit sælt Arbeid aa faa føra Frelsebodet ut yver Verdi til dei, som enno laag i Myrkr og i Daudens Skuggar? – Daniel var i si verste Beit. Segja beint Nei gjekk ikkje an, og segja Ja – det gjekk helder ikkje an. Daa fekk han ein frelsande Tanke: «Mor vil ikkje», sagde han. Dermed slapp han for den Gongen, og han totte han hadde greidt seg godt. Det same totte Maren, daa han fortalde det til henne. –

– Som han var komen godt og væl inn til Kristiania um Hausten att, fekk han høyra, at Grosserar Helle hadde spelat upp. Daniel vart reint fortenkt, men – sannt aa segja – glad. So var han daa kvitt den Formyndaren. Men daa han strakst etter

fekk Brev fraa Lensmannen um, at heretter laut han berga seg med endaa mindre Pengar enn fyrr, var det slutt med Gleda.

Paa Skulen gjekk alt som fyrr; men fire av Gutarne var gjengne ut: Wall, Presler, Simon Husmor og Olai Bruvik. Den siste sagde dei hadde gift seg med ei rik Slagtardotter og skulde vera [\[108\]](#) Handelsmann. Men tvo nye var komne inn att. Dei hadde fyrr gjenget paa ein annan Privatskule; no hadde dei voret uppe og stroket, og so skulde dei prøva ei Skuring paa Fabrikken. Den eine heitte Gregus Johnsen, ein lang, bleik Fyr, som dei sagde var Diktar; han hadde endaa skrivet Vers i «Posten». Den andre var gamle Vidunderbø. Hans rette Namn var Underbø; men han hadde vortet namngjeten og umdøpt, fordi han «snart i ein Mannsalder» hadde gjenget her inne og stroket til Artium. Men kor lengje han strauk, og kor ille det gjekk, so heldt han ut like godt, seig som eit Vidunder. No var han langt ut i Aari, so dei for Moro Skuld fortalde, at han hadde ein Son, som var Student, og som i Eksamenstiderne las privat med Far sin «for aa hjelpa den unge Mannen fram». Det var ei aalmenn Segn, at Vidunderbø som ein ny Jerusalems Skomakar vilde gaa her inne til Domedag [k82](#) og strjuka til Artium. –

Meir enn nokongong dyrkad Daniel si huglagde Møy i sine einslege Draumar. Den Solskinsstundi i Klokkargarden livde han uppatt og uppatt, og ut ifraa den diktad han mange lange Eventyr, som alltid sluttad i ein kvit Prestegard millom grøne Tre. Men daa det leid utpaa Hausten ei Stund, kom der nokot som gjorde, at han tenkte mindre heitt paa Inga Holm.

Der kom ei ny Tenestgjenta i Huset. Ho var fraa Vestlandet og heitte Berta Maria. Det var ei skikkeleg Gjenta, godsleg og snild, med eit Andlit [\[109\]](#) so mjukt og rundt og smørblidt og lokkande som ei Pannekaka. Daniel saag paa denne Gjenta og likad henne. Tala til henne vaagad han ikkje; men han likad aa sjaa henne, og det var ikkje lengje, fyrr han tenkte paa henne, naar han ikkje saag henne og.

Han vilde henne ingenting! for han elskad henne naturlegvis ikkje. Men hadde han kunnat litt av Bruviks Kunster, so vilde han gjort seg kjend med henne i all Tukt og Æra; for daa hadde det vortet so mykje hyggjeregare paa Hybelen. Men Daniel kunde ikkje Bruviks Kunster. Han vaagad seg ikkje eingong til aa bjoda Berta Maria ein Teaterbillett.

Men likevæl var han glad for ho var her, og tilslutt tenkte han mest likso tidt paa henne som paa Inga. Det var paa ein annan Maate; for Berta Maria var berre ei Tenesttaus, og Inga Holm var Idealet; men han maatte likevæl undrast paa, at ho var so ofta i Tankarne hans; for han elskad henne ikkje, det var han stød paa. –

Det var vondt for Daniel aa klara seg med dei Pengarne, han no fekk; og han tok til aa faa Smaagjeld. Men det verste var, at til Sumaren maatte han hava nye Klæde. Han skreiv til Lensmannen um dette ei Stund yver Jol, men fekk ikkje Svar. Endeleg kom der Brev; men det var fraa Finsen. Og denne skreiv, at Herren i sin Naade hadde kallat Lensmannen heim til seg. Og Finsen torde segja, at den gamle Mannen i Sanning hadde faret med Fred. Han tvilad ikkje paa, at den Sjæli var frelst; og for det maatte me alle, og Daniel ikkje minst, lova og [110] prisa Gud. Ja, Daniel kunde vera med paa det; men kor gjekk det med dei nye Klædi? Finsen skreiv ikkje eit Ord um dei. Derimot skreiv han um, at han no vart aaleine um aa hjelpa Daniel, og at han nok skulde halda ut til Artium; men daa fekk Vaarherre hjelpa vidare; for fraa Hausten av skulde Finsen halda ein Gut paa Missjonsskulen, og meir magtad ikkje han. –

Daniel vart kald. Det skulde altso verta til det, at naar han endeleg naadde so langt, at han vart Student, – so skulde han paa nytt Lag koma paa berre Bakken.

V.

[111] «En! to! tre! Pu – ns!» – «En! to! tre! Pu – – ns!» Og dei dundrad Takt med Hender og Føter, og friske, unge Røyster, klaare som Song, ropad Ordet ut av all si Kraft, og endaa var det som det døyvdest ned i den Surr og det Staak, som fyllte den kyrkjestore Salen som eit urolegt Hav.

Det var Russelag.

Fraa Ende til annan var Golvet sett med Smaabord og Krakkar; men kvart Bord og kvar Stol var sett med «Russ» so tett som Flugur i ein Sukkerkopp. Russ og Ikkje-Russ. Der var Studentar og Kandidatar, og der var Kopistar og Skulemenn, og ein saag Professorar, og Bladmenn, og Snyltregjester. Men ikveld var dei Russ alle ihop, glade og øre, tyrste etter Puns og etter akademisk Fridom. Det var ikkje Russelag meir enn ein Gong um Aaret; og der var ikkje Ungdom i Byen, utan naar der var Russelag. Og liksom Russen møtte upp for med stormande Gleda aa segja sin grønaste Ungdom Farvæl og døypast inn med Puns og Song i det vaksne Samfund, soleis møtte dei vaksne og gamle upp for aa lyftast i Puns og Song attende til den Tidi, daa [112] dei sjølve var glade og grønne, – so grønne, at dei gledde seg til aa verta vaksne, gledde seg i aa segja sin grønaste Ungdom Farvæl. –

Salen var fyllt. Enno gjekk det ein og annan Seinkomingen og trødde ikring millom Frakkeskaut og Føter for aa finna seg eit Sæte; men dei fleste var komne til Ro, *ved* Bordi elder *paa* Bordi, og der sat dei no og ventad paa Festen, snakkad, ropad til kvarandre, huad, lo, jamtad^{k83} som Kattar, gøydde som Hundar, og skreik etter Puns; og heile det tettsette Golvet var i ein Baaregang av haarfagre Hovud og unge, runde Aksler, som duvad upp og ned som Skogtoppar i Storm.

Seks hundrad Styvlar og tolv hundrad Stolebein stampande paa eit Golv, seks hundrad Hender trommande paa hundrad Bord, tri hundrad glade, frie Halsar haukande, læjande, snakkande, gøyande, og so ender og daa gjennom alt dette det veldige, taktfaste Koret: «en! to! tre! Pu – ns!» – «en! to! tre! Pu – – ns!» – det gav ein Konsert, so heile Bygningen ljomad.

Men der var Ungdom i dette Staaket, so at endaa dei suraste Skulemeistrarne tinte upp og lo, og dei gamle høgwise Professorarne sat og smilte so sælt og blidt, som dei skulde ha misst heile sin Visdom.

Daniel var som drukken av all denne Gleda. Han sat i ein einaste Laatt. Kor ein snudde seg, var der Leik og Gaman; alle Skjemtegaukar fraa alle Skularne hadde samlat seg her, og kvar kunde sitt. ^[113] Og so alle dei skjemtefulle Ord og Ordtak, alle dei vrangne Spursmaal og snøgge Svar, og all den ravgalne Latinen, som flaug gjenom Lufti som ein Nissedans! So fri som her hadde Daniel aldri kjennt seg. Kvardagslivet med sitt Stræv og sitt Vas var gløymt; Folk hadde lagt Tankarne og Sorgerne etter seg heime; Morgondagen var ikkje til; Gleda, Gleda aaleine skulde liva; *dette* var aa vera Student! Dette var det ideale Studenterliv.

Men Punsen gjorde seg drjug, og Russen vart utolmodig. Rundt heile Salen reiste det seg Rop etter Gude-Drykken, og der vart ei Tramping og eit Lurve Leven, so det var svært godt aa hava tjukke Øyro. Ein ung Fyr med eit blaatt Band paa Bringa ropad inn gjenom ei Dør, at Punsen maatte lagast fyrst! – men han vart ikkje høyrd; kven brydde seg dessutan um slikt Prosasnakk. Langt um lengje viste det seg ein Skjenkjesvein, og strakst etter fleire; Punsen-Kannur hadde dei, og Glas. Hurra! Hurra! Alle Hundar gøydde, alle Hanar og Gaukar gool; men dei, som maatte vera Folk, klappad i Henderne og haukad. Og med eingong ljosnad Salen av hundrad vinkande Hender og Handkragar; alle vilde hava fyrst. «Pst! herhit!» «Vov! vov! herhit!» «Opvarter! Opvarter!» «Jens!» «Kristian!» «Munnskjenk!» «Ganymedes!» ^{k84} «Pst! Pst!» – og Salen var aa sjaa til som ei kraumande ^{k85} Maurtuva. Forunderleg snøgt kom det Puns utyver til alle Bord, og Hans Haugum, som kjende Kristian – Haugum kjende i det heile alle Folk – fekk ei Kanna aaleine til seg og sin Flokk.

^[114] Og etterkvart som alle vart forsynte, vart Gleda mindre skraalande, meir inderleg, vart liksom til ei smaaputrande Koking av Smaaprat og Laatt, med eit og annat haukande Rop innimillom. Alle var samstelte um, at Punsen var daarleg, for søt og for slakk, berre nokot Skvip; men Puns var alle Dagar betre enn inkje Puns, og so fekk ein taka det att «i Kvantiteten».

Daniel totte i Grunnen Punsen var god, han, men heldt med dei andre, daa dei maatte vita det betre. Og so sette han upp ein Kjennarmine og sagde til Aslak Fjordan, at det var ikkje Puns, det var berre Sukkervatn. –

Men der kom *Magister bibendi*. ^{k86}

Det var ein ung, høgvaksten Gut med svært Haar og brunbleik Hud; ein diger, djerv Munn hadde han, og var aldri det Slag rædd. Han vart fagnad med eit stort Skraal, smilte, bukkad, tok seg ein Slurk Puns, sagde Hm! som ein norsk Talar skal gjera, og lagde so i Veg.

«Mine Harrer! (*all righth!* Hurra!) Snart – er den Dagen komen – (Hurra!) daa me – for Aalvor – kann segja Farvæl (Kykeliky!) – til den Tidi (Jubel, Remjing) – til den Tidi (vov! vov! vov!) som visst dei fleste av oss – meir enn ein Gong eh! eh! eh!» – Talaren laut hosta. Han svelde Hosten med ein Slurk Puns og vilde byrja att; men no hadde heile Salen fengje Hoste. Eh! eh! eh! oh! oh! oh! hostad det fraa alle Kantar og Kræer, som i ei Kyrkja paa Nyaarsdag, og tilslutt tok ein ^[115] til aa njosa – uih! uøyh! – so det song i Veggerne. Fyren sat tydeleg med den løynske Tanken, at han vilde faa *magister bibendi* til aa njosa med; og han naus og naus, meir og meir hjartelegt, meir og meir forførande: uih! he; uøyh! he; –: men *magister* leet seg ikkje lokka; og so snart Hostingi og Laatten hadde stilnat nokonlunde, hogg han i att som ingenting var, skrikande paa med sine breide Vokalar og harde, rivande r'ar, so det kunde høyrast under ein Foss –:

«– – Segja Farvæl til den Tidi, – som dei fleste av oss – visst mang ein Gong – – paa vaar Gute Vis (æh? vov!) hev forbannat (Bravo! Bravo! Bravo!) som ei Trældomstid (Mja-au!). *Faustis avibus*^{k87} (Hurra!) vil me no – um faae Dagar – vera vaksne (Kykeliky!) og frie Menn, – vera *Studentar*, mine Harrer, norske Studentar!» Langt, jublande Staak, Hurrarop, Hauking; langt nede i ei Kraa gool ein Gauk.

Talaren lagde med mange Ord og Likningar ut den store Skilnaden millom fyrr og no, og Daniel forstod han so godt: Grunnskilnaden var den, at Skuleguten var nøydd til aa arbeida, Studenten kunde gjera som han vilde. Studenten arbeidde, naar Aanden var yver han, «naar Minerva vilde» (Bravo!), «og naar Minerva ikkje vilde, mine Harrer», (so vil Venus! Kykeliky!) – so hadde Studenten det store *præ*, at han sjølv raadde yver si Fritid («Skaal!» «Hurra!» «*Pereat Rector!*»)^{k88} Og det vilde segja, at fraa no av var me haldne for *myndige Menn*. Talaren drakk; aalmenn Jubel.

^[116] Daa han skulde til att, kunde han ikkje koma til Ords, fordi alle Hundarne gav seg til aa gøy: dei forstod nok, at han no vilde innpaa det aalvorlege. Vov, vov! «Og no, mine Harrer» – vov, vov! – «Og no, mine» – vov! vov! vov! «Og no» – vov! vov! vov! vov! – «*Silentium!*»^{k89} skreik *Magister* med fælt Maal, og det hjelpte. Han gav seg til aa leggja ut um *Ansaret* ved aa vera «myndige Menn», og det fekk

han gjera nokonlunde i Ro. Naar Samfundet «sleppte os lause», meinte han, so gjorde Samfundet dette i den Trui, at me no var vaksne nok til aa vera vaare egne Skule- og Tukte meistrarar, og i den Trui burde daa Samfundet ikkje svikast. Talaren gjekk endeleg yver til ei Skildring av den sanne Studenten, ei Skildring, som vann stort Samtykkje, av Daniel ikkje minst. Den sanne Studenten var fyrst og fremst ikkje «Materialist»; han leet Kræmaren syrja for det, som hørde Gryta til; sjølv livde han for det sanne, det fagre og store; den sanne Studenten var helder ikkje «Melankolist»; han leet kvar Dag hava si Plaga, og elskad, som *Dr. Morten Luther* hadde sagt, «Piger, Vin og Sang» yver alt («Hurra!» «Fanden spare!»). Endeleg var den sanne Studenten – *trulovad*. Men her kom Talen mest burt i Jubel og «Skaaling» – Daniel drakk stilt for seg sjølv ei Skaal for Inga Holm, som han i Kveld aaleine vilde minnast –, og *Magister* skreik seg reint maallaus, fyrr han naadde til Endes paa Talen sin. Han sluttad med eit «Leve» for Russen.

[117] Og no sette alle desse nyfødde myndige Menn seg til aa skrika ut av fyllte Lungur si umaatelege Gleda og trampa Samtykkje med Styvlehælarne, so Salen riste. So vart Russesongen spreidd utyver Flokken, flagsande gjennom Lufti som Fivreld; Musikken uppaa Trevet skar i aa spela, og so tok Songen til aa stiga, ylande gjennom Salen som ein glad Storm, – Sigersongen um, at no var dei ikkje lenger Skulegutar, men Russ, og at snart skulde dei, *faustis avibus*, vera Studentar.

Songen gjekk fyrst ein Gong med Musikk, so ein Gong til utan Musikk, og daa vart det gildare endaa. Dei skilde seg sund i Smaaflokkar og song kvar i sin Takt, og sidan kvar paa sitt Vers, og Fridomen livde høgt, og Gleda var fullkomi. Ungdomen hadde sleget seg laus, og dei gamle hadde gløymt sin Alderdom. Og alt, som i Salen var, løyste seg upp i Song og Laatt, og Punsen gleid ned, so smeren^{k90} han var, liksom det skulde voret Nektar.

Endeleg laut Songen slutta. Der reiste seg eit Havbrak av Klapp og Tramping, fyrst fraa ein Kant, so fraa ein annan, og tilslutt fraa heile Salen, og gjennom Havbraket gjekk skakande Rop paa «Forfatteren! Forfatteræ – n!» tildess heile Salen ikkje var annat enn dette eine, rasande Ropet. Og det varde lengje. Dei kunde ikkje trøytna, desse unge Bringur, og det gjorde ikkje nokot, um dei mjuke Henderne sveid litt i Kveld. Tilslutt laut den sæle Forfattaren fram. Det var ein ung Gut som alle dei andre unge Gutarne; skvatt upp paa Talarstolen, [118] bukkad i Hytt og Ver og var burte att som ei Syn. Lang Jubel; so endeleg «Ro».

Fleire, som totte her var for trongt inne, elder som hadde nok av Øyredøyving og Tobaksrøyk, drog seg no ut i Hagen og paa Verandaen og slog seg ned der med

Punsen sin i smaae, hyggjelege Bordsetningar. Inne i Salen vart det og meir av Utskiljing. Punsen tok til aa verma i dei unge Skallarne, og dei fekk meir og meir Hug til aa samtala med gode Kjenningar i Trumaal. Hans Haugum og Aslak Fjordan sat og dømde Russetalen, som Aslak totte var lite tess, berre desse vanlege Talemaatarne; men Haugum var forundrad yver den unge Fyren, som hadde kunnat faa segja so vidt mykje i so vidt god Samanheng under alt dette Staaket. Daniel totte Aslak hadde mykje Rett i det han sagde, men heldt med Haugum. For det *var* forunderlegt, at ein ung Gut kunde hava Mod til aa stiga fram og tala i so stor og kritisk ei Forsamling. –

Punsen var god; Daniel vermdest. I Fyrstningi hadde han tenkt litegrand paa Far sin; – men det slog han ifraa seg att; for der var daa stor Skilnad paa aa drikka Puns i eit Russelag og aa drikka Kornbrennevin millom Bønder. Brennevinet, det øydelagde sin Mann; men Punsen hørde med til det ideale Studenterliv.

Og det forstod han klaarare og klaarare, di meir han drakk. Aldri hadde han kjent seg so god og rein, so høgt lyft yver all Armodsdomen og Raaskapen i Verdi; ja han kjende seg so ideal, [119] at han ikkje eingong brydde seg um sine Pengesorger.

Den einaste Kjensla, som livde i hans Barm, var Kjærleik til alle paa Jordi, og serleg til dei, han var saman med her i Kveld, men alra mest, alra mest til Inga, som han snart skulde skriva Friarbrev til – det stakk so underleg i Bringa, naar han tenkte paa det –, og som han drakk Skaal etter Skaal for i Løyndom. Berta Maria vilde han ikkje tenkja paa i Kveld; i Kveld var han Russ, og som Russ vilde han berre tenkja paa Idealet.

Aa, so takksam han kjende seg mot Vaarherre, som av si Miskunn hadde hjelpt han fram, so at han no – *han*, Bondeguten fraa Sørbraut i Nes Sogn – fekk smaka denne høge Gleda og vera med, um det so berre var for denne eine Kvelden, i det ideale Studenterliv! Det var sannt, at Vidsomsrøterne var sure; men Frukterne var søte etter Maaten, søtare enn han i Grunnen hadde visst. –

Paa Talarstolen stod der no ein ny Mann, ein gamall, fredeleg Herre aa sjaa til, med graakvite Haarduskar oppyver ein halvsnaud Skolt, og med eit Par underlege Horngluggar til Augo. «Professor Darre!» kviskrad Hans Haugum. «Professor Darre! – Professor Darre!»^{k91} kviskrad det fraa Øyra til Øyra i Salen, og ut paa Verandaen, og langt ned i Hagen, og dei kom laupande med Punseglassi i Neven og Augo i Haargarden og ropad Bravo! Bravo! og heile Salen ropad Bravo, men meir rolegt, liksom naar Skuleguter ropar *Vivat rector*.^{k92}

[120] Hans Haugum og Ortvedt spratt upp og trengde seg fram mot Talarstolen so langt dei kunde; Daniel fylgde etter, uroleg og glad: no skulde han endeleg faa høyra Visdomens Ord fraa sjølv Kjelda.

Professor Darre talad litt laagt; men Daniel fekk Meining i det meste. Det var nokot um, at Skuletidi ikkje var so leid, som ein ofta trudde, og at naar ein vart eldre, so vilde ein sjaa mangt paa ein annan Maate enn no, og daa vilde Minni fraa Skuledagarne faa baade Liv og Meining. Og Professoren skaut Nakken fram og glodde ut i Lufti med Hornlykterne sine, liksom han øygnad eitkvart der, langt uppe og ute, som andre ikkje saag. Og Salen ropad Bravo! Bravo! «Men», sagde Professor Darre, «lat meg ikkje gaa meg burt! I Kveld skal me ikkje vera gamle og kloke, elder gamle og galne, som det heiter i ein Variant (Bravo!); i Kveld skal me vera unge og øre, elder unge og galne, um De vil (Hurra!); og kven veit: kanskje er Ungdoms Galskap til Slutt den største Visdom» (Bravo).

Men Professoren kunde no eingong ikkje gaa ut av sitt Skind, sagde han; han kunde vera so glad i Ungdom og Galenskap, som han vilde, so var han no for sin Part for gamall til aa slaa seg reint vill. Naar han skulde vera ung her i Kveld, so fekk han vera det paa sin Maate; han fekk ikkje tala *som* ein Ungdom, men han vilde tala so godt han kunde *um* Ungdomen. (Bravo!)

Professoren vart no meir høgtideleg, krentad og gjekk yver til ei lang Utvikling um den akademiske [121] Stand, som han skildrad som eitslags høgre Mannheim, lyft langt oppyver det vanlege Livet. Den, som kom her inn, var dermed vigd til Ideens Prest; han skulde heretter liva, ikkje for det endelause, men for det uendelege, liva *Aandslivet, ton bion theôn*,^{k93} i menneskeleg Meining (Bravo!), med eit Ord, mine Herrar, i *Sanning liva for Ideen* (Bravo, Bravo!). Alt det smaae og smaalege, som fylgde det vanlege Livet, maatte han her frigjera seg fraa; han maatte so aa segja altid hava Brudlaupsklædningen paa seg; «*nam et heic dii sunt*»;^{k94} for her galdt det aa vera Menneske i sann Meining, liva i og for det, som i Sanning var Mennesket verdigt! Der ute i Kvardagslivet var Mannen sundbytt og sundskift i dei tusund Smaaformaal, so han aldri i Fred fekk samla seg i det ideale; han kunde ikkje i dette endelause Kav høyra Aandsharmonien gjennom alle dei spreidde Røyster elder sjaa Einskapen gjennom Dagens brotne Straaleleik; – men her, i Aandsheimen, her naadde ikkje dei villande Røyster inn, her var Høgd og Fred, her fann Aanden seg sjølv; her vart ikkje Tanken sundrad og sprengd av det tilfellige, det smaae og spreidde, det sundrivne og tankelause, einsidige og endelege i det vanlege Liv; her skulde ein, menneskeleg talat, sjaa Gud som han var, tala med

Aanden Andlit til Andlit (Bravo!) – Ein halvfull Hund burte i ei Kraa vaagad seg til aa segja vov! men vart nedhyssad.

Der ute galdt det dei praktiske Formaal, det nyttige for Dagen, det «matnyttige», um han maatte [122] bruka eit slikt Ord; her galdt det, frigjord fraa all Vildring i det mangfelde og sundskilde, aa søkja det evige, det i seg sjølv vesentlege og sanne. I dette høge Livet, i denne aandelege Presteskapen, var det, at mine unge Herrar no skulde koma inn; – men dei kom ikkje tomhendte, um so var; – dei hadde sin – *Ungdom*.

Professoren utviklad, kor merkjeleg væl lagad for Ide-Livet just Ungdomen var med sin sterke ideale Hug og sin Sans for det store og aalmenne. Naar den sunne Ungdomen kom inn i det ideale Aandsliv, var det paa den eine Sida han, som fann seg sjølv; men paa den andre Sida var det Aanden, som fann honom, elder fann seg sjølv i honom.

– Dei som stod ved Dørerne, tok til so smaatt aa draga seg ut att, og dei, som inne sat, stakk paa Punsen. Det viste seg, at dette vilde verta ei lang Leksa.

Daniel hørde paa med djup Andakt. Dessverre forstod han det ikkje heilt ut; men det fann han no i Grunnen rimelegt, og det gjorde ikkje stort helder; for han kjende paa seg, at Professoren hadde Rett. Det um det høge Aandslivet kjende han att fraa Kapellan Hirsch, berre det her var so mykje djupare og lærdare; og at det vanlege Kvardagsliv var nokot Skrap, det visste han fraa gamalt. –

Det, som kom sist, var best, og daa fekk Professoren Jubelrop fraa sjøve Hundarne.

Det var reint galet, sagde Professoren, naar dei unge Studentarne trudde, at det galt um aa *lesa* so [123] svært mykje i dei Par fyrste Aari. Det var ikkje Meiningi det. Arbeidet, det kom tidsnok. Det tunge og tankekløyvande Stræv med dei tusund einskilde Ting, som skulde lærast, for at det heile kunde forma seg fram klaart og *articuleret*, det høvde meir for ein litt eldre Alder, daa ein hadde meir Kraft til aa dukka under i det einskilde og like væl halda fast paa det aalmenne. – Ikkje for det: den eldre Alderen i desse Tider gløymde tidt nok det aalmenne, den med, dukkad so djupt i det einskilde, at han *bleiv* der. Ja sjøve Vitenskapen heldt no um Dagen paa aa bliva i dette Djupet. Det var just ei Tid no, daa altslags Ser-vitenskap gjorde seg breid og vilde gløyma sin Samanheng med det aalmenne; Professoren bad sine unge Venner agta seg væl for aa koma uti dette. All Faglærdom var i seg sjølv daud og aandlaus. Det var ikkje Kunnskapar um ditt og um datt, som gjorde

ein Mann til Vitenskapsmann; det, som det galdt um, var Synet paa det heile, Uppfatningi av dei store, aalmenne Grunnar, av den store, aalmenne *Samanheng* (Bravo!). Men no trudde Professoren, at ein av Grunnarne til, at dei studerande so lett vilde gløyma seg burt i den aandlause Faglærdomen, var just den, at Studentarne ikkje i dei fyrste Aari visste aa bruka Tidi si rett, men kastad seg yver Fagstrævet strakst og trudde det galdt aa stuva i seg so mykje Kunnskap som mogeleg. Men det skulde dei nettupp *ikkje* gjera. I dei fyrste Aari skulde dei taka det i Mak (Bravo! Bravo!) og leggja meir Lag paa aa liva eit sunnt og idealt ^[124] Studentertiliv – eit Ungdomstiliv i Ljoset fraa det evige Ideal – enn paa aa lesa lærde Bøker. Dei skulde bruka Tidi til aa umraa seg, sjaa seg um, finna seg tilrettes i den nye Heimen, vinna Yversyn og Utsyn yver dei Vidder, dei sidan skulde vandra; dei skulde njota sin Ungdom, men njota som Studentar, som aandsvigde Sveinar i Ideens Presteskap, som *cives academici*;^{k95} og *det* var det herlege ved aa vera ung Student; *det* var det sanne Innhald av Russe-Gleda, av Jubelen og Festen her i Kveld. (Stort Samtykkje). Og so vilde daa endeleg Professoren slutta med eit Leve! for den studerande Ungdom. «Hurra!» Hurra!» ropad dei Salen rundt, kvar i sin Takt, so det fekk ingen Ende; tilslutt døydde Ropingi burt i ei lang, brakande Klapping.

Etterpaa vart Professoren under Jubel og Laatt boren paa Gullstol. Daniel hadde aldri set slikt fyrr og totte det saag dumt ut; men klappad gjorde han som dei andre; for det siste Stykket av Talen totte han var makalaust.

Han arbeidde seg attende til Bordet sitt og smakad paa Punsen. Han var so modig og glad. Verdi var so hyggjeleg, og Folk var so gode; han fekk slik Hug til aa tala med dei, – tala ut, segja si Hjartans Meining til dei, og faa høyra deira Hjartans Meining igjen; og helst hadde han Hug til aa tala med sin kjære Ven Haugum. Men Haugum stod langt burti Salen og snakkad med ein framand Fyr – ein stor Tosk saag det ut til aa vera –; og Aslak Fjordan var komen inn i eit annat Lag ved eit annat ^[125] Bord, og der sat han og gjorde slikt eit Staak, at Daniel lo med seg, og tenkte i inderleg Gleda, at Aslak nok alt var full. Men Ortvedt var ingenstad aa sjaa. So sette Daniel seg ned til aa venta.

– Der kom Markus Olivarius Markussen og Halvor Mosebø kryssande hit millom Bordføter og Styvlar; ustøde var dei visst sjølve, og seint gjekk det; men Markus Olivarius Markussen lo i høgan Sky. «Ha-ha-ha-ha! Sjøgang idag! Og forb-banna mange Vrak!» – han hermde ei Rispa, som han just hadde høyrte av Halvor. Daa denne kom framtil Daniel, helsad han med stor Gleda, treiv Haandi hans og gratulerad sin «Busenfrynd» utan Ende, og Daniel, som hellest aldri kunde lika

Halvor Mosebø, vart likso glad, drog han nedpaa Stolen ved Sida av seg, og lo, fordi Halvor var full. Det var so morosamt aa vera ung og slaa seg laus! Og Daniel kjende ein urimeleg Hug til aa leggja Armarne um Halsen hans Halvor og sverja han Venskap til æveleg Tid; – men Halvor spurde etter Puns, han. Og der var Puns nok. Dei fyllte Glasi, sagde «Skaal» og drakk. «Naa, kva segjer De um –», tok Daniel i; men Halvor Mosebø tok til aa syngja med sitt vesle visne Maal: «Hev du set noko ti Kjeringjé mi – uppe i Lié, i Lié!» – «Hæ-hæ-hæ», lo Daniel; «men kva segjer De um –?» – «Jei æ Bondegut, jei, ser du!» sagde Halvor, – «Bondegut, jei, ser du! Jei æ fra Tellemarken, jei, ser du!» – Ja, det var bra det, meinte Daniel; han for sin Part var og Son av ein Gardbrukar. «Hev du set noko til Kjerringa ^[126] mi –! – Ska mi drikke Dus?» sagde Halvor Mosebø. «Ja væl! *all right!*» – «Bondegutar baee tvo!» – «*All right!*» – «Skaal du!» – «Skaal!» – «Æh! – Kor Fanden vart det av Olivar ... Markus Oliv ... Kjenner De Markus Olivarius?» – Daniel lo; no hev han alt gløymt, at me drakk Dus! tenkte han. Nei; Markus Olivarius kjende han daa ikkje nokot vidare. «Men kva segjer du um Russetalen?» – endeleg fekk han Spursmaalet sitt fram. – «Um Russetalen! God Tale det, Far! God Tale, det, Far!» – «Ja, det syntest eg og. Men ...» – «Ja, der var mykje Skrap og, – Gudbevar's!» – «Ja, – mykje av desse vanlege Talemaatarne –.» «Ja visst, javisst ... – Kjenner du Markus Olivarius?» – «Nei dessverre, ikkje stort ...» – «Pine –! staut Gut. Pine –! staut Gut. Ja, anten du vil tru meg elder ikkje ... no hev me butt ihop i halvannat Aar; og dersom det hev fallet so mykje som ... so mykje som eit halvt Ord! – Ja, det er ein merkjeleg Kar.» – «Ja, det er det visst. Men du –?» «Naa?» – «He-he; ja, det er ein Ting, som du kanskje aldri hev visst –!» – «Visst? Eg veit alting, eg. Kom ikkje der! Veit du kva Aar det var –.» – «Ja, der er det just! Veit du, at eg lengje var din verste Uven, fordi du kunde meir Historie enn eg, he-he-he?» – «Skaal!» – «Ja lat oss faa litt aa drikka fyrst ...» «Du habst Rekt, min Son. – Skaal! – Ja, Historie kann eg; kom ikkje der. – Hev du set noko til Kjerringa mi, uppe i Lia, i Lia? – Kor Fanden vart ^[127] det av Markus?» – «Aa, han kjem væl; han er berre utpaa Verandaen. – Det er sannt, kva var det no du fekk?» – «Eg? Eg fekk –» og Halvor slo i Bordet for kvart Ord –: «eg fekk Dægeren tuti meg 3, 4! – men den Fir'eren skal dei faa betala, skal dei! ... men eg er like god Gut for det, eg ... men dei skal faa betala det! Skarvepakket! – dei skal faa minnast Halvor Mosebø! Her er Guten, som ikkje læt seg flaa med Navaren^{k96} ... skal dei faa sjaa. Skaal!» – Daniel visste ikkje, kva han skulde segja til dette. Halvor sat og sturde; so skreik han upp: «Hev du set noko til Kjeringjé mi?» og strakst etter sagde han: «De fekk 2, 2, De?» – «Nei, 2, 3.» – «Aahaa. – Skaal, gamle Busenfrynd! – Skal me drikka Dus?» – Daniel lo; «me drakk just Dus», sagde han. – «Du habst immer Rekt», sagde Halvor; «i Kveld er eg full, ser du! Men det gjer ingen Ting! – Odelsbonde, ser du!

Telebonde, ser du! Kom ikkje der! – Kor Fanden vart det av Markus Olivarius?» – Han reiste seg og skeivlad ut; Daniel ropad etter han, men han hørde det ikkje.

Der var komet meir Uro i Folk no; Mengdi var paa Føterne, og der var eit jamt Drag ut og inn Dørerne. Fleire av dei unge var alt so langt komne, at dei sjanglad, – some fordi dei var fulle, andre kanskje mest, fordi dei skapte seg fulle, daa dei meinte det hørde til. Millom dei, som drog att og fram der, saag Daniel mange Bondestudentar; underleg nok; ein kunde mest sjaa det paa dei. –

[128] Halvt attum seg totte Daniel han hørde eit Mæle han kjende; han snudde seg og saag; det var *Magister bibendi*. Han stod og talad med den same «Tosken», som Haugum hadde talat med for eit Bil sidan, og «Tosken» spurde, um Magister hadde voret rædd, daa han skulde upp og tala. «Jagu va jæ rædd!» svarad Magister. Daniel vart sitjande reint einstird –: Fyren hadde Mod til aa *segja*, at han hadde voret rædd! –

Ein ny Mann paa Talarstolen. Han talad for «dei gamle». Det var ein Mann med godt Mæle og med mange Ord, som klingad godt; men Daniel totte han fekk so lite Meining i det, han sagde. Det var ein vanleg «Skaaltale», – store Ord yver tome Tankar, som Blomar paa ei Likkista.

Endaa ein ny! Men det var ein sovoren Kar, at Daniel aldri hadde tenkt, han skulde faa sjaa slikt Syn i eit idealt Studenterlag. Som han kom hivande upp paa Talarstolen, slurveleg og slengjen, skjeiv i alle sine Rørslur, med eit langt, skakkt Bondeandlit og skygge Augo under framskotne, myrke Bryn, visste Daniel ikkje, kva han skulde likna han med, og dersom dette gjekk godt, so gjekk alting godt, tenkte Daniel. Men for denne underlege Mannen gav Salen seg til aa klappa og ropa Hurra, og gjennom Dunderet hørde Daniel tydeleg ei gnell Røyst, som ropad: «Leve Dølen!»

So *dette* var Dølen!^{k97}

Daniel kjende seg i Grunnen litt rar, der han sat, litt tankeslør, litt tung yver Augo ... men no [129] vart han livande att med ein Gong, flaug upp, kjende seg litt lett i Føterne kanskje, men arbeidde seg fram mot Talarstolen, so snøgt han kunde. Han vilde sjaa og høyra denne norske Villmannen, som der gjekk so mykje Snakk um, og som skreiv so flirande og ravgalet paa sitt ravgalne Maal.

Nokso stillt og godslegt, men med rare, blinksande Augnekast, tok Dølen til aa fortelja, at det var forunderlegt i Grunnen, at tvo-tri hundrad Gutar i

Tjugeaarsalderen kunde sitja saman ein heil Kveld og drikka Puns og hava det hyggjelegt, og so ikkje halda so mykje som ein Tale eingong for det, som unge Gutar jamt var so galne etter, nemleg Kvinna (Hurra! Hurra! Jubel). Daniel kjende ein liten heit Styng i Brystet og tenkte paa Inga; men Berta Maria vilde og fram, og det var i Grunnen so leidt aa visa henne ifraa seg. – Men, sagde Dølen, og vart sterkare i Maalet, naar dei unge Ungkararne ikkje gjorde si Plikt, so fekk dei gamle taka i; for Gud hjelpe oss alle, um Kvinna vart oss ublid! Og so vilde no han freista paa aa ofra eit litet Røykoffer for den strenge, men likevæl so inderleg snilde Gudinna, elder Gydja, som det heitte paa Norsk, og det vilde han gjera for oss alle her, liksom dei katolske Prestarne drakk for alle sine Sokneborns Synder, og daa vonad han, at ingen av alle desse Gutarne her skulde koma ut for annat enn godt og blidt ifraa Kvinna. Dei sagde nok, at ho var den veike, og Mannen den sterke; og det stod tilmed skrivet, at Kvinna var eit skrøpelegt Kar;^{k98} men – Skam far i det! – ho var ^[130] sterkare enn nokon visste, det Trollet, og mang ein sterk Mann hadde ho bøygt og brotet med sin vesle Finger, liksom Huldri i Folkesegni braut Hesteskoen i tvo Bitar som ingen Ting, berre med sine nakne mjuke Hender. –

Heile Salen fylgde hans Ord med Samtykkje og Laatt og lystige Tilrop. For alt det, han sagde, kom so morosamt; – Daniel fann ei Moro berre *i det*, at denne gamle Styggingen, halvt Bonde og halvt Satyr,^{k99} skulde tala for *Kvinna*.

Og han lagde i Veg, paa sin sereigne Maate, halvt skalkutt,^{k100} men aalvorlegt likevæl; han meinte visst so nokonlunde det han sagde, kor rart det kunde høyrast ut; men daa han væl ikkje alltid var stød paa, um han meinte det *plentso*, som det var sagt, so kom han gjerna med ein Sleng paa det tilslutt, som minnte Folk um Dølen's «Tvisyn». Men stundom kom han med Ting, som var so forunderleg mjuke og fagre, at ein reint gløymde Dølen og berre saag Diktaren.

Kvinna var *Fred*, sagde han, – endaa dei gifte Menneske tidt paastod nokot annat. Ho var Fred, fordi ho var *Gagnet*; ho saag paa det nyttige, paa Maten til seg og Borni, og var difor paa sitt arme Liv for, at Mannen skulde koma ut i Ufred elder Strid paa nokon Kant og kanskje gjera seg ufør. Difor maatte alle Aandsmenn, alle, som vilde strida og ofra seg for ein Tanke elder ei Sak, – dei maatte vera Sveinkallar liksom han, so at ingen brydde seg um, anten dei flaut elder sokk; for daa var det ikkje, vandare i dei.

^[131] Dermed vilde han ikkje ynskja nokot so stygt, som at alle desse fagre unge Gutarne her skulde verta Sveinkallar; for det vilde vera Synd baade for dei og for den arme Kvinna, som nok altfor gjerna vilde verta gift, stakkar, endaa ho jamt

gjekk og gjorde seg kostbar og slog paa Nakken, so lengje ho ikkje var yver 30 Aar. For Kvinna var Kjærleik; ho var skapt til aa gifta seg; og slik som ho no vart opplærd, so dugde ho ikkje til annat helder, og lite til det med. Mannfolki elskad nok, dei og; det fekk me Sveinkallar kjenna, som alltid elskad og ikkje fekk; men det var paa ein annan Maate, det; det var som Rovfuglen med Skinn og Bein og Sinar og Segar og krokutte Nebb og Klo. Men Kvinna elskad som ho var skapt til: lik Bylgja, som trillar paa det kolblaae Hav i sitt avrunne og uendelege Mynster for all Venleik.

– Ja, gift dykk, Gutar! men gift dykk med Vit, og fljug ikkje stad og tak dykk ei Kona, fyrr de kann føda henne; for daa gjeng det galet, som me jamt ser. For Kvinna vil med all sin Elskhug hava Mat, og det hev ho Rett i. –

Han sagde mange Ting um Elskhug og Mat, som Daniel totte var upoetiske, ja raae. Men kvar Gong han skulde til aa forarga seg yver dette, kom det ein Sleng i Talen, som gjorde, at han maatte læ. Og han lo og klappad, som alle dei andre.

Talen sluttad med eit Par Vers um, at Kvinna med alt annat godt ogso var fager, og det var det beste ved henne. Og det viste seg, at Dølen no ^[132] hadde gløymt det han fyrr sagde um, at Tankens Menn burde vera Sveinkallar; for Enden vart, at Tankens Mann just burde hava den fagreste Gjenta. Og so vilde han drikka ei Skaal for Kvinna; og den Skaali vilde han serleg drikka med alle dei her i Laget, som hadde ein Kjærast, so sannt som daa Kjærasten og Kjærleiken var nokot tess. Russen jublad til dette og drakk; Dølen dukkad ned av Talarstolen. So skeivlad han burtetter til eit Bord, der han hadde sin Plass med Kammeratarne sine.

Dit burtetter søkte Daniel og; han vilde høyra meir av denne folkelege Vismannen og Skalden.

Og Dølen var i Drøselag, no som all Tid, og væl so det. Uppglødd og glad av Talen og Samtykket tok han seg berre ein Slurk Puns og gav seg so til aa preika paa nytt Lag, for Kammeratarne sine og kven som vilde høyra.

– Ja, den Kvinna og den Maten, tok han i. Men det kom seg av, at Kvinna hadde mindre Daning enn me; for visste ho litt meir, so vilde ho forstaa, at det var ikkje sannt det med den Maten; for det *var* ikkje sannt; han hadde mang ein Gong livt sine beste Stunder dei Dagarne, naar han ikkje hadde fenget Middagsmat. Dette Matstrævet og denne Maten tyngde ned heile Livet vaart; ja var det ikkje denne Matmagti og dette Guanokratiet, ^{k101} som me no maatte slaast med i sjølve Politikken? Alt gjekk ut um Maten, og den var den beste Mannen, som kunde

skaffa mest Guano. Heile Embættswerket vart meir og meir slikt eit Guanobruk, der dei ikkje lenger ^[133] spurde um Aand og Tanke, men um aa tena godt, og gjera Pengar utav Kunnskapen sin, liksom Per Degn ^{k102} gjorde Mynt av den Latinen, som han ikkje kunde eit Guds Ord av. Det var fælt med denne Kræmaraand og denne Handel og Næringsdrift, der Tanke og annat stort og godt skulde vera. Sjølve Studiet vart berre eit Handverk; det galdt aa «koma i Veg». Herregud, – liva maatte me; men det var daa fælt aa høyra Studentar og Vitenskapsmenn tala um all denne Maten. Dei brydde seg Fanden um Folk og Land; dei tok sitt Yrkje som ein annan Handel, og trudde, at dei ikkje hadde meir med Folket aa gjera enn andre Pantelaanarar; istadenfor aa vera Folkets førande Menn, klippte dei Navlestrengen av millom Folket og seg, stengde seg inne i sine Kontorbaasar og vaart Byraakrati. Og so kom heile Rikslivet inn i den same Aandløysa. Det var denne utvortes Nyttan, som kann takast paa med Nevarne, desse «materielle Fremskridt» med Jarnvegjer og Nautemøte, denne «Læstedrægtigheit», ^{k103} som ein Skipper kallad vaart sanne nasjonale, – kort, alt dette engelske Væsen med Kjøtmaskinar og Undervurdering av det ideelle. Dei hadde gløymt, at baade Mannen og Samfundet var meir enn Dyr og trong annat aa liva paa enn den svoltne Maten. Det gjekk so vidt, at dei ikkje lenger *likad* framifraa gode Hovud i Riksverket; desse «Helvites Genier» gjorde berre Ugagn. Det var Treskemannen, dei vilde hava i Høgsættet; og Treskemannen var god til sitt Bruk, og skulde hava baade Løn og Takk til; men Stormann kunde ^[134] han ikkje vera, og skulde han styra Folk og Land, so kunde ein banna trygt paa, at Skuta gjekk i Aakeren.

No lagde ein av Dølen's Kammeratar seg inn i Samtalen – Daniel likad hellest ikkje dei Kararne; dei saag so høgvisse og aandsaristokratiske ut –: «Aa ja», sagde Mannen; «men dei turkar no meir og meir inn, desse gamle ægte Byraakratar. Ein skjær ikkje strafflaust Navlestrengen av millom seg og Folket. Ein kann sjaa det utanpaa dei, kor dei turkar. Desse lange, spede Kropparne, og desse kvasse, turre Andlit, dei høyre ikkje livskraftige Folk til. Det er som dei var i Spikje. ^{k104} Nei; daa er der annan Merg i desse breidvaksne, kjakesterke Bondegutarne ...»

Her braut Dølen av; han vilde nok helst snakka sjølv i Kveld. «Ja», sagde han, «Kulturen gjer Folk fagre og ædle, men veike og visne tilslutt, og so maa det Hunner og Vandaler ^{k105} inn ifraa Asia til aa friska upp det tunne Blod. Men me tek ikkje vaare Vandaler fraa Asia; me tek dei fraa Bondebygdi, og difor gjeng ikkje Samfundet vaart under i denne Process, men yngjer seg sjølv uppatt, liksom Saturnus, ^{k106} som aat sine eigne Born. Og me vil alltid hava Villmenn til aa friska upp Samfundsblodet vaart med, so lengje me hev desse kjære Bønder og Husmenn, som liver av Bustegraut og ult Flesk, og kliv i alle dei Bakkar og Berg, som til er, og

væl so det, og syg i seg ei Luft, som er so sterk, at um dei trollad ein Bymann like fraa Gata og der upp, so vilde han ^[135]kovna, liksom Musi i Glasklokka, som var fyllt med berre Surstoff.»

Dølen drakk or Glaset sitt og tok snøgt til Ords att, so ingen av Kammeratarne hans skulde koma i Veg –:

«Ja, det er fagre Gutar, desse Byfolk, med slike fine, aandfulle Andlit, at du kunde hugleggja dei, elder paa Tysk forlibe deg i dei. Men det er so rart med det: dei skrukna snart ihop. Um tie Aar vil alle desse gjentefine og mjuke Aasyn vera so turre som Bork paa Tre, og tronge som Fuglehovud, og kvar nokonlunde begavad Katt vil sjaa meir aandfull ut enn dei. Og so vert dei slitne og sure og graae av all Papirdumba og alt Matstrævet, og so fær dei Skjegg, so dei tidt ser ut som Buste-Per'ar elder som gamle Hønehaukar med Nosi som ein stor, krokutt Nebb og Haaret som fallande Fjør. Det er med dei som med Hunden og andre Dyr, at dei ser mest aandfulle ut, naar dei er unge; – ja, dette gjeng endaa so vidt, at Nautet ser aandrikt ut, naar det er Kalv.»

Men no kom Dølen inn i ein ny Tankegang.

Han lagde ut, at i Grunnen var det so med oss alle, at me var fagraste i Ungdomen, so lengje denne Tiurleiken elder Gifteleiken stod paa; for daa trongst det aa vera fager, so desse Gjentungarne, som no alltid foor og flaug etter det, som blenkte, kunde gaa paa Limpinden utan altfor mange Krokar. Men naar me vart Menn, so vart me stygge, stygge, men sterke, fordi at daa trong Livet Magt og sterke Knokar ^[136]meir enn Stas og Fjas; for Livet var so vist, at det alltid utviklad det, som det hadde Bruk for. Men vart me so gamle, at denne verste Striden var yver, og det road seg liksom mot Kvelden, so vart me fagre att paa ein ny Maate, dersom me hellest hadde livt som Folk og ikkje som Griser elder Naut.

Rundt um i Salen surrad og durad det som fyrr; ender og Gong steig eit Rop elder ein Songstubb upp og døydde i Tobaksrøyken. Ein ny Talar var komen upp, men var i Fyrstningi so veikmælt, at Fleirtalet brydde seg ikkje um han. Men no vaks Karen, og Mælet hans med, og Daniel snudde seg for aa sjaa han. Gud hjelpe oss –! det var Jens Rud. Ein fraa vaar Skule! At *han* kunde vaaga seg upp! Daniel vart rædd. Men daa det viste seg, at Jens klarad seg godt, vart Daniel kaut og reknad liksom litt av hans Æra til seg som Klassekammerat. Jens Rud talad um Studenten som «Folkets Søn» og som den sanne og sjølvskrivne Beraren av «Folkets Sak», og der var Mening i det han sagde. Han talad greidt, men ikkje langt; Skaali vende han serlegt til dei Studentarne, som var «gjengne fram or det aalmenne Folket»;

dei hadde fyrst og fremst den Uppgaava aa vera Folke-Upplisarar og Folkeførarar i Striden mot gamall Lygn og gamall Uskikk; – «*Skaal for Bondestudentarne*»

Heile Salen klappad til dette, og det totte Daniel var baade fagert og forunderlegt. Sjølv vart han aalvorleg. Han minntest sine gamle Draumar, og det var, som han i Aanden saag ein annan Mann stiga ^[137] fram ved Sida av Jens Rud, og stira paa han, manande og aalvorlegt –: Kapellan Hirsch.

– Ja! han vilde vera Berar av Folkets Sak. Han vilde vera ideal Student; han vilde arbeida for Aand og Tankar og Poesi, og Matstrævet vilde han alle Dagar hata. Aa, at han ikkje var rik! –No vilde han ikkje vera her inni all denne Summelen lenger; han vilde ut i Hagen og suga frisk Luft og drøyma store Draumar.

Men daa han kom ut, fann han der Hans Haugum og fleire andre, derimillom Ortvedt, Sven Dufva og ein ukjend, sitjande ved eit litet Bord under eit Tre. Han gjekk burttil. «Aah! er det du?» sagde Haugum; «hev du voret inne heile Tidi? Ver so god! her er Plass. Og eit Glas Øl med, um du vil.» Daniel takkad og sette seg; sannt aa segja skulde eit Glas Øl gjera godt no. Haugum sende Sven Dufva avstad etter eit reint Glas; so præsenterad han «*Studiosus Braut*» for den ukjende, Hr. Kandidat Meier, og so tok han upp Traaden i Samtalen att. – «Nei», sagde han til Kandidat Meier, «det er nok ikkje *det*, som er Meiningi. Endre Storr er ein Mann med baade god Vilje og gode Tankar; men han trur, at her er for litet «økonomisk Grunnlag» for eit sunnt Aandsliv her i Landet, og so vil han, at Folk skal leggja seg etter *det* fyrst og fremst.» «Ja, men det *kallar* eg Materialisme», sagde Kandidat Meier, – «denne Trui paa, at Maten er det fyrste i Livet, og Aanden det andre.» Han talad seint og rolegt; Ordi kom, eit i Senn, med ei Vegt ^[138] som dei var av Graastein. Haugum vart litt tryllt av dette, men arbeidde seg upp att –: «Ja –; der er alltid nokot i det, men –; – men det er væl ikkje sagt, at um ein held det materielle for *Grunnlaget*, – at ein difor held det for det *fyrste*?» – Kandidat Meier leet ein høg Smil lysa upp i sitt aalvorlege Andlit, som, inn-ringat av det svære, myrke Haaret, syntest ei Apostel-Aasyn; og han sagde: «Lat oss fyrst søkja Aanden og dens Liv, so skal alt annat leggjast til for oss!» No forstod Daniel, at Kandidat Meier var ein stor Mann, og daa han i det same saag Sven Dufva koma ruslande med baade Glas og Flaska, vart han so modig, at han dunkad i Bordet og sagde: «Det var eit sannt Ord!»

Haugum stirde forundrad paa Læreguten sin, som paa denne Maaten gjorde Upprør, men prøvde endaa ein Gong aa forsvara Endre Storr. Han fekk det ikkje rett til; Daniel hørde med løynleg Gleda, at Haugum meir og meir laag under for

Meiers sterke Tru og vegtige Tale. Men Haugum heldt paa sitt likevæl;
«han kunde ikkje faa det so til, at Storr skulde vera Materialist.»

Ølet smakad svalande godt, totte Daniel, og han kjende seg so frisk og sterk. Han vilde just til aa fortelja um Dølen og hans Tale; men so tok Kandidat Meier til aa tala um «Aandsmannen Hirsch». «Ja kor *gjeng* det med den Greida?» spurde Haugum livlegt. «Aa; det gjeng med Hirsch som med andre Aandsmenn i dette Landet; han vert forfylgd av Aandløysa ovanfraa og av Faakunna nedanfraa; ^[139] og daa *han* ikkje gjev seg, so er det berre eit Spursmaal um Tid, naar han vert nøydd til aa taka Avskil.»

«Ka ... ka ... Kapellan Hirsch?» spurde Daniel med oppspilte Augo. «Han er Kapellan, ja», svarad Meier rolegt. «Ja, men ... kva hev han gjort?» – «Aa», kastad Haugum inn, «han er komen i Strid med Pietistarne der uppe um den rette Formi for Daapsordet.» So tok Haugum uppatt Samtalen med Meier. Daniel var baade forundrad og forstøkket; men etterkvart som han hørde paa Samtalen, kokad Punsen og Sinnet upp i han, og han slog i Bordet, so det song: «Den Jotunygelen»! – Meier smilte apostolisk og sagde: «Sannt nok; det er Lokes Ætt».

Strakst etter stod han upp og gjekk inn i Salen. Han vilde høyra, kva Ungdomen snakkad um, naar han var full, sagde han.

Daniel spurde meir etter um Kapellan Hirsch, men fekk ikkje vita annat, enn han alt visste. Derimot fekk han høyra, at Hr. Meier, Son av gamle Provsten Meier, vilde verta Folkehøgskulelærer. «Altso ein bra Mann!» ropad Daniel med ein Dunk i Bordet. «Var det ikkje det, eg saag? Eg skal mest alltid sjaa utanpaa ein Mann, kva han duger til ...» – «Men den Endre Storr, Haugum, kven er det?» spurde Bragestad med eit stort, hastande Maal, lik som han var bljug for aa blanda seg inn i Samtalen. «Det er Husverten min», sagde Haugum. «Ein rik Dævel av ein Grosserar!» slengde Ortvedt no inn, liksom vaknande; «den Haugum held seg alltid til ^[140] dei store, han, Filuren!» «Eg hev komet til aa bu hjaa han», heldt Haugum fram, «fordi eg kjende Kona hans ...» «Sss! no vert det leidt her!» kvikrad Ortvedt; «hi-hi-hi!» lo Daniel; Sven Dufva klunkad i djupe Tonar ein godsleg Laatt; «– det vil segja, eg kjende *Mor* til Kona hans», lagde Haugum til. «Ja Fanden tru han!» sagde Ortvedt; Daniel, som ikkje enno torde segja «Fanden», sagde «Skam tru han», og totte dette var mykje til Gaman.

Dei sat og skjemtad ei Stund um ingen Ting, hengde seg i Ord og rengde dei burt for kvarandre, skifte godslege Fantord og ertad kvarandre, og var vittige og lo. Men med ein Gong tok Daniel uppatt Emnet um Endre Storr. Hr. Meier hadde havt Rett

i det han sagde um den Mannen; Haugum kunde segja kva han vilde. Daniel hadde leset nokre lange Stykkje, som Storr hadde skrivet i «Den gode Borger», og dei handlad um Hævd og Guano, og var det aandlausaste, han hadde leset. Det var dette Guanokratiet, – denne «Læstedrægtigheit», som Skipperen sagde, heile dette engelske Væsen med Kjotmaskinar og Matstræv Daniel vart so ordhag, at Haugum reint maatte undrast! *Men*, meinte Daniel, det var just dette Kjøtvæsenet, me skulde slaast imot! Me var Aandens vigde Prestar, som Professoren sagde, me var Folkets Søner, og Berarar av den store Folkesak; og me maatte vera paa Vakt mot slike som denne Endre Storr. For Matstræv var her nok av i Landet. Folk brydde seg ikkje um det, som var stort og fagert og høgt paa Jordi, dei berre ^[141] laag og strævad etter det, som gav i Gryta og fyllte i Pungen; ikkje Sans elder Syn for sannt Menneskeliv – det aandlause Matstrævet laag som ein Trolldom yver Landet; Folket maatte vekkjast, der maatte Aand inn i Livet, Aand, Tankar, Poesi ... Kandidat Meier var ein bra Kar; han vilde verta Folkehøgskulelærer, og det burde me i Grunnen verta alle ihop; men ein Prest kunde og gjera mykje godt; Kapellan Hirsch, som hadde voret hans Lærer ... det var ... det var ... Kapellan Hirsch var den beste Mannen paa Jordi! «Hadde ikkje han voret, so hadde ikkje eg sitet her.» Daniel mest greet av Øl og kjærlege Tankar; – Haugum hadde aldri visst, at der var so mykje Eld i Guten. Og han tenkte paa, kor sannt det daa i Grunnen var, at under den kalde Bondehamen bankad tidt dei varmaste Hjarto.

Daniel var modig som ein Akilles. ^{k107} Han slog i Bordet med Ølglaset og sagde «Skaal! – Ei Skaal, mine Herrar! for Kapellan Hirsch og alle, som er liksom han, og som vil vera med paa aa løysa det norske Folket or Trolldomen! Skaal!» – «Ja, den Skaali kann me nok drikka», meinte Haugum; og Daniel hørde med djup Gleda, at Sven Dufva for seg sjølv sagde «Bravo.»

«Og nok en Skaal for dig, min Ven!
og for de norske Piger! –» ^{k108}

song dei inne i Salen i villt Kor; no hadde Elskhugen fenget Magti. «Hi-hi-hi! kor glade dei er!» lo Daniel; og strakst etter tok han i med –:

^[142] «Og nok en Skaal for dig, min Ven!
og for de norske Piger!»

– den fyrste Lina var til Sven Dufva, som han dunkad i Ryggen av Venskap; og den andre var for ... ja, denne Gongen tok han Berta Maria med. Og daa han hadde

voret so streng mot henne i heile Kveld, so tenkte han paa henne no med so mykje større Mildhug. –

«Ja, – hikk! – for de norske Piger!» sagde han og drakk. «Kvinna maa me hava med oss ... Freya [k109](#) ... Freya med sine Gu- hikk! – Gulltaarer «Men!» – skreik han upp, «slike som arbeider for Guanokrati – hikk! – og skriv i «Den gode Borger» ... det skal me ikkje ha-hikk! – hava nokot av. Hi-hi-hikk! eg er nok litt gl – hikk, litt *glad* i Kveld; men ... hi-hikk! det gjer ingenting ... Mine Herrar! Skaal for – hikk! – Skaal for – hikk! – Skaal for de norske Piger!» –

– Haugum og Sven Dufva hadde ikkje litet Stræv den Notti, fyrr dei fekk Daniel Braut heim.

VI.

[143] Daniel hadde høyrte, at den munttlege Eksamen skulde vera lett; men daa det kom til Stykket, fekk han annat finna.

Han var laakt fyrebudd. Han hadde havt for mange Skular og for mange Skulemeistrar. Og dei hadde arbeidt kvar paa sin Maate. No stod han der med Hovudet fylt av eit Kunnskapsbygverk, som ikkje var annat enn ei vid, vill Røys. Somt var ferdigt og somt var halvferdigt. Veggjerne stod og gapte og glein [k110](#) paa lause, sviktande Grunnsteinar, og der var ikkje Samanheng i nokon Ting; for Skautarne [k111](#) naadde ikkje ihop, og dei ulike Bygningsplanarne skar kvarandre i alleslags Vinklar. Og so hadde Daniel havt for liten Hug til aa arbeida med sjølv.

So var der ikkje annat aa gjera enn aa lesa. Det galdt Livet no. Dei, som hadde hjelpt han fram, *ventad* at han skulde klara seg; og strauk han, vilde alle Vegjer stengjast. Det, ein ikkje kunde paa annan Maate, fekk ein altso kunna paa Pugg. Sidan, naar ein vart Student, fekk ein taka det heile uppatt fraa Grunnen av. –

Dag og Nott sat Daniel uppe i det myrke Loftet sitt og las, sveittad og las, las so han svimrad. [144] Heile Verdi kom burt for han; han gløymde baade Sol og Jord, baade Heim og Himmel; han gløymde sine Kjenningar og Skyldingar; han gløymde seg sjølv. Og naar han ein Gong um Dagen gjekk ut for aa faa seg Mat, dreiv han gjennom Byen som gjennom ein stor, tom Draum. –

Hadde det endaa ikkje voret so varmt! Men August-Soli gjekk gjennom Himmelen som ein brennande Eld, og Lufti laag tung og heit som ein Eim yver Byen. Ute og inne var like fælt; den arme Guten var i Sveittelaug all Dagen.

Vaat um Halsen, kleissen [k112](#) paa Henderne, med tunge Dropar paa den bleike Pannen sat han og strævad; Flugur foor og song og surrad nerveskjerande inn mot Panne og Øyro, sette seg paa den vaate, nervøse Hudi, so det bivrad i Holdet, flaug og kom att, surrad rundt han i mindre og mindre Ringar, nærare og nærare, verre og verre, kom støytande inn mot Haaret, mot Skallen, mot Øyro med sin Helvites Surr og sine priklande smaae Klør, og Guten sveittad av Møda, fiktad hjelpelaust mot dei i Lufti, drap dei, naar dei heldt Brudlaup i Haaret hans, men var like nære,

– og so las han. Men naar han ikkje kunde lenger for Trøyttleik og Hovudverk, og han lagde seg og vilde sova, daa laag han og vreid seg i tunge, kvævne Halvdraumar elder i vonlaus, pinefull Strid mot Flugessurr og smaae brennande Klør paa Nase, Hals og Hender.

Og Nætterne var lite betre enn Dagarne. Naar August-Soli hadde steikt ein heil Dag mot Taksteinarne ^[145] yver Hovudet hans, var dei som gloande Jarn, og det laage Loftstromet heldt seg døynende ^{k113} badstugevarmt til langt ut paa Morgonen. Og aldri surrad Flugedansen galnare enn um Notti, og aldri var Fluga sliare ^{k114} elder Flugefoten saarare enn daa. – ^{v23}

Det var ei stor Ulukka for Daniel, at naar han var ute i fri Luft, kunde han ikkje lesa. Der ute var der so mangt, som lokkad Augo og Tankar; han sat og glodde paa Tre og Blomar og drøymde um Berta Maria og Inga Holm og allslags Vas, og gløymde heile Eksamen. Lufti var fri og lett, fylt med dirrande Ljos og Blenkjing, med Laat og Ljom og alle Slags Liv; Eksamenstankarne døyde i den som Smaatroll i Soli.

Altso sat Daniel inne, strævad og las, røykte, drakk Vatn og misste Mathugen. Dag for Dag kjende han seg armare; Dag for Dag maatte han stiva seg upp paa nytt. Og di meir han las, di meir totte han han hadde etter. ^{k115}

Ein Dag raakad han Sven Dufva paa Gata og jamrad si Naud for honom. Sven Dufva sagde, at den beste Raad var aa drikka Kinavin. «Den brukar eg», sagde Sven Dufva, «og den baade kveikjer og styrkjer.» ^{v24} So kjøpte Daniel Kinavin. Og naar han vart altfor trøytt og arm, drakk han av den, og totte han vart betre.

Det var ein lang Strid. Var ein ferdig med eit Fag og hadde leset seg mest troten ^{k116} paa det, so kom næste Faget, som var likso vranget, og i Selen maatte ein paanytt. Det røynte nok for Aalvor paa Helsa ^[146] no, og um Notti, naar Daniel laag og ikkje fekk sova, fordi Hovudet verke so vondt, og Flugurne surrad, og alle dei grammatikalske Reglarne dansad i Hausen og bankad og hamrad som «Timbremenn» etter ein Rus, – daa kunde det henda, at Guten flaug upp i skjelvande Rædsla og trudde han skulde verta galen. –

Og han, som hadde voret so glad paa Russedagen, og trutt, at det verste var yver daa! – Han hadde ikkje visst, kva som fyrestod. Og han hadde ikkje visst, at Russelaget var ein Test for den *sanne* Russen, men ikkje for slike, som braut seg inn i det akademiske Riket Fabrikvegen.

Den sanne Russen, som var av paalitelegt Folk, og som hadde sovet seg fram gjennom ein paaliteleg offentleg Latinskule, slapp igjennom det munntlege nokonlunde lett; for baade maatte ein gaa ut ifraa, at slike Gutar visste litt, og dessutan var det i Grunnen det skriftlege, det kom an paa i dette Landet. Men Fabrikk-Russen hadde Universitetet ein naturleg Mistanke til. Det var Folk med ukjende Namn, Folk, som tidt saag svært lite akademiske ut, og som dessutan kom stormande inn i dei heilage Hallar som Tjuvar og Røvarar gjennom ein galen Port, – og slike Karar maatte ein sjaa paa Tennerne. Der var all Grunn til aa tru, at dei foor med Fusk og vilde snyta seg inn i Vidsomsriket; og der vart tilmed skrivet mot dei i «Den gode Borger». Dei var, som ein i seinare Tid vilde ha sagt, akademiske Myrmenn. [k117](#) Dei var Kamelar, som skulde gaa gjennom eit Naaleauga; og mange strauk, anten fordi dei *var* Kamelar, [\[147\]](#) elder fordi Naaleaugat var *altfor* trongt. Og det hende nok meir enn ein Gong, at «Gammeln», naar Eksamen var slutt, vart gjestad av ein Universitetsgut, som skulde helsa og segja, at «Hr. Bestyraren hadde tapt sin Demissjonsrett.» [k118](#) Men daa kunde det og henda, at Gammeln paa ein svært tydeleg Maate viste Guten, at sin Demissjonsrett hadde han ikkje tapt, – kor det no kunde vera med Dimissjonsretten. [k119](#).

– Fabrikk-Russen, og Daniel med dei andre, vart bleikare um Nebben for kvar Dag, som gjekk, og den eine etter den andre vart sjuk og lagde seg etter, ein i den Bakken og ein i den, liksom trotne Soldatar paa ein Feltmars. Men Fabrikk-Gutarne hadde ikkje Lov til aa vera sjuke helder; – ingen trudde paa Sjukdomarne deira. Professorarne drog paa Akslerne; Russen lo. «Han er sjuk i Matematikk», sagde dei; «han hev vondt i Græsken.» Og i «Den gode Borger» stod der skumlande Stykkje um, kor rart det var, at det just skulde vera Fabrikk-Russen, som var so sjukleg i Eksamen.

Hans Haugum og Markus Olivarius heldt seg nokso godt; men Halvor Mosebø og fleire andre vart sjuke. Daniel tenkte sterkt paa aa melda seg sjuk, han med. Men so raakad han Sven Dufva ein Dag i Vestibylen. Sven Dufva var utrulegt bleik, og dei store rædde Gaselle-Augo stod i Hausen hans so kvite og stive som Klinkenaglar. «Men Herre Gud, De er ikkje frisk!» sagde Daniel forstøkket. Sven Dufva riste paa Hovudet. «De maa til Doktoren og faa Attest!» heldt Daniel fram. Daa stirda Sven Dufva [\[148\]](#) paa Daniel, og ein raud Skugge lagde seg yver Andlitet hans. «Nei!» sagde han med sitt Basun-Maal, «det gjer eg aldri!» Og daa Daniel vilde vita Grunnen til dette, sagde Sven: «Det skal ikkje De helder gjera. Dei trur oss ikkje!» Og den raude Skuggen kom sterkare att, og vart liggjande.

Daniel forstod Guten. Han vart skamfull og tenkte, at Sven Dufva hadde Rett. Og daa han sidan talad med Haugum um det, sagde denne det same. Haugum kunde dessutan fortelja, at naar ein lagde seg sjuk, vart ein sidan eksaminerad so mykje strengare, so det i alle Maatar var best aa halda ut. Daniel drog ein tung Sukk og sagde, at han fekk so gjera, naar der ikkje onnor Raad var.

Men paa Slutten kunde han ikkje lesa. Naar han sette seg til med Boki, so berre svimrad det for han. Ikkje torde han drikkja Kinavin helder lenger, for Haugum hadde sagt, at det var faarlegt.

So fekk det staa til. Han hadde i det siste havt ei Von um aa faa Laud; [k120](#) for han hadde gjort det godt i dei fleste Fag, og i Historie og Geografi vilde han hava 1, 1. Men no fekk den Voni fara. Naar han ikkje fekk lesa paa Fransk og Tysk, so kom dei Fagi til aa øydeleggja Laud'en hans i alle Tilfelle.

Forunderleg nok gjekk det godt i Tysk og Fransk. Han forstod ikkje dette; men det kom seg væl av, at han no som alltid visste meir, enn han i Grunnen visste, naar han sat under Eksamensklemma.

No var han trygg paa Laud. Han gjekk og [\[149\]](#) huggad seg med aa tenkja paa, kor glade dei skulde verta, dei, som hadde hjelpt han fram, og som *ventad*, at han skulde gjera det godt, – og kor staut det vilde vera aa kunna skriva til Inga Holm: «Student med beste Karakter.»

Men so gjekk det galet i Historie og Geografi, – dei einaste Fag han kunde. Til Eksaminator fekk han ein gamal Vrangpeis, som spurde um alle Slags Ting som ikkje stod i Boki, og spurde paa slik ein underleg og urimeleg Maate; og til Censor fekk han sin gamle Historielærer fraa Latinskulen, Robert Djevelen. Dette siste var det iser, som gjorde Guten fortumlad. For Robert Djevelen var han baade rædd og bljug, og daa so Professoren gav seg til aa vera vrang, kom Daniel utav det med ein Gong. Han svarad burti Hytt og Ver og stod stundom reint fast, og Enden var, at han fekk 3, 3 istadenfor 1,1. Dermed var Laud' en sprungen, og Daniel stod der som ein vaat Hund.

– Han kunde ikkje forstaa slikt. Det var ei Rangvisa so yver all Maate! Vera so nære ved Laud, og so ikkje faa det; – og falla paa dei Fagi, han kunde best! Kunde Vaarherre tillata slikt? – Han stod lengje utanfor Døri og liksom ventad paa, at Professoren skulde koma ut og segja, at det var eit Mistak. For det gjekk ikkje an slikt. Væl hadde han gjort det mindre godt i Dag; men Censor – Censor visste, at han kunde Historie, og Vaarherre vilde hjelpa til ... Der var daa væl Rettvisa i

Verdi! Skulde ein Mann lida Skade paa kanskje [150] heile si Framtid, fordi ein gamall Surpose av ein Professor var i Ulag? Det gjekk ikkje an; nei, det *kunde* ikkje gaa an!

Men Daniel fekk sjaa, at det gjekk an. Professoren og Censor kom ut – og gjekk sin Veg. Dei saag ikkje paa han ein Gong. Dei syntest hava det beste Samvit. Og Robert Djevelen gjekk og smiskad for Professoren, smiskad og smilte og gjorde seg lækker, lækker som ein Fleskebog.

Daa kokad det upp i Daniel eit etande Sinne, og han sagde for fyrste Gong i sine Dagar «Fanden.»

Heimyver drog han, harmad seg sjuk. Han *skulde* havt Laud! Han *hadde* det i Grunnen! Med Gud og Retten skulde han havt det, – og so fekk han det ikkje. Var like ved det, hadde det, aatte det, – og fekk det ikkje. Hadde han berre ikkje voret so nære ved det! Og hadde ikkje Historie og Geografi voret hans beste Fag! Han forstod ikkje slikt; han forstod ikkje, at slikt kunde henda! No skulde han gaa i heile sitt Liv og hava Haud til Artium, og det fordi ... i Grunnen fordi han hadde havt Robert Djevelen til Censor.

Han slengde Bøkerne i femte Veggen og sparkad etter dei. So sette han seg trøytt og leid ned paa ein Stol og seig burt i myrke Tankar.

Men rett som han sat, trappad han i Golvet. Han kunde ikkje koma fraa dette harmfulle Minnet, at han hadde voret so nære paa aa faa Laud, og so ikkje fengje det. Han kunde ikkje eingong vera glad, fordi han var ferdig. Denne Dagen hadde han [151] lengtat etter so saart og so lengje; – Dagen var komen; men han tenkte ikkje paa aa vera glad. Han hadde berre ein Tanke, og den kunde han ikkje koma ifraa: at han hadde fenget Haud istadenfor Laud, fordi han hadde havt Robert Djevelen til Censor.

Han gjekk ut for aa finna Folk. Ingen var heime. Ei tung Modløysa tok Guten; han totte han var so aaleine. Kammeratar aatte han, men ingen Ven; ikkje eingong Berta Maria brydde seg um han; for hadde ho gjort det, so hadde ho ikkje voret so mykje ute um Sundagskveldarne. Han var ein Fatikmanns Son og hadde Fatikmanns Lukka; og naar det leid av ei Stund, so kanskje svalt han ihel, elder maatte gaa paa Arbeid. –

Han hadde skrivet til Jens Bakke etter eit Tilleggslaan paa 100 Dalar «for aa kunna taka Andre-Eksamen i ein Fart;» og han hadde tydeleg forklarat, at det vilde vera

til Bakkes eigen Bate.^{k121} Men vilde den Moldtrælen forstaa dette?

Og han, som hadde tenkt aa fria til Inga Holm, naar han vart Student! –Aa jau. Ein Student med Haud, utan Pengar og utan Voner, det skulde verta Friar, det! Daa kunde Hønsi paa Klokkargarden kakla og gjera Narr av han, og daa var det vandt,^{k122} um gamle Klokkar Holm baud han med seg til Middags.

Dei gamle hadde sagt, at Fatikdom var Synd. Det var ei avstyggjeleg^{k123} Lygn. Fatikdom var ei Ulukka, – den verste og tungste Ulukka paa Jordi. –

[152] – «Goddag, Braut!» sagde Aslak Fjordan; «oh oh! du gjeng ikkje fort, du!» Daniel skvatt upp: «Goddag, goddag! – Naa, kor langt skal du?» – Aa, Aslak skulde berre upp til sin gode Ven Student Hærland og faa slaa i seg det grøvste av Syntaksissen, sagde han. Det var slik ein Traavar i Latin, den Hærland'en; og i Morgo skulde Aslak upp i Latin, men kunde – hoh-oh-oh! – kunde, forsyne seg, ikkje det Grand. Huff, det var ein fæl Bask, denne Eksamen. I Græsk hadde han voret sjuk som dei andre Non'istarne, og i Arithmetik hadde han 6, so han maatte kontinuera; det gjekk til Dunderen med heile Svarvestolen,^{k124} meinte han.

Uheppen hadde han voret fraa fyrst til sist og voret ute for allslags Fantenskap av Professorarne. «Ja, enn eg daa?» sagde Daniel. «Hoh-oh-oh! men *i eit* Fag var eg heppen!» heldt Aslak fram, «og det var i Historie.» – «Just der var eg ...» – Hoh oh-oh! ein skulde aldri høyra slikt! Aslak hadde sleget upp – reint blindt – sleget upp tri Stader i Verdenhistoria, og lært dei, og meir Historie kunde ikkje han! Daa han so kom upp, fekk han – plent dei Stykki, han hadde sleget upp; og han hadde fenget 1 i Historie, hadde ikkje den Tullebukken den Professoren komet toskande med den franske Revolusjonen, som Aslak ikkje kunde det Slag av. No fekk han 2; men den Karakteren kom kanskje endaa til aa berga Eksamen for han.

Aslak lo og fortalde, so han kom i Godlag, og so kunde ikkje Daniel helder stura lenger. Han [153] fortalde um sin eigen Historie-Eksamen, og det lettad svært aa faa snakka ut. Det gjorde merkjeleg godt aa koma ut i Lufti og Verdi att for den, som hadde voret so lengje bokteken, og den Tyngdi, han hadde kjennt som ei vond Klemming yver Heile^{k125} og Bringa, losnad og lettad som Skodd yver Skogen.

Daa Aslak fyrst var komen paa Los, hadde han ei Mengd av Eksamenssogur. Og Daniel vart heiltupp modig av aa høyra, at so mange hadde voret kleinare enn han. Tilslutt spurde Aslak, um Daniel vilde vera med upp til Hærland. Den Hærland'en var ein merkjeleg Kar, sagde han, ein stor Latinar og ein forbannad Filosoff, men

snild Gut likevæl; Daniel heldt alt paa aa svara ja; men so flaug Aslak. Her var ikkje Stunder i Dag, sagde han.

Daniel ruslad utetter Veggen og var ikkje ille i Lag. Det var daa ein god Ting aa vera ferdig, og naar alt kom ihop, hadde han visst voret likso heppen som mange andre. Her ute var fritt og fagert. Augustlufti laag fin og blaa yver Eng og Skog, tindrande rein, med haustdjupe Skuggar. Det var so klaart, og alle Kantar so godt synte, at ein kunde skilja Tretopparne langt uppe mot Himmelsyni. Akersbygdi laag bleiknande og ven med sine Aakrar og Kjelvur^{k126} millom Lundar og linde Bakkedrag, og lengst nede glinsad Fjorden innunder Oskarshall, kvit i den sterke Solglimen. Men Fjellgarden i Vest drog seg i mjuke, fine Byljedrag gjennom den solklaare Lufti som ynndefull, kraftig Plastik.^{k127}

Daniel saag, at dette var fagert; – han hadde ^[154] voret so lengje ifraa det. Og Lufti her ute var som Champagne; ho gav sin Mann Mod. Skulde han vaaga seg til aa fria? Elder skulde han drygja, til han hadde Andre-Eksamen?^{k128}

Ein sann Student burde vera trulovad. Og det var vondt aa vera so aaleine i Verdi. Ingen var sæl, som ikkje aatte eit varmt, trufast Hjarta, som med kjærlege Tankar kunde fylgja han i all hans Strid; og ein Student utan Kjærast var som ein Dansemeister paa ein Fot. Berta Maria, stakkar, ho var snild og god; men ho var berre Tenestgjenta; det var Idealet, ein maatte naa; – den, som berre hadde havt Laud ... elder Pengar.

Han gjekk og grublad paa dette, til dess han endeleg kom til Lags med seg sjølv um, at dersom Jens Bakke sende Pengar, so vilde han fria; men dersom Jens Bakke ikkje sende Pengar, so fekk det vera til ein annan Gong. –

Han skulde just til aa siga ned i sine Pengesorger att; men so hugsad han, at ein sann Student burde ikkje tenkja paa Pengar. Det var poetiskt aa vera fatik; ein sann Student skulde liva for Ideen og lata Kræmarar og Bønder syta for Mynt og Mat. – Han maatte hugsa paa, at han var Student! Han maatte ikkje gaa her og innbilla seg, at han var Skulegut og Bonde enno! –

Drøyma um sine Framtids Voner skulde han, – um det Arbeidet, han vilde gjera ... Det, som gjorde Studentertilivet idealt, det var i Grunnen dei store Draumarne.

^[155] Kapellan Hirsch, og dei andre, som hadde hjelpt han fram, maatte ikkje koma til aa trega paa det, dei hadde gjort. Og Haugum, og Rud, og Kristian Bliland, – dei maatte ikkje koma til aa tru, at han var ein Matstrævar elder Filister.

I Grunnen burde han verta Folkehøgskulelærer liksom Kandidat Meier. Dessverre, – han maatte vera Prest; men so fekk han vera ein Prest slik som Kapellan Hirsch, og hjelpa fram unge Folk, som kanskje kunde gjera meir godt enn han sjølv var Kar til. –

Med ein Gong hugsad han, at han hadde gløymt aa tinga seg Duskeluva. Daa snudde han og gjekk til Byen att so snøgt han kunde. Det var best aa vera trygg. Enno kjende han seg ikkje Student, og ikkje saag han ut som Student helder; men naar han fekk Duskeluva, og so Borgarbrevet, so skulde nok det greida seg. –

– Immatrikuleringsdagen kom.

Daniel Braut drog paa seg sine svarte Klæde og sette med Andakt Duskeluva paa Hovudet sitt. No var han altso Student. Med bankande Hjarta gjekk han framfor Spegilen. No hadde han naatt sitt store Maal; no vilde han sjaa seg sjølv. Han ventad ei Forvandling.

Duskeluva sat ikkje rett; han drog henne meir ned mot det eine Øyrat. Men endaa sat ho ikkje rett. Han drog henne ned mot det andre Øyrat; men det hjelpte helder ikkje. So sette han henne midt paa Skolten; – like nære. Han prøvde paa ^[156] andre Maatar, sette henne lenger bak, elder lenger fram, litt meir paa Skakke, litt mindre paa Skakke; men det nyttad ikkje. Duskeluva sat ikkje rett. Ho syntest ikkje høva for hans Hovud.

Daniel kolnad, der han stod. Han freistad paa alle Vis; han lagde Dusken bak, han lagde Dusken fram, han lagde Dusken midt paa Aksli; men det nyttad ikkje. Det vart ikkje den rette Svingen. Og Frakken, – Frakken sat, som alle Frakkarne hans hadde sitet; han saag ikkje ut som Student; han var ikkje Student; – han var ein forklædd Bonde.

Bleik og motfallen stod han og glodde paa seg sjølv i Spegilen. Han totte han vart seg sjølv so framand. Det breide, godslege Andlitet hadde vortet langt og magert, Munnen var tjukk og dum, og Augo, som eingong hadde voret so klaare, hadde krympat seg ihop og vortet raudsprengde og matte, med sjuklege, tunge Kvarmar. ^{k129} Men Akslerne var gruve og liksom nedtyngde, so han maatte strekkja seg upp, naar han vilde naa si fulle Høgd. Det var eit annat Syn, han hadde set i sine Draumar, naar han hadde tenkt paa seg sjølv som Student, og kald um Hjartat og med djupt svikne Voner ruslad han avstad til Universitetet for aa taka imod eit Borgarbrev, som han no knapt brydde seg um.

Og daa han kom der upp, og saag paa alle dei unge Bystudentarne, som kom strjukande so fine og lette som Fuglar i Sol og bar Duskeluva so flott og fjongt, som ho skulde vera støypt til dei, kjende han ^[157] seg som ein framand i dette Laget. Han hadde berre ei Trøyst, og den var skral: dei andre Bondestudentarne bar for det meste Duskeluva likso daarlegt som han. –

Festsalen var full av svartklædde, bringekvite, fine Herrar. Det var so det stod svalt av all denne Galla. Der skulde Mod til aa gaa inn. Daniel totte, at han kom som ubeden Mann til Gjesteboda, og det kom for han, at dei fine Herrarne saag med Uvilje paa Bondeguten, som vilde trengja seg inn i eit framandt Lag. Med det same han hadde sett seg, byrjad Festsongen. Det ljomad so vent i den høge Hallen. So modigt, so fast, so trygt. Daniel styrkttest, og han sagde til seg sjølv: du *hev* Rett til aa vera med; du *er* Student! Og han drøymde sin gamle Draum um den høge Ideal-Himmelen, fylt av Sol og marmorkvite Guder, der ingen kunde koma inn, utan han kunde Latin. –

Det fekk vera som det kunde med Duskeluva; men det *var* godt aa ha bergat seg her inn i desse reine, rolege Hallar millom Aandens Stormenn og Ideens Presteskap; det *var* godt aa ha bergat seg her inn fraa all Raaskapen og all Aandløysa der ute. «Helligt, helligt, helligt er Studentens Kald!» ^{k130} tonad det fraa Songarlaget i klaare, store Harmoniar, og Daniel song i sitt Hjarta med. Han lyfte i Andakt sine Augo upp mot Takfrisen, og der saag han Gudarne, dei gamle klassiske Gudarne, staa og tenkja og grunda, støypte i Gips. –

Det var Professor Darre, som heldt Festtalen. ^[158] Han lagde iser ut um, at Vitenskapen ikkje maatte vera nyttig. Vitenskapen hadde sitt Maal i seg sjølv. Tilslutt kom det eit Par av Tankarne fraa Russetalen, og so sluttad Professoren med ei Lovprisning av det sanne og ideale Studenterliv.

Daniel hørde paa Visdomens Ord med djup og hjarteleg Vyrndnad. Han totte det var so sannt og so godt. Men daa Professoren kom til det ideale Studenterliv, tenkte han med seg sjølv: gjev Jens Bakke vilde senda Pengar.

– So skulde dei nyfødde Aandens Adelsmenn fram og faa sine Borgarbrev og avleggja Lovnaden. Det vart ei lang Mynstring. Dei fleste var Bystudentar, Folk med store, plattyske Namn og med dette serskilde, fine Lag, som Daniel hadde undrat seg yver i alle sine Dagar. Men ender og daa kom det trampande ein *homo novus*, ^{k131} ein Aslaksen elder ein Bragestad, og Daniel saag med veksande Uro, kor lett det var aa kjenna dei fraa dei andre. Dei hadde ikkje Svingen. Brevi sine tok dei imot med stive keivhendte Tak, og innbillte seg, at dei bukkad, men det vart berre

ein Rykk i Nakken; og andre tverbøygde seg, som dei skulde gaa av paa Midten. Daniel vart mindre og mindre, der han sat; no skulde *han* fram. «Hr. Daniel Olsen Braut!» – Han dukkad upp, steig fram so godt han kunde, samlad ikkje klaart, saag berre halvt upp; heile Salen laag i Skodd og Susing, og endaa var der so uhyggeleg stillt; kvite Kragar og Andlit lyste utydelegt fram or Skoddi liksom store, matte Augo, som ^[159] glodde; i ein Benkekant snaavad han; det gav eit Brak; so steig han tvo Stig fram paa Tærne, fekk Tak i Brevet paa Maate og Vis, innbillte seg, at han bukkad, men det vart berre ein Rykk i Nakken, – og so attende til Plassen sin, krylande og sveitt, men glad, fordi det var yverstridt. Likevæl varde det ei Stund, fyrr han torde sjaa upp; han var rædd, Folk sat og glodde paa han og flirde.

– Daniel tok til aa tenkja, der han sat. Han minntest Dølen og hans Hunnar og Vandaler; – skulde Dølen ha meint dette aalvorlegt? Naar ein av dei plattyske kom, var det, som det skulde vera ein annan Nasjon. Det var ikkje altid sagt, at dei var fagre; det var ikkje eingong sagt, at dei førde seg godt; dei kunde vera stygge som Arvesyndi og keivelege^{k132} som Trehestar, – og likevæl! Likevæl saag ein, at dei var «Herrar». Dei hadde i all si Ferd nokot trygt og sjølvbyrgt; dei hadde dette, som Horats kallad *frons urbana*,^{k133} og dette var kanskje, naar alt kom ihop, det sanne Daningsmerket. Var dei fødde med dette? Var det nokot, som ein *maatte* vera fødd med? Var det ikkje sannt, at me alle var like av Naturen, og at det ædle og høge føddest likso ofta i Hytta som i Borgi? Skulde Vaarherre ha stelt det slik, at dei, som var fødde i Rikdom, dei fekk alt godt, men dei, som var fødde i Armod, maatte bera Merket av det alle sine Dagar?

Daniel vilde ikkje tru dette. Vaarherre var ikkje slik; – fraa hans Haand var Alle like. Var der ^[160] Skilnad, so kom den av, at Folk vaks upp under ulike Vilkaar; men det jamnad seg med Tidi.

Og so hadde Bondegutarne Krafti, som Dølen hadde sagt. Som dei her kom huskande, tunge og aalvorlege, med digre Aksler og sterke Kjakar, some smaae og tettbygde, andre staute og store, saag dei ikkje ulikt ut til «Søner av Fjellet». –

– «Helligt, helligt, helligt!»^{k134} Ijomad det for siste Gongen. Daniel hadde vunnet yver sine tunge Tankar. No var han med Gud og Retten akademisk Borgar, og no vilde han vera glad – so lengje han hadde Pengar.

– Han fylgde Haugum og Jens Rud til Kafé nasjonal. Dagen maatte «merkjast». Ein heil Flokk hadde samlat seg i Kafeen, og dei heldt Fest med Talar og Øl. Det var det ideale Studenterliv, som byrjad i Dag, tenkte Daniel; og der vart Idealitet nok, Festtale-Idealitet i Foss og Flaum. Dei gamle talad for dei unge og dei unge for dei

gamle, Bystudenten Møller talad for Bondestudentarne og Hans Haugum for Bystudentarne, – det vil segja for dei Bystudentarne, som hadde Frisyn og Vidsyn nok til aa slaa Lag med Bonden; dertil svarad Bystudenten Møller med ein stor Tale for Bondefolket. Bonden var Fortidi og Bonden var Framtidi; Bonden sat inne med Fedra-Arven, og Bonden sat inne med Framgangstankarne; Bonden var Krafti, Bonden var Mergen, Bonden aatte Landet, og Bonden vilde bera det fram. Skaal! Leve! Hurra, Hurra! Daniel drakk Øl og totte det stod godt til. Han hadde ikkje ^[161] visst, at Bonden var slik Kar; men naar ein Bystudent sagde det, og naar Folk som Hans Haugum og Jens Rud samtykte i det, so maatte det vera sannt; og daa var det staut aa vera Bonde. Han gjorde seg ein Sving burtum Spegilen og saag, at Duskeluva ikkje sat so ille endaa. –

God og mett ruslad han heim. I Morgo vilde han skriva Friarbrev. Jens Bakke sende nok Pengar; og sende han ikkje, so vart der væl ei Raad. Verdi var god og glad, og Folk var so snilde. –

Daa han kom upp paa Hybelen sin, var der reinskurat og steilt som til Helg. Stakkars Berta Maria, det hadde visst ho gjort til Æra for Dagen. Berta Maria var ei bra Gjenta. Han burde vera snildare mot henne heretter, enn han hadde voret; ho fortente det. Stakkar, ho hadde voret so bleik i seinare Tid; bar ho kanskje i Løyndom paa ein Elsk, som ho visste var vonlaus? –

Tung og trøytt lagde han seg paa Sengi og seig inn i ølvarme Draumar. Fyrr han visste av det, sov han, og sov heile Notti som ein Hest. Daa han vaknad, hadde han vondt i Hovudet; men det gjorde ingenting, det hørde med til det ideale Studenterliv.

– Tunge, ukjende Stig kom stabbande; Døri gjekk upp, eit framandt Kvinnfolk kom inn med Kaffien. Det var eit digert, raudt Gjentebeist, skakkmyinnt og med Rottetenner; rund var ho i Ryggen og skeiv i Mjødmerne. ^{k135} Daniel stirde, som han ikkje visste, kor han var. «Vessgo!» sagde Gjenta. «Aa saa skulle jæ høre, om Dere ska ha kjøpt noe i Byn ^[162] i Da; jæ er den nye Pika.» «Jaso», sagde Daniel, han var grovmælt etter Ølet; «kor hev det vortet av den gamle?» «Hu? he-he, hu fikk Forfall, som dom sier. Hu er reist.» Daniel kjende, at han bleiknad. «Forfall?» sagde han. «Ja–a. Ja dæ er ikke noe, som jæ bryr mej om aa snakke om, kan Dere vite; men slik gaar 'e, naar e' Pike ikke passer sej! Hu kunde ha holdt sej fra dom Soldaterslaska, vel, og holdt sej orntli, hu som andre Piker! Men d'er 'ke noe for mej aa snakke um da, skjønner Dere.»

Student Braut kom ikkje til aa skriva Friarbrev den Dagen. Han kom ikkje til aa skriva Friarbrev den neste Dagen heller. Han kom i det heile ikkje til aa skriva Friarbrev. Derimot sagde han upp Romet sitt og flutte til eit Kot i Fredensborgveien. Han kunde ikkje halda ut aa bu paa den gamle Hybelen sin, og iser kunde han ikkje halda ut aa sjaa, den nye Gjenta.

VII.

[163] Forelesningarne tok til, og so gjekk dei og var Studentar. For Daniel var dette til stor Hjelp; det spreidde Tankarne. Her uppe millom all denne glade og stolte Ungdomen hadde han ikkje Mod til aa tenkja paa Berta Maria; han totte det var skamlegt.

So aandfulle som han hadde tenkt var Forelesningarne ikkje. Mang ein Gong vilde han ha sagt, at dei var aandlause, dersom han hadde tordt sagt elder tenkt slikt um so høge Ting. Men det torde han ikkje, for det var væl han, som ikkje til Gagns forstod dei.

Der var det gode her, at ein turvte ikkje læra Leksur og vart ikkje yverhøyr. Ein hadde ikkje annat aa gjera enn aa høyra paa, og skriva «Notater», um ein so syntest; og vilde ein vera burte fraa Forelesningarne, var det ingen, som heldt Rekneskap yver det. Professorarne kjende ikkje Læregutarne sine desmeir, og kvar fekk stella seg som han sjølv vilde. Dette likad Daniel, endaa han undrast paa, korleis ein skulde læra sine Ting, naar ein ikkje fekk Leksur.

Um Ettermiddagen gjekk Daniel og dreiv med kven han fekk Lag med. Han hadde tenkt aa lesa [164] igjennom paa nytt, det han hadde lært og ikkje lært i sine Skuledagar; men det fekk vera til sidan. Um Kvelden var han ofta i Teatret. Han likad seg der; mest all Ting gjekk ut um Kjærleik. Og alt var fagert og idealt. Teatret var som ein fredlyst Huldreheim, eit Eventyrland midt i Livsens Prosa; der livde det fagre sitt evige Liv, avgøymt fraa alt, som kunde skipla og skjemma. Der livde Daniel i Sanning idealt, totte han, endaa han maatte sitja paa «Tolvskillingen.» [k136](#)

– Jens Bakke hadde sendt Pengar. Men den Moldtrælen hadde sendt 50 Dalar istadenfor 100, so det galdt aa spara, og Daniel sparde det beste han hadde lært. Det galdt aa faa dei 50 Dalarne til aa naa so langt som Raad var; for med Tid og Stunder kom der nok Hjelp paa nytt.

Den, som hadde hjelpt so langt, hjelpte nok lenger. Og no hadde Daniel ei serskilt god Von; for Jens Bakke hadde fortalt, at Bror hans, han Lias, hadde teket Skjerp paa fleire lovande Malmgruvur. –

– I Studentersamfundet var dei nokre Kveldar og vilde sjaa paa det store Studenterliv. Men der var so høgtidelegt, totte Daniel. Han kom reint burt i denne lange, store Salen, millom all den Mengdi av flott Ungdom, og han sat og hørde paa Avis-Upplesningi og Ordskiftet so still som i ei Kyrkja. Men Ordskiftet handlad um eit Haustball, som some endeleg vilde hava; og det var merkjelegt, kor kvike dei var til aa vringja um Ordi for kvarandre og redigera kvarandre ^[165] *in absurdum*.^{k137} Daniel hørde med Vyrndnad paa desse store Talararne og tenkte med seg, at slikt kunde ikkje han læra; men langsamt^{k138} var her, og han sat berre og stundad etter at dei vilde slutta. Endeleg kom Toddyen. Men det var ikkje som i Russelaget. Ein maatte sitja so stiv som ein Stake og høyra paa lange Talar um alle Slags Ting, og naar dei talad um «vaare Kjærastar», vart Daniel raud og maatte tenkja paa Berta Maria. Fyrst naar det leid ut paa Notti ei Stund, vart her lystigt og hyggjelegt; men naar dei kom so langt, so sluttad dei.

Daniel torde ikkje *segja*, at han mistreivst her uppe; det kunde henda, at Skuldi var hans, og at dette i Røyndi *var* det sanne Studenterliv. Men daa Aslak Fjordan sette i med ein hivande Laatt og svor paa, at verre Tull hadde han aldri voret uppi, og daa Haugum hadde samtykt i dette, sluttad Daniel seg til dei av Hjartans Grunn. Dei vart samstelte um, at der ikkje var den rette Aand i Studenterlivet no, og daa dei skildest, bad Aslak dei heim til seg neste Laurdagskvelden; der skulde dei hava det mykje gildare enn i Samfundet, meinte han.

Laurdagskvelden kom, og Aslak heldt Ord. Han hadde mykje Konjak og godt Selskap, og dei heldt eit Kalas, so det brakad etter. Millom Gjesterne var Student Hærland og Gregus Johnsen. Hærland var ein liten sped, ivrig Fyr av «Frams» Flokk; Gregus Johnsen hadde stroket for andre Gongen og hadde sidan legjet paa Landet «for aa samla nye ^[166] Inntryk.» Der vart strakst livlegt. Dei byrjad med Professorarne, som vart ymist dømde; Ortvedt fortalde Smaasogur um dei, og Hærland dømde dei vitenskapelegt. Fraa Professorarne gjekk dei yver til Vitenskaparne, serleg til Filosofien. Haugum var i Beit med, at han ikkje kunde forstaa Overgangen fraa «Intet» til «Tilværelse», sagde han, og bad Hærland greida dette ut for han; Hærland lo og spurde, um Hr. Haugum meinte, at slikt var til aa «forstaa». «Kann De finna ein norsk Student, som hev lært aa forstaa denne Logikken», lagde han til, «so skal eg ikkje vera ærleg Mann». Daa lo Aslak med sin store Laatt og sagde, at det vilde han Pinedød tru, og Gregus Johnsen nikkad.^{k139}

Fraa Logikken kom dei til Ethikken, og fraa Ethikken til Politikken. No kom der Liv i Laget. Hærland og Aslak var Republikanarar, dei andre var konstitusjonelle, og i glupande Fart reiv dei av seg sine Grunnar for og imot, og var like nære. Dei

einaste, som ikkje var med i Ordskiftet, var Ortvedt, som totte dette gjekk for høgt, og Daniel, som hadde nok med aa høyra. Dessutan visste han ikkje rett, kven han skulde halda seg til; han heldt i Grunnen med Haugum, men hadde likevæl best Hug til aa stydja Hærland, som var ny i Laget og dertil ein kvass, ordsterk Kar.

Men um ei Stund vart Aslak leid av Ordskiftet, og vilde hava Samhug og Hjartelag, og so sette han i med eit skakande Maal: «Ja vi elsker dette Landet». Det hjelpte. Haugum gløymde Kongedømet ^[167] og Republikken og song i med glad Jubel: «som det stiger frem»; Daniel og Gregus Johnsen fylgde etter, og Hærland kunde ikkje helder halda seg, men kom med tilslutt paa «de tusind Hjem». Og dei song, og song seg varme. Det eine Verset tok det andre, og for kvart Vers vart dei gladare og meir oppglødde. Daa dei tilslutt med dundrande Røyster hadde svoret –:

«Og som Fædres Kamp har hævet
det fra Nød til Seir,
ogsaa vi, naar det blir krævet.
for dets Fred slaar Leir!»

klinkad Haugum paa Glaset og bar fram i stillferdige Ord ei Skaal for Fedrelandet. Han hadde ikkje mykje aa segja, og det vart ingen Tale; men det var so godt meint. Der vart stillt i Laget, daa Skaali tømdest, og alle var aalvorlege, so nær som Ortvedt; han sat der med sitt evige, blide Smørsmil og sagde «Skaal, Skaal!» so Daniel vart forargad.

No fann Gregus Johnsen, at hans Tid var komi, og han spurde blidslegt, um Herrarne hadde leset det siste Diktet av Bjørnson. «Ja», svarad Ortvedt snøgt; men Daniel var truskyldig og sagde Nei, og so gav Gregus seg til aa segja fram Diktet. Han foredrog som ein halvstuderad Komediant, og berre Daniel sagde for Skam Skuld «Bravo». Men Hærland stod upp og heldt ein Tale for Bjørnson, som vekte slikt Samtykke, at Gregus prøvde seg med ein Tale til um det Emnet. Av den Talen tok Hærland ^[168] seg Tilføre til aa taka paa, Skandinavismen; ^{k140} Haugum lagde litt imot; men det viste seg snart, at dei i Grunnen var samde. So kom dei innpaa Unionsforslaget; men det var dei strakst ferdige med. Det vart fraa-seg-gjort med eit Par gode Spark og ein djerv Skjemt av Aslak Fjordan.

Men no var dei komne so langt med Toddyen, at dei tok til aa verta blide. Daniel kjende ein graatsæl Hug til aa fortru si Hjartesorgr til ein elder annan; Ortvedt fortalde Aslak um eit Fyllelag, han hadde voret i, og som hadde sluttat med, at Verten fekk Dilla ^{k141} og skaut etter Gjesterne med Revolver; Haugum og Hærland

snakkad Politikk; men Gregus hakad seg fast i Daniel og gav seg til aa forklara for han um si Vanlukka til Eksamen. Tingen var, sagde han, at han var ikkje skapt til Eksamenshest. Han var skapt til nokot annat, – nokot, som han for sin Part trudde var høgare. Han visste ikkje, um Hr. Braut kunde vera med han paa, at Poesien var det høgste i Livet ... «jau, jau», ropad Daniel ivrigt, «Poesien, – jau, det er just mi Meining og; der er ingen Ting, som –!»

Gregus var glad yver aa høyra det. Der var so mange Filistrar no um Dagen, og det endaa millom Studentarne, Filistrar vilde han segja, som ikkje hadde Syn for dette, at Poesien var den øvste Livsmagt; men det forstod Gregus, og ingen skulde faa han ifraa det. Aa spennan han for Eksamenskjerre, det var som aa ... ja, han vilde ikkje bruka det Bilætet, han tenkte paa. Folk snakkad um Aandsutvikling, ^[169] um Tanketukt ... ja, Gregus hadde leset litt Filosofi og eit og annat slikt; men ... Dei kjende ikkje *Aanden*, desse Folk; dei hadde aldri kjennt Aanden brusa gjennom seg paa breide Vengjer; – Gregus vilde segja, at dei hadde ikkje det, naar dei trudde, at dei kunde binda Aanden til Reglar og segja, at so og so skulde ein tenkja, og so og so. Liksom ikkje Aanden alltid gjekk sine egne Veger!

– «Ja syng, den!» ropad Aslak Fjordan; «syng den!» – Haugum sette i med roleg, mild Røyst, og alle maatte lyda:

«Jeg har baaret Lærkens Vinge,
jeg har sunget høit dens Sang;
jeg har følt, jeg skal mig svinge
op til Paradis en Gang,
op til Paradis en Gang.»

«Den er dejli!» sukkad Gregus Johnsen.

«Lad kun Graad mit Øie blinde!
har min Sjæl sin Vinge blot,
skal jeg engang Veien finde
op til Himlens lyse Slot,
op til Himlens lyse Slot.»^{k142}

Songen kom til rett Tid; Haugum maatte syngja han uppatt. Hugmilde og ivrige sat dei og lydde og drøymde uppatt sine fagre Barndomsdraumar um Englarne og Gud Fader, voggad seg inn i heile denne blide, bleike Romantikken, som lyste som ein Septemberhimmel yver deira germansk-orientalske Fyresyningar^{k143} um det evige

Liv. Det kunde væl til Kvardags ^[170] henda, at dei kom i Tvil um eit og annat av det, som dei hadde lært i Forklaringi; men i Stunder som desse kom alt det gode og varme Hjartelaget upp i dei, og dei trudde som Born. Sjølve Hærland vart riven med. Blid-øygd og bringevarm sat han og leet seg glida inn i fredsæle Kyrkjedraumar, og han stod tilslutt upp og bannad paa, at dette var det høgste og djupaste i oss, kor mykje me so strævad med aa tvila og fornegta.

Um ei Stund var dei komne inn paa eit nytt Emne: Kvinna. Og det vart eit langt Kapitel. Dei gjekk heile Skalaen igjenom, fraa «Idealet» – Skaal for Kjærasten! «*Mulmet sank, det svale*» ^{k144} – og nedetter, til dei kom til Botnen. Daa sette Ortvedt i med eit litet underlegt, brestande Maal og song um «Samson, som elskede Daliladalila, daliladalila», ^{k145} og no gjekk det laust. Daniel stakkar, som tenkte med Hjarteverk paa si arme Berta Maria, kunde ikkje rett lika seg. Dess betre treivst Ortvedt, som sat og jabbad ^{k146} og fortalde som ei Kaffikvern, og Aslak, som berre sat og lo. Bannad og lo. Men gjennom ein naturleg Tankegang kom dei fraa dette inn paa eit forskræmelegt Snakk um Anatomi og Lik og medicinsk Styggedom, so Daniel tilslutt sat reint og fælte, og der kom nokot stillt og døyvt yver heile Laget. Daa sagde Aslak «Skaal!» og slog i seg Resten av Glaset. «Var det det andre elder tridje?» lo han, lagad paa nytt, bad Gregus Johnsen gjera det same, og manad paa dei andre, at dei fekk sjaa aa koma etter. Men daa Ortvedt endaa heldt ^[171] paa med sine Hospitalsogur, stod Aslak upp og sette i med eit Maal, som kunde vekkja daude: «*Sjung om studentens lyckliga dag.*»

Visa kom til rettan Tid. Haugum reiste seg og song med, og snart gjekk dei og dreiv paa Golvet og song alle ihop, so det var fælt aa høyra. Men til Endes paa Verset kom dei ikkje; Snakket tok dei ein etter ein; dei hadde fenget so mykje aa tala um no; tvo og tvo elder tri og tri stod dei bortetter Golvet og pratad, og rett som det var maatte dei burtaat Bordet og skaala. Det vart livlegare og livlegare, og Snakket gjekk høgare og høgare, liksom ein Sjø, naar det aukar paa og blæs. Some disputerad um, kor det var best aa faa Middagsmat; andre disputerad um dei tri Personarne i Guddomen. Og no kom det fram, mangt av det dei hellest gjekk og tagde med; Pengesorger og Synder, Fantestykkje og Daarskapar vart framlagde so truhjartigt og heilt, som dei stod for sin siste Domar. Daniel kunde ikkje lenger bera sine Elskhugssorger aaleine; Gregus Johnsen leet Ortvedt vita, at han arbeidde paa eit stort Syrgjespel, som skulde heita Keisar Kaligula. ^{k147} «Det var Fanden!» lo Ortvedt; «*aut Cæsar, aut nihil!*» ^{k148} sagde Gregus Johnsen. Men Hærland, som no var komen ut av sitt blide Lag, gjekk og lagde ut for Haugum, so Busti fauk, at Læra um Kristi Guddom var ubibelsk. Og dei drakk Dus med heilag Iver og heldt av kvarandre og trudde paa kvarandre og lo i store drukne Laattar aat

ingen Verdsens Ting. Ender og daa skreik det i med *Sjung om studentens*, og [172] daa gløynde dei sine Suter og song med: *låt oss fröjdas!* – men strakst kokad Snakket uppatt, og Verset vart aldri utsonget. Lufti stod so tett som ein Eim av Tobaksrøyk og Toddydunst, og inni der gjekk dei og dreiv som Fiskar i eit Akvarium. Men Haugum lurde seg til og fekk setja eit Vindauga paa Glytt. So klinkad det paa Glaset, og ein elder ein annan steig fram, raudøygd og bleik, og heldt ein Skaaltale for det elder det, for den elder den, og daa Hærland hadde trætatt seg trøytt med Haugum um Kristi Guddom, heldt han ein stor Tale for «dei veldige Idearne, som no lik ei Stormflod braut innpaa oss fraa Europa.» Det vart mest Morgon, fyrr dei sluttad.

Men av slike Kveldar hadde dei fleire. Og dei song og skraalad og skifte Ord um alle Ting, og slost um Politikk og store Spursmaal, so dei mest vart Uvenner. Men stundom fekk dei Aslak Fjordan og Halvor Mosebø til aa stevjast, elder Hærland til aa fortelja Eventyr paa Sognemaal.

Naar dei so pratande og smaasullande dreiv Arm i Arm burtgjenom Gaturne langt paa Nott, so hadde dei mest alltid ein Konstabel siglande i Hælarnes paa seg; for «han forstod det var Russ, og lurad etter Mulkter», meinte Hærland. No skulde det fraa gamalt høyra med til Studenterlivet aa liggja i Ufred med Politiet; men den Ufreden leet dei vera. So snart dei hørde Konstabeltakten etter seg, vart dei støde og aalvorlege som eit Formannskap. Den gamle Bonderespekten for alt, som luktad av «Øverheit», [173] sat deim alle bibrande i Blodet; ja Daniel vart fastande, [k149](#), naar han saag Lovens Mann. Det kunde henda, at Aslak, naar han hadde dugeleg i Hatten, fekk Hug til aa «godprata litt med den Konstabelslusken», som han daa vilde «sprett opp i Ryggsaumarne» elder «slaa Hovudet ned gjenom Halsen paa»; men daa hysjad dei paa han alle ihop, og Daniel var so rædd, at han var paa Livet. Det var ikkje godt aa vita, kva Veg det bar, dersom ein kom i Klørne paa Politiet, tenkte han.

Derimot hadde dei ein stor Hug til aa vaaga seg so langt ut paa ville Vegjer, som det hellest kunde gaa an. Lausslopne fraa alle Tuktemeistrar, fraa dei strenge Bondeskikkar og den gløgge Bygdekritikk, totte dei, at dei burde *bruka* sin Fridom. Kristiania Nattliv stod for dei som eit villt, lokkande Eventyr; ein burde kjenna dette utrulege Varulv-Livet utanfor all Regel og utanfor all Moral, utanfor det menneskelege Samfund. So kunde det henda, naar dei var glade og galne, og Notti var myrk, at Ortvedt foreslog «Øl ovanpaa», og so gjekk dei dit, der dei kunde faa Øl etter Klokka 12. Men det hadde dei lite Moro av; for Eventyret var ikkje nokot Eventyr. Jammerleg kristianiensisk Prosa var det, Raaskap og Rotenskap og Lukt

som i ein Rennestein. Det var utrulegt, at slikt kunde vera til, og at Folk kunde verta so ulkeleg^{k150} fæle. –

– Daniel vart snart leid av aa gaa paa Forelesningar. Aa sitja der uppe paa det kalde, svarte Universitetet fem seks Timar kvar Dag og høyra paa ^[174]endelause Utviklingar um Vinklar og Kategoriar, det var ikkje stort likare enn aa gaa paa Skule. Ikkje lærde han nokot helder. Han undrast paa, um det ikkje just var slike Forelesningar, som Professor Darre hadde meint, daa han talad um aandlaus Servitenskap. Og Filosofien, – den var ikkje til aa forstaa, som Hærland hadde sagt.

Han gav seg til aa forsøma. Naar det leid til Eksamen, kunde ein plugga i seg det viktigaste av Bøkerne; det gjorde same Nyttan. Og det var mange, som gjorde det so. Andre-Eksamen var dessutan so lett, og hadde so litet aa segja. Ein kunde nytta si Tid betre enn aa gaa og høyra paa unyttig Fagkunnskap; ein kunde sitja heime i Ro og Mak og studera Menneskelivet gjennom aandfulle Bøker.

So gjorde Daniel det. Ikkje kvar Dag, for det torde han ikkje; Kammeratarne kunde undrast paa det; men so ofta han trudde det gjekk an. Sidan vart det oftare og oftare.

Dei «aandfulle Bøkerne» fekk han laana av Gregus Johnsen for ei Flaska Øl so daa og daa; til slutt slog han seg paa Romanar.

Under alt dette tok Pengarne hans til aa minka, og Hjelp viste der seg ikkje Teikn til. Eit av tvo maatte han gjera no: sjaa seg um etter Arbeid, elder taka til aa spara for Aalvor.

Han valde Sparetanken. Arbeidet fekk vera det siste, han tok til, og dersom han berre heldt ut, so kom der nok Hjelp. Kanskje Lias snart fekk selja eit Skjerp elder tvo; so vart der nok Pengar.

^[175] Og um det skulde knipa, so var det naturlegvis snart gjort aa faa Arbeid i ein so stor og rik By som Kristiania. –

Det einaste, han visste aa spara paa, var Maten. Men det var, som det skulde vera, tenkte han. Filisteren livde for aa eta; ein Student skulde eta for aa liva. Ein sann Student og Idealist *skulde* liva paa smal Kost. Og Dølen hadde livt sine beste Dagar, naar han ikkje fekk Middagsmat.

Dette vilde Daniel prøva. Tvo Dagar um Vika leet han Middagen vera og livde paa «Heimemat», og det gjekk i Grunnen godt, totte han.

Men Pengarne minkad likevæl. Ender og daa kom det drivande ein Kammerat, som eingong hadde laant han ein Dalar elder tvo, og Guten hadde ikkje Mod til aa ljuga, men betalad.

Ein fekk knipa inn ein Middag til. Der var ikkje Raad med det; og hellest var der det gode med aa halda Middag heime, at det var so maklegt. –

Han vart meir og meir lat. Um Morgonen laag han for det meste og las og røykte til langt paa Dag, og naar han kom upp, so bar det i Veg med same Arbeidet.

Det var so hyggjelegt aa lesa um Kjærleik. Mest alltid fann han ei Gjenta, som kunde vera Berta Maria, og ei, som kunde vera Inga Holm, og daa var det som Draumarne hans fekk Liv. Men Livet sjølv vart ein meiningslaus, usann Draum, som han gløymde.

Han tok til aa forstaa hin Guten, som ynskte ^[176] aa vera Konge, og som daa vilde liggja paa Laaven all Dagen og eta Rjomegraut. Daniel aatte i Grunnen same Ynskjet, berre han fekk ein Roman til Grauten, og ei Pipa.

– Ettersom Tidi leid, fekk han slik ein forunderleg Mathug. Han var svolten allstødt, endaa so maklegt som han livde. Dette kom ille med no, daa han just skulde spara.

Det vart verre og verre. Mat-Tankarne vart so sterke, at han fekk snart ikkje Fred for dei. Han kunde lesa dei gildaste Forteljingar um Kjærleiks Sorger og Kjærleiks Sæla, og so maatte han upp og riva i seg eit Stykkje Mat. Elder han kunde lesa um Ridrarliv og Kjempeverk, drøymande um salt Kjøt og Flesk og Erter paa «Dampen». Og det glødde for Bringa av Svolt, og han kjende Lukti av Flesk og gule Erter, so han mest ikkje kunde halda det ut.

Stundom stal han seg paa «Dampen»^{k151} dei Dagarne, daa han etter Rekningi skulde halda seg heime. Den sterke, strame Matlukti fraa Eimkjøken kom yver han som ei Forføring, og han luskad av stad som Drikkaren til Sjappi, endaa Samvitet gnog og gnaalad og minnte um, at han ikkje hadde Raad.

Naar han so naadde den livsalige Gluggen, der Maten kom langande ut igjenom som fraa eit Rikdoms Djup ... og naar han fekk det rjukande varme Fatet millom Henderne, so at no var det ikkje lenger Draum, men handfast, paaliteleg Sanning, – aa, han kastad seg yver Maten som eit Dyr, slog Kryl ^[177] paa Ryggen som Hunden yver ein stolen Kjøtknok, og aat, aat, sukkad av Sæla, langad i seg grundigt og metodiskt, so kvar einskild Bite kom til sin Rett, gjorde reint Bord, og ynskte seg

ein Svanehals, so denne Gleda kunde vara litt lenger. Men naar han væl kom heim, var han svolten paa nytt.

Det var ikkje so poetiskt aa svelta som Daniel hadde tenkt. Og det var med stigande Rædsla han saag, at Pengarne hans kvar Dag minkad. For kvar Dalar, som gjekk, var det som der losnad eit Stykkje av Grunnen under han, og naar den siste Skillingen ein Dag maatte springa ... det vilde vera som aa glida ut i eit myrkt, myrkt Djuv.

Han hadde Kammeratar.; men dei turvte nok sine Skillingar sjølve. Haugum skulde heim til Nyaar og taka ein Skulepost; Ortvedt skulde upp paa Landet og vera Huslærer; Aslak Fjordan hadde nok slitet sterkt paa Bankboki si, og Hærland og Sven Dufva – livde paa Laan som dei fleste andre. Dessutan heldt Kammeratarne seg meir ifraa han no. Dei likad seg ikkje paa Hybelen hans; der var alltid so ustelt; dessutan tok Daniel til aa sjaa slik ut, at dei alltid hadde ei Uro for, at han kunde vilde laana Pengar.

Han tenkte ikkje lenger paa aa vera fin; dei Draumarne hadde han lagt til Sides for det fyrste. Kisteklædi sine maatte han spara so lengje han kunde, totte han, og Kvardagsklædi var syrgjeleg slitne. Trøya, som hadde skift Liter og var midt imillom flaskegrøn og oskegul, hekk ikkring han i Posar som ^[178] ein Sekk; Vesten knappad han att heilt upptil Halsen for aa løyna Skjorta, som sjeldan var i Vask, fordi Vask kostad Pengar, og um Halsen hadde han ein Papirsnipp, som for det meste var baade sveitt og svart. Haaret fekk veksa som det sjølv vilde, daa han ikkje hadde Raad til aa faa det klippt, og raude, lange Skjeggfliser fekk gro paa Hoka hans etter sin eigen Tilhug. Men nedetter Leggjerne laag Broki i store Kne og faste Rukkur, og upptafsad og fæl ut yver dei skeive, sprukne Styvlarne. Han trøystad seg med, at no, naar Vinteren kom, kunde han løyna det verste av Armodsdomen med Vinterfrakken.

Paa Toddykveldarne maatte han slutta med aa gaa, fordi han ikkje lenger hadde Raad til aa vera Vert sjølv nokon Gong. Dessutan vart han so snart full no, og so reint ille full. Han tolde ingen Ting. Og naar han vart full, tøvde han slik, at han vart til Bry for dei andre og til den største Skam for seg sjølv. Han vart meir og meir aaleine, og lagde seg meir og meir i Hi. Det ideale Studenterliv fekk han drygja med no, til dess han fekk meir Pengar. Kvar Dag gjekk han og ventad paa Brev fraa Lias um Malmgruvurne. Men det drog ut. Og Daniel kunde snart paa Dagen rekna ut, naar han vilde vera pengelens.

Det verste var, at han skyldte Husleiga for den siste Maanaden. Han hadde alt eingong vortet kravd; men daa hadde han sloppet ifraa det; kom der nytt Krav – og det kunde han venta kvar Dag –, so vilde han vera reint uppraadd.

[179] Jau, ein Dag kom der Brev fraa Bror hans. Lias skreiv, at han vilde selja Garden og reisa til Amerika. Han hadde no ei Tid faret galen og havt Skjerpefeber, sagde han, og øydt upp Tid og Pengar paa det verste Juks; no kunde han ikkje klara seg lenger; Jens Bakke elder Banken fekk taka Garden, og gamle Mor, ho fekk vera hjaa Judith, som no skulde gifta seg med ein Snedkarsvein nedpaa Neset; – *han* vilde reisa.

Daniel sat og las dette, og han totte det var som eit Fjell av Voner ramlad neddyver han med Brak og Røyk. No stod han der. Kor skulde han no av?

– Aa, at ikkje Vaarherre kunde hjelpa! Han, som aatte heile Verdi, han, som var allmegtig... Kunde han ikkje hjelpt Lias til aa finna ei god Gruva? Kunde han ikkje med sitt Ord ha skapt ein Malmgang i det Fjellet, der Lias hadde teket Skjerp? Kunde han ikkje ... kunde han ikkje skapa dette Brevet om til Gull ... elder gjera den Lampa til Gull ... elder Blækkhuset ...

«Den som ikke vil arbeide, skal heller ikke æde», stod der. Ja; men det var ikkje sannt! Hundrad tusund glade Gutar gjekk ikring i denne Verdi og gjorde ingen Ting, annat enn Ugagn, og livde likevæl, livde godt, livde høgt, – fordi dei hadde ein rik Far, elder ein stor Arv! Kvi skulde ikkje ein annan vera likso nær til slikt som dei? –

Daa Daniel hadde tenkt seg trøytt paa dette, og forstod, at han ingen Veg kom, drog han ein tung [180] Sukk og sagde til seg sjølv, at so fekk han prøva det siste. –

I ein By som denne var der naturlegvis Arbeid nok. Det galdt aa finna nokot, som ein kunde lika. Han tenkte etter. Men alt, han tenkte paa, var so aandlaust. Der var ingen Idealitet i det. Dessutan *kunde* han det ikkje.

Kva kunde han? Kunde han føra Bøker? Nei. Kunde han undervisa i Musikk? Nei. I Matematikk? Nei. I Latin elder Græsk? Nei. I Tysk elder Fransk? Knapt nok. Han kunde i Grunnen Ingenting.

Og kven skulde han gaa til? Han kjende ingen. Ingen, som hadde Pengar elder Magt, kjende han. Han fekk sjaa etter i Bladi, um der skulde vera nokot.

Nei. Ingenting for honom. For Handelsfolk og Tenestgjentur var der nok av Arbeid aa faa; men for ein Student, som ingenting kunde, – var der ingenting.

Daniel Braut vart rædd.

I si store Naud gjekk han til Haugum. Han maatte tenkja paa aa faa nokot aa gjera, sagde han, og spurde, um ikkje Haugum visste nokon, som kunde hava Bruk for han. Nei; Haugum visste ingen.

Det var svært vondt aa faa Arbeid her nokon Stad, naar ein ikkje var kjend, forklarad Haugum. Her var slik Tevling um kvar Ting, – hundrad Bikkjur um kvart minste Bein, – at der skulde Lukka til aa koma inn i nokot. «Men gakk upp til Bladstyraren ^[181] av Bondevennen», sagde Haugum; «skulde nokon vita nokot, maatte det vera han.» – «Ja men ... kann ein gaa til ein slik Mann ... og spyrja um slikt?» – «Ja, det kann ein daa væl! Bondevennen er ein snild gamall Mann; berre gakk du.»

Daniel tok sine Kisteklæde paa seg og gjekk; men rædd var han. Han vart vist inn i eit stort, langt Rom, der mange Gutar sat kvar med sit Bord og stelte med Avisur. Some lagde ihop, andre lagde i Umslag, andre skreiv Utskrifter. Daniel vart teken av ein djup Age; han tenkte paa eit Ord, han hadde leset ein Stad, at Pressa var den fjerde Statsmagt. Han strauk Luva av seg og bukkad burtgjenom Romet; ingen svarad. Dei lagde ikkje Merke til han. Daniel totte han vart so liten; det kunde visst ikkje nytta aa prøva her; det var best aa gaa att. Men so kom det ein liten Gut. «Ska' Di snakke mæ no'n?» spurde han so rolegt og trygt; Daniel vart bljug for den vesle Karen. «Ja ... det var ... Redaktøren.» «Vers'go! inn der!» sagde Guten, peikad og gjekk. Daniel innigjenom, stilt, varlegt. Den fjerde Statsmagt! den fjerde Statsmagt! – Romet kvitnad av Papir, og Lufti var full av Papir-Rassl som av ei kvass Kviskring. Stilt og høgtidelegt bankad Daniel paa Døri. Ingen svarad. Ein Gong til, litt sterkare; – «kämm-inn!» sagde eit tvert Mæle, liksom langt inne or ein Kjeldar. Daniel leet varlegt upp og steig inn, audmjuk som skulde han fram for Kongen.

Der var ingen inne. Romet var ikkje stort, ^[182] helder ikkje ljust, men stygt var det, og ustelt. Midt paa Golvet stod eit Bord, fullt av Papir og gamle Avisur; for Bordenden stod ei stor Kjipa elder Korg, full av same Slaget; Bøker og Pakkar laag og slong burtetter Golvet; ei stor Bokhylla lengst inne stod halv-tom og glein og gapte yver nokre Aargangar av Bondevennen og Storthingstidende, og eit Par Pinnestolar stod og dreiv burtetter Golvet, der dei sist var sette. Men i eit litet Kot

innanfor saag Daniel ein graa Rygg, som sat og lutte frammyver ein Pult; skulde det vera Bondevennen?

Den graae Ryggen vreid seg rundt, og Daniel fekk sjaa eit bleikt, surøygt Andlit med tunnt, raudt Skjegg kring tunge, posne Kjakar; Munnen var breid og kjeid, men sagde ingenting. Daniel vart ille til Mods. «Er det ... Redaktøren?» spurde han; han vilde sagt «Hr. Redaktøren», men fekk det ikkje til. «Han kommer straks», var Svaret; «sitt ned!» Dermed snudde Andlitet seg burt att, og Daniel saag paa nytt den graae Ryggen, som sat og lutte fram yver ein Pult.

Daniel gav seg i Kast med den eine Pinnestolen og fekk sett seg. Han var glad for, at den graae Ryggen ikkje var Redaktøren, men kjende seg uroleg, naar han tenkte paa, at denne store Mannen snart skulde koma, – stigande inn breid og majestætisk, grundande paa landsvigtige Reformer. Kva skulde ein segja til slik ein Mann?

Det bankad; Daniel skvatt, der han sat. «Kämm inn!» sagde den graae Ryggen, og ein liten mager, [183] halvgamall Fyr smatt inn, snaud og snøgg, med eit litet forunderlegt Katte-Andlit. Han hadde Ryggen halvt krum til Helsing, men rettaad seg, daa han ikkje saag Redaktøren, smatt so med lettvinne, magre Stig burtaat Indredøri; Daniel kjende paa seg, at Mannen var Skræddar. «Goddag!» – Den graae Ryggen vreid seg rundt. «Redaktøren ikkje inne?» – «Nei.» – «Kjem han snart?» – «Aa, i Morgo.» – «I Morgo?» – «Fyremiddag eingong.» – «Men i Dag var eg her inne i Ekspedisjonen, og daa sagde dei, at han kom her i Ettermiddag?» – «I Morgo Fyremiddag som sagt. Høyr innum Klokka 11 til 1.» – «Ja ja. Men det var hellest dette Stykket, forstend De ...» – «Kva for eit Stykke?» – «Aa, dette um Luksus ... um kor galet det er med all denne Luksus' en» ... – «Naa –?» – «Han lovad, at det skulde koma; men det drygjer so lengje no; eg vilde gjerna vita, um det ikkje kjem snart!» – «Ja, De fær snakka med Redaktøren.» – «Og so vilde eg gjerna vita, um eg ikkje kunde faa nokot for Stykket ... Det er ikkje greidt aa klara seg i desse Tider; eg hev ein Bank paa meg, ikkje ein, men tvo Bankar, og –». – «Høyr innum i Morgo Klokka 11 til 1. ... elder kanskje 2; det er best De kjem 2. Daa finn De Redaktøren.» – Andlitet snudde seg burt; den graae Ryggen viste paa sin Maate Skræddaren Døri. «Godt, godt», sagde Skræddaren, han stod og bytte Føter og liksom dansad; «i Morgo 11–1... elder 2. Eg kjem baade 1 og 2 ... Ja, Godmor'n daa!» Han vimsad ut att med sine [184] lange, magre Stig, og det viste seg, at han hadde Maane.

Daniel likad seg ikkje, der han sat; det var kaldt og uhyggjelegt, og Livet her var visst strengare, enn han hadde tenkt. Han vaagad seg burti Døri og spurde vyrdsamt, um det altso var so, at Redaktøren ikkje kom i Kveld? – «Kommer straks», knurrad den graae Ryggen. Var det hellest nokot, *han* kunde greida? – Mja – nei, det var ... Vilde han kanskje hava Arbeid i Bladet? Var han burtvist fraa Universitetet kanskje? – Nei, Daniel var daa ikkje det. – «Naa, godt. Alle, som stryk til Artium elder vert burtviste fraa Skulen kjem gjerna her og vil vera Bladmenn, ser De; me kunde forsyna heile Europa med slike Bladmenn, – so *der* bør De ikkje konkurrera. Godt; der kjem han.»

Daniel vende seg bleik mot Døri og budde seg til aa helsa. Inn gjennom Døri snudde seg ein diger Kropp i ein diger Vinterkjole; paa Hovudet hadde han ei Skinnluva og yver det runde, gamle Andlitet eit Par store Hornbrillur. Daniel bøygde seg Gong etter Gong; den gamle svarad ikkje, men gjekk burt i ei Kraa og tok av seg Kalosjerne og Overfrakken. So kom han stigande med gamle, varlege Stig dit, der Daniel stod, helsad ikkje, sagde ingenting, men stirde stivt gjennom Brillenglasi. Daniel forklarad i snaavande Hast, kva det var, han vilde; Gamlingen riste paa Hovudet og sagde Nei. Nei, han visste ingenting. Han hadde hjelpt ein og annan i Veg fyrr ... «sit ned, Guten min!» – Gamlingen ^[185] sette seg sjølv –; soleis var der ein, som heitte ... som heitte so mykje som ... Jakob, nei, Peder, nei, det var Jakob! nei, det var nok Peder, Peder, – Peder Monsen ... «Kjenner De Peder Monsen?» – Nei, Daniel gjorde ikkje det. – «Naah. Ja; det var hellest ein Gut, som forstod aa snu seg; han fekk Død og Pine laana 20 Dalar av meg, som han skulde betala, naar Far hans fekk selt ei stor Malmgruva, han hadde funnet ... Kjenner De ikkje Peder Monsen? Han er Student?» – Nei dessverre, Daniel kjende ikkje denne Mannen. Og so fekk han ei lang, lang Soga um denne same Peder Monsen og um hans Gaava til aa snu seg, og den gamle lo og kom i godt Lag; men Daniel kjende seg meir og meir modlaus. Der bankad det paa Døri. «Kom!» ropad Gamlingen. «Ja, som sagt, no veit eg ingen Ting, Guten min; men De fær avertera! – Godkveld, Godkveld!» sagde han til den nykomne, «naa, det var bra, De kom. Sit ned! Ja Godkveld, Guten min! Lys i Bladi etter ein Huslærarpost; der er alltid ein Huslærarpost aa faa. Er det ikkje so der stend: Vaarherre hjelper den, som hjelper seg sjølv? Jah, he-he. Godmor'n, Guten min!» – Daniel gjekk; han kjende seg so underlegt kald, og so tung i Føterne.

Han gjekk heim og sette seg. Han tenkte ikkje, han berre sat og var modlaus. Um ei Stund tok han til aa drøyma. Kanskje var der ei Meining i dette og. Kanskje Vaarherre ikkje vilde, at han skulde binda seg til nokot Arbeid; han hadde kanskje Hjelpi liggjande ferdig, og den vilde han senda, naar ^[186] Naudi var størst. Ein Dag,

naar han kom heim svolten og trøytt, og reint modlaus, laag der eit Brev paa Bordet til han med 100 Dalar i, og berre dei Ordi: «fraa ein ukjend Ven; friskt Mot!» Og naar dei Dalarne var slutt, so kom der eit nytt Brev av same Slaget ... Han sat og reknad ut, korleis han paa beste Maaten skulde bruka desse Pengarne; men han kom etter, at 100 Dalar var reint for litet, og so drøymde han Draumen um att, men so, at no laag der 200 Dalar i Brevet. So bankad det paa Døri, og so kom Gregus Johnsen, og sat ei lang Æva og snakkad um Keisar Kaligula. –

Dagen etter gjekk Daniel upp i Universitetshallen og saag etter, um der var nokon Huslærerpost utlyst. Jau, der var ein, – hjaa ein Doktor burtpaa Strilelandet. Daniel gjekk att med ein Gong; Vaarherre kunde daa aldri vilja, at han skulde grava seg ned paa Strilelandet. Der maatte vera Maate med alt.

Han hadde ikkje lenger Ro til aa sitja inne og lesa. Ikkje kunde han gaa paa Forelesningarne helder. Han gjekk mest og dreiv paa Gata for aa døyva sine rædde Tankar i Draumar, og han hadde ei løynleg Von um, at han paa denne Maaten kanskje kunde slumpa uppi nokot; Lukka hans sat kanskje og ventad paa han her elder der, berre han kunde koma yver henne. Maten! For ein so jammerleg Ting som Maten kunde daa ikkje ei Sjæl gaa under. Alle Heltar i alle Dikt fekk alltid Maten; det var raatt aa spyrja um slikt. Maten *maatte* koma. Vaarherre var væl ein likso god Diktar som dei ^[187] andre ... Det vilde vera meiningslaust, tankelaust, ja uforsvarlegt, aa hjelpa han upp av Bondelivet og so sleppa han att, – lata han døy i fyrste Akt, i Slutten av fyrste Delen. Slikt gjekk ikkje an! Det var ikkje fritt for, at Daniel i sine innste Tankar so smaatt trugad Vaarherre med, at han vilde slutta aa tru paa han, dersom han ikkje hjelpte no. Dette var Tankar, som han sjølv fann formastelege; men han forsvarad seg for Gud og seg sjølv med, at *dersom* han no skulde verta uppraadd, so vilde han verta *nøydd* til aa tru, at der ikkje var Meining i Livet. Og so lett som det maatte vera for Vaarherre –! Han, som hadde kvar Manns Hjarta og Tanke i si Haand, – kor lett kunde ikkje han stella det so, at nokon kom og hjelpte? Og Daniel gjekk og tenkte ut – til Rettleiding for Vaarherre – tusund Maatar, som det kunde gjerast paa. Eit gamalt Minne um eit Salmeverers sveiv stundom fram for Hugen hans, nokot um, at Vaarherre gav Borni sine det, dei trong um, naar dei laag og sov; han gjekk og soknad og soknad i Minnet sitt etter dette Verset, men fekk ikkje Tak i det; derimot var der nokre andre av Kingos Salmeverers, som susad so smaatt for Øyro hans, og som etterkvart song seg upp, so han tilslutt syntest høyra dei, – Vers, som han nok ein gong hadde lært, daa han gjekk for Presten –:

«Mit Hjerte, hvi græmmer du dig,
bedrøver dig saa sørgelig
for Verdens timelig Gods?
Din Trøst sæt til din Herre og Gud,
der alting skabte ved sit Bud.

[188] Han vil eller kan dig ei forlade,
han ved din Trang, din Nød og Skade,
hans er Himmel og Jord,
min Fader og min Herre sød,
som staar mig bi i al min Nød.

Elia^{k152} sig, hvo fødte dig,
der Regnen forholdtes underlig
i den svare dyre Tid?
I Sidons Land en Enke rund,
til den Gud sendte dig samme Stund.

Og at du ei skulde lide Nød,
der du drog did, som Gud dig bød,
og hans Befaling gjorde,
dig førte Ravne Kjød og Brød
aarle og silde til din Fød'.

Josef^{k153} blev til Ægypten solgt
og der i Fængsel sat med Vold
for sin Gudfrygtighed;
Men Gud hjalp ham til Herrenavn,
hans Venner til stor Ære og Gavn.

Gud havde Daniel^{k154} ei forgjet,
der han blandt Løverne var nedsæt,
sin Engel sendte han did;
han hannem Mad da føre lod
ved Habakuk,^{k155} sin Tjener god.

O, Gud! du est endnu saa rig
som du haver været evindelig,

til dig staar alt mit Haab;
min Sjæl bevar og gjer hende rig,
saa haver jeg nok evindeligen.»

– Dette var fagert og sannt. Det galdt aa hava Tru, naturlegvis; men dersom det ikkje var annat, det stod paa, – han skulde tru so fast som [189] Fjell! Men som han tenkte dette, kjende han innan for Tanken Samvitet, som vaknad og stakk Nosi fram og sagde: det er ikkje sannt.

Skulde det vera *det*, som var i Vegen? Vilde Vaarherre gjennom Naud og Trengsla bøygja hans Hug og driva han til Bot og Umvending? Han vart litt rædd ved den Tanken. Dagen etter gjekk han upp paa Universitetet for aa sjaa betre etter um den Huslærerposten. Det var kanskje ikkje verdt aa krevja for mykje av Vaarherre; Ein fekk sjaa aa hjelpa seg sjølv so lengje. Men daa han kom der upp, var Lysingi um Huslærerposten burte. Ein annan hadde voret ute i Tidi og fenget Posten.

– Daniel ruslad heim, med bøygd Nakke og tunge, svabbande^{k156} Stig. Men etterkvart som han gjekk, tok Draumarne til aa vakna paa nytt. Han hadde all Villmannens usløkkjelege Tru paa Tilfellet og dei ubundne Magter; han hadde lært, at der var Lovar for Tungemaal og Tal; men han hadde ikkje lært aa forstaa, at der var Lovar for Livet. Naar Naudi var størst, var Hjelpi nærmast. Kanskje naar han no kom inn, so laag der eit Brev til han paa Bordet, eit Brev med ein Veksel, fraa ein ukjend Ven, 100 Dalar, 200 Dalar, 500, 1000 ... Han trudde det ikkje sjølv; men daa han steig inn paa Romet sitt, glytte han urolegt burttill Bordet, um der skulde vera nokot. Ved Gud! der laag eit Brev. Skulde det vera tenkjelegt? Skulde Vaarherre i sin uendelege Naade ... Han reiv upp Brevet med skjelvande Hender. Der stod:

[190] «Hr. Student D. Sørbraut.

Kjære Sødskendebarn!

Jeg har faaet saadan Lyst til at komme til Kristiania. Jeg kan ikke trives her hjemme; thi Forholdene her er saa bedrøvelig smaa, saa at jeg kan i Sandhed sige med den store Digter B. Bjørnson: her er saa knugende, tærende, trangt, og mit Mod er saa ungt og rangt. Derfor vil jeg nu bede Dig, som er Student og bekjendt der inde, at Du vil gjøre mig den store Tjeneste at skaffe mig en Plads i Kristiania. Jeg kan ikke Spraag; men jeg skriver en god Haandskrift og kan de fire Species^{k157} og Reguladetri^{k158} med Brøk, samt Rentesregning og

Decimalbrøk; og mine Fodringer er ikke store, naar jeg bare kan leve der inde
...»

Daniel heiv Brevet ifraa seg so langt han kunde. Han var for hugtung og trøytt; han kunde ikkje læ.

VIII.

[191] Ved Billetgluggen paa Dampen stod Daniel og fraus og vekslad sin siste Dalar. Han var blaa um Nebben og tung i Hovudet, og av Tankar hadde han berre ein: at ein fekk liva so lengje ein kunde.

Som han skulde inn i Matsalen, kom Jens Rud. Han var nærsynt og kunde ikkje strakst kjenna Daniel; denne vart bljug og vilde helst sleppa ifraa han. Men so helsad Rud og spurde, kor det stod til. Aa jau, Takk.

Dei kom inn og til Bords; Rud tok i Øl, og Daniel kom seg. Fraa Hirsch kunde Rud helsa, at det no var slutt med Staaket der uppe, so lengje det kunde vara; Bisp og Departement hadde fenget istand eit Slags Forlik, og det stod væl ei Stund. Men Pietistarne var ikkje aa lita paa. Dei var som Svartfot-Indianarar: kunde tala so søtt um Fred og Broderkjærleik, men laag paa Lur langs Vegjer og Stigar, og tok Skalpen av sin kjære kvite Bror, so snart dei saag seg Kans^{k159} til det. «Ja, det er visst sannt, det», sagde Daniel.

«Ja, ja; slikt ligg me og slaast um her heime,» heldt Rud fram, «Daapsformularar og gamle Talemaatar! Der ute i den store Verdi, der hev nok Folk annat [192] aa tenkja paa. Hev De leset den siste Talen av Kastelar?» – Nei, Daniel hadde ikkje det. «Ja, den maa De lesa. Det er ein Stormann, den Kastelar!» –: «Det er visst det?» – «Aa, Gudbevare meg.»

Rud fortalde um Kastelar,^{k160} som det kunde vera ein Kjenning; sidan fortalde han um dei politiske Tilstand i Frankrike.^{k161} «Det er greidt, at all Ungdom heretter maa vera republikansk», sluttad han. Daniel kunde ikkje finna nokot aa segja imot dette, og so svarad han, at det var rimelegt. «Er De Republikanar?» spurde Rud tankelaust. «Aa ... i Principet maa eg segja –; hellest hev eg enno ikkje tenkt so mykje yver det.» – «Nei», sagde Rud med sitt klaare, fine Smil, «ein vert Fristatsmann i desse Dagar, um ein *ikkje* tenkjer! Det ligg i Lufti, ser De.» «Ja, det er visst so», meinte Daniel.

Han sat og tenkte paa Haugum og hans Motgrunnar mot Republikken, men kunde ikkje faa Tak i dei. Det maatte vera nokot Snakk, det Haugum foor med.

Um ei Stund sagde Rud: «Gjeng De mykje i Teatret?»^{k162} – «Aa ... sometider.» – «Ja; kva segjer De um slikt Stell?» spurde Rud. Daniel vart forundrad; han hadde i Grunnen ingenting aa segja paa Stellet. Men Rud forstod det naturlegvis betre enn han ... «aa, der kann visst vera mykje aa segja um det», svarad Daniel. «Mykje aa segja?» ropad Rud; «det er ein Skandale!» Og han forklarad med ivrige Ord, at slik som Teatret no vart styrt, so var det ein rein Karrikatur paa eit Nasjonalteater. Daniel ^[193] forstod ikkje dette fullt ut; men han forstod, at Rud maatte hava Rett; for han talad so myndigt og so sak-kunnigt. Og som Daniel no var modig og mett, sagde han i full Forundring: «At Folk vil finna seg i slikt!» Rud smilte. «Me er litt dauve av oss, me Nordmenn», sagde han. «Aa ja, det er væl so», svarad Daniel. Rud heldt fram, men laagt og løynvoret: «Hellest er det ikkje sagt, kor lengje me finn oss i det.» – «So?» – «De maa ikkje snakka um dette; men det kunde væl henda seg, at her ein god Dag ... vart litt Leven.» – «Leven?» – «Ein Demonstrasjon, forstaar De ... ein Pipekonsert elder nokot slikt ... Vilde De i Tilfelle vera med?» Daniel kjende seg gjøld^{k163} ved den Tiltrui, Jens viste han, og han svarad med Gleda: «Ja visst vil eg vera med!» – Jens saag paa han. «Skal det vera eit Ord?» – «Lat gaa.» – «Kor bur De?» – Der og der. – «Godt, so skal De faa Bod, naar Tidi kjem. Men Tonn for Tunga^{k164} so lengje?» – «De kann lita paa meg», sagde Daniel.

Daa dei kom ut, foreslog Jens Kaffi, og Daniel gjekk med. Strakst etter kom han til aa tenkja paa, at her kunde han kanskje paa ein fin Maate slaa Pengar til Husleiga. Han braastansad og sagde: «Aa nei, eg hev nok ikkje Raad til dette. Eg slog sund den siste Dalaren min i Dag, so no gjeld det aa spara.» Daniel vart litt raud; han trudde Rud maatte forstaa dette. Men i ein forundrad Tone svarad Jens Rud: «Eg spanderar Kaffien naturlegvis!» – «Aa –ja – Takk», mumlad Daniel flat. Han hadde ^[194] tenkt, at Jens Rud hadde havt finare Teft i slike Ting. –

Kafé nasjonal var kjend som fast Samlingsplass for Frams^{k165} Flokk, og hadde av den Grunn stor Søkning av den «folkelege» Ungdomen. Daniel leitad med Augo etter Fram, men der var ingen her, som han kjende. Gjennom den halvopne Døri til det inste Romet saag han eit Par Fyrar, som kanskje kunde høyra til Flokken; lange var dei og lurvne og minnte um eit Ord, han hadde set i Bladi: Røvarar fraa Appeninerne;^{k166} dit inn tok Rud Veggen. Og der fann dei Fram; han sat for Bordenden og skreiv.

Daniel saag ikkje stort annat av Mannen enn eit meiningslaust langt, svart Haar, som hekk ned yver Augo hans, og som han stundom, men reint til Faanyttes, strauk upp yver Pannen med Haandi. Han var klædd i ein svart Bonjour, som var blank

paa Aalbogarne av lang Tenest og litt frynsutt fram-med Henderne av same Orsak; mager var han, og langbygd. Paa Bordet framfor han stod ein ordrukken Kaffikopp og ein Kopp med Moltur; Skrivpapir hadde han ikkje; han sat og skreiv paa Kanten av eit gamalt Avisblad, og Baksida av ein Subskripsjonsplan hadde han skrivet full og lagt ifraa seg. Dei tvo Røvararne sat og las Avisur; Rud og Braut sette seg for den andre Bordenden. Der var stilt i Romet, ein hørde berre Pennen skrasla og riva i det grove Trykkpapiret, og Fram saag ikkje upp, utan kvar Gong, han var burti Moltekoppen. Daa stirde Daniel forviten paa dette lange, klaare, sterke Andlitet, og [195] paa dei ljose, blaae Barneaugo, og undrast paa, at *dette* skulde vera den fæle Radikalisten, som dei talad so mykje um, og som Politiet etter Folkesnakkett vaktad kor han gjekk, at han ikkje skulde gjera Revolusjon paa opne Gata.

Etterkvart kom fleire av Klikken drivande, og der vart meir livlegt. Ein skulde hava Kaffi, ein annan Øl; og ein tok Braud til Ølet, daa han ikkje hadde fenget Middagsmat. Eit Par kom med Bøker under Armen; dei brukad aa sitja her og lesa, fordi dei ikkje hadde Ved heime. Ein ung, litt fatik-fornem Student, som kom tilslutt, bad um Øl av dei andre, «daa han ikkje hadde Kredit her lenger»; – «hev du Kredit nokon annan Stad, daa?» spurde dei. «Fanden helder», svarad den unge. Daa lo Kararne, og Hr. Strand – han med Maten – meinte, at no kom altso Hr. Baardsen endeleg til aa hengja seg upp, som han burde ha gjort for lengje sidan. Den unge – Hr. Baardsen – drog paa Akslerne. «Det er ingen, som vil borga meg eit Reip», sagde han. «Du skal faa eit Sekkeband av meg», svarad Strand, «men naar du hev brukt det, vil eg hava det att; for eg hev snart Bruk for det til min eigen Hals.» – «Gjev meg eit Stykke Mat, so skal me forhandla um den Saki», sagde Hr. Baardsen. «Fanden –, eg er ikkje halvmett sjølv! – Naa, din Slyngel, din fordømelege Idiot, ver so god; gjev det maatte forvandla seg til Graastein i din hole Hals og i din botnelause Vombsekk» – «Takk», sagde Baardsen.

Daniel tok til aa lika seg i denne Flokken; dei [196] var Fant liksom han, men forstod aa taka det lett. «Aa du Ottkanten», sagde Fram til den eine Røvaren, «kom hit med det Fillebladet ditt!» – «Eg hev ikkje leset det», knurrad «Ottkanten». «Kom med det!» kvesste Fram i; han maatte hava nokot aa skriva paa! Ottkanten skifte Bladet i tvo og gav Fram Lysningssida. Under dette kom der eit Par Studentar inn, som Daniel dømde var Teologar, og som nok ikkje hørde til Laget. Dei sette seg ved eit mindre Bord burtmed Vindaugat, og Upvartningsgjenta kom med Kaffi til dei. «Johanne!» sagde Fram, «kor mange Koppar hev eg faatt no?» – «I Dag, meiner De?» – «Ja?» – «Seks.» – «Lat meg faa ein til, Johanne.» – «Berre ein?» spurde ho og lo til dei andre med sine kvite Tenner; for dette var ein Vits. «Ein i Senn», svarad Fram og skreiv.

Men daa Kaffien kom, lagde han Pennen fraa seg. Han rette seg upp og saag seg ikring; Daniel lagde Merke til, at han ikkje hadde Halskrage. So gav han seg i Ferd med «Gudedrykken». Og daa den fyrste Torsten var sløkket, sagde han til Baardsen: «Du Baardsen? eg vil segja deg det, at dersom du hengjer deg upp no, so gjer du ei god Gjerning; for ein Laban er du, og ein Laban vert du; men ... lat no det vera godt. Vaarherre hev Bruk for alt slags Folk; han hev Bruk for Teologar og, maa ein tru.» Dei forstod strakst, kor han vilde av. Dei tvo unge Teologarne, som sat der burte so reinstrokne og fromme, lokkad nok altfor sterkt hans Vikingnatur; [197] iser maatte den eine vera Fram lysteleg aa sjaa til. Det var ein sann Teater-Teolog med svarte Kisteklæde og Engleslips; det vesle magre, samanbitne Andlitet bad i alle sine Rukkur og Munnviker Vaarherre fri seg fraa Verdi, og han heldt seg so unaturlegt rak, som han skulde ha svelte eit Økseskaft. Det var desse Kararne, Fram vilde eggla seg innpaa. Han smaafiktad mot Teologar og Teologi, so det var ikkje greidt for unge teologiske Studentar aa høyra paa; i Fyrstningi gjekk det smaatt og halvt paa Lentur, og han kunde smila som eit Barn yver sine kvasse Ord; men Augo glødde upp so rart sometider, og han vart harskare og harskare. Snart kunde Guten med Økseskaftet ikkje halda seg so høg og bleik som fyrr. Han raudnad og raudnad, vart meir og meir ladd, med Sanningsiver og med Sinne; Gong paa Gong saag det ut til, at no kom han; Gong etter Gong svelde han det i seg att; men endeleg braut det laust; han kunde ikkje meir! Fram forklarad, at Prestarne skulde vera Folkelærarar; dei skulde vera som dei gamle Rasjonalistprestarne, som lærde Bonden dyrka Jordi og gjera Tresko; for det var annat til Kultar, det, enn desse Haruspeksarne^{k167} no um Dagen, som var ljoserædde som Rotta, og berre kraup inn til Altaret og laag og mullad yver Mysteriet! Daa kom Økseskaftet. Undskyld, – maatte han vera so fri aa spyrja, kven det var, som hadde gjennomført den nye Skuleloven?^{k168} Og kunde det vera rett aa kalla dei, som hadde gjort det, ljoserædde? – Daniel fekk med ein Gong Vyrdnad for Økseskaftet. [198] Men Fram snudde seg kampfus til den vesle Teologen og sagde, at det um Skuleloven var nokot Humbug! Og han lagde ut paa sin sereigne Maate, stundom litt strævande, smilande, og so igjen harskt og rasande, at det ikkje var Prestarne, som hadde Æra for den nye Skuleloven. Den nye Skuleloven var for Mesteparten skapt av Folkekravet nedanfraa, fraa Skulemeistrar og Klokkarar; Skuleloven var ei Frukt av Skulelærarmøti kring Landet og av det Liv, som vart vekt av Ole Vig; Prestarne, dei hadde stødt rengt Augom te Skulemeistarmøti og Skulemeistrarne, som paa sine bare Føter vandrad fraa eine Enden av Landet til hin, kvar Gong eit Skulemøte var tillyst; og naar Prestarne hadde møtt der, so hadde dei protesterat og skræmt ned all fri Tale og studt Faakunna, so godt dei kunde, Faakunna nedanfraa, Kjeringkravet, at Pontoppidan skulde vera Storboki i Skulen. Det hadde Prestarne

gjort! Men dei, som hadde ført Ordet for Skuleloven, det var slike Folk som Klokkarane fraa det vanvyrde «Klokkaramt»,^{k169} og dei, som hadde gjort, at her no var meir Upplysning i Landet, det var dei, som Teologar og andre fine Folk kallad halvstudera Røvarar, – denne Fylking av Arbeidstrælar, som sleit og arbeidde fraa Morgon til Kveld for Maten i Munnen og knapt Dalaren um Vika, og som maatte sveitta nokot annat enn den store Upplysningsutbreidaren Presten, som paa eit Korter fekk sitt Upplysningsarbeid med aa vigja Folk ihop betalt med 5 Dalar Paret, ofta for ein Tale, som ikkje var to Skilling verd! – Ja men ... [199] sagde Økseskaftet. – Fram dreiv paa. Vilde nokon koma med det, sagde han, at Skulemeistrarne ikkje gjorde sitt Arbeid so godt, som det kunde gjerast, so vilde han berre segja, at Skuldi for det, den hadde ingen annan enn Teologarne, for dei var Lærarar paa Seminarskulen,^{k170} og der hadde dei proppat Unggutarne fulle med Dogmatikk og tullutt Katekiseringsøvelse^{k171} og paa den praktiske Veggen med toskutt Tavlerekning med so og so mange Strek i den resiske Regel^{k172} og kva annat Tull dei heitte, desse Teologrekningarne fraa Seminariet. Og likevæl hadde Skulemeistrarne gjort mykje Gagns Arbeid, so det maatte vera To i dei Kultarne, naar dei kunde halda seg so godt mot den teologiske Tanketyning. – «Det er naturlegt nok», sagde Økseskaftet, med raud Skalle og skjelvande Munn, «at De, Hr. Fram, finn, at alt, som heiter Kristendom, er Tanketyning; men –.» Fram flaug upp og gjekk Motstandaren sin paa Livet, liksom han vilde læra han Logikk med Nevarne: «Kristendom! Gud hjelpe oss for Snakk! Den resiske Regel Kristendom! Og Pontoppidan! Han vilde spyrja kvar vitug ung Mann: kva tykkjest De um Erik Pontoppidan? Dei skreiv i Lærebøkerne sine, som dei gav ut, desse Teologkultarne, at dei katolske Prestarne forbaud Folk aa lesa i Bibelen og arbeidde imot Folkeuppllysning; men kva gjorde dei sjølve, dei Kararne? Jau, dei vilde ikkje gjeva Skulemeistrarne Lov til aa taka Aalmugskulelatin vekk. Pontoppidan, det var Aalmugskulelatin. Anten dei uppe i Fjellbygdarne stoppad i Ungarne Paternosteret^{k173} paa Latin [200] elder dei lagad Gudsfrøgt hjaa friske Fjellgutar ved aa stappa dei fulle med Pontoppidanlatin, det kom paa eit ut. Aldri hadde ei Bok gjort so mykje Galskap som Pontoppidanta! Og slikt kunde dei vitenskapelege Teologarne elska! Dei kunde lengje nok snakka um den katolske Kyrkjelatin; Prestar var Prestar, anten dei gjekk med Krage elder Hette.^{k174} Og so gjekk dei her og snakkad um, at det var dei, som hadde skapt Folkeuppllysning og ein ny Skule! Var ikkje slikt Prestehumbug, so visste ikkje han kva Prestehumbug var. «Jau, det er Pinedød Prestehumbug!» ropad Røvararne fraa Appeninerne med Slag i Bordet.

Daniel sat og stirde paa Fram som Fuglen paa den fagre Ormen; han var rædd, men maatte fylgja med. No tok Teologen Ordet ei Stund og reknad upp alt det

gode, Prestarne hadde gjort som Skulekommissjonsformenn; han var so vond, at han vart væltalande. Under dette tok Strand og Rud til aa smaadrøsa seg imillom, og Daniel vart presenterad som «ein av vaare». Hr. Strand bøygde seg i skjemtfull Vyrdsemd og sagde, at han «vilde anbefale Os Elskelig Jens Rud at overveie», um dei ikkje «i Sagens Anledning» burde hava Øl; Jens Rud ringde paa Johanne med Kaffikoppen og fekk inn nokre Flaskur, som vart mottekne med Bravo-Rop. Fram og Teologen dreiv paa, heitare og heitare; Presten som Skulekommissjonsformann vart oppgjeven; Forsvararen bergad seg inn i ein ny Posisjon og vilde forsvare Presten som Sjælesyrjar; Fram vart rasande yver ^[201] dette Spranget, skjellte yver logisk Fusk og Raaskap i Tanken, tok so til aa utvikla, kva han meinte med ein Sjælesyrjar og ein Sjælesyrjars Gjerning. Og det skaut seg som Gneistar or Augo hans, og han peikad og sprikte med Henderne i Lufti, liksom han vilde greida ut Floken for Motstandaren sin med Fingrarne. Teologen heldt paa sitt og fekk Studnad fraa Kammeraten sin, som meinte, at Sjælerne vilde vera laakt tente med «Folkelærarar», som preikad um Skindaude paa fyrste Paaskedag; Fram forklarad med heit Logikk, at det, Sjælerne trong um, var Opplysning, so at dei ikkje liksom Kong Saul^{k175} skulde gaa og innbilla seg, at dei hadde vonde Aander, naar dei var nervesjuka, elder søkja Presten istadenfor Doktaren, naar dei var hypokondriske. Den teologiske Sjælesyrjaren var ein Sjælefordervar! – «Ja, han er Pinedød ein Sjælefordervar!» dundrad Koret av Røvarar. «Han gjeng og fyller upp Folk med Grubling og Galenskap, og fører dei inn i nokot Tull, so anten maa dei gaa fraa Vitet elder so maa dei slutta aa tenkja; anten vert dei sjuka og galne, elder dei vert Naut; og i baae Tilfelle vert dei rædde, modlause, viljebrotne, veike i Karakteren, vaagar ikkje aa tru paa sin eigen sunne Sans, gjeng i ei Ørska elder logisk Dilla, so Presten kan snu og snyta dei, som han vil; – dei vert Sjælekryplingar, Far! liksom De no her!» – «Ja liksom De no her!» dundrad Koret.

Teologarne treiv sine Luvur og gjekk; dette var altfor ugudelegt aa høyra paa. I Døri hadde det samlat seg ein Flokk Kafégjester for aa høyra paa ^[202] Striden; den skildest no under Laatt og Smaadrøs, og Striden vart teken uppatt i mindre Maal rundt alle Bord; men some striddest um Fram. Det var mange, som likad denne eldfulle, urædde Karen, ikkje minst naar han ruskad i Prestarne; men andre var galne paa den unge Folkeprofeten, som «vilde forstaa seg paa alle Ting, endaa han knapt hadde Skjegg paa Hoka».

«Skaal!» sagde Jens Rud. «Dette, Fram, er Stud. filos. Daniel Braut, Bonde og Bondeven, Republikanar, Norsk-norsk og alt det som godt er; hans Skaal!» Daniel vart raud; han visste, at han kunde ikkje svara for so store Ord. «De gjer for mykje av det gode», sagde han. «For mykje?» skreik Røvararne; «av Øl og Radikalisme

vert det aldri for mykje!» – «Kva Bygd er De ifraa?» spurde Fram; Daniel svarad paa dette. «Dei hev godt Maal paa den Kanten», sagde Fram. Daniel glodde. Han hadde aldri visst annat, enn at Maalet paa hans Kant var stygt. «Ja De er naturlegvis Maalmann?» kastad «Ottkanten» inn. Det hadde Daniel aldri voret; men no totte han med ein Gong, at Maalsaki var rimeleg, og so svarad han Ja. «Det vil segja», lagde han snøgt til, «eg hev ikkje tenkt so mykje yver Saki; men det er ein Ting, som –.» «Som segjer seg sjølv!» sluttad Ottkanten.

Men Namnet Ottkanten hadde denne Mannen fraa den Tid, daa han hadde prøvt aa taka Andre-Eksamen. Han skulde forklara *Oktanten*,^{k176} og so sagde han, at Ottkanten var ein Figur, som hadde [203] otte Sidur og otte Vinklar, og det dreiv han paa med so lengje, til dess Professoren vart arg og sagde, at han sjølv kunde vera ein Ottekant. –

No viste det seg ein ny Figur i Romet, ein fullblods Røvar, med Armen i Bind, med Taterandlit, med ugreidt Haar, uvaskad aa sjaa til, Skjerv um Halsen istadenfor Krage, lusliten og lurveleg all igjenom; han kom skjeglande^{k177} etter Sida, som han var rædd. Med eit uventande ljust, lett Mæle sagde han: «Aa Gu' velsigne Dere, gje mej litt Øl, jæ er saa tørst!» «Jagu er Mjøltraavaren ute!» ropad Koret. «Kor kjem De ifraa?» spurde Strand. «Han sagde so Vaarherre til Fanden^{k178} au eingong», svarad Mjøltraavaren, «og eg fær svara, som Fanden svarad: eg kjem her og der ifraa; eg hev voret ute og set meg um paa Jordi.» Mjøltraavaren fekk eit Glas og sette seg. Og no hadde han ei Hikstori, sagde han, som dei vilde gjeva Gull for, um dei kunde faa høyra henne. «Gull hev me ikkje», sagde Strand høgtideleg; «men det, me hev, det gjev me deg: Øl!» – «Kor mykje?» – «Det snakkar me um sidan.» – «De kann snyta meg.» – «Det kann du og. Hikstoria fyrst!» – «Pengarne fyrst!» – «So kann det vera det same.» – «Naa, fær eg Øl etterpaa daa?» – «Ja visst.» – Mjøltraavaren stakk ut det Glaset, han hadde og rette det fram tomt: «Og so fær eg eit no til aa mykja Munnlæret med?» – Jens slog i. «Takk! Skal 'n fortæle, saa maa 'n smørre Halshvirvlerne saa aven og tel, skjønner Dere!» sagde han.

Og Mjøltraavaren fortalde. Han hadde som [204] vanleg voret i Beit for Mammon, og kor Fanden skulde han faa Mammon ifraa denne Gongen? Daa fekk han ein Ide. Han gjekk til «*Pater omnipotens*»^{k179} og umvende seg. (Bravo!) Godt og væl. Han kom til *Pater omnipotens*, og skriftad for honom dei Synderne, som han *ikkje* hadde gjort; for dei, han *hadde* gjort, dei skulde Fanden snakka um! Men mest av alt jamrad han seg yver, at han var komen inn i denne ugudelege Framklikken, der han hadde komet ut for so mykje Satans List og Forlokking, at han hadde voret nære paa aa tapa si Barnetru. (Hurra! Mjøltraavarens

Barnetru!) *Pater omnipotens* vart rørd yver Mjøltraavarens Anger og heldt eit Foredrag, som iser handlad um Røvaren paa Krossen. (Ha, ha, ha, ha!) Deretter spurde *Pater omnipotens*, kva Mjøltraavaren no vilde taka seg til. Mjøltraavaren svarad, at han fyrst og fremst vilde arbeida paa sin eigen Helliggjørelse (Bravo!), og at han dernæst hadde tenkt aa prøva med Teologien. (Jubel!) Daa lagde *Pater* seg paa Kne, og Mjøltraavaren maatte og leggja seg paa Kne (Ha-ha ha-ha!) og bad for denne angergjevne Syndaren og Teologen i Voni, og var so rørd, at han greet. Men det viktigaste stod att –: Mammon. Kor skulde det gaa an aa tala um so verdsleg ein Ting etter alt dette? Mjøltraavaren hadde nok drivet det for vidt med Umvendelsen. Daa fekk han ein Ide. Han bad *Pater* um ein Bibel. Han hadde slik Trong til aa lesa i Guds Ord, sagde han, men hadde dessverre so litet av denne Verdens Mammon, at han – sannt [205] aa segja – ikkje hadde Raad til aa skaffa seg Livsens Braud. Daa tok *Pater* i si Hjartans Gleda upp 5 Dalar og gav han, og bad han koma att so tidt han kjende Trong til det, og Mjøltraavaren takkad med fagre Ord, og var so rørd, at han reint ut sagt hadde Taarer i Augo – av all den Laatten, han maatte bita i seg.

Mjøltraavaren gjorde det godt med Soga si. Alle lo og hadde Moro, so nær som Jens Rud; Fram var med og lo ei Stund, men vart tagall paa Slutten. Daniel heldt seg helst til Rud, og naar han stundom lo med, gjorde han det med vondt Samvit. Mjøltraavaren fekk Ølet sitt og var kry som ein Kunstmann. Men med ein Gong snudde Fram seg mot han og sagde: «Du er eit Herk, Mikkelsen!» – I den Stundi elskad Daniel Fram.

Mikkelsen forsvarad seg; Fram sat og saag upp i Loftet og syntest ikkje høyra. So tok han fram det, han hadde skrivet, og las det upp; han vilde høyra, um det var lett skrivet; paa den Maaten gjorde han Prøve paa Stilen sin. Stundom las han Stykki sine upp for Johanne; forstod ho dei, so var Fram stød paa, at dei var godt skrivne.

Idag vart der Strid um eit Par Setningar; det var ein, som Strand totte var uklaar, men som Jens Rud meinte var god. Den andre vilde Rud hava umstelt; men den totte Strand var god. Under alt dette kom Ottkanten burttil Daniel, bøygde seg ned mot Øyrat hans og sagde: «Undskyld, Hr. Braut, Di skulde ikke kunne laane mej en Dalers Penger [206] paa en 8 Dags Tid? Jæ er tilfeldigvis blank; jæ skulde ha noen Penger hos en Mand, men han har narret mej.» Daa lo Daniel: «eg skal ut og laana Pengar sjølv i Dag!» sagde han. «Aa! ja; undskyld da; De tar dæ ikke ille op?» – «Nei Gudbevars.» – «Takk.» Strakst etter kom Ottkanten att: «Men – undskyld – det faldt mej ind ... jæ er virkeli i en slem Knipe ... dersom Di nu fikk laant Penger i Da, kanskje Di da fikk saa mye, at Di kunde afse en hel eller en halv Dalers Penger?

Di maa ikke ta dæ fortrydeli op! –» – Daniel vart heilt forundrad. Slik tok dei det altso her! Og han, som var rædd for aa spyrja Jens Rud ... – «Dersom eg fær so mykje som eg sjølv treng, so er det Høgdi, – dessverre,» sagde han. Ottkanten bukkad og bad mange Gonger «undskylle».

Daniel reiste seg. No hadde han Mod til aa gaa paa, totte han. Burt i ei Kraa saag han Rud staa og snakka med Strand; og Strand fekk laana ein Dalar av han. Daniel gjekk burttil. Med eit ustødt Maal, som skulde vera rolegt, sagde han: «Er der *mange* Pengar der?» Og han vart so raud ikring Augo. Jens saag paa Fyren. Han forstod nok litt av det, som no gjekk for seg i den arme Guten, og utan eit Ord tok han ein Femmar upp og gav han. «Er det nok?» sagde han. «Ja Takk!» svarad Daniel. «Takk! ... Takk!» Han kunde ikkje segja meir; han var glad, men skamfull, og sette tilbeins som han skulde ha stolet dei fem Dalarne.

– Men den Dagen hadde Daniel lært, at ein [207] djerv Kar kunde fikta seg fram for ei Tid med Smaalaan.

Han fekk prøva med det. Det var ikkje annat fyre. Han fekk betala, naar han fekk Huslærar posten sin; det kunde væl ikkje verta so lengje til dess. –

– «Det er sannt, du skulde ikkje kunna vera av med ein Dalar elder tvo for ei Tid? Eg skal ha nokre Pengar av ein Mann; men han hev narrat meg, og eg er so i Beit!» So paa Lag lydde den Leksa, som Daniel no eit Bil livde paa. Med sviktande Tunga og raudnande Andlit las han henne upp: han visste, han laug, og han visste, at han ikkje var vælkomen. Men naar Samvitet beit, og Skammi brann, so trøystad han seg med, at han var nøydd til det; og innst inne var der ein halvtenkt Tanke, som skaut Skuldi yver paa Vaarherre. –

Paa Forelesningarne gjekk han oftare enn fyrr; det sparde paa Veden. Um Ettermiddagen sat han for det meste paa Kaffikjeldaren. Der var varmt, og der raakad han Folk; stundom vankad der Øl, og i Bladi kunde han sjaa etter, um der var «nokot for honom.»

Det var der no ikkje; men so hadde han Samvitet fritt. Paa Universitetet var der ein Dag utlyst ein ny Huslærarpost, og Daniel vreid seg ved Tanken um, at den laut han væl søkja. Men daa han las væl etter, saag han, at Huslæraren skulde kunna Engelsk, og det kunde ikkje Daniel. So kunde det ikkje nytta aa melde seg der, tenkte han, og var [208] løynleg lettad. Han tilstod det ikkje heilt for seg sjølv, men i Grunnen hadde han det so, at han var ikkje so rædd for aa lida litt Naud, – naar han berre kunde sleppa aa arbeida.

Med Framsfolket hadde han ofta Lag, helst naar Rud var der. Fram vyrde han overlag, og var stundom glad i han, men stundom rædd. Det var slik ein uvyrden Kar, denne Fram; han sagde det han meinte, um det var aldri so leidt aa høyra paa. Og vart han vond, kunde han vera vitlaus. Daniel vart iser brennande forargad, naar han talad um «Studenterhumbugen» og «Latin-Tullet». «Dei snakkar um halvstuderte Røvarar», kunde Fram kvessa i, «men maa tru, kor det finst mest av dei. Kva kann vera meir «halvstudert» enn alt dette Humbug, som driv upp til Andre-Eksamen og kann snyta til seg ein Tvoar elder Einar i Filosofi f. Eks. Ja, det er feite Filosooffar. Dei lærer Filosofien paa eit Par Dagar, og so gjeng dei upp. Svarar dei nokot, som dei tenkjer sjølve, so gjeng det Skit, men svarar dei nokot, som dei slettikkje skynar, men hev lært i Boki, so er alt godt og væl. Elder i Astronomi. Me kjenner alle desse Kultarne, som sluker sin verdslege Visdom og fær gode Karakterar og kjem stupande i Graalysingi upp til Manuduktøren^{k180} og skal pugga inn nokre Formlar, som dei snyter dei stakkars einfaldige Professorarne med. Dei hev store, lange Uppskrifter, som dei lærer eit Par Timar fyreaat og gløymer eit Par Timar etterpaa og aldri meir ser paa. Kor finn me i Livet so mykje Sprett og Spjaak som hjaa Studenten? ^[209] Ingenstaden. Gakk ut og sjaa paa dette unge Livshaap upp og ned Karl Johan med Kjenk og Vrid og Kast med Augo, med Glas paa Nasen, med Stav i Haand, med klint Haar, med Dusk i Huva, med Vott paa Haand, med Spjaak og Sprik, som kvar Mann kann sjaa er deira Livs Maal. Gakk ut um Kvelden, daa dei ferdast paa Utkantarne og i Krokarne og Husi,^{k181} – og alle desse skal eingong ut og preika Guds frygt og Sedelegheit og Lydnad mot Loven; gakk ut um Kvelden og sjaa paa alle desse Juristarne, som tergar Politiet og vert førde paa Raadstova og mulkterad; og desse skal vera dei, som skal halda Lovarne uppe. Og heile, denne Tomheit, og Tomheit paa Tomheit, den skal Bonden betala, og so gjeng dei endaa og slær paa Nakken og fryner med Nosi og snakkar um raabarkede Bønder og halvstuderte Røvere og segjer at det er dei, som sit inne med Kulturen!» –

Slikt hadde Daniel aldri høyrt Maken til. Der kunde kanskje vera eit og annat sannt i det; men – sitja og *segja* det! og segja det paa den Maaten! –

Men naar Fram talad um den sanne Studenten og hans Gjerning, daa kunde han tala so dragande fagert, og likevæl so klaart, at Daniel vart sitjande reint einstird. Der var ei forunderleg Magt yver denne Mannen. Han var eldfull og harm som ein Profet, lynande logisk, sterk og fager i Ord som ein Diktar. Og Augo var so reine og ljose, og Andlitet so sjæfullt og skiftande. Naar han talad um Trui, maatte Daniel tenkja paa det, som skrivet stod um ^[210] falske Profetar og um Djevelen i Engleham; for Fram var faarleg. Han kunde so godt snu sine Ord og fekk sine Grunnar til aa

sjaa so rimelege ut, at Ormen i Paradis aldri kunde ha gjort det betre. Daniel lydde paa han med rædd, halvlysten Brennhug, liksom Eva, daa ho lydde paa det faarlege og fagre: «de skal verta som Gud». [k182](#) Han visste fraa sin Barnelærdom, at alt det Fram sagde um desse Ting, var Lygn og Forgift; men likevæl var det so lokkande aa høyra paa, som det skulde vera Gudsens Sanning.

Teologen Ellingstad, som hørde med til Klikken, lagde imot, og Daniel totte han gjorde det godt, og kjende seg so trygg, naar han talad. Men daa vart Fram som Eld og Glod, skræmeleg sterk, stundom stygg, og det nyttad ikkje aa koma med Sanningi til honom; for han tok alt reint bakvendt. Kanskje var han alt komen so langt, tenkte Daniel, at Gud hadde forvendt Syni hans, so han ikkje skulde sjaa. Men eingong sagde Ellingstad, at han sjølv tvilad um mangt og mykje, og at anten vart han ein fanatisk Høgkyrkjemann, elder so vart han ein verre Fritenkjar enn baade Fram og dei andre. Sidan totte ikkje Daniel, at Ellingstad greidde seg so godt mot Fram, og kjende seg ikkje lenger so trygg, naar han talad.

Ein einaste Ting var der, som Daniel etterkvart tok til aa tenkja paa, og det var Læra um Djevelen. Han kunde nok gjerna vilja sleppa aa tru paa den Mannen. Men han kom etter, at dersom han gav [\[211\]](#) upp Trui paa Djevelen, maatte han med det same gjeva upp Trui paa ymse andre Ting, ja kanskje paa alt; det var, som Djevelen var Grunnsteinen i Bygningen. Og so tenkte ikkje Daniel meir paa dette. I Trui var det nok best aa halda seg til Haugum, meinte han.

Men Republikanar vart han; for det kunde ikkje vera so faarlegt. Og han kunde ikkje forstaa annat, enn at Fram her hadde Rett. Det var forunderlegt, at so mange kloke Folk var imot Republikken; men naar han vart uroleg yver dette, trøystad han seg med, at Fram nok var Mann for aa verja baade seg sjølv og sine. –

Det var mange Slags Folk, som gjekk her, og mykje Skrap. Var det ein Arming, som var komen paa Kant med Livet, som ingenting aatte og ingen hadde aa halda seg til, so kom han til Fram, og livde paa Fram, og Fram kunde aldri segja nei, men laante sine Skillingar burt til kven som bad, og kravde dei aldri tilbake. Paa den Maaten sankad han um seg ein underleg Hop av Vrak og Villstyringar, som fylgde han som ein lang Skugge, – Folk utan Meiningar, Folk utan Karakter, Hurraskrikarar for eit Glas Øl, og Folk som Rødberg og Peder Monsen. Men dette var ikkje «Klikken». Klikken var ein liten utsøkt Flokk av ivrige Idealistar, Bystudentar og Bondestudentar um kvarandre, ein sterk, glad Fylking, som trudde paa Tanken, elskad Framtidi, hadde Fridomen til Religion, Bjørnson til Skald,

Fram til Rudningsmann, det nye Norig til Her-Rop; norsk-norske [212] var dei paa sin Hals, og europæiske paa sin Hals, – den beste Ungdomen i Norig.

Av Kjenningar raakad Daniel Hærland og Gregus Johnsen, sidan Aslak Fjordan, Markus Olivarius, Halvor Mosebø og Sven Dufva. I «Klikken» vart Daniel lagt Merke til og stundom teken med, fordi Jens Rud hadde store Tankar um Guten; – men dei Tankarne hadde Jens Rud fenget fraa Kapellan Hirsch. –

– Det leid til Joli, og Daniel hadde fiktat seg ihop ei heil Gjeld. Livemaaten hadde voret skral, og han hadde svoltet meir enn ein Gong; men han hadde daa paa ein Maate bergat seg. No tok det til aa myrkna. Den eine etter den andre reiste fraa Byen, og some skulde vera burte lengje; dessutan hadde han med brennande Skam lagt Merke til, at Kjenningarne hans rymde for han, naar dei saag han; andre hadde beint ut sagt, at dei kunde ikkje laana han fleire Pengar. Han kjende seg meir og meir arm, meir og meir forkomen. Tilslutt, daa Joli stod for Døri, og han ikkje visste nokon annan aa gaa til, gjorde han seg hard og gjekk paa Fram. Det var det verste, han hadde gjort; men han *gjorde* det, og han fekk laana ein Dalar. Daa den var uppeten, gjorde han seg uvyrden og gjekk paa Fram ein Gong til. Han *kunde* ikkje annat! han maatte liva! og dette skulde vera siste Gongen –! Fram aatte eit Halvdalarstykkje, og det fekk Daniel. Men sidan torde han ikkje koma i Klikken meir; han vart so ynkeleg skamfull, naar han saag Fram.

[213] Han var skamfull i det heile. Det var ingen ærleg Maate aa liva paa, dette, tenkte han, og han hadde snart misst heile sin Vyrnad. Der var ikkje annat fyre enn aa sjaa seg um for Aalvor etter ein Post; Studenterlivet fekk det vera med til sidan. –

Kvar Dag gjekk han paa Universitetet og saag paa Uppslagstavla; kvar Morgon, naar han var trygg paa aa ikkje raaka Fram, gjekk han paa Kaffikjeldaren og saag i Bladi. Der var ingenting. No, naar det kneip, var der ingenting! Han sparde og knipte paa den siste halve Dalaren sin som ein Prakkar. Han livde paa Vatn og turt Braud; men tilslutt fekk Halvdalaren Ende likevæl, og so stod han der, reint paa berre Bakken. Det var ein sur Slutdag^{k183} i Januar. Han var svolten og han fraus; Ved hadde han ikkje; den siste Braudskanken fekk han gjøyma til i Morgo. Att og fram i Gata gjekk han og slong, slunken og hol, vaat paa Føterne; Middag hadde han ikkje fenget paa fleire Dagar. I Kveldingi luskad han inn paa Kaffikjeldaren, snikjande og rædd som ein svolten Hund; der var ingen, han kjende. Skulde han prøva, um han hadde Kredit? Han vaagad ikkje. Ein vart so underleg modlaus naar ein ikkje aatte Mynt ... Han gjekk. Dreiv att og fram paa Gata og tenkte paa, um der

daa ikkje skulde vera ein einaste, han kunde gaa til. Daa hugsad han sine gamle Venner Ole Bentsen og Peter Dirk. Gudskelov! Der var ein Utveg. Dei var visst i Byen, og dei hadde Pengar. Dei vilde ikkje segja Nei til ein gamall Kammerat. Han vart so glad og lett, at han sette ^[214] i Veg med ein Gong for aa finna dei. Dei budde paa Hægdehaugen. Men daa han kom der upp, var dei ikkje heime. Tung og trøytt gjekk han heim og lagde seg; men han var so svolten, at han ikkje fekk sova. Han maatte tilslutt upp og eta i seg den siste Braudskanken sin, og daa sovnad han endeleg, og sov tungt og lengje.

Han stod upp, rasande svolten, drakk tri Glas Vatn og ruslad i Veg. Daa han kom upp til Hægdehaugen, var Ole Bentsen og Peter Dirk just utgjengne. Dei kom att ut paa Ettermiddagen ein Gong.

Daniel var so klar, ^{k184} at han knapt kunde halda seg uppe. Men Time etter Time maatte han gaa og venta, svabbande i Snøsøyla Gata upp og Gata ned, til dess han kunde tru, at dei var heimkomne. Det var ein syrgjeleg Dag. Han kunde ikkje eingong drøyma, utan um Mat, og Tanken hans stod som ei uttrekt Klokka.

Tilslutt kunde han ikkje meir. Det sleit for Brystet av Svolt; han svimrad av Trøyttleik; yver Augo laag ei heit Tyngd som av Feber. Klokka var 4; han fekk upp og høyra etter. Med Møda og Stræv naadde han Huset; han var so veik i Knei. Gudskelov, dei var heime. Han pustad ut so godt han kunde, og stivde seg upp; han vart med eingong so bljug. Det var nok ikkje sagt, kor vælkomen han vilde vera her helder; desse Kararne hadde han aldri havt nokot Lag med, og no kom han for aa laana Pengar ... Men ein fekk gjera seg hard. Han bankad paa og steig inn. Godkveld. Der var myrkt ^[215] inne; dei kjende han ikkje; «Godkveld?» sagde dei spyrijande. Det brann koselegt i Omnen; her var so varmt, at Daniel svimrad. Han gjekk fram og tok Ole Bentsen i Haandi. «De kjenner meg kanskje ikkje att?» spurde han, og Maalet hans vart mot hans Vilje so holt og klagande. Peter Dirk, som laag burt i Sofaen og røykte, reiste seg og kveikte Ljos; Ole Bentsen drog etterkvart Kjendsel paa Daniel og sagde: «Aa, – er det ... so sjeldsynte Folk, som er ute og gjeng?» – Daniel raudnad og sagde, at dei budde so langt av Leid ... han hadde ofta tenkt aa sjaa uppum dei, men ... Tidi ... So gjekk han burt og helsad paa Peter Dirk. «No, kor gjeng det?» sagde denne. «Aa Takk.» «Sit ned»; han sette seg.

Ole Bentsen og Peter Dirk saag paa Guten, glytte so til kvarandre med eit talande Augnekast. Dei hadde høyrt, at det skulde staa smaatt til med Daniel Sørbraut, og no fekk dei sjaa det. Han var gul; kring Augo laag ein breid, sjukleg Ring, og dei raude, ruskutte Skjeggfliserne gav Andlitet nokot villt og forkomet. Peter Dirk vart

so teken av det, han saag, at han gløymde seg sjølv og spurde Daniel, um han vilde hava eit Glas Øl. «Takk!» sagde Daniel og vart raud av Gleda. «Eg trur me hev etter ei halv Flaska Øl sidan Middag», sagde Peter med ein uroleg Glytt burttil Ole Bentsen; denne nikkad. «Me held Middag heime sometider, maa De vita», sagde han til Daniel; «ein maa laga Munnen etter Skreppa, som dei segjer.» – «Det er væl so,» [216] svarad Daniel; han vart gul att. Peter Dirk drog upp den halva Ølflaska og slog i; men han slog berre i til tvo. Dei vil ikkje drikka med meg, tenkte Daniel; – men dess meir fær eg! «Ver so god!» sagde Peter til Daniel og Ole. «Nei ver so god du», sagde denne til Peter. Peter tok Glaset, nikkad til Daniel og drakk; Daniel reiste seg, steig ustødt burt til Bordet, tok Glaset med dirrande Haand og tømde det. Aa Herre Gud, kor det smakad, og kor det gjorde godt! Den, som no hadde havt eit Stykkje Mat til! Med det same saag han, at Peter berre so vidt hadde smakat paa sitt Glas; Daniel forstod, at han hadde faret galet og orsakad seg –: «Det er godt aa faa Øl, naar ein er tyrst», sagde han. – «Aa ja–a», sagde Ole Bentsen.

Daniel gav seg til aa røda. Ølet gjorde han modig, og so galdt det aa faa Kararne i Godlag. Ole Bentsen sette seg i Ruggestolen framfor Bordet og tagde; Peter Dirk lagde seg i Sofaen og røykte og svarad ja og nei. Dei forstod so godt, kva han vilde. Han hadde heile dette underlege, uhyggjelege Lag, som merkjer Armingen, naar han er ute og skal «slaa Pengar» og veit, at det er smaatt med Kreditten, – dette snakande og nærsøkne og paa same Tid underdanige; han pratad og pratad um slikt, som dei kunde lika, gjorde seg kjend og kammeratsleg, og heldt med dei i eit og alt liksom Hunden, som dillar med Rova. Dei sat og ynskte Fyren til Hekkfjells Berg og vart meir og meir tagalle, og Ole Bentsen tenkte med seg, at Folk, som stelte seg slik, at dei kom i Beit, [217] og sidan vilde liva paa andre, dei *fortente* aa svelta. Stod der ikkje i Skrifti: «bliver ingen noget skyldige»?

Daniel forstod, at dei ikkje brydde seg stort um det han sagde, og daa Ølet etterkvart seig av han, vart han tagall og arm som fyrr. Han sat og liksom seig ihop paa Stolen, og Mælet vart veikt, sviktande og holt. Han fekk mindre og mindre Mod til aa spyrja um Pengar; men ... skulde det ikkje gaa an aa setja seg til aa venta til Kveldsmaten kom? Daa kunde dei ikkje for Skam Skuld annat enn beda han med seg. Ole Bentsen og Peter Dirk sat og gjorde Augo til kvarandre. So reiste Peter seg upp og saag paa Klokka. «Kor mange er ho?» spurde Ole Bentsen. «Halv seks», svarad denne. «Aa, so mange?» sagde Ole; «ja daa fær eg nok til aa lesa.» «Ja, enn eg daa?» sagde Peter Dirk. Daniel forstod. Han vart myrkeraud i Andlitet og stod upp. «Ja ... lid det so langt, so ... fær eg nok og ... heim og arbeida», sagde han. – «Aa ja, det er lang Veg», meinte Ole Bentsen. – «Ja.» Daniel stod og vreid seg;

skulde han vaaga det –? Aa ja ... han fekk ikkje meir enn nei; og han kunde ikkje gaa heimatt med tome Hender! Hastande, snaavande lagde han i Veg: «Eg hev langt heim, ja, og so skulde eg dessutan heilt upp i Professorbyen ... eg hev ein Kjenning der, som eg skulde hava nokre Pengar av, men han var ikkje heime i Dag, og no maa eg –. Men seg meg ... for aa sleppa aa gaa den lange Vegen ... det er myrkt no, og stygt Føre ... De skulde ikkje kunna [218] hjelpa ein Kammerat med eit Par Mark til i Morgo, De?» Han stod og fingrad og snudde paa Luva si og saag ut som ein Tjuv. «M–nei», sagde Ole Bentsen stillt og blidt, «sanneleg um eg hev so mykje. Eg hev ventat Pengar no i fleire Dagar; men eg forstend ikkje, kva dei tenkjer paa der heime.» Ole Bentsen laug, men han laug, so han hadde sine Ord frie. Og for aa vera trygg for Daniel sidan, lagde han til: «Eg hev sanneleg sett meg i so mykje Skuld no, at naar eg hev Pengar, so gjeng dei med det same. Men, korleis er det med deg, Peter? Hev du nokot?» Peter Dirk sette upp eit skjemtfullt Andlit, drog fram Pengeboki si, opnad henne, kringde henne, spilte Augo upp liksom i Forundring ... der datt ut ein Knapp. Peter Dirk blistrad. Daniel lo, haast og saart. Men Peter sagde ingenting um, at dei Pengarne, som hadde voret i Boki, dei laag no etter nedi Lomma hans. «Naa, ja-ja», sagde Daniel med bibrande Munn, «so fær eg burtum den andre ... Det er litt langt, men ... Ja, Takk for i Kveld.» – «Sjølvtakk. Væl heim!» – «Takk. Godnatt.» – «Godnatt, Godnatt!»

Han steig ned Troppi med Ryggen krylen av Skam og svikne Voner. Han greet mest, daa han kom ut. No hadde han gjort seg til Bikkja for aa faa eit Bein, og so hadde han ikkje fengget det. Seint og syrgjelegt slong han ned etter Gata. Ein full Mann stansad upp midt framfor han og sagde: «er 'u rædd, Gutt?» Daniel rymde yver paa den andre Sida. Tvo glade unge Herrar kom spantande og røykte [219] Sigarar, som luktad svimrande sterkt; dei fyllte upp Fortoget, so Daniel maatte ut i Gata. Tenestgjentur kom berande med Mjølkespand og Korger fulle av Braud og Flaskur; det var so vondt aa sjaa; Augo hans saug seg fast i dei Korgerne. Alle Folk hadde Mat; alle Folk livde godt; ingen hadde ein Bite til honom. Utanfor ein Husholdningshandel stansad han; Kraambudi var full av Folk. Han saag med svoltne Augo paa all den Maten, som vart langad ut yver Disken, Braud, Smør, Ost, Pylsesnabbar, Ølflaskur, Kaffifjordingar, Gryn, Erter, Flesk, Egg; og han stunde høgt av Hunger. Med ein saar Sukk drog han seg ifraa Døri, men stansad ved Vindaugat. Han studde seg til Veggen, han var so trøytt. Akslerne verkte, Knei vilde snart ikkje bera han. Litt Mat, litt Mat; aa, berre litt turt Braud og eit Glas Vatn! Han stirde med Feber i Augo paa alle dei gode Ting, som var uppsette i Vindaugat; der var store Glas fulle av Kjeks, Drops, Sviskur, Sukker; paa ei Snor øvst uppe hekk digre, forførande Spikelaar, og i ei stor Korg var der utstillt Braud, store,

lækre Braud, brunsteikte og ferske, Braud til aa verta galen av. Han stod og stirde og drøymde, og tenkte seg den Tingen aa klemma ut ei Ruta ... med ein Tjøreklut, so Glaset ikkje skulde singla ... og taka – *taka* det Braudet der, som laag so gullfagert og lokkad; so vaknad han, kulsad og fraus, samlad seg ihop og sjanglad i Veg att. Han fekk gaa heim og leggja seg. Han var sjuk. Den, som berre kunde faa sova. Hadde han havt Berta Maria no, skulde [220] han bedet *henne* um Mat i Kveld; ho hadde ikkje sogt nei. Den skarve Gjenta!

Ned gjennom Homannsbyen saggad han i seine Stig; Gata var full av Folk, og alle skulde dei heim og eta. Det var kaldt og surt, men Ljos var der i alle Vindaugo, og ei søt Lukt av friskt Braud og andre Matvarar slog ut av Kraambuderne som Luftningar fraa Paradis, kvar Gong Dørerne gjekk upp. Kor skulde han gjera av seg i Morgo? – Gaa til *Pater omnipotens*? – Ja, hadde han berre voret umvend ... Men kanskje ... naar han vaknad, kom Postmannen med ein gul Setel –: Til Hr. Stud. filos. D. Braut er ankommet Brev, paategnet ... 10 Spd.» 10 Dalar, Braud, Smør, Mjølkk, nei Øl, litt Ost, nei, helder ein Pylsestubb ... eta godt ... so til Skomakaren ... nye Sko, tvo Dalar ... so Middag ... aa, aa, Middag! god varm Middag; kjenna seg god og mett; og so ei ærleg Pipa! – Nei, nei; det nyttad ikkje aa drøyma. Det vart berre verre med det. Ikkje tenkja paa Mat. Ikkje tenkja paa Mat ...

Der var nokot, som var viktigare enn Maten. He-he, ja; men um dei blees han so full av Aand, at han vart som ein Luftballon, so vilde han vera like aandlaus for det, so lengje han ikkje fekk eta ...

Der heime, der hadde dei det godt. Altid sitt visse Bord aa gaa til ... det kunde vera trongt i andre Maatar; men dei hadde alltid Mat. Kneip det, kunde dei slagta ei Ku. Dei svalt ikkje. Det var ikkje for ingen Ting, at dei Gamle heldt Braudet heilagt, og talad um heilage Uksar. ...

[221] Homers Kjempur, naar dei vart svoltne, so sette dei Uksar paa Spit, brasad og steikte og aat, fyllte seg med ungt Kjøtt og med den søte Vin. Det var minst fyre aa vera Kjempa paa den Maaten. Daniel saug paa Tunga si; han kjende Smaken av ungt Kjøtt og søt Vin, so Tennerne hans vatshaglad.

Han seig paa, seig paa, som eit Klokkeverk, naar det eingong er komet i Gang. Han var so hol, han totte, han vilde gaa av paa Midten. Og Akslerne verkte som der kunde vera Eld i dei. Sigarrøyk dreiv sterk og svimrande ikring han, so ofta han møtte Folk; Pianospel klunkad ut til han fraa alle Stovur; det var so vondt aa høyra. Der inne sat Folk og hadde det varmt og lognt, skulde eta godt til Kvelds og so hava sin Toddy. Han fraus; han kjende den snøsure Januarlufti like inn paa Skinnet.

Han var komen ned i Teatergata; det tok til aa bera imot att; men han var for trøytt til aa gaa seg varm. Ingenstad kunde ein gaa inn helder, naar ein ikkje hadde Pengar. Der uppe laag Trefoldigheds Kyrkja, svær og tung, med sin evige Blyhatt; der var Ljos. *Der* kunde han gaa inn og kvila seg! Der kunde ingen jaga han ut, um han ikkje hadde Pengar, og kanskje han der kunde raaka ein Mann, som vilde laana han tolv Skilling! Han drog seg inn. Der var visst Bibellesning. Den fyrste tome Stolen han saag, seig han ned i. Aa Gud, so trøytt han var. Der gjekk Feberskjelvingar gjennom han; han svimrad, som han kunde daana; seig ihop der han sat, og leet att Augo. Men for dei attletne [222] Augo dansad i lange Rader Braud, gulbrune, væl steikte Braud, Braud i Korger og Braud i Kassar ... Den, som hadde eit. Den, som fann eit slikt paa Bordet sitt, naar ein kom heim! Desse andre, som sat her, dei skulde heim og hava Te og Øl til Kvelds, med Smør og Braud og tri Slags Ost og uppskoret Kjøt og kanskje ein liten Rett Torsk fyrst; dei kunde nok vera gudelege! Kva var det for nokot, dei song? Han kunde ikkje skilja Ordi. Men kvar Gong, dei kom til Slutten av Verset, tottest han tydeleg høyra dei gamle Strofur, som han no hadde halvveges gløymt:

«Thi Gud giver sine baade Klæder og Fød',
naar de monne sødeligen so–ove!»

Ja; det kunde *dei* syngja. Han for sin Part hadde aldri set nokot til, at der kom Mat elder Klæde, naar ein laag og sov; men slike Folk som desse, som ikkje var med i Framsflokken, og som ikkje livde det ideale Studentertiliv, dei fekk visst baade det eine og det andre; dei saag ut til det. Dei var baade velfødde og vælklædde; det lønte seg nok aa vera gudfrygtig. Ein Kandidat elder nokot slikt kom upp paa Preikstolen og lagde ut nokot, som Daniel ikkje fekk Greida paa. Han hørde somt av det; men somt kom burt i den Omen fraa alle Veggjer, som svarad Talaren paa kvart hans Ord, helst naar han talad høgt, og gjorde, at Talen liksom maatte vassa seg fram gjennom ein tung Motstraum; – og somt kom Daniel ikkje til aa høyra, fordi den svidande Svolten drog Tankarne hans burt. Med ein Gong kvakk han upp og gav seg til aa høyra etter. [223] Talaren fortalde um dei ugudelege, som livde villt og sette alt sitt Gods til i ein syndefull Livnad; og naar dei hadde øydt upp alt det, dei aatte, so tok dei kanskje Klædi av Kroppen og gjekk til Pantelaanaren med for aa faa nokot aa synda fyre! Pantelaanaren! Det var Ordet, som vekte Daniel. Der var ein Utveg! Endaa kunde han faa Mat, fyrr han gjekk i Seng! Hadde han berre nokot aa setja i Pant? – Bøkerne kunde det ikkje nytta med; dei var gamle og skrale; Vinterfrakken – trong han altfor hardt til; Klokka hadde han ikkje ... men Duskeluva! Duskeluva kunde han setja i Pant! Han reiste seg upp, kunde knapt

staa, men tok seg paa Tak; ut av Kyrkja bar det, heim etter Duskeluva, og so til Pantelaanaren so snøgt han orkad.

Han ventad aa faa ein heil Dalar paa Luva si. Det fekk han ikkje; han fekk tvo Mark. Men tvo Mark var Pengar, det med, og Daniel kjende seg heilt rik, daa han gjekk ut av Pantebudi. Med ny Kraft og med snøgge Stig gjekk han paa Kaffikjeldaren og fekk døyva den verste Svolten, og paa Heimvegen kjøpte han Braud og Øl og aat paa nytt, daa han kom heim. Daa vart han so varm og glad og lat; og det vesle Ølet han hadde drukket, lagde eit Slør um Pannen hans, mjukt og smeikjande som Ull.

Men han hadde vondt i Hovudet.

IX.

[224] Dagen etter var Daniel sjuk. Hovudet verke med Tyngd og Klemming. Halsen var saar og vond, ein sterk Krimsmak^{k185} kleimde^{k186} seg gjennom Munnen, i Sida sat ein liten kvass Styng, og ein nyfødd, usunn Feber æste gjennom Blodet. Han visste med seg sjølv, at han vakte; han laag endaa og talmad^{k187} seg med den Tanken, at han hadde brotet Studenterlovnaden sin ved aa setja Duskeluva i Pant for Mat; men alleslags underlege Syner dreiv gjennom Heilen hans, og stundom misste Tankarne Fotfestet og gleid burt millom Synerne. Han laag og vippad millom Vaking og Villska, laag liksom i Dragsui millom Medvit og Draum.

Utetter Dagen vart han verre, Feberen fekk Magti. Madam Henriksen, Husfrua, var inne og saag um han, spurde um eit og annat, men fekk berre Tøv til Svar; so sette ho inn til han slikt, som ho tenkte, han kunde turva, vaskad Pannen hans med Eddik, leet Gjenta leggja i Omnen, og gjekk.

Romet var trongt og trist, Lufti tung, Omnen heit; Daniel fekk ei fæl Nott. Laag og kavad fraa Draum til Draum, den eine tyngre enn den andre; fyrst ut paa Morgonstundi fekk han sova eit Bil, og daa Madam Henriksen kom inn um Formiddagen, var [225] han vaken. Ho spurde um ho skulde henta Doktor. Daniel hugsad si Pengenaud og svarad nei; men han vart rædd. Var han kanskje so sjuk, at det kunde vera faarlegt?

Hovudet verke so tungt og vondt, og Styngen i Sida stengde for Pusten. Skulde han døy? Den Tanken tok han so sterkt, at det var som han dovnad av Rædsla. Han saag seg sjølv kvit og stiv i den tronge svarte Kista, kjende Lukti av Likferdslin og Gravmold, kraup ihop i Sengi og prøvde aa beda til Vaarherre. Og so tenkte han paa det Livet, han hadde ført. Han saag alle sine vonde, sjølvvise Tankar dukkande upp for Minnet som stygge Dyr; Kaffikjeldaren med all den Ølringelen og Banningi og heile det ville Væsen viste seg for han som ein Forhall til Helvite; Draumarne um «Studenterlivet» skjemdest han yver; alt det han hadde gjort og tenkt vart Synd og Skam og ynkeleg Daarskap. Skulde han døy no, so døydde han den evige Daude, han saag det so væl. Dirrande av Fæla treiv han Tak i Sengestokken og bad, bad

med spreidde, forskræmde Tankar, at han maatte faa liva, liva, so han kunde umvenda seg. Og so kom Feberen att med sitt Tøv og sine uklaare Syner.

Slik laag han i fleire Dagar, kavande og ørskande, rædd, naar han vakte, forpint, naar han drøymde. Madam Henriksen, som vart blaut av aa sjaa Guten sjuk, stelte for han, so godt ho kunde, skræmde Vitet av han med sitt Doktarsnakk, men trøystad [226] han, daa ho forstod, at han var rædd. So vaknad han ein Formiddag og var lettare. Hovudet var veikt og ørt, men verkte ikkje so vondt: Styngen i Sida kjende han berre, naar han drog Anden djupt; Feberbranden i Blodet hadde sloknat. Og Madam Henriksen var snild som ei Mor, stelte Drikka og Mat til han og berre bad han segja ifraa, var det nokot, han vilde hava. Men inn gjennom Vindaugat laag ein tindrande Solstraale. Daa totte Guten, at alt vart so godt og ljost, og at eit nytt Liv vaknad i han. Han tenkte paa Dauden, men utan Fæla; han tenkte paa Vaarherre, men som paa ein Far. Hugmjuk og veik laag han der og kvilte, og gode, kjærlege Tankar strøymde inn paa han. Han hadde vandrat gjennom Daudens Dal og kjempat i Bøn um Liv og Sjæl; men no hadde han vunnet, no var han frelst. Med barnleg Tillit vende han seg til Vaarherre. Han visste, at den himmelske Fader vilde hjelpa han no. No, daa hans vonde Hjarta var bøygt og mykt, no kunde Vaarherre faa fylgja sin kjærlege Vilje. Og han bad um Naade for alle sine Synder, um Naade for Jesu Kristi Skuld; og han saag Gud Fader sitja uppe i Himmelen i si kvite Solskinskaapa og smila ned til sitt sjuke Barn. Han vart so kløkket, at han fekk Taarer i Augo; og det gjorde so vondt i Skallen. No vilde han gjeva seg heilt i Guds Haand og lata hans Vilje aaleine raada. Um det var Guds Vilje, at han skulde døy, so vilde han fylgja Kallet utan Mothug; men skulde han liva, so vilde han liva som eit Guds Barn; for daa aaleine kunde han i Sanning, [227] vera sæl. Og dersom Vaarherre i sin Visdom hadde fastsett, at han skulde liva, so hadde han nok og sine Englar, sine Tenarar, som kunde hjelpa han i dette stakkars timelege ... Daniel tenkte paa Pater omnipotens, og det var utan Tvil Vaarherre sjølv, som hadde sendt han denne Tanken. –

Og so skulde Livet byrja fraa nytt av. Han hadde aldri kjennt seg so sæl og so trygg; det var Guds Fred, som var yver han no; han var visseleg omvend.

Trøytt og avdovnad som etter ein Rus sovnad han av att og sov lengje. Vaknad paanytt, med blide Tankar og Gud paa Tunga og kjende seg so rein og god. Han hadde Mathug og fekk inn ein Tallerk Saftsupa, som han styrkte seg paa, og han gjorde upp med seg sjølv, at det fanst ikkje Gleda i Verdi, som kunde liknast med den Sæla, han livde i no, etter at Synderne hans var burttekne. I tvo Dagar varde denne Sæla. Han laag i ein mild, fredeleg Tilfriskningsdøs og elskad og bad, las i

Salmeboki og Testamentet, og hadde slik Gleda i Guds Ord. Det gruste i han, naar han tenkte paa sitt gamle Syndeliv millom Ølflaskur og Tvilarar, og han lovad Vaarherre, men med ein liten Sukk, som han døyvde, at no vilde han gjeva upp alle sine verdslege Tankar, ja sjølve det ideale Studenterliv.

Den tridje Dagen stod han upp. Han torde ikkje gaa ut; men Madam Henriksen skaffad Mat og Ved, og so sat han inne og hadde det godt, aat og drakk, prøvde aa røykja, men Pipa hadde Usmak, [228] og las i Testamentet. Han hadde ikkje fullt so rik Gleda av Guds Ord i Dag som fyrr, og Tankarne hans kvilte ikkje fullt so rolegt i det himmelske; men han visste fraa dei vakte, at Naaden ikkje alltid var like sterk, og dessutan var det ikkje eingong Guds Vilje, at me skulde tenkja berre paa det himmelske.

Denne siste Tanken lettad; han lagde Testamentet ifraa seg og gav seg til aa tenkja paa sine jordiske Saker. Han vilde altso gaa til Pater. No, daa han var umvend, kunde han med rolegt Hjarta beda denne Mannen um Rettleiding og Hjelp, og det baade i det timelege og i det aandelege. Hellest vilde han ikkje beda um Pengehjelp. I sine syndige Dagar hadde han livt altfor mykje paa annat Folks Pengar; no vilde han fylgja Guds Ord, og det sagde, at den, som vilde eta, skulde arbeida. Han vilde altso spyrja Pater um Arbeid. Han lengtad etter aa faa tala med denne Mannen; han totte han elskad han alt paa Forhaand.

Han aat godt i desse Dagarne, so godt, at han skjemdest yver det for Madam Henriksen. Men ho syntest berre vera glad, for han gjorde slik Æra paa Maten hennar, og dessutan ... ja, det var ein kald Tanke, men i Grunnen var det best so ... dessutan fekk han nok betala. So aat Daniel, og aat tilgagns. Og han las alle dei Bordbønerne, han kunde hugsa, baade fyre og etter Maten, og det var forunderlegt, som desse Bønerne vart høyrde. Han hadde aldri havt so godt av Mat, som han hadde no. –

Daa han vart so sterk, at han kunde vaaga seg [229] ut, klædde han seg i sine Kisteklæde og gjekk til Pater.

Han vart vist inn i ein ljøs, fager Sal, som vende ut til ein stor Hage. Ein liten bleik Solstraale stod inn gjennom Hagedør-Glaset, braut seg glitrande gjennom Glasdobbarne i Ljoskruna og fyllte Romet med Glans og Vaartankar; framande Vokstrar stod og lavad langs Vindaugo med sine store grønne Blad, og rundt Veggjerne hekk Steintrykksbilæte av Jesus med Tornekruna, Jesus paa Krossen og den norsk-svenske Kongen, dessutan eit Par Maalartavlur med norske Landskap; midt paa Golvet under Ljoskruna stod det store runde Stovebordet med

Potrætbøker og ein Bikar^{k188} full av Visitkort; rundt Bordet Stolar av ymse Slag, maklege og mjuke; mindre og større Gipsfigurar og Bystur stod oppstelte rundt Romet paa Hyllur elder Skaap; ved Veggen burtmot Vindaugat eit Piano, og ved Veggen innst inne ein Sofa; paa den sat Daniel no og ventad; for der var ein Student inne hjaa Pater, hadde Gjenta sagt.

Daniel var uroleg. I Dag, daa han var komen ut i frisk Luft, hadde Trui vortet so veik i han. Han hadde kjennt slik Gleda i dette jordiske, og slik Lengte etter «Studenterlivet», at han maatte tvinga seg sjølv for aa halda fast paa Naaden. Kor hadde det seg? Var han umvend, elder var han ikkje umvend? – Ein fekk tru det beste, so lengje ein kunde. Men visst var det, at han ikkje var so glad yver aa faa tala med Pater, som han burde ha voret.

Det tok i Kontordøri; Daniel reiste seg for aa ^[230]helsa. Døri gjekk upp, «Studenten» kom, med Ryggen fyre, buktande inner, og Daniel hørde ei breid, hjarteleg Røyst, som sagde: «Herren være med dej, kjære Ven!» – Med ein Gong vart Daniel bleik, so strakst etter raud; den framande Studenten var Ole Bentsen.

Men Ole Bentsen vart korkje bleik elder raud. Derimot saag det ut til, at han vart glad. Han stansad og sagde med syngjande Mæle: «Naa, skal eg raaka deg her? Det var svært hyggjelegt. So hev altso Vaarherre funnet deg – endeleg. Eg visste, at han arbeidde paa deg; eg saag, at han maatte bruka strenge Raader imot deg, for du var faafengeleg i Hjartat ditt og vilde ikkje høyra hans Røyst. No hev han funnet deg; eg ser det paa deg; vælkomen skal du vera!» Og Ole Bentsen snudde seg til Pater og sagde: «Det er Student Daniel Braut, – ein gamall god Kjending. Fyrr var han eit Verdens barn, som eg og so mange andre; men no trur eg visst, at Herren gjenom si strenge Tukt hev bøyggt han.» «Vælkomen skal du vera!» sagde Pater barneglad og med eit veldigt Handtak; «vælkomen, kjære Ven! Kom, lat meg faa tala med deg ... ja, eg fær væl Lov aa segja «du»?» – Daniel stod der raud som ein kokt Hummar, og reint fortryllt; «Takk, Takk», stotad han. «Ja Farvæl daa, kjære Bentsen!» sagde Pater; Bentsen gjekk, og tenkte med seg: no skal han daa ikkje turva plaga oss etter Pengar. Men Pater drog Daniel med seg inn: «Kom! kom inn, kjære unge Ven!» sagde han, og leet att Døri.

^[231] Inne i Kontoret var der endaa meir Sol; ho laag innyver Golvduken og Bordet i tvo blide Straumar, som blandad seg og lyste upp, so sjølv Krucifikset oppaa Veggen syntest smila. Daniel kom til Sæte. «Naa, kjære Ven», sagde Pater, «hvordan har du det?» Han var so varm og trufast i Maalet, so faderkjærleg, at den arme hjelpelause Guten vart reint kløkket. Slik hadde nok aldri han vortet fagnad.

Han lyfte sine blide, bedande Augo, dei var reine og klaare som i gamle Dagar –: «eg hev havt det vondt», sagde han. Men Pater sat midt i Straale glansen, breid, fager, ljøs; Aasyni var klar, frisk og smilande som ei Barneaasyn, og eit smaakrullat, gullfagert Haar laag som ei Glorie um Pannen. Han vart glad i denne stakkars Guten, som sat der so hjelpelaus og so Tillitsfull; og han reiste seg upp, lagde Haandi paa Aksli hans og sagde: «ja, hev du havt det vondt, so ver trygg paa, at det er Guds Faderhaand, som hev voret yver deg, og at han nok vil hjelpa, naar hans Stund kjem!» Han sette seg att, og dei blide, ljøsblaae Augo hans var fulle av Taarer.

Daniel maatte fortelja sitt Liv, fraa fyrst til sist. Han vilde ha spranget yver, at han hadde havt Hirsch til Lærer; men han var ikkje fin nok; Pater fekk Grunn til aa spyrja etter, og so maatte Daniel ut med det. Daa lo Pater og sagde: «Du hev altso voret uppi Grundtvigianismen og?» Aa ja, paa ein Maate, svarad Daniel; men *Grundtvigianar* hadde han aldri voret. Daa han fortalde um Studenterlivet sitt, vilde Pater vita, um han hadde voret med i ^[232] Framsflokken; dertil svarad Daniel like eins: at han hadde voret med paa ein Maate, – vortet dregen inn av ein Kjenning –; men han hadde aldri voret Framsmann. Tilslutt fortalde han um sine vonde Dagar, um Svolten og Naudi, og so um Sjukdomen, som hadde lært han aa venda sine Tankar til ... den rette Hjelparen; og no hadde han berre eit Ynskje, sagde han: litt Arbeid, so han kunde faa fraa seg Andre-Eksamen og so taka til med det, som alltid hadde voret hans Formaal og Tanke: Teologien.

Pater likad Guten. Her var paa nytt ein av desse sunne, uskadde Bonde- og Barnenaturar med den rike Gaava til aa tru og elska; her var paa nytt ein Mann av Folket, driven ut av Aanden til Herrens Krig. Han spurde um Grunnen til, at Daniel hadde valt Teologien. Vilde han verta Vitenskapsmann? – Aa nei, so høgt hadde Daniel ikkje tenkt; han vilde vera Prest. – Kvifyr det? – Fordi han alltid hadde funnet, at det maatte vera ... ei stor Livsgjerning for ein Mann her paa Jordi. – Hadde han kjennt nokor serleg *Trong* til aa arbeida for Guds Rike i dette Landet? Hadde han nokon Gong rett kjennt Sanningi av dei Herrens Ord, at Hausten var stor og Arbeidararne faa? – Det kunde sjaa ut, som her var nok av Arbeidarar, heldt Pater fram, so Daniel slapp aa svara, – og glad var han. Men, sagde Pater, av sanne Arbeidarar, Arbeidarar, som arbeidde med Kall og Kjærleik, av dei var her faa, syrgjeleg faa; og Hausten, ja den var stor nok; for her laag eit heilt Folk, eit herlegt, kraftigt ^[233] Folk, med Herrens Gaavur i forunderlegt Maal, som skulde sankast inn i hans Løda. Daniel saag paa Pater med Høgvyrdnad, og Pater talad seg meir og meir varm. Han drøymde stort um Norigs Folk og kunde aldri koma burt fraa den Trui, at Vaarherre hadde valt det ut til ei herleg Gjerning i hans Rike. Dei

store Kulturfolk, som her var so mykje Tale um, trudde han ikkje stort paa; dei var alle meir elder mindre skadde og undergravne av Sedløysa, Sjølvvisa og Vantru; det norske Folket derimot stod ungt og friskt, med heile si Barnetru og heile si Kraft; og naar Gud her lagde si Signing til, som han visseleg vilde, og som han alt paa so mange og merkjelege Maatar hadde vist oss, at han vilde, so skulde me faa sjaa, kva han kunde gjera med smaae Krefter. Ja, sterkt vilde det Folket vera, som kunde segja med Josva: Eg og mitt Hus, me vil tena Herren! – sterkare enn alle Filistrarne, sterkare enn alle Heidningarne med deira Stridshestar og Vogner! Og ettersom Pater med varme Ord lagde ut um dette, gjekk Augo hans fulle av glade Taarer og den sterke Munnen hans skalv. Men det galdt aa arbeida, medan det var Dag; det galdt aa saa og pløgja og vatna, so Herren kunde faa gjeva Vokster; daa skulde, som Diktaren sagde, «Landet over vore Grave blomstre som en Herrens Have.» Daniel vart so oppglødd, at han maatte minnast Kapellan Hirsch. Men daa Pater tok til aa tala um det «personlege Gudsforhold», um Livet i Kristus og i Naadens Samfund, daa kunde han ikkje fylgja so godt med lenger. [234] Han vart bljug som ein Smaagut og kjende, at han i Grunnen var framand her. Og di meir Pater lagde ut um den salige Naadestanden og Striden mot Kjøtet og Freden i Voni um det evige Liv, dess meir forstod Daniel – at han ikkje var umvend. –

– «Ikkje sannt», sluttad Pater, «dette er herlegt og sælt, langt større og rikare enn all den Stordom og Glans og Gleda, som det verdslege Livet kann gjeva? Du hev kjennt det? Du hev upplivt det?» – Daniel totte ikkje, at han, etter det, han fyrr hadde sagt, kunde svara annat enn ja. «Det gleder meg!» sagde Pater; «det gleder meg! Takka din Gud for dette, og takka han ikkje minst, fordi han hev frelst deg i dine Ungdoms Dagar, og frelst deg fraa aa koma i Lag med dei vantrue!» – Dei stakkars Folk; Pater hadde so vondt av dei. Dei var verst mot seg sjølve. Utan Fred, utan Von, utan Trøyst og Hjelp i Liv elder Daude ... Hm, underleg nok –: han hadde just nyleg voret gjestad av ein av desse Armingarne, ein av dei fraa Frams Klikk, – rett ein fortapt Son, som hadde prøvt so lengje han kunde aa metta seg med det Masket, [k189](#), som der var aa finna; aa, han jamrad seg so saart yver den Sjæle-Sott og Hjarte-Ufred, han hadde røynt, so lengje han vandrad paa dei Vegjer! Men no hadde han søkt attende til Faderhuset, og no var han so sæl. «Og tenk –: han var so arm, at han knapt hadde Klæde paa Kroppen, og kann De gissa, kva han bad um? Ikkje um Pengar, ikkje um Mat, ikkje um Klæde, nei; men um ein *Bibel!*» – Daniel sat med Augo [235] i Golvet og skjemdest som ein Hund; men det gjekk ikkje an aa tigja –: «det er merkjelegt», sagde han. «Ja, det er forunderlegt», heldt Pater fram i si djupe Gleda. «Men so er det: naar Gud fær Tak paa ei Sjæl, so vert alt annat so ringt og verdlaust; berre Freden med Gud, berre Ordet fraa honom vil

Sjæli hava, og fær ho det, so hev ho ikkje Lyst til nokot paa Jordi.» – «Ja, det hev eg kjennt», mumlad Daniel ustødt. – Pater stod upp og stappad i Pipa. «Aa ja Gud skje Lov og Takk!» sukkad han; «han veit aa finna oss, og han veit Raad med oss. Haa! haa! Me gjeng og innbiller oss, at me er so kloke og vise; men han lærer oss aa sjaa, at all vaar Visdom er Daarskap, han!» Pater kveikte Pipa og slog inn i ein annan Tone. «De tenkte altso paa, at De vilde hava Arbeid, var det ikkje so, kjære Ven?» sagde han. Jau, dersom der var Raad til det, svarad Daniel, so vilde han meir enn gjerna. Pater sette seg att.

«Hm, det er forunderlegt», sagde han med eit lognt Smil, «eg hev just ein Post, som kunde høva for Dykk. Der kann De sjaa! Vaarherre er aldri raadlaus. Det er ein Huslærerpost upp paa Landet, i ei fager Bygd; – eg *trur* ikkje, Posten er burtfest. Vil De eg skal høyra etter um det?» Daniel sagde so mange Takk. «Ja, eg skal gjera det», svarad Pater. «Eg tykker det er som Vaarherre sjølv hadde sendt deg ... Du er just den, eg her kunde hava Bruk for. Høyr, du kjenner Student Bentsen?» – «Ja, godt.» – «Det er ein merkjeleg ^[236] ung Mann ... so sterk i Trui, so ærleg i sin Dom yver seg sjølv ... Ikkje sannt?» – Jau, det var visst so. – «Kva er det for andre Studentar, du kjenner?» – Daniel tenkte seg um, nemnde so Hans Haugum. So maatte han fortelja um Hans Haugum, og det gjorde han paa den Maaten, at han fortalde alt, som han tenkte Pater vilde lika. «Ja, det er merkjelegt», sagde Pater tilslutt; «det er som Vaarherre just hev lagt dette tilrettes for deg ... Student Stensrud var her just nyleg og bad meg driva paa ... og no kjem du. Kva var det no, du heitte?» «Daniel Braut.» – «Daniel Braut. Ja, maatte du verta ein Daniel! Høyr no herupp um nokre Dagar; eg *trur* visst, Vaarherre hjelper deg.» Han slog Daniel paa Aksli og lo: «Du er ein ægte Bondegut, Far! so still og trufast ... ein sann Israelit, som der ikkje er Svik i. Eg er so glad i slike Gutar; eg er sjølv ein Bonde i Grunnen; og Bonden, ser du! Bonden, det er Mergen –! «Hvad Bondens Bund kan bære, skjønt sjelden der blev saad, det er vor Folkeære og har vor Fremtid spaad!» segjer Diktaren. – Ja, lat oss takka Gud for det. – Var det nokot annat, eg kunde hjelpe deg i?» – Daniel raudnad og drog paa det: «Ja –; det kunde ikkje ...» «Tala fritt!» sagde Pater. «Lat meg vera som ein Far for deg; ver ikkje rædd. Der er ikkje nokot sælare enn aa vera – liksom – Haand for Guds hjelpande Vilje. De treng Pengar?» – Aa, det var ... kanskje ikkje fritt ... Pater smilte. «Just i Dag var her ein Mann og gav meg tie Dalar, som han ^[237] bad meg gjeva til ein trengjande Student ... ja, er det ikkje forunderlegt, korleis Han styrer alt?» –

Daniel var bergad.

– «Ja, Herren vere med deg, daa, kjære Braut! sagde Pater endeleg og tok han i Haandi. «Han er nær dei, som held seg nær til honom. Kom upp att um nokre Dagar, so skal me sjaa, um han ikkje hev havt ei Meining med, at han sende deg herupp. Vaarherre vere med deg. Farvæl, kjære Ven!»

Daniel gjekk. Ein ny Gjest sat i Stova og ventad. «Goddag, Goddag, kjære Ven!» sagde Pater hjartelegt; «Farvæl, kjære Braut!» ropad han likso hjartelegt, og Døri leet seg att etter Daniel. –

– Eit Par Dagar etter fekk han Brev fraa Jens Rud um, at i Morgo Kl. 5 Ettermiddag skulde der vera Møte i Kafé nasjonal til Avtale um «Teatersaki».

«Visvas!» sagde Daniel og lagde Brevet burt. Han vilde ikkje vera med paa slikt no. Han kjende paa seg, at Pater ikkje vilde lika det, og dessutan hadde han annat aa tenkja paa no enn Teatergreidur.

Dagen etter, daa han kom fraa Dampen, raakad han Jens Rud i Møllergata. «Naa», sagde Jens, «De kjem væl?» – Ja ... Daniel visste ikkje. Det var ikkje so godt for han ... «Billett skaffar eg», sagde Jens Rud laagt. – Ja ... men ... han skulde ein annanstad av i Kveld. «Aa Snakk, aalvorlege Ting til i Morgo!» meinte Jens. «I Kveld ventar Fedrelandet, at kvar Mann gjer si Plikt!» – Jaja, ^[238] Daniel fekk tenkja paa det. «I Kveld Kl. 5! Kafé nasjonal!» sagde Jens, og strauk.

I Grunnen var dette her nokre Fillegreidur, tenkte Daniel. Men det kunde nok vera Moro aa vera med i slikt nokot for ein Gongs Skuld og. Og han *var* ikkje umvend, so for den Skuld kunde han nok ... Dessutan hadde han paa ein Maate lovat ... Men det var denne Pater. Ein so god Mann vilde han nauveleg gjera imot.

I Tvil og Tvihug gjekk han heim, og i Tvil og Tvihug dreiv han Tidi, til Klokka var 5, og kunde ikkje koma til nokor Avgjerd. So gjekk han ut. Ein kunde alltid driva burtetter og sjaa, tenkte han, og so kunde ein taka ei Avgjerd etterkvart. Det var Meiningi hans aa ikkje vera med. Men det kunde ikkje skilja, um ein tenkte nokot meir yver det. So gjekk han burtetter Gata og tenkte, – tenkte uppatt dei same Tankarne, som han hadde tenkt fyrr. Tilslutt stod han utanfor Kafé nasjonal og var like nær. Tok seg eit Slag nedyver Gata og upp att for aa tenkja betre yver; Tankarne vart dei same; men Hugen vaks. Han saag Flokk etter Flokk koma og gaa inn; dei kom luskande som samansvorne; – det *skulde* vera Moro aa vera med! Byen laag so roleg og trygg som inkje var; dei gode Borgarar drøymde um ingen Ting; men der inne i den vesle Kjeldaren, inne i eit løynelegt, avstengt Rom, sat det unge Norig og gjorde Revolusjon ... det *skulde* vera Moro aa vera med! Tankarne

tagnad ein for ein; [239] Hugem vaks; – at ikkje Jens Rud kunde koma og taka han med seg!

Klokka var eit Korter yver 5. Vilde ein vera med, fekk ein skunda seg. Han hadde i Grunnen lovat det ... og i Grunnen var det ei god Sak ... lat gaa. Han kastad seg fram mot Troppi, døyvde alle Tankar og steig paa. Inne i Kafeen raakad han Jens. «Naa, endeleg. Inn der!» sagde Jens; Daniel gjekk. «*Jacta est alea*», [k190](#) tenkte han.

Men daa han ein Time etter kom ut att, hadde han lovat med Haand og Munn, at han vilde vera med i Kveld og pipa i Teatret av all si Magt, so snart han fraa Parkettet hørde Ropet: «ned med Direktøren!» og at han ikkje vilde lata seg skræma av nokon Ting, men berre halda fast paa Pipa si og blaasa. Og no visste han, at Saki var god. Fram hadde med sin eldfulle Logikk paavist, at Nasjonalteatret var drivet paa ein so uforsvarleg Maate, at ingen Nordmann kunde finna seg i aa sjaa det i Henderne paa den Klikken, som no styrde, og Daniel hadde merkt seg fleire av Frams Grunnar, for at han kunde hava nokot aa verja seg med, um Pater skulde faa Njosn um Saki.

Pipa fekk han av Jens Rud. Dei fleste var ute og kjøpte seg Pipur etter Møtet. Men andre hjelpte seg som dei kunde med Portlyklar, Barnetrompetar og annat slikt, som kunde laata. Etter Staaket skulde dei møtast paanytt i Kaffikjeldaren og hava ein liten Seksa. [k191](#)

Daniel skulde sitja i ein Bolk i tridje Rad og [240] hava med seg Sven Dufva og ein Hr. Monsen, «Don Pedro», som Aslak Fjordan kallad han. Stormengdi av Pipararne skulde sitja i andre Rad; men hellest var dei spreidde yver heile Teatret. Det vilde verta ein «fyrste Rangs Konsert», sagde Rud, so sannt alle gjorde sin Skyldnad.

– Med bleike Kinner og bankande Hjarta sat Daniel paa Plassen sin i tridje Rad og ventad paa det, som koma skulde. Bak seg hadde han ein stor Slamp av ein Fyr, ein Slaktar elder nokot slikt, som han likad berre so maateleg; men verre var det, at der burte i ein annan Bolk sat ein Konstabel. Vilde *han* blanda seg i Leiken? – Daniel spurde Sidemannen sin, Hr. Monsen, um dette. Hr. Monsen drog paa Gjeipen. «Han har ikke noget med at hindre den frie Meningsytring», grein han i Sekstar paa sitt Fjordamaal. [k192](#)

Orkestret tok til aa spela; Daniel hørde ikkje paa det. Med Hjarteverk lagde han Merke til, at det var komet endaa ein Konstabel inn paa tridje Rad. Han kunde

ikkje annat enn gjera Hr. Monsen kjend med dette. Hr. Monsen vreid paa sin fiskekalde Munn og sagde i grettne, snøgge Septimar: «Hva Fa'n gjør dæ da?»

Daniel vart skamfull. Den Monsen maatte vera ein modig Mann. –

Det var som Lufti i Teatret var ladd med Nervøsitet. Ei uroleg Kviskring gjekk langs Benkjerne som Vindpust i visne Blad; og kor Daniel vende seg, saag han bleike, ventande Aasyn. Stykket [241] hastad yver Telet som i Feber; Spelararne forsnakkad seg alt i eit og gjorde alle Slags Mistak. Ender og daa gjekk det som elektriske Slag gjenom Raderne; det raslad i Silke og stive Kragar, og Chignonarne^{k193} snudde seg att og fram som Vindfløyar –: kom det no? – Men dei unge Løytnantarne sat og gjorde seg morske og saag seg ikring med kannibalske Augo, som sagde, at vart det nokot av, so skulde nok dei halda Styr paa Pakket.

Men Akt etter Akt gjekk, og alt var rolegt. Folk tok til aa tru, at dei var haldne for Narr, og at det ingen Pipekonsert skulde vera. Og mang ein Løytnant, som fyrr hadde voret so morsk som ein Mars, hekk no helder ynkeleg med Nebben. Skulde han also ikkje faa Tilføre til aa visa seg som Riddarsmann for sine unge Kvinnfolk? Men andre saag seg spottande ikring og tenkte: naa, dei vaagar also ikkje.

Men dei gamle Herrarne var glade. Also ingen Skandale. Ingen Opposisjon. Urostiftararne hadde voret for veike. Kristiania var trufast. Litt mistenkjelegt var det, at der i andre Rad var mest berre Studentar; men ... dei gode maatte vera i Fleirtal.

Det leid til Slutten paa femte Akt. Uroi tok til aa vakna att; kanskje var det no, det galdt. Med eingong vart det so varslande stillt yver heile Teatret. Daniel fekk Hjartebanking og stirde ned: – ein ung Mann midt i Parkettet hadde reist seg upp og stod. – Det var Føraren.

[242] Den siste Replikken var sagd; Duken tok til aa glida. Daa tyfte den unge Mannen Haandi, og med gnellst, men veikt Maal ropad han: «Ned med Direktøren!»

Det gjekk ein Sukk gjenom Salen, ei Stynjing ... og so braut det laust: ein Storm av Pipur, eggjande, ylande, fleire og fleire, fraa Parterre, fraa andre Rad, fraa tridje; kvasse Fløytetonar fraa Portlyklarne kom med, og innimillom Barnetrompetar i lang, sangrande Graat; men so med ein Gong eit Brak, ein Foss av Haandklapp og Tramping, Hyssing og Skraal; Teatret stod i Gov;^{k194} Lufti var som ein Brotsjø. Men Pipurne, kvasse og tirlande, skar seg Veg gjenom Brot og Brak, kvesste paa og

kvesste paa, kvein, kvisslad, kom ylande fraa alle Kantar som ei Aasgaarsreid, som Storm gjenom ein Skips-Rigg. Alt var i Uro, alle Mann uppe, Lufti full av klappande Hender, og her og der Hopar av Menn i vill Trætting, raude i Kammen, fiktande med Armarne, Menn skrikande av opne Gap, Ord, som ingen kunde høyra, Ord, som døydde i Staaket og vart til Vind, til tom, rasande Pantomime –: «Ut med Pakket! Ut med Pakket!» –og so Løytnantar, som stod og sagde «Fanden tordne mej» og vilde slaa, men ikkje torde. Men uppe i Raderne hekk det i Krans Andlit ved Andlit utyver Kantarne, so dei vilde detta ned, og glodde og lo, glodde og undrast, – glodde og peip.

Daniel hadde fenget Pipa si upp or Vestelomma, og no skulde han til, men han var uroleg. Til aa [243] vinna Mod glytte han burtpaa Kammeratarne sine; – Peder Monsen sat med Armarne i Kross og saag ut som han aldri hadde tenkt paa aa pipa; Sven Dufva derimot peip, so Kjakarne hans stod som ein Smidjebelg. Kven skulde ein so fylgja? Guten vart heilt fortryllt. Men nede i Parkettet saag han Jens Rud, som just no stod og glodde uppetter Raderne ... han fekk Pipa til Munnen so fort han kunde og blees, – blees litt varlegt, men kunde ikkje høyra det, blees sterkare, men kunde endaa ikkje høyra ... Daa kjende han ein Neve i den eine Aksli. Han skvatt, so han beit seg i Tunga, torde knapt sjaa seg um. «Aa ska dettane derre vera for no'?» skreik Slagtarmaalet inn i Øyrat paa han, og ein vond Ølgufs kom strøymande; Daniel svarad nokot, men kunde ikkje høyra det sjølv. «Vaff'no?» ylte Slagtaren, og skreik, so han vart blaa; Daniel vart rædd og tenkte det var best aa sjaa seg litt fyre. Og so lagde Slagtaren Munnen til Øyrat hans og ropad som det galdt Livet –: «Haaller itte Di Demses forbannede Snut, saa Fan ita mej roper itte jæ paa Kongstabeln!» – Daniel vilde vrida seg ut av Neveklemma hans; men han sat som i eit Skruvested. «Stikk Pipa Demses i Sekken, Far!» skreik Slagtaren; det luktad Øl baade av Fyren og av Ordi hans. Kva skulde ein gjera? Det var ikkje godt aa vita, kva ein full Slagtar kunde finn a paa, og Konstabelen vilde han ikkje hava nokot med ... Daniel stakk Pipa i Sekken.

Don Pedro *de* Monsen sat roleg som fyrr og [244] glodde ned i Parkettet, og ein Kaldflir laag og gjorde seg viktig ikring Munnen hans. Men Sven Dufva, som nok og hadde ei Klo i Aksli si no, han sat ihopkropen som ein Tull, med Ryggen uppskoten og Aalbogarne til Vern paa baae Sidur, og peip so trufast, so aalvorlegt, som um det galdt hans evige Sæla. Daniel likad seg ikkje; han tenkte med seg sjølv, at baade Sven Dufva og Peder Monsen hadde stelt seg betre enn han, – kvar paa sin Maate.

Eit tungt, kvævt Dunder hørdest, langt burte elder djupt nede; Daniel visste ikkje, kva det var, og dei, som peip, hørde det ikkje; det var Gongongen som gjekk. So

rykte Politiet fram; det hadde vortet mannsterkt no der nede i Salen. Den eine Piparen etter den andre vart teken i Nakken og sett paa Dør; heile andre Rad vart paa den Maaten rudd; so tok dei til aa sløkkja Gasen. I tridje Rad var der berre ein, som Politiet maatte taka seg av, og denne eine var Sven Dufva.

Men Sven gav seg ikkje for Politiet helder. Han klorad seg fast til Bolkekanten^{k195} med den eine Haandi og heldt Pipa med den andre og blees, og Konstabelen maatte bruka heile si Magt for aa faa han laus. Og so maatte Sven Dufva fylgja Konstabelen paa Raadstova.

– Dei samlad seg etter Avtalen i Kafé nasjonal, – den Flokken, som stod under Ruds Styring. Men dei var færre no. Dei fremste i Flokken var i Ulag og bannad; der hadde voret so mange Svikarar, sagde dei. Hadde alle gjort sin Skyldnad, so skulde det ^[245] ha vortet ein annan Dans. Denne fordømelege norske Ræddhug! Dette usætande, dette upaalitelege ved oss! Altid skulde det gaa so midt i Lag. Aldri kunde ein halda ihop og vinna *stort*. Me skulde berre sjaa, kva «Den gode Borger» sagde i Morgo –: «en Del unge Mennesker og Skoleelever ... en Del Barnetrompeter ... Politiet ordnede det hele i en Fart!»

Daniel hadde voret i stor Tvil, um han skulde møta upp paa Kaffikjeldaren; han hadde ikkje nokot godt Samvit, og dessutan ... det, han hadde lovat Vaarherre ... Men endeleg gjekk han. Han vilde forsvara seg, um nokon skulde koma med Snakk, tenkte han, og dessutan *var* han ikkje umvend ... «Naa!» ropad Jens Rud fornøgd, daa han saag Daniel, «der hev me daa endeleg ein sann Israelit, som der ikkje er Svik i! Lagde De Merke til honom, Karar? Han sat uppe i tridje Rad og peip som ein Devel; dei prøvde aa stogga han, men han herre stemde Ryggen imot, Rygg og Aalbogar, og blees paa, blees paa–! Hadde alle gjort sine Ting so godt som han, so hadde der voret Mon i det! Hurra for Daniel Braut!» – «Hurra! Hurra!» «Hurra!»

Daniel stod der so raud som ein Hummar og visste ikkje, kva han skulde segja. Endeleg, daa den eine etter den andre kom og vilde drikkja med han, sagde han, at han ikkje hadde fortent so stor Ros. Han hadde nok gjort det beste, han kunde; men Jens Rud tok imist ... «Aa vis-vas» ^[246] sagde dei. «Aa, lad ingen falsk Beskedenhed raade i en Stund som denne!» Og so kom ikkje Daniel til aa forklara Samanhengen. Han drakk, drakk med dei alle; Samvitet var uheilt; men full vart han.

X.

[247] Yver den breide Bygdi laag Hausten og tyngde med myrk Himmel og vaat Luft, og Skyerne hekk nedyver Aasarne som svære, kvite Forheng. *Cand. filos.* Daniel Braut gjekk stundom og saag paa dette, og naar han saag paa dei sky-hulde^{k196} Aasarne elder paa Skogen, som drog seg burtetter Bakkarne tett og myrk som ei Nott, so mintest han sine gamle Draumar um Huldri. Og han smilte i tunge Tankar.

– Det var godt, at han var komen fraa Byen Det var ingen her, som skulde hava Pengar av han. Og ingen var det her, som kunde stinga han med flirande Augo, fordi han hadde gjort seg til «Mjøltraavar.» Dei hadde ikkje sagt nokon Ting, dei der inne. Men han hadde set det utanpaa dei, kva dei tenkte. Var det sannt, at han hadde voret hjaa Pater omnipotens og umvendt seg? Var det sannt, at han sidan han pipet i Teatret og drukket seg full? elder var det so, at han ikkje hadde pipet i Teatret – og drukket seg full? Men Ole Bentsen gjekk og talad um, kor skrøpelege me var, og kor snart det var gjort aa falla tilbake. Daniel hadde voret rædd Kammeratarne sine. Han hadde stengt seg inne for aa lesa til Eksamen, men kunde ikkje sprenglesa [248] som fyrr; han fekk so snart vondt i Hovudet. Og vilde han kvila, kom dei rædde Tankarne surrande ikring han som Flugur. Enn um Pater fekk vita, at han *ikkje* var ein «sann Israelit»! Enn um Fram og Rud og Haugum fekk vita, at han hadde «umvendt seg»! ja um Hirsch fekk vita det! Daa sveittad Guten kaldt. Aa, um Hirsch fekk vita det! Kva vilde den gode Mannen daa segja um sin fordoms Lærling? Og kva vilde dei segja, alle ihop. Han hadde stelt seg slik, at ingen lenger kunde tru paa han.

Men det verste var, at ender og daa maatte han upp og helsa paa Pater. Skjelvande rædd kom han; brennande skamfull gjekk han; for her, hjaa Pater, var han nøydd til aa vera umvend ...

Aldri i sine Dagar hadde han havt det so vondt, ikkje eingong daa han svalt. –

Her uppe paa Steinsrud var det likare. Men naar det kom til Stykket, var han ikkje trygg her helder. Tanken paa Hirsch gnog paa Samvitet hans som Tæring, og Tanken paa Pater heldt han i æveleg Uro. Fekk Pater vita, at det hadde voret Fusk med den sanne Israeliten, so fekk Proprietæren vita det med, og so kunde ein

skyna kor det gjekk. Likso ille vilde det vera, um Student Stensrud, Son til Proprietæren, fekk vita meir enn han skulde. Student Stensrud, den «store Tosken» fraa Russelaget, var det, som hadde teket Daniel god til Huslærar; men Student Stensrud kjende Daniel berre gjennom Pater og Haugum, og fekk so han vita, at Hr. Braut var ein gamall Framsmann og Pipeblaasar ...

[249] Det galdt aa fara varlegt. Det einaste, som kunde berga han, um galet skulde gaa, var, um han til den Tid fekk Proprietæren paa si Sida. Det fekk han daa prøva paa. Og han gjekk sin Husbond under Augo, so godt han kunde.

Han var komen hit i den Tanken, at han vilde sona for si Synd mot Kapellan Hirsch gjennom sitt Lærar-Arbeid. Han vilde læra dei tvo smaae Stensrud'arne aa tru paa Aand. Men daa han strakst kunde forstaa paa Proprietæren, at denne ikkje likad den aandfulle Metoden, gav han Tanken upp. Syndi mot Hirsch fekk han sona sidan; det var ikkje for honom aa hava nokon Vilje no. So tok han til aa undervisa paa den Maaten, som han hadde lært av Kandidat Massmann.

Dessverre var der litet Framtak i Gutarne. Dei var tunge og dauve, og han likad dei ikkje. Aa arbeida med dei var som aa skvetta Vatn paa Gaasi. Etterkvart gleid daa Daniel yver i den vanlege aandlause Latinskulemaaten: han hørde Leksur og var like sæl. Men naar Fru Andrine spurde etter um Sønerne sine, sagde Huslæraeren, at han trudde det var emnelege Gutar. Dei hadde ikkje raatt or^{k197} enno; men dei kom seg nok. Ein kunde i Grunnen ikkje forsvara aa segja annat til ei Mor helder, tenkte han.

Fru Andrine var andre Kona til Proprietæren; fyrr hadde ho voret Hushaldar hjaa gamle Provsten. Ho lagad god Mat og styrde Huset godt; meir kunde ho ikkje, og meir kravde ingen av henne. Den, som hadde voret oppvaksen i eit slikt Hus, tenkte [250] Daniel tidt; ein kunde ha voret annat til Kar daa. Og um gamle Ole Johannes Sørbraut hadde voret so mykje til Mann som Proprietær Stensrud, – enn alt det vonde, ein daa kunde ha sloppet, og alt det gode, ein kunde ha havt! – Men ein fekk tru, at Vaarherre hadde ei Meining med alt. Han hadde væl set, at Daniel ikkje vilde hava godt av gode Dagar. Hadde han voret rik, so kanskje han no hadde voret ein Ranglefant. –

Proprietæren sjølv var ein Mann paa 58, roleg og stød, klok og tung. I sine unge Dagar hadde han, som han sjølv sagde, voret eit Stykke av ein Fusentast;^{k198} men Alderen og Røynsla hadde lært han aa sjaa meir allsidigt paa dei fleste Ting, og no var han 4de Suppleant paa Embættsmannslista. Med den fyrste Kona si hadde han fenget Pengar, – «og daa var det, at han vart moderat», fortalde Jaabækianaren

Lærar Borreberg; sidan «gjorde han eit Slag til Høgre for kvart Tusund, han tente, og var no so kvit som ein Messehagel». Han talad altid med stor Vyrndnad um den akademiske Daning. Intolerant var han ikkje. Det einaste, han kravde av Folk, var, at dei skulde vera opplyste og sjølvstendige, so dei ikkje tok si Meining paa Borg korkje hjaa «Folketidende»^{k199} eller andre, og ikkje leet seg driva av kvar Lærdoms Vind, elder lokka av kvar Frasemakar. Um dei «folkelege» sagde han mange Ting, som Daniel vilde ha motsagt – dersom det ikkje hadde voret for det, at han maatte fara varlegt.

Med den fyrste Kona si hadde Proprietæren havt ^[251] 3 Born. Av dei var Student Stensrud den yngste. Den næstyngste heitte Lovise og var gift med Grosserar Storr i Kristiania; den eldste, Frøken Hanna, var heime.

Denne same Frøken Hanna gjekk for aa vera 26 Aar, men Daniel trudde ho maatte vera eldre. Ho hadde voret i Kristiania paa eit Institut og var Dame, gjekk byklædd og stelte med Finarbeid og Pianospel. Daniel var litt brydd saman med henne; han visste ikkje, kva han skulde segja til slik ei. Av Romanarne visste han, at det var ein serskild Kunst aa tala med Damur; dei skulde hava sin eigen Kost, dei, og den hadde han aldri lært aa laga. Men etterkvart kom han i Snakk med henne likevæl, og det paa den Maaten, at han fekk laana Bøker hjaa henne; for ho var med i eit Leigebibliotek. Og daa dei fyrst var kjende, gjekk det av seg sjølv. Det viste seg, at ho ikkje var so faarleg aa snakka med endaa. Det, ho helst vilde høyra um, var Kristiania og Studenterlivet. Daniel fortalde det vesle han visste um dei Ting, diktad litt for aa gjera det forvitnelegt, men tagde med mangt, som han ikkje trudde det gjekk an aa segja til ei Frøken. Eingong kom han til aa nemna, at han kjende Hans Haugum; sidan maatte han fleire Gonger fortelja um den Guten. Han vart tilslutt undren og spurde, um ho kjende Hans Haugum, og dertil svarad ho, at han hadde voret her uppe some Tider, daa Mor livde. Mor var komi or hans Bygd og hadde kjennt Foreldri hans godt. Ein Dag stod Hanna og saag ut gjennom Glaset og sagde: ^[252] «De veit væl, at han er forlovad?» «Haugum?» «Ja.» – Nei, det visste ikkje Daniel. Naar gjekk det for seg? – Det var nyaste nytt; Hanna hadde havt Brev um det fraa Lovise. – Jaso? sagde Daniel; han var ikkje stød paa, anten han likad Tidendi elder ikkje.

Sjølv var han ikkje trulovad enno. Eit Par Gonger hadde han prøvt aa skriva til Inga i Sumar; men han hadde ikkje fengget det til. Han kunde liksom ikkje finna Ord; det vart so kaldt og so toskutt, det han skreiv. Ulukka var, at han ikkje hadde voret heime paa so lengje. Og no hadde han i Grunnen ingenstad heim aa koma. Sørbraut var selt og Lias reist; gamle Maren var hjaa Dotter si paa Neset; men der

budde dei uppi ein Kvist, som knapt hadde Rom for tri, og slett ikkje for fire. So fekk Daniel halda seg derifraa. Men dette var ille. Visst nok elskad han Inga enno; – skulde han ikkje elska sin Ungdoms Ideal? – men det var med Elskhugen som med so mykje annat: han trong Næring. Og det verste var, at Guten enno ikkje hadde gløymt – Berta Maria. Altfor ofta, naar han skulde tenkja paa Idealet sitt, elder paa Framtidi i den kvite Prestegarden millom grøne Tre, elder paa den hyggjelege Prestekona i ein Ring av smaae fagre Krullhæringar, – altfor ofta var det daa den arme Tenestgjenta, som kom svivande fram for Hugen hans, med Smil elder dragande Graat. Han forstod ikkje dette. Der inn i Byen, daa han gjekk og svalt, og sidan, daa han strævad med Andre-Eksamen, hadde han mest ^[253] aldri tenkt paa Berta Maria. Men so var det ei Nott etter han var komen her upp, at han hadde drøymt um henne so fagert. Han totte ho sat paa Fanget hans, og han heldt henne um Livet. Ho lagde seg tett inn til han og heldt han um Halsen, og laag i Armarne hans so mjuk og so varm. Og ho greet av Elskhug og Sorg, og han kjende det taarevaate Andlitet inn imot sitt og var so glad og sæl, at han kysste henne. Men ho bad, at han ikkje maatte vera vond paa henne; det galne, ho hadde gjort, det hadde ho gjort av di ho elskad i Vonløysa ein, som ho ikkje kunde faa ... og ho smøygde seg inn til han so tett, so tett, og der var ein Vaar av Elskhug yver henne. Daniel vart so hjarteleg glad; han kysste henne ein Gong til, og vaknad. Men endaa kjende han det taarevarme Andlitet inn mot sitt, og den mjuke, mjuke Kyssen, og han var varm i Armarne etter henne, og trivlad ikring seg i Forundring, fordi ho ikkje var her. Sidan hugsad han denne Draumen, og slik, som han hadde set henne i den, elskad han henne lengje. Han drøymde Draumen uppatt og uppatt med vakne Augo, og kvar Gong glødde det upp i han ein søt, sorgmild Elskhug, som han ikkje hadde Hjarta til aa tyna. So lengje dette stod paa, kunde det ikkje nytta aa fria til Inga; for ho vilde nok forstaa, um der var Aalvor i Leiken; og dessutan, so lengje ein ikkje hadde Embættseksamen ...

Daa det leid ut paa Hausten, var Frøken Hanna so kjend med «Kandidat Braut», at ho stundom fylgde ^[254] han paa Spaserturarne hans. Daniel kunde ikkje annat enn finna det staut, at ei so fin Dame heldt Lag med han; men det hadde voret væl so gildt, dersom ho hadde voret fagrare. Frøken Hanna var, liksom Far sin og Bror sin, storbygd og i godt Hold, men bleik i Hudi; Andlitet var stort, Haaret ljost, Augo rolege og late. Daniel gissad paa, at ho kunde vera 28 Aar; finaste Ungdomsblomen var burte; Huldresløret, Draumen, Trolldomen, det, som ingen kann utsegja, – det var der ikkje; han kunde tala med henne so mykje han vilde, men var like kald. Hadde ikkje dette voret, so kunde han kanskje komet til aa kjenna seg heime paa Steinsrud.

Eit Par Kveldar um Vika var det Whist og Toddy; men aldri meir enn eit Glas, og aldri lenger enn til Klokka ti. Ender og daa var Lensmannen der, stundom sjølv Presten. Morosamt var der aldri. Og naar Proprietæren Gong etter Gong sat og lagde ut um, kor viktig det var aa vera «sjølvstendige», so ein ikkje leet seg driva av kvar Lærdoms Vind elder lokka av kvar Ordmakar, – so vart Daniel stundom rædd, at Proprietæren meinte dette paa honom.

For Daniel hadde ikkje voret sjølvstendig. Han visste det no. Han hadde havt det med aa meina som dei, han mest var i Lag med, og naar han hadde høyrte ei Meining framsett med Fynd, so hadde han teket den god og gløymt det, han fyrr trudde. Meir enn ein Gong hadde han høyrte Folk snakka um, at ein skulde hava «sjølvstendige Meininger»; men han hadde aldri rett lagt Merke til det. Han var heimangjord ^[255] med den Trui, at det galdt aa hava *rette* Meininger. Og det kunde han ikkje koma ifraa enno. Kva kunde det nytta aa tenkja sjølvstendigt, naar ein tenkte galet? Og naar ein skulde lita paa sitt eget Vit, so kom ein til aa tenkja galet. Fram og Rud og slike, dei var visst sjølvstendige nok, men so var dei Rasjonalistar! Og kor langt vilde dei koma med det?

Det nyttad lite aa vera sjølvstendig, naar ein skulde døy. Daa galdt det aa hava den rette Trui. Hadde ein ikkje den, gjekk ein til Helvite, kor sjølvstendig ein var. Og her i Verdi var det i Grunnen paa same Maaten: vrang Meininger øydelagde sin Mann.

Det maatte kunna gaa an aa tenkja sjølvstendigt og rett paa ein Gong, og det var naturlegvis det, Folk meinte. Men daa galdt det aa vita Framgangsmaaten. Han ordad eingong innpaa um dette for Proprietæren. Og denne svarad, at det galdt aa vilja det rette. *Vilde* ein finna det rette, so fann ein det; men leet ein Tanken laupa sjølvstyrtd, og var like sæl kor det bar av, so kunde ein nok tenkja seg burt i Villska. Daniel totte dette var rimelegt; han hadde i Grunnen alltid visst, at det var Viljen, det kom an paa. Likevæl fann han, at Saki var mindre klar. Tanken, den gjekk sine egne Vegjer den, som Gregus Johnsen hadde sagt, og det var vøl ikkje alltid aa lita paa, at Viljen hadde Magt til aa halda Leidi.

Nei, det var ikkje greidt aa tenkja sjølvstendigt. ^[256] Um ein berre vilde taka ein slik Ting som denne Republikken, som han hadde voret so ustød i ... Ja; ein kunde tenkja upp Grunnar baade for og imot. Men dersom no Grunnarne for og imot var like sterke? Elder dersom Grunnarne for var sterkare enn Grunnarne imot, og so ein ikkje *vilde* vera Republikanar?

Kanskje leitad ein daa so lengje etter Motgrunnar, til dess ein fann dei. Elder ein granskad Grunnarne for og fann ut, at dei ikkje var so sterke, som dei saag ut til. Kunde ein segja, at ein daa hadde tenkt sjølvstendig yver Fristaten?

Men um det no skulde henda, at Fristaten var det rette likevæl? Der var kloke Folk, som trudde det og. Kloke Folk baade for og imot, og kvar hadde sine Grunnar ...

Nei, det nyttad ikkje aa tenkja, naar ein ikkje visste, kva ein skulde gaa ut ifraa. Det var det, det kom an paa. Gjekk ein ut fraa det eine, so kom ein hit, og gjekk ein ut fraa det andre, so kom ein dit, og den, som ikkje hadde nokot aa gaa ut ifraa, han var som ein Mann i Myrkeskodd: han vart gangande i Ring.

Som han gjekk og mynstrad med dette, kom han til aa minnst nokre Forelesningar, han hadde høyrte paa Universitetet yver Ethikk. I dei Forelesningarne hadde Professoren lagt ut um dei ymse Riksformerne paa ein so klar Maate, at Daniel aldri kunde tenkjast til aa gjera det betre, og dei Forelesningarne hadde han skrivet upp. Han leitad etter dei i Kufferten sin, men hugsad so, at han hadde [257] laant dei burt til Halvor Mosebø. Det var daa harmelegt. Hadde han havt dei her, so kunde han berre leset dei godt igjenom, og so hadde han havt so gode Meininger med so klaare Grunnar, som nokon Mann kunde ynskja! No var der ikkje Raad med det; han visste ikkje eingong, kor Halvor Mosebø budde.

At ein ikkje kunde hava det her som i Trui: at ein hadde det rette og sanne fastsett! Ei paaliteleg politisk Katekisme vilde vera ein umissande Ting for unge Folk. Som det no var, stod ein mest uppraadd. Skulde ein tenkja utan Rettleiding, var ein som eit Skip utan Kart og Kompas. Det kunde henda, at ein fekk ein god Tanke. Men kor kunde ein vita, anten Tanken var god elder galen, so lengje det berre var eins eget Paafund?

Vilde ein spyrja andre til Raads, kom ein ikkje stort lenger. Det var likso mange Meininger som det var Menn; kvar heldt si Meininger for den einaste rette, og alle hadde dei Grunnar i Hopetal; det var nok ikkje kvar Manns Sak aa finna seg til Rettes i slikt eit Babel. –

Slikt gjekk den unge Kandidaten i Filosofi so mang ein myrk Ettermiddag og braut Hovudet sitt med, og han likad seg ille. Men stundom saag han paa dei høge Aasarne, som stod og gjorde seg fagre og klædde seg um og um med Skydukar og graakvitt Taake-Lin, elder paa Skogen, som drog seg burtetter Bakkarne myrk og tung som ei Sorg; og daa tenkte han paa Huldri og paa Berta Maria. Og [258] han

kjende ein Lengt, ein Saknad, som gjorde han sjuk. Aa, um han hadde eit Menneskje, som forstod han, som heldt av han! Aa, um han hadde ei, han kunde elska! Her gjekk han so aaleine ... so aaleine som ein Tjuv um Notti. –

Men naar han kom heim til Kveldsbordet og hørde Proprietæren, og stundom Lensmannen elder Presten, sitja der og leggja ut um alle Ting og vera so trygge i sitt og vita so god Greida, so sukkad han med seg sjølv og tenkte: sæle er dei gamle, som hev alt sitt oppgjort.

Lensmannen var ein gamall høg, graa Ungkar med bleike juridiske Andlitsdrag og ei Nos som ein Bløyg;^{k200} Jurist var han, og Embættsmann vilde han heita. Men Presten var Hr. Pastor Ring, som Daniel eingong hadde raakat ut for hjaa Grosserar Helle. No var han komen her hit, og her hadde han eit framifraa godt Kall. Han var eldre aa sjaa til no, og liksom meir bondsk, men hyggjeleg og verdig. Han var svært glad med aa høyra, at Hr. Braut ikkje var Jaabæksmann; «det vil ogsaa i høi Grad glæde Deres gamle Velgjører, Grosserer Helle», sagde han. Gudskelov, Grosserar Helle var komen seg upp att no, fortalde Presten; han dreiv ei Forretning, som alt var i god Gang, og han vilde visst snart vera i full Vælmagt. «Aa ja, Herren glemmer ikke dem, der gjøre vel.» Daniel sat og tenkte paa, um han kunde vera god-for endaa ein Gong aa beda Grosserar Helle um Pengehjelp; men han tenkte, at det fekk vera den siste Utvegen. –

[259] Det var staut aa faa vera i Lag med so gilde Folk som desse. Den, som berre hadde havt sine Saker i Orden. Den, som ikkje hadde havt nokot aa vera rædd! Han hadde aldri tenkt, at ein Student kunde hava det slik, som han hadde det no. Han skalv av Uro, naar Posten kom til Gards, elder naar Proprietæren kom heim fraa ein Kristianiatur; og daa Hanna ein Dag fortalde han, at det skulde koma Byfolk her upp i Joli, vart han so modlaus, at han hadde ikkje godt av nokon Ting. «Det kjem upp! Du skal sjaa, det kjem upp!» sagde han til seg sjølv. Tilslutt gav han seg til aa fæla for, at han kanskje kunde faa sjaa Namnet sitt paa Trykk – jamsides med Frams – i «Den gode Borger».

Men «Den gode Borger» sette ikkje Namnet hans paa Trykk. Daniel maatte i det heile undrast paa, at Bladet ikkje var verre enn det var. Naar det kom til Stykket, hadde det betre Grunnar for seg, enn han hadde tenkt. Naturlegvis inneheldt det somt stygt mot dei folkelege, ja endaa eit Par harske Ting mot Kapellan Hirsch; men naar ein vilde vera rettviss, so maatte ein hugsa paa, at Bladet saag alle desse Ting fraa sitt eget Standpunkt. –

Stundom vart han teken av den Tanken, at det kanskje var «Den gode Borger», som hadde Rett likevæl. Det talad so myndigt og sak-kunnigt, og avviste dei «folkelege» med slik Kraft, at ein *maatte* tru paa det. Dette, som dei andre foor og skravlad med, Fridom og Folk og Aand og Idear, det *var* visst Frase. Ein fekk taka Verdi som [260] ho var, og den forstod «*Borgeren*» betre enn Idealistarne.

Men so kunde han raaka Lærar Borreberg ein Dag, elder han kom til aa hugsa sine gode, gamle Venner og Lærarar, Hirsch, Bliland, Haugum, Jens Rud, – og so forstod han, at «*Borgeren*» hadde Urett. *Nokot* Urett iallfall. Dei andre hadde kanskje ikkje helder fullt ut Rett; ... enn den, som kunde finna Millomvegen!

Der *maatte* vera nokot, som laag midt imillom her. Dei gjekk vidt paa baae Sidur; ein *maatte* kunna forsona desse Motsetningarne. Og han mintest det, han hadde høyrte av Professoren um aa «mediera», um aa semja motstridande Ting i «en høiere Enhed». So gjekk han og balad med det ei Stund. Han vilde gaa ut fraa dei Grunntankarne, han hadde fraa Hirsch; so vilde han taka med so mykje han kunde fraa «Den gode Borger»; dessutan vilde han helder ikkje koma i Strid med Pater; likeeins fekk han sjaa aa koma so godt til Lags som han kunde med Fram og Jens Rud; for det vilde ikkje vera greidt aa bita i Kjeppen med dei helder, um det skulde koma til eit Ordskifte. Men di meir Daniel tenkte paa alle desse «Motsetningarne», di meir hovudgalen vart han. –

– Den, som kunde ha voret modig! Det beste vilde vera aa taka upp sine Meiningar fraa fyrr, vera folkeleg som i gamle Dagar, og so forsvara sine Meiningar med Nebb og Klo, baade mot Proprietæren og mot dei andre. Men slikt var det ikkje tenkjande [261] paa. Han var ikkje sin eigen Mann. Andre hadde Magti yver hans Liv og hans Lagnad; vilde ikkje dei hjelpa han fram, so kunde han ikkje hjelpa seg sjølv. Tilslutt saag han ikkje meir enn ein Utveg. Han fekk tru paa sine gamle Meiningar so fast han kunde, – men tigja med dei, til dess han kom væl herifraa. Det *gjekk* ikkje an for ein 24 Aars Kar og Kandidat i Filosofien aa ikkje vita, kva han meinte. –

Ein Ting kunde han gjera her uppe for aa koma til aa kjenna seg vaksen, og det gjorde han –: han leet Skjegget gro. Det meinte han vilde hjelpa ikkje so litet; og paa den Maaten slapp han dessutan det Bryet aa raka seg.

XI.

[262] Store Jolaften kom Student Stensrud fraa Byen med sine Framandfolk; Grosserar Storr og Lovise fylgde.

Det var mykje og fagert Folk. Grosseraren, som Daniel hadde tenkt seg som ein fæl Guanokrat, viste seg aa vera ein liten snøgg, stillfarande Mann, mager som ein Adjunkt, med smaae, sjøgrøne Augo; Fru Lovise var i godt Hold liksom Syster si, men fagrare. So var det Studentarne: den digre, koselege juridiske Kandidaten Bang Block; Ekstraskrivaren Becker, raudhård og lang; Kopist Petersen, høg, blid, med blank Skolt og Brillur; *Cand. filos.* Viborg, ung og aalvorleg, fager som ei Møy, og endeleg Medisinaren Knutzon med sin store Adelsnase, sin fyllige, mjuke Munn og sine disige, graae Augo. Det var fine Fiffen alt; det lyste av kvite Kragar og Smil og blenkte av Lorgnettar og snøgge Augo. Daniel gjekk og krullad paa sitt unge Kinnskjegg og sagde til seg sjølv, at i dette Laget saag Proprietæren og Son hans ut som Bønder.

Han var ikkje lenger rædd. Um Folk som desse visste nokot, hadde dei Takt nok til aa tigja. Og so kom Student Stensrud med ei blid Helsing [263] fraa Pater. Daa vart Daniel so lett og trygg i sitt Samvit. Naar Pater ikkje enno hadde høyrte nokon Ting, so fekk han ikkje høyra nokot helder.

Dei kunde ikkje gaa til Bords, fyrr Lensmannen kom. Men det vilde vera Synd aa segja, at her var langsamt. ^{k201} Samtalen hadde kveikt i med ein Gong og brann som Eld i feit Furuved. Kva dei snakkad um var ikkje alltid so beint aa segja; um store Spursmaal var det ikkje. Men det merkjelege var, at Samtalen var aandfull likegodt. Den eine Smaavitsen kom sprutande etter den andre som Gneistar av Staal, Ordspel og Hermestev flaug som Rakettar; det var ein lysande Leik med ingenting, eit Eldverk av Ord og lette Tankar.

Daniel tok til aa grunda, der han gjekk og sveiv. Det, han her høyrde og saag, var det, som han alltid hadde drøymt um og lengtat etter: Herremanns-laget, den fine Svingen. «Fram» og dei der inne gjorde Narr av det som fint var, og kallad det Sprik og Spjaak og tomt Fjas, og Aslak Fjordan kunde storlæ, naar han saag ein riktig «Fjongfole»; ^{k202} men det kunde ikkje Daniel lenger forstaa. Den fine Svingen

var Adelsmerket. Latin kunde kvar Mann læra, og Aands- og Hjartedaning kunde ein alltid faa; men det, som det galdt um, det, som tilslutt skilde millom Folk og Fant, – det var dette her, som Aslak Fjordan lo aat, men som «Borgeren» kallad den formelle Daning.

Gutar som desse var dei sanne Studentar. Dei hadde sin Eksamen paa regelrett Vis; dei hadde den [264] Upplæring, som ein Student *skulde* hava; dei var *comme il faut*^{k203} i det eine som i det andre. Og *slike* Studentar kunde liva idealt. Dei drakk seg ikkje fulle for aa vera glade, dei var lystige, men ikkje ville, og taktfulle, kor fritt dei so skjemtad. Dei hadde Aand og Vit og fin Form; alt det, dei gjorde, vart fagert og svingfullt; – men Bondestudentarne var Bønder, kor ein gjorde av dei. Han tenkte med Uhug paa det Studenterlivet, han sjølv hadde livt. Dette tunge Staaket med Strid og Politikk og Øl og daarleg Toddy, det kunde vera for det det var, men idealt var det ikkje, og Studenterliv var det ikkje helder. –

Grosserar Storr sat i Sofaen og smaapratad med Frøken Hanna. Men Herrarne Knutzon og Viborg drog seg burt til Fru Storr og gav seg i Drøs med henne. Ikkje i Drøs, men i Konversasjon; og det var forunderlegt, so fint som dei kunde te seg. Daniel lagde Merke til dei for aa læra, og han gjorde upp med seg sjølv, at naar han kom til Byen att, so vilde han gaa paa Danseskule.

Dei andre heldt Lag med Proprietæren. Bang Block sat og var morosam, Becker var kvass og vittig. Hr. Petersen kunde og vera vittig some Tider, men lo jamt aat sine eigne Paafund; ender og daa kunde han sjaa dum ut med sin blanke Skolt og sitt opne, breide Brillesmil. Men naar Proprietæren kom halande med sine Setningar, var det som naar ein Vognmannsgamp vil dansa millom Cirkushestar. Det kom so keivelegt og usvipelegt,^{k204} at dei andre maatte [265] liksom hjelpast til aa faa nokot utav det. Og daa kunde det glimta i Augnekrokarne deira som lette Skimt av Laatt elder Spott; og endaa i Ordi tottest Daniel stundom kjenna, at der sat Oddar løynde elder laag fule Baktankar. Det var Gutar, som kunde snu seg, tenkte Daniel.

Endeleg kom Lensmannen, og dei skulde til bords. Som dei gjekk og masad med dette, kom Daniel til aa høyra nokre Ord, som fall millom Herrarne Knutzon og Viborg um Fru Storr. «Hva synes du om henne?» sagde Hr. Viborg. «For meget Fedeverarer», svarad Hr. Knutzon. Daniel kvakk litt, men tenkte han maatte ha mishøyrte seg. Daa saag han Viborg kviskra nokot til Knutzon med eit Smil ... han forstod ikkje det Smilet. Men sidan kunde han ikkje so godt lika Hr. Viborgs gjentefagre Andlit. –

Ved Bordet skulde Fru Storr vera Matmor, daa Andrine rett som det var maatte ut og hjelpa til med Maten. Bang Block, Fru Storr og Lensmannen tok til aa skifta Ord um Namnet «Ribbensbærstek»; Hr. Becker, som hadde voret i Utlandet, fortalde um den Kunsten aa «skjera fyre», ein Kunst, som me Nordmenn etter hans Meinung ikkje kunde; so kom dei i Ordkast um den rette Tidi til aa halda Middag paa. Grosserar Storr vilde, at me skulde innføra den engelske og franske Skikken med Middag Klokka 6; dei andre, og iser Fru Andrine, forsvarad den norske Middagstidi. Men Storr heldt paa sitt. Aat ein til Middag Klokka 2–3, so var Resten av Dagen ^[266]øydelaagd for ein; Middag skulde ein halda, naar ein var ferdig med sitt Dagverk; i Arbeidstidi, Klokka 12–1, skulde ein taka seg ein Lunch; ikkje det Grand meir. Men dersom ein heldt Middag Klokka 2–3 um Dagen, so skulde ein ikkje have Lunch! skreik han upp. Dette, at dei tok til aa innføra Lunch her hjaa oss med vaar Middagstid, det var ... det var ... det var eit Merke paa, kor *barbariske* me var ... Me tok upp Skikkar fraa Utlandet, men tok dei upp raatt og umeltat, utan Tanke elder Samanheng ... Lunch i eit Land, som heldt Middag Klokka 2, naar Lunchen hadde sin Grunn og Rett i, at Middagstidi var Klokka 6! skulde nokon høyra slikt? Det var plent som naar Villmannen stasad seg til med Flosshatt, men gjekk ... skinnklædd hellest, og so trudde, at han hadde gjort eit Framstig i Kultur! – Det gjekk ikkje lett for Storr aa faa segja det, han vilde; han trivlad etter Ord og strævad med Tanken; men sagt si Meinung fekk han no. Tilslutt sette han i med so store Ord, at heile Matstellet vaart var Slarvestell og Slendrian og nasjonal Uppøyding; men daa lyfte Proprietæren Glaset sitt og bad Gjesterne sine vælkomne til Bords, og dermed sluttad den Striden. Sidan fortalde Bang Block paa sin morosame Maate um «Jolegrisen», som vaare gjæve Fedrar steikte heil og aat med Tollekniven og drakk Porsøl til; og naar dei var mette, kastad dei Beini i Hovudet paa kvarandre, og kom dei rett i Godlaget sitt, so tok dei Kviven og stakk kvarandre ihel. «Det var mye til Julemoro!» Daniel lo med dei andre. ^[267]Hr. Petersen gav seg til aa fortelja Jolesegner, som han sjølv lo aat; Proprietæren priste Upplysningi; Student Stensrud fortalde, at Bønderne uppi Fjellbygderne trudde paa underjordiske Soldatar, som hjelpte Nordmennerne, naar det var Krig. Det var dei, som gjorde, at Svenskarne altid skaut for høgt; dei gjekk usynlege fram imot dei og lyfte Byrsepipurne deira upp, naar dei skulde skjota. Daniel totte den Segni var fager; men Storr sagde, at han aldri hadde høyrt nokot so norskt: liggja paa Latsida og lita paa Trollhjelp; Lensmannen vilde likna denne Segni ihop med den gamle um Holger Danske, – og det var ikkje fritt for, at Danskarne for nokre Aar sidan hadde trutt litt paa den Segni. «Hi-hi, ja kor var Holger Danske i 1864?» ^{k205}lo Hr. Petersen. «Han var væl klok og heldt seg heime liksom me», svarad Becker.

Kremting ikring Bordet; so eit stutt Ordskifte, som til Daniels store Forundring sluttad med, at me var der me skulde vera i 1864. –

Dei livde godt, der dei sat; Godlaget vaks. «Apropo!» sagde Proprietæren, «kor hev gamle Jokum det i desse Dagar?» Aa, Jokum hadde det bra. «Je traff ham just for no' en Dage siden», sagde Hr. Becker, «Far aa je var ute en Tur mæ Jaabæk ...» «Med Jaabæk!» skreik Hr. Petersen, «med Jaabæk!» ropad Fru Storr, «med Jaabæk?» ropad heile Bordet. «Ja», svarad Becker rolegt, «med Fars Hest»! Stor Laatt; Fru Storr skreik «Uh», Block sagde ein Vits. Knutzon meinte, at gamle Byraasjef Becker var *en quick patron*,^{k206} Hr. Viborg trudde, at Jaabæk burde [268] faa *vita*, at han no stod paa Stall hjaa ein Byraasjef; «ja, det burde han, Jaabæk plage meg!» lo Hr. Petersen, som og kunde vera vittig. Fru Storr hadde vondt av Hesten, Stakkar; han fekk visst mang ein ufortent Piskesmekk for Skuld det Namnet, var ho rædd; men det trudde ikkje Becker. Hesten fekk nok høyra eit og annat politiskt Foredrag, kanskje; eitkvart Fantordet med so ender og daa; men ... Jau, eingong hadde han fenget ei god Rundjuling for Namnet sitt likevæl. Det var Løytnant Schmell, som gjorde det. Han var med paa ein Tur, og so fekk han høyra, at Hesten hadde dette Namnet; der med treiv han Svipa og Taumarne og reiste seg i Sleden: «naa saa ska du da Fa'n tordne mej –!» skreik han, og so fekk Hesten Juling slik, at han berre stod paa Bakføterne og dansad. Dei maatte stogga Løytnanten med Magt, men kunde ikkje annat enn læ, naturlegvis. Nei ha-ha-ha-ha, naturlegvis. Men Block, som var ein Hesteven, sagde, at det var Synd aa gjeva ein Hest eit slikt Namn; for ein Hest var eit Dyr, som ein heldt av, og fekk han ein Hest nokon Gong, so vilde han kalla han upp etter ein av sine Venner. «Takk for meg!» sagde Becker; «ditto ditto!» lo Petersen; Ordstriden døyvdest av i Laatt; Hr. Jokum vart gløymd.

Dette lagde Daniel Merke til, og daa han just hadde Hanna ved Sida av seg, spurde han henne, kva den Jokum var for ein Kar. Aa, det var berre slik ein gamall Kaptein elder Oberst, sagde Hanna. Jokum-Namnet hadde han fenget, fordi han var so rar. [269] – Var han so rar? – Ja, han fann paa so mange Ting, og gjorde so mykje galet, og so fekk Bondevennen og dei Folk so mykje aa snakka um. Tilslutt gjorde han nok litt Skandale – men det visste ikkje Hanna Greida paa –; og so fekk han Sverdordenen. «Fekk han Sverdordenen, naar han hadde gjort Skandale?» – «Ja, for at han skulde gaa sin Veg.» – «Aa, so. – Jaso. – Gjekk han sin Veg daa?» – «Nei, daa han hadde fenget Orden, sagde han, at det maatte vera fordi han var slik ein god Officer, og daa vilde han ikkje gaa, sagde han.» – «Naa?» – «Ja, tilslutt maatte dei gjeva han Olafsordenen.» – «Ha-ha, gjekk han daa, daa?» – «Ja, han hadde nok maatt lova det. Og no gjeng han der inne og er berre slik ein Raring; dei

snakkar so mykje um han, men eg veit ikkje rett Samanhengen.» «Det maa vera ein snaal Kar», meinte Daniel. Han sat eit Bil og grundad paa denne Soga; rundt Bordet gjekk Pratet som Rokkedur. Med ein Gong hørde han Hr. Knutzon segja til Hr. Viborg: «Bra Kar, den Proprietæren!» «God Vert», svarad Viborg. «Berre han ikkje var so dum!» sagde Knutzon halvhøgt. Daniel vart sitjande reint einstird; so saag han Proprietæren vinraud og glad lyfta Glaset sitt og drikka Hr. Knutzon til med eit byrgt og sjølvseilt Andlit. Hr. Knutzon svarad og bøygde seg djupt. Men i det same vaknad der eit litet fint, fint Smil um den mjuke Munnen hans, eit Smil, som ingen kunde forstaa – utan Viborg og Daniel. «Ja mi Sæl er det Karar, som kan snu seg!» tenkte denne. –

[270] Ved Dessertbordet vart Samtalen meir ivrig, meir aalvorleg; dei talad um «Befordringsvæsen». Og her fekk Daniel høyra det, han ikkje fyrr hadde tenkt: at fine Folk og kunde riva ned paa dei magthavande. Det vart fortalt Ting um desse, som Daniel mest maatte finna utrulege, og det var forunderlegt, at ikkje «Bondevennen» hadde dreget fram slikt. Men Lensmannen og Proprietæren forsvarad Magti, og der vart ein heil Ordstrid. Grosseraren sat og tagde og halvsmilte. Tilslutt sagde Becker, at naar ein saag paa dette «Befordringsvæsenet», [k207](#) so kunde ein Skam mang ein Gong faa Hug til aa slaa seg til Opposisjonen; for ein Opposisjonsmann, ein Sakfører elder slikt, hadde jamt lettare for aa koma seg fram og faa godt Embætte enn ein Departementsmann. «Ja he-he-he!» lo Hr. Petersen, «dersom ikkje Opposisjonsmenneskene var slike Bakbeist som dei er, so!» No maatte Proprietæren og læ so smaatt; men Knutzon snudde seg braadt til Daniel og sagde: «Ja Di er vel ikke Opposisjonsmann, Huslærer?» – «Nei», stotad Daniel og vart raud.

Etter Middagen gav Fru Storr Musikk. Det var stor Musikk; Daniel forstod ikkje det Grand, men klappad med dei andre. Alle saag dei gode og fornøgde ut; dei sat og røykte og kvilte og meltad Maten, mette og late som Gudar. Men Lenmannen og Endre Storr sat i Sofaen og smaapratad, venteleg um Musikk.

– Ja, slik kunde ein hava det, naar ein var rik. God Mat og Drykk, Fred og Ro og godt Selskap, [\[271\]](#) Vyrtnad og Venner og alt, som godt var, og det endaa um ein var dum. Var det sannt, at Proprietæren var dum? Han saag ut til nokot av kvart. Men kva gjorde det, naar han var rik?

Den, som trong Hjelp av Folk, *han* maatte vera klok, og *han* maatte vera god. Som eit rotet Egg maatte han gaa Folk under Augo; han maatte vita aa bøygja sin Rygg, um det so var for ein Grindstolpe. Men den rike var fri Mann. Han var like gild, um

han so var ein Tosk; ja um han var ein Svinepels, kunde han klara seg. Ingen hadde nokot aa segja til honom. Han turvte ikkje eingong vera umvend ... Student Stensrud var ikkje umvend, og han var like gode Venner med Pater for det ...

– Toddyen vart sett inn paa eit litet Bord i Sideromet; Spelet sluttad; Herrarne fekk vera so gode aa gaa inn og laga.

«Ja–ha, ja visst, den fjerde i Rækken, ja», høyrdest Endre Storr no kvessa i, «jo–o, det skal ... det skal ... bli længe det! Nu tar Utlanne til aa sælle sine gamle Træskuter og bygger Jernskibe, og vi gaar her hjemme og sætter vore Penger i de Træskibe, som Utlanne skiller sej av mæ; ja; og naar saa ... naar saa Jern og Damp har seiret paa hele Linjen, ja, saa sitter vi her mæ vore gamle Træskuter, vi, den fjerde i Rækken av de søfarende Nasjoner!»

Daniel sat og gapte. Aa *segja* slikt!

«Vers'god; la oss faa oss eit Glas», sagde Proprietæren forsonande, og dei gjekk inn. Men paa [272] sjølve Veggen trættad dei; Lensmannen strævad med aa forsvara den nasjonale Æra og Treskipi, og som dei stod der inne og lagad Toddyen sin, spurde han, um Hr. Storr daa for Aalvor kunde tru, at me kunde koma etter med aa byggja Jarnskip. «Koma etter?» sagde Endre Storr, «skulde me koma etter med nokon Ting? Det einaste, me hev lært av Utlandet, det er aa ... aa gjera Konkurs!»

Det vart Laatt av dette, og dei lo trygt; for dei visste, at Storr hadde sine eigne Meiningar. Men Storr var komen i Stridslaget sitt no, og daa dei hadde sett seg til Ro att, hogg han i paa nytt.

«Ja, ja, det er lett aa læ», sagde han, «det er ... ja. Kor i Guds Namn skal det gaa med eit Land, der ingen vil arbeida?» – «Overdrivelse», sagde Lensmannen. «Vil me ikkje arbeida?» smilte Proprietæren. «Nei, me vil ikkje», svarad Grosseraren. «Me vil ... me vil ... ha det godt! ha det maklegt vil me ... vera store Herrar paa Kreditt! Det vil me! – Er det ein Mann, som hev tent seg ihop nokre Tusund, so legg han seg til og ... og ét dei upp; og dersom *han* ikkje ét dei upp, so hev han ein Son, som ét dei upp! Ein, tvo, tri! det, som skulde vera Grunnlaget for ein Kapital, for ei stor, fast, solid Drift ned igjenom ... Ja, for slik er det i Utlandet! Trur De dei store engelske og amerikanske Rikdomarne hev rignt ned fraa Himmelen? – Dei store utlandske Rikdomarne hev komet til paa den Maaten, at ein Arbeidsmann elder ein Hotelgut tente seg ihop 50 Pund; Son hans heldt [273] fram med Arbeidet og tente 100 Pund; og so arbeidde Son etter Far og Ætt etter Ætt ... arbeidde, ser De! ... ja; og tilslutt var der ein Kapital ... Rikdom, Magt, Dugleik! fyrst og fremst

Dugleik! – Men her? det, som skulde vera Grunnlaget for ein Kapital, – vips! ut for alle Vindar! «Eig ein Mann tusund Dalar, so skal Son hans ikkje arbeida, han skal studera! ... «studera»! ... og so sumlar han burt dei tusund Dalarne paa tvo Aar, og sidan liver han paa Gjeld og vert Kopist! – Maa eg so spyrja: kor skal der koma Kapital fraa, og kor skal der koma Dugleik ifraa ... for Kapital og Dugleik maa der til, um me skal kunna konkurrera ... og kor skal den koma ifraa, naar Kapitalen vert drepen i Fødsla, og alle, som skulde kunna læra nokon Ting, gjeng og kastar seg burt og vert Kopistar!»

Tri–fire ropande Røyster skreik upp for aa svara, men slog kvarandre ihel. Det einaste, Storr fekk Tak paa, var nokre Ord fraa Lensmannen um vaar trufaste, arbeidande Bonde. «Bonden?» skreik Storr, «var det Bonden, Di sa? – Bonden er som me ... og me er som Bonden ... men Bonden er den verste av oss alle. Det er Villmannen, det, som ... som vil liggja paa Laaven og eta ... eta seg mett, og so sova, og bry seg Pokkeren um i Morgo. Lat oss berre ikkje snakka um Bonden!»

Proprietæren var litt raud, Daniel forstøkket. So sagde Lensmannen, at det var somt, Grosseraren kunde hava Rett i. Dei lægre Klassar no for Tidi var ikkje so nøgde med sin Stand og si Stilling, som dei burde [274] vera, og det var ein leid Ting, at Bonden meir og meir gav seg til aa driva ikring paa Bondevenmøte og annat dilikt istadenfor aa arbeida. Men i det heile vilde Lensmannen segja, at Bonden utyver Landet arbeidde som ein Træl – arbeidde so trufast og aalvorlegt, at det vilde vera Urett aa krevja meir av han. Hr. Petersen, som var Son av ein Amtmann paa Vestlandet, sagde det same, og der vart ei samtykkjande Mulling rundt heile Laget.

«Min gode Verson hev den Vanen aa bruka sterke Ord», sagde Proprietæren med eit forsonlegt Smil; «men naar ein ser burt ifraa det ... Eg er ikkje uhugad til aa tru, at Folk utyver Landet hev altfor lite Sans for aa bruka Tidi. Tid er Pengar, segjer Engelskmannen, *time is money*; det er ein Setning, Bonden kunde ha godt av aa læra. Men det, som trengst, er altso *Upplysning*, – Upplysning, mine Herrar!» – Bravo, bravo. – «Ja kor skal Bonden faa den ifraa», meinte Storr. «Gjenom Bøker –? Ja; men finst det ein Statsagronom elder nokon annan slik Fyr, som kann skriva ei praktisk Bok?» (Protestar). «Kom ikkje til meg med det. Eg hev sjølv prøvt paa aa skriva um slike Ting, og eg hev set ... set andre hev skrivet; men ... ja. I det heile ... Dei skrik paa Upplysning alle Folk; men eg finn meir og meir, at det med Upplysningi ... det er Frase!» (Nei, men Hr. Grosserar!) «Ja; Frase. Ein Bonde *vert* ikkje opplyst. Upplysning er ikkje slikt nokot, som ein kann riva i seg paa eit Aars Tid elder tvo gjenom Bøker elder Snakk; heile sitt Liv maa ein ... ein [275] maa liva i opplyst Luft! Det er i Grunnen berre dei rike, som kann vera

upplyste. Opplysning og Aandsliv er ... er ein Luksus, ein Ovbunad,^{k208} fyrst maa ein hava Maten; og fær ein Stunder fraa den, so fyrst kann ein liva eit Aandsliv. Me ser det og! Desse Idealistarne, naar dei vil taka Bonden, som han der gjeng, og gjera han til ein Aandsmann, kva vert der av det? Talemaatar, og Tøv, og Folkehøgskuleskodd! Nei! Men Bonden skal vera *praktisk*; det kann han; praktisk i sitt Fag ... og, dersom det er *det*, du kallar Opplysning, Proprietær, so er det godt og væl.» Ja naturlegvis var det praktisk Opplysning, Proprietæren meinte, og um ei Stund viste det seg, at dei i Grunnen var nokso væl samde. Men Daniel visste ikkje kva han skulde tenkja.

Den varme Toddyen styrkte Samfundsanden; dei tok til aa tenkja paa Landsens Framgang alle ihop. Daa Hr. Petersen fortalde, at paa Bondebygderne sat Folk ved Aaren i dei lange Vinterkveldarne og dreiv Tidi burt med Eventyr og Vas, istadenfor at dei kunde tena Pengar med aa gjera Sopelimar og Tresko, so fann alle dette rivande galet, og Lensmannen meinte, at dette var ei Sak, som sjølve Statsmagterne burde taka seg av.

«Ja, det vilde vera norskt, det!» kvesste Storr i med sitt strævsame Maal.
«Statsmagterne! – I upplyste Land heiter det: *help your self*; her er det Statskassa og ... Fatikkassa ... og Vaarherre og men ingen kann taka i sjølv, for ein Pokker! Statskassa –? ja, det vil væl segja, at det skulde ^[276] skipast eit litet nytt Embættswerk for den Saki ... med Treskoinspektørar og Treskoprofessorar og so ein Treskosjef i Kyrkjedepartementet ... ja; og so ei diger Bok med Innberetningar kvart Aar, og Betenkingar og Planar og ditt og datt ... Herre Gud!» ropad han til Proprietæren, «berre finn Folk, som vil *kjøpa* Tresko, so skal du nok sjaa, at Bonden lærer aa gjera dei!» –

Etter dette vart der eit Ordskiye um Embættstanden. Lensmannen var forargad yver den Treskosjefen og gav litt vondt; dei unge Juristarne gjorde det same; slikt skulde ein upplyst Mann ikkje segja, meinte dei. Og det heldt Daniel med dei i. Grosseraren svarad ikkje stort paa dette; men daa dei var ferdige, forklarad han, at naar det uproductive Embættsarbeidet galdd for det høgste i eit Land, so *maatte* Landet armast ut. Han vilde, at dei beste Hovud skulde leggja seg paa det praktiske, og so kunde dei næstbeste eller medelsgode Hovud greida all denne Protokolførsla og alle desse Innberetningar. Lensmannen vart raudare og raudare i Kammen; Hr. Becker og Hr. Petersen kallad Grosseraren for ein Jaabækianar; Fru Storr sat og kremtd. Det same gjorde Proprietæren. Han visste tilslutt ikkje annat Raad enn aa halda ein Tale. So heldt han ein Tale for Embættstanden, um vaar hæderlege Embættstand, som me maatte takka Gud for, og den Talen sluttad han

med ei Skaal for Lensmannen, «som her var Embedsstandens Repræsentant». Lensmannen svarad med ei Skaal for Odelsbonden, den gjæve [277] Odelsbonden, som sat paa si Tuva trygg og gav all Verdi ein god Dag, men bøygde seg for sin Konge og si Øvrigheit; *den* Bonden vilde Lensmannen drikka for; *den* Bonden var Kjernen i Landet, og *den* Bonden vilde nok greida Hespelen, ^{k209} um det kom til eit Knipetak. Millom Odelsbonden og Embættstanden hadde det alltid voret god Venskap, og han tvilad ikkje paa, at den Venskapen skulde staa, alt um der var – hm – Røyster som –. Skaali vart vend til den gjæve og opplyste Odelsbonden, vaar høgvyrde og gjestmilde Vert, Hr. Proprietær Stensrud. Daniel likad det, som her vart sagt; og han fekk ei Kjenning av, at desse «Embættsvennerne» kanskje tilslutt var likso gode Folkevenner som Opposisjonskultarne. –

Daa Fru Storr saag, at Mannen hennar vilde svara Lensmannen, fann ho paa aa spyrja, um ikkje nokon av dei unge Herrarne vilde vera so snilde aa syngja litt for oss. «Ja *det* vilde vera hyggjelegt!» ropad Proprietæren fornøgd. Fru Storr sat strakst ved Pianoet; Knutzon og Viborg samraadde seg um, kva dei skulde syngja; so kom der nokre store Akkordar fraa Spelet, og dei unge Herrarne sette i med full Kraft:

«Här är guda godt att vara,
ack hur lifvet dock är skönt!»

Dei song fagert, dei song med Kunst, med Skaking i Maalet, med Drag paa Tonarne; det var som ein skulde vera paa Teatret. Daniel likad ikkje den Maaten; men han visste, at slik skulde fin Song vera. Dei dreiv paa med «Gluntar»; tilslutt kom [278] dei med eit Nummer av Bellmann. Daniel undrast paa, um dei ikkje vilde koma med nokot norskt.

Det vart klappat for kvart Nummer, og daa dei sluttad, prøvde Proprietæren aa takka med Ord. Han heldt ein liten Tale for «Studentersongen». Hr. Viborg svarad med ein Tale for «Uppsalasongen», som han vilde segja var reint ut ein Tryllesong; og daa Herrarne forstod, at det galdt aa halda Endre Storr ute, gav dei seg til aa tala alle ihop. Daniel forstod dette og lo med seg sjølv; han totte det var fælt fint. Hr. Petersen talad for Broderlandet, Hr. Knutzon for Kvinna, med Adresse til Fru Stensrud, Bang Block for vaare Brødrar i Sud, og Becker – for Bondestudentarne. Daniel bleiknad. Men Hr. Becker sagde, at det var – æ – godt og – mææ – gledelegt, at Bønderne tok til aa vinna seg meir – æ – meir sann og grundig Upplysning; det vilde hjelpa dei fram til – ææ – til aa kunna svara sitt Rom millom dei andre Samfundsklassarne – og –ææ – f. Eks. paa – ææ – paa Storthinget – paa

ein meir verdig – mææ – paa ein meir og meir verdig Maate. Det hadde vist seg, at der var – ææ – at Bønderne ikkje saknad – mææ – Gaavur, og naar desse fekk si rette Utvikling og – mææ – Tukt, so trudde han, at – at den – æ, den – æ Disharmoni, som stundom no kunde – ææ – gjera seg gjeldande millom Samfundsklassarne, den vilde – mææ – oppløysa seg av seg sjølv. Skaali vilde han venda til den Repræsentanten for Bondestudentarne, som me hadde den Æra aa hava her ibland oss, nemleg [279] Hr. Stud – naa, Hr. Kandidat – mææ, hm–ææ! – naa, Hr. Kandidat Danielsen – «aa, naa, je bér! – Hr. Kandidat Danielsen-Braut. Hans Skaal!» Bravo! Daniel skifte Liter. Han drakk, men kjende knapt Grunnen, han stod paa. No skulde *han* upp og tala! Det var naturlegvis det, som var Meiningi; han saag det paa dei. Og kva skulde *han* tala um?

Han hugsad, at Skaali for Fedrelandet ikkje var drukki. Den fekk han altso taka. Naar ein berre i ei Hast kunde finna paa nokot aa segja! Ein fekk tenkja seg um ei Stund. Men so kom det væl einkvar og tok Emnet ifraa han. Ja væl, der kom Lensmannen. *Han* vilde visst tala for Fedrelandet.

Men Lensmannen vilde tala for *Studentarne*. Ikkje for nokon serskilt Klasse av Studentar; etter hans Meining var der ikkje slike Klassar; naar dei hadde fenget sin Eksamen, so var dei Søner av Athene alle, og so var all Klasseskilnad avlyst. (Bravo! tenkte Daniel). Lensmannen talad for Studentarne i det heile, men for Studentarne som Embættsmannsemne. Det var rett og naudsynlegt, at Arbeidet i Statens Teneste stod som nokot høgt og framifraa. Me høyrde nok some Tider, at Statstenesta var eit Arbeid, som – hm – som ikkje var nokot vidare verdt; me hadde endaa fraa ein viss Kant set det aa døypa Born samanstellt med aa køyra Møk. Men Lensmannen vilde halda det for den største Ulukka for Staten, um Skilnaden millom Statstenesta og annat Arbeid skulde døy ut i Folks Tanke. Statstenesta [280] maatte staa som nokot – ja, som nokot idealt, for aa bruka det Ordet, – som ei ædel Livsgjærning, som ein vigde seg til i sine unge Aar, og som ein med Energi heldt fast som Livsgjærning i den lange Ventetid. Staten kunde ikkje nøgja seg med Leigetendarar og Nærings-Spekulantar; ein maatte krevja, at Embættsmannen gjekk i Brodden, endaa naar det – naar det galdt Livet! Difor vilde han minnast dei mange unge Menn, som no gjekk og fyrebudde seg til denne si Livsgjærning, og han vilde ynskja og vona, at dei fyrebudde seg slik, at Land og Konge alltid maatte hava ein god, ein trufast Embættsstand. Skaal! Bravo!

Lensmannen drakk, og det graae Andlitet hans var raudt som Fullmaanen; han var Stridsmann for ein stor Tanke ikveld, og det var ikkje so ofta, at det gjekk paa.

Daniel var reint glad i Lensmannen for denne Talen; det, han der hadde sagt, var Ord ut av hans eget Hjarta.

Men no kom Endre Storr. Der var ikkje lenger Raad for det.

– Ja! naar det skulde gaa med Talar her, so kunde nok han og gjerna ... gjerna prøva. Dei hadde talat um Bonden; ja; han kunde og gjerna tala um Bonden. Men ikkje um Odelsbonden; for Odelsbonden vart meir og meir ... han vilde segja Mythe ... «Hm!» sagde det rundt Bordet. Men Storr vilde tala um den Bonden, som livde rundt um i Dalarne no, – «han, som hev Garden sin standande i Pant i Hypotheken, han, som ikkje lenger eig den [281] Tuva, han sit paa, men gjeng og trælur for Banken, d. v. s. for Pengemannen ... Ja. Det er sagt her, at han arbeider ... at han arbeider som Træl» – «Hm!» sagde Lensmannen –; «og det er sannt, han arbeider som ein Træl; men so var det just, at han ikkje skulde arbeida! han skulde arbeida med *Lyst!* det er Tingen, med *Lyst!* Ja. Men det kann han ikkje, so lengje han er Villmann og hatar Arbeidet ... og so lengje det aa vera Embættsmann, det aa liva trygt og godt og rolegt og uproduktivt, er det høgste i Landet.» «Hm!» sagde Daniel. «Men slik er det no; og Bonden ser og høyrer ikkje annat for seg ... og so lærer han aa lengta burt fraa sitt Arbeid og sin Stand, istadenfor at han skulde leggja heile sin Hug i Arbeidet, og dermed ... gjera Framstig, Framstig –! No kjem han ingen Veg, annat enn til Banken. Eig han litegrand, so kastar han det burt til Fjas ... og hev han ein Son, som duger litegrand ... ja, so skal ikkje Sonen verta Bonde, Gudbevars! nei, det er for simpelt; nei, han skal paa Seminariet – iallfall ... og hev han voret der, so er han strakst for fin til aa taka si Haand i nokon Ting ... skal gaa paa Stasen! skal vera med i 'Fiffen' ... liva paa dei arme Skillingarne, som andre slit ihop, og so gaa og skrika paa større Løn, større Løn! – for det er fint i dette Landet! – men aa liva av det, ein sjølv avlar fram, det er simpelt ... Ja. So gjeng all Dugleik burt fraa Bondestanden, og so gjeng Skrapet etter og trælur for Bankarne ... det vert eit Proletariat, liksom i England ... og det er den [282] Odelsbonden, me skal lita paa, naar det knip!» – Daniel kjende seg uroleg, der han sat; men han trøystad seg med, at Storr var Materialist. Og so saag han paa dei andre og forstod, at ikkje dei helder heldt med han. «Men Storr dreiv paa. Me gjekk her og snakkad um Upplysning ... ja, godt og væl ... men ... det var *ein* Ting, som all Skule og all Upplysning her i Landet skulde gaa ut paa, og det var ... aa prenta inn i Folketanken – liksom med Eldskrift – den gamle gode Setningen: *poverty is a crime*, Armod er Synd! Det skulde vera det fyrste Bud i vaar Folkekatekisme –: du skal ikkje vera fatik. Dette Landet maatte verta ein Arbeidsstat etter belgisk elder schweitsisk Mynster ... og so gjekk dei her og gjorde det um til ein Kancelli- og Litteraturstat etter tysk Mynster ... Me kunde sjaa det i

all Ting, – i Bokheimen med all denne Dikting og Drøyming og alle desse Idear ... tysk ideal Skodd, ein usunn, ulivande Hybel-Litteratur ... istadenfor aa segja Folk ærlegt Sanningi og læra dei aa forstaa, kva det kostar aa liva ... slikt gjorde sitt til aa tømja Landet for Energi og Folk. – Og so Statsbudgettet. Me kunde sjaa paa Statsbudgettet, at me var eit Folk, som var styrt av Embættsmenn – og av Bønder, som vilde vera fine ... mest all Ting gjekk til Kontorvæsen og uproduktivt Stell, og litet og ingenting til Framhjelp av Arbeid og Næring. ... Og vilde ein Arming lesa til Prest, so stod hundrad Mæcenatar og tankelause Geni-Uppdagarar ferdige og vilde hjelpa han fram (tru det? tenkte Daniel); [283] men var det ein, som gjorde ei nyttig Oppfinning, so ... ja, so trudde Folk, at han var galen! og um ein grundad eit Verk elder ein stor Verkstad, so gjekk baade Staten og andre fine Folk til Utlandet like godt! ... Ja; – og so jamrad me yver, at me var eit fatikt Land. – Javisst! Finland utførde Smør, Korn, Kjøt, Villt og andre Ting i mengdevis; kva utførde me? Emigrantar! Schweiz hadde ein Industri, som sende sine Varar Verdi rundt; kva fabrikerad me? Akkevit og Bayerøl!» – «Ja Skaal daa!» ropad Student Stensrud. Endre Storr kvakk upp og saag seg ikring; «ja det er sannt», sagde han, «det var Skaali for ... for ... ja, Skaali for Bonden. Ja; det hev nok ikkje voret den beste Samanhengen i denne Talen min; men – men – eg vil drikka ei Skaal for den Bonden som –; for, at Bonden – og me alle ihop – maa faa so mykje Kultur, at me vert *glade* i aa arbeida ... og at han, og me alle, maa læra aa forstaa, at den, som avlar ei Tunna Havre, er større enn den, som lagar ei medels Bok ... at den, som fær tvo Straa til aa veksa der, som det fyrr berre vaks eit, – han er ein Velgjerdsmann mot Ætti! Skaal for den Bonden, som arbeider, og arbeider med Lyst og Framtak!» Skaali vart drukki; men der var ingen, som sagde Bravo.

– Og denne Mannen vil Haugum segja ikkje er Materialist! tenkte Daniel.

Han hadde drukket so smaatt under Talen for aa faa Mod til Skaali for Fedrelandet; no var Glaset tomt, og han ruslad inn i Sideromet for aa fylla det [284] paanytt. For no *vilde* han tala! Og han skulde segja Hr. Storr nokre aalvorlege Ord, som baade Lensmannen og dei andre skulde lika.

Som han stod derinne og blandad, kom Herrarne Knutzon og Viborg inn og sette seg; Glasi sine hadde dei med seg. «Uh, denne Endre Storr,» sukkad Knutzon. «Ja dæ er en Skrue», svarad Viborg. «Naah! d'er rett, Huslærer!» heldt han fram, «driv paa! her faar man drikke; for an't er her sgu ikke aa ta se' til!» «Nei, du kommer ikke paa nogen anden Slags Galei her», meinte Knutzon. «He-he, nei, man har jo no'e, som hetter Moral her oppaa Lanne,» lo Viborg. «Ja, men apropos: har man ikke noe som hetter Natteløperi aassaa, hva?» – «Aa Snakk, æ du gal? Dæ er bare

oppi Avdalene, dæ.» – «Ja, hva sier Di, Huslærer? Di maa kjenne te dæ, Di?» – «Nei, den Skikken er uddød paa disse Kantar», svarad Daniel truskyldigt, Dei lo so turrt; han hadde væl ikkje den rette Svingen paa Maalet. «Ja Fa'n tro disse Bønder» sagde Hr. Viborg; «men d'æ jo rimeli, at Di ikke vil gjì Beskje til oss; hva? Di er nok ful, Di? Hva?» – «Aa Visvas», meinte Knutzon, «Huslæreren haaller sej naturlivis te Huse, han.» Dei lo og drakk; so kom Hr. Viborg med nokre Ord um «Husets Frøken», som gjorde Daniel reint maalbunden. At slike Folk kunde segja slikt! Og so den Maaten, det vart sagt paa! Uvyrdslegt og fint paa ein Gong, sjølvtrygt, likesælt, som det skulde so vera ... Daniel kunde ikkje finna Ord for det. Det var ... det var ^[285]... ja, det var det, som Horats kallad *frons urbana*. –

«Go' Aften, mine Herrer!» sagde Lensmannen; han skulde reisa. Der vart Uro ei Stund ved dette; Kvinnfolki kom like eins og sagde Godnatt; so kom Lensmannen og Grosseraren i Ordstrid att, og det saag ut til, at Laget vilde løysa seg upp. Men Herrarne Knutzon, Viborg og Becker flokkad seg burttil Fru Storr og var galante, bukkad og bukkad og gjorde seg lækre, so Daniel saag seg leid paa dei og totte han saag liksom Svinsing av ei dillande Rove under dei lange Frakkeskauti. Endeleg gjekk Kvinnfolki, og Lensmannen med; Proprietæren, Grosseraren og Student Stensrud fylgde han heilt ut til Sleden. Dei andre samlad seg inne i det Romet, der Toddyen var.

«Den Storr er Fanden ta mej en Jonglør!» sagde Bang Block med laagt Maal. «Alt det, han fær og fiktar med, det er s'gu berre for aa gjera seg interessant; han vil vera original, han vil vera nokot for seg sjølv, nokot slikt framifraa ... han burde Fanden ta meg vera Opposisjonsmann!» Det meinte no ikkje Hr. Petersen; han smilte so breidt og blidt. Storr var ein bra Kar, litt naiv, men umaateleg morosam. Det traud ikkje paa Gaman i det Laget, der han var. Aa ja morosam; men han var ein Jonglør. Han var av same Slaget som desse andre «Folkevennerne»; det var s'gu seg sjølv, han tenkte paa. Hadde han voret Talar, so burde han gjort som denne Kandidat Meier og andre av det Slaget, som foor paa Landet ^[286] og heldt «Folkehøgskule» – Block frynte stygt, naar han nemnde slike Ord – heldt «Folkehøgskulen for aa koma att som Profetar elder Storthingsmenn ... «Meier? Trur du han vil verta Storthingsmann?» sagde Becker. Aa, Block kjende Krutet. Meier gjekk her eingong og søkte eit Prestekall, og daa han ikkje fekk det, so ... ja daa var det, at Hr. Meyer drog tilfjells for aa vekkja Folket! – Naa, det var sgu ei god Opplysning, meinte Becker. «Er det sannt det?» – «Det skal vera sannt.» Det var ei forvitneleg Opplysning! Den Meier galdt for slik ein Høg-Idealist ... Aa skidt; det var sgu same Sørpa alt. Kandidat Meier var so god ein Sakfører Stensgaard, ^{k210} som nokon kunde sjaa, just av same Slaget som desse brandraude Herrarne ned i

«Frams» Klikk ... Daniel kvakk. «Aa, lat oss no ikkje faa Politikk igjen», bad Hr. Viborg. «Det er daa Fanden, at so snart ein kjem paa Landet, so skal ein politisera!» I det same kom Proprietæren og dei andre inn att, og Samtalen slog um.

Dei sette seg til aa forhandla um, kven ein skulde segja var verst av dei tri Demagogarne Jaabæk, Bjørnson og Sverdrup; og det var ikkje so godt aa avgjera, for dei var fæle alle. Daniel hørde ikkje stort paa det, dei sagde. Han sat og vreid seg og tenkte paa Talen for Fedrelandet. Men kvar Gong han skulde vaaga seg i Veg, torde han ikkje. Det var ikkje greidt aa tala i so fin og kritisk ei Forsamling. Rett som det var, sagde Proprietæren og Grosseraren Godnatt. Proprietæren var [287] gamall, Grosseraren trøytt; «men Ungdomen skal sitja!» lo Proprietæren gjestmildt. «Ja, *me* vil sgu sitja!» meinte Student Stensrud; dei gamle gjekk. – Kunde det no nytta aa tala for Fedrelandet? –

Block lagad seg nytt Glas; der vart eit Ordskifte um den rette Maaten aa laga Toddy paa. Becker, som hadde voret i Utlandet, fortalde Framgangsmaaten med aa laga Absinth;^{k211} dermed fekk han Tilføre til aa fortelja um Livet i Paris, og det var mykje morosamt. Men det var stygt, ymist av det, han fortalde, og Daniel fekk høyra um Ting, som han ikkje trudde kunde finnast i Verdi. Fraa Paris kom dei til Kristiania og snakkad um somt av det stygge, som der fanst; og Daniel kom etter, at han nok mest var likso framand i Kristiania som i Paris. Det, som han hadde set, det var berre det simple, det grove, det, som var for Bønder ... So kom Hr. Jokum for ein Dag att, og Herrarne Petersen og Becker fortalde Sogur um han, som var av eit sovoret Slag, at Daniel fann det meir enn rimelegt, at Hanna ikkje hadde visst um dei. Men det, som Bang Block sidan fortalde um den flotte Fru Harry, var ikkje stort likare. Det var forunderlegt, at der kunde vera so mykje slikt millom fine Folk. –

Men Viborg og Knutzon hadde fenget Smak paa aa erta den snilde Huslæraren. Som han der sat og krullad paa det vesle Kinnskjegget sitt og glodde framfor seg med sine blide Augo, storbygd og tung, gruv i Akslerne, saag han so altfor truskyldig ut, at dei kunde ikkje halda seg. Var det sannt, at Hr. [288] Huslæraren, daa han var i Kristiania, hadde ført slikt eit villt Liv? – Daniel kvakk; dei andre maatte læ. Ja, heldt Hr. Viborg fram, der *gjekk* eit slikt Ord i Kristiania. Hr. Huslæraren var nok meir kjend, enn han sjølv trudde, og det var ikkje just for det gode. «Ikkje sannt, mine Herrar?» – «Jau», sagde Knutzon; «jau», sagde Becker. Daniel forstod no, at dei vilde gjera Narr av han, og det totte han var brennande leidt; men so vart han arg. «Kva er det for Snakk?» sagde han. «Snakk? Vil Hr.

Huslæraren kalla det for Snakk, som er stadfest av tvo gode Vitne?» – «Hr. Huslæraren gjorde best i aa svara paa Spursmaali,» meinte Hr. Becker. Og dei fine Herrarne sat og glodde paa Guten med oppdregne Bryn og Lorgnettar for Augo og totte dette var mykje til Moro; men Daniel visste ikkje, kva han skulde segja. Han kjende seg Undermann; han kunde ikkje klara seg mot denne flirande *frons urbana*. So vart han bergad av Stensrud, som gav seg til aa fortelja um Student Rødberg; kjende mine Herrar ein Student Rødberg? Det var han, som var Huslærer her paa Garden ifjor. *Det* var ein Gut, det, som kunde liva villt! Og so hadde han det med det, at han ikkje kunde segja sannt. Han laug allstødt, baade naar han hadde Naud paa det og ikkje; men so var det Ulukka, at han kunde ikkje ljuga i Samanheng; den eine Lygni motsagde den andre, og so gjekk det galet. Stensrud fortalde ymse Ting um dette. Tilslutt hadde Rødberg drivet det so vidt, at han ikkje saag seg onnor Raad enn aa slaa seg paa det gudelege ... [289] Daniel vart uroleg. Og Rødberg klarad dette baade væl og lengje; for kvar Gong det gjekk galet, so gjorde Rødberg Bot, og so beit den snilde Prestemannen paa att. Endeleg fekk Rødberg Eksamen. Men daa han var ferdig med den, slog han seg so laus med Rangel og Galenskap, at dei fann paa den Utvegen aa senda han her opp. Broder Rødberg var veik, Broder Rødberg skulde liggja paa Landet! Men Broder Rødberg visste Raad til aa vera veik paa Landet og, han, og daa han hadde logjet so lengje, at Lygnerne hans tok til aa slaa kvarandre ihel, so kom det upp alt, og Rødberg maatte paa Porten. – Kor Rødberg no var? – I Kristiania, og det var dei, som vilde vita, at han i denne Tid gjekk Konstabel der inn paa Grønland. – Konstabel? Kunde ein akademisk Borgar falla so djupt? – Aa, meinte Stensrud, naar ein Mann svalt, so kunde han visst falla. – Daniel var sveitt; han glytte paa Stensrud med Uro i Augo og undrast paa, um dette kunde vera meint paa honom. –

Ja, der var mange slike, sagde Bang Block no, han sat og lagad det femte Glaset. Kjende Herrarne ein Student Monsen? Det var og slik ein Lurifas av ein Fyr. Han hadde fiktat seg fram med Lygner og Laan i fleire Aar; ei Tid hadde han livt paa ei Malmgruva, som Bror hans *ikkje* hadde funnet. Han var utum seg paa alle Kantar. Berre slik ein liten Ting som den –: her i Vinter, daa dei heldt denne Kommersen i Teatret, «Børneforestillingen», som «Borgeren» kallad det ... «Apropos, var ikkje De og [290] med der, Huslærer?» spurde Viborg ertande; han stakk ofta paa Glaset. Daniel riste paa Hovudet; han vilde ikkje ljuga ... «Kva var De vilde fortelja um Monsen?» sagde Stensrud. Jau, Fyren gav seg ut for, at han vilde pipa, og fekk paa den Maaten Fribillett; men i god Tid fortalde han so det heile til ein Konstabel, og sidan gjorde han Mynt ut av, at han ikkje hadde pipet! «Ja dei Bønderne, dei

Bønderne!» lo Hr. Petersen; han kunde ikkje finna paa nokot vittigt no; for han var full.

Daniel likad seg ikkje lenger millom den formelle Daning. So snart han saag seg Kans til det, stiltrad han seg ut og gjekk og lagde seg.

Men det varde lengje, fyrr han fekk sova. Han laag og harmad seg yver, at han hadde klarat seg so kleint, og no, etterpaa, fann han ut ei Mengd med gode Ting, som han burde ha sagt til dei fine Herrarne. Innimillom vreid han seg i Spursmaal og Tvil um, anten dei i Røyndi visste nokot elder ikkje; ymse og underlege Ord hadde fallet; men dei kunde daa væl aldri tru, at han var slik ein Fyr som denne Rødberg elder Peder Monsen! Og so hadde dei gjort Narr av han –! og han hadde ikkje kunnat klara seg. Nei, *frons urbana*, den maatte til; ein kunde ikkje berga seg utan den; men hadde ein den, so kunde ein segja og gjera kva ein vilde ... Og so dumt som det var, at han ikkje hadde talat for Fedrelandet. Hadde han gjort det, so hadde dei daa set, at han var nokot til Kar ... Men i Morgo, i Morgo skulde han fara klokare. Han skulde syna dei vise ^[291]Herrarne, at han ikkje var nokon Kastekjepp! og daa skulde han halda Talen for Fedrelandet. Denne Tanken gjorde, at han vart rolegare. Og Talen for Fedrelandet tok han til aa halda med seg sjølv, og det gjekk godt, totte han –: «Mine Herrar! Under all vaar Strid ... er der daa eit Namn, som samlar oss ... samlar oss i Eldhug, i Gleda ... eit Namn, som ... naar det vert nemnt ... fær oss til aa gløyma alt det, som hellest kann skilja oss aat og til aa ... gjeva kvarandre Broderhaand ...» – «Underlegt nok», tenkte han med seg sjølv, «at ingen av dei andre helder talad for Fedrelandet. Er det ikkje fint, kanskje? – Jauvist er det væl fint. Det er berre Internasjonale, som trur, at Fedrelandet er ein Frase» ... «– gjeva kvarandre Broderhaand ... liksom Fedrarne paa Eidsvoll ... Ja, mine Herrar! dei store Minni ... Soga ... I Rosenlund under Sagas Hal ... dei store Fedrarne, Vikingarne, som vann heile Rike ... alt dette ... dei høge Æser ... og Aasynjur ... og dei høge Helteskikkelsar, som vandrar gjennom Soga ... dei høge Haakonar ... dei høge Olavar ... Og endaa hev me Menn, som ... vil vaaga Liv og Blod ...» –

– Hr. Jokum sat ved Bordet og nikkad; Olafsordenen hadde han paa Bringa. Men Grosserar Storr stod og glodde paa Daniel med heite Augo og sagde, at Fedrelandet var ... Fedrelandet var ... han vilde segja ein Frase.

XII.

[292] Joli var lang og strid. Det gjekk med Toddygilde og Matlag Dag etter Dag Bygdi rundt, og Nattevaking og Dans innimillom; det var ei Turing, som Daniel ikkje hadde set Make til, og Endre Storr sagde paa sin Maate, at det var «Villmannen, som rasad». Han og dei andre Bykararne heldt hellest ikkje lengje paa; dei drog til Byen att strakst yver Joledagarne.

Men Daniel totte det stod godt til. Dei fine Herrarne hadde voret høflege mot han sidan, og han var stød paa, at dei ikkje «visste nokot». Og Joleturingi kunde vera so strid ho vilde, den skulde han alltid klara. Han var som i Himmerike no mot ifjor dette Bilet, daa han gjekk der inne i Byen og svalt. –

Kor godt han likad det Festlivet, dei her førde, fekk han i Grunnen best vita, daa det tok Ende. Det var reint vondt aa gaa i Veg att med Striskjorta og Havrelefsa, og daa han fyrste Gongen skulde til med Smaagutarne og høyra dei i tysk, var det so han kunde rømt til Skogs, so leid var han. Aldri i Verdi heldt han dette Strævet ut; han kjende det so væl, baade den Dagen og sidan.

Ei Gleda hadde han, og det var den, at Skjegget [293] hans tok seg godt upp. Og so var han visst i det heile meir sjølvstendig no, enn han hadde voret. Han hadde ikkje lenger slik Vyrndnad for Proprietæren; og den munnsterke Endre Storr hadde *ikkje* kunnat rikka han i hans gamle Tru paa Aand og Ide. Han hadde ein Dag vaagat seg i Ordkast med denne Mannen. Vilde Grosseraren *vedstaa* den Setningen – hadde han spurt –, at det berre var dei rike, som kunde vera opplyste? Til det svarad Grosseraren ja, og han hadde Autoritetar for seg, Tenkjarar, «som Hr. Kandidaten naturlegvis kjende likso godt som han»; ja det var ikkje fritt for, at han hadde Grunnar. Det var *ikkje* Daniel, som vann i den Striden. Men han *visste*, at Storr hadde Urett; Grunnarne fekk han tenkja ut sidan. Storr hadde Urett i det heile. Det, han foor med, var paa tvers mot alt, Daniel hadde høyrt og lært; heile Samfundet, fraa Kapellan Hirsch til Dølen, fraa Professor Darre til Fram, vilde samrøystes fordøma slik Materialisme.

So var Daniel helder ikkje so bunden av sine gamle Autoritetar no som fyrr. Han hadde lært aa skyna, at det ikkje var Gull alt, som glimad. Naar endaa ein Mann

som Folkehøgskulelærer Meier kunde vera ein Egoist og ein aandeleg Næringsspekulant, so var det ikkje godt aa vita, kven ein skulde tru; «Den gode Borger» laug kanskje mindre enn Folk tenkte. Kven kunde t. D. vita, um sjølve Kapellan Hirsch var slik ein Mynstermann, som han galdt for? Hadde han ikkje ein Gong reist ifraa ei god Gjerning, fordi han ein annan Stad kunde faa eit Par Hundrad ^[294] meir i Aarsløn? – Nei, nei, um Hirsch vilde ikkje Daniel tenkja slikt. Men dei andre, – kven kunde ein lita paa av dei andre?

Av Fru Lovise hadde han høyrte, at Kjærasten til Hans Haugum skulde vera ei Gjenta paa sine 10,000. Kven skulde ha tenkt, at Haugum hadde slik Sans for Pengar? Og kven kunde vita, um ikkje han for dei 10,000 Dalarne hadde selt og sviket – sin Ungdoms Ideal? – Men Fru Lovise hadde sagt, at Haugum var ein Mann, som hadde *Lukka* med seg.

Hm ja, paa ein Maate. Det hadde ikkje voret ille, um Inga Holm og hadde voret rik; det hadde voret ein greid Maate aa komet ut av Armodsdomen paa. Elder ... elder ... um ein hadde havt eit annat Ideal. Det var i Grunnen dumt aa binda seg til nokot visst, fyrr ein var so gamall, at ein kjende Verdi.

Han tottest tydeleg forstaa, at Hanna ikkje hadde nokot imot han. I det seinare hadde ho vortet meir husleg av seg, baade i Klædning og hellest; og det var komet paa, etter at Daniel ein Dag – paa Tal um Fru Andrine – hadde sagt, at han likad huslege Kvinnur. Fyre Jol hadde ho helst spelat norske Folketonar og Studentsongar, som han hadde sagt, at han var glad i; etter Jol, daa han fortalde henne, at han var *förtjust* i «Gluntarne», tok ho til med dei, og spelad «Gluntar», so Daniel vart mest leid av det. Fleire slike Merke var der, og Daniel tenkte med seg, at det var i Grunnen Synd i Gjenta. –

^[295] Han dreiv paa og tagde med sine Meiningar no som fyrr; men han gjorde det paa ein annan Maate. Han vilde ikkje ljuga. Naar Proprietæren kom med sine Setningar, heldt Daniel fram, kva Motpartiet meinte; «so og so segjer dei; kva skal ein svara til det?» – og so leet han tilslutt Proprietæren vinna. Dette gjekk godt. Daniel var i Grunnen leid av den Politikken.

Men han lengtad til Byen. Kvar Dag saag han etter i «Borgeren», um der kunde vera nokon Post aat han der inne; men det saag smaatt ut. Um der var nokot, so var det anten for stort for ein Student med Haud – Vaarherre maatte vita, kva Meaning der skulde vera i den Haud' en! – elder for smaatt til aa liva paa. Han tok, til aa drøyma um Lias, som no var i Amerika. Kanskje raakad den Slampen der uppi eitkvart, fann Gull i Kalifornia, gifte seg rik; og so sende han ein god Dag heim ein

Veksel, ein stor, stor Veksel ... Det var forunderlegt, at Lias ikkje hadde skrivet enno.

Jau, ein Dag skreiv han. Daniel saag Amerikastemplet og reiv Brevet upp med bankande Hjarta. Lias fortalde, at han hadde slitet mykje vondt og havt «mange Slags Forretningar», men at han no var komen i Ro for det fyrste og likad seg godt; for no hadde han fenget fast Post som Fjos-Kar. Daniel grein; han vart baade flat og lang i Andlitet. Fjos-Kar! Og so skreiv den Slampen so modigt, som han skulde ha funnet ei Gullgruva ... snakkad um Politikk og um den amerikanske «Fridomen»; [296] her var so fritt her, skreiv han. Ja visst. Det skreiv dei alle. Det var nokot Tøv. Her var sgu Fridom nok i Norig med; den, som berre hadde Pengar ... Daniel lagde Brevet ifraa seg og gav upp sine Draumar um Amerikavekselen for det fyrste.

Dess meir drøymde han um Byen og um den formelle Daning. Ein Ting kunde han skaffa seg strakst, som vilde hjelpa paa det formelle, meinte han, og det var Brillur. Han tok til aa jamra seg yver, at han vart so veik i Augo, og daa Proprietæren reiste til Kristiania i Marknaden, fylgde Daniel med for aa faa Raad for dette, og Brillur fekk han. Det hjelpte utrulegt. Brillurne tok burt nokot av det blide og godslege i Andlitet og lagde ein kald Glans yver det, som gjorde det strengare; Daniel speglad seg i stor Gleda og fann ut, at naar han no berre, fekk litt større Skjegg, so skulde ingen kunna sjaa, at han hadde voret Bonde. –

Paa den Turen fekk han sjaa att eit Par gamle Kjenningar. Han sat ein Kveld inn paa ein Hotel-Kafé saman med Student Stensrud, Endre Storr og Hr. Knutzon; so kom det nokre Karar og sette seg ved eit Bord nære ved og gav seg til aa drikka Toddy og snakka um den fransk-tyske Krigen. [k212](#) Den eine var ein framand Fyr, som saag ut som ein Smaaherre fraa ein Smaaby; dei andre, tri store Slurvar aa sjaa til, viste seg aa vera Strand, Gregus Johnsen og Aslak Fjordan. Dei var vistt alt litt drukne, og uflidde og ufjelge saag dei ut. Daniel vart skamfull, der han sat, og snudde seg fraa dei, so godt han [297] kunde; det var forunderlegt, at slike Folk kunde sleppa inn paa fine Stader. Romet var fullt av Folk. Toddyen rauk fraa kvar Krok, og Lufti kokad av Snakk og Skravl. Daniel ynskte seg væl ute; men Storr sat og drakk Selters med Rødvin i og hadde ikkje det Grand Hast. Han lagde ut um, at Marknadar var ein Uskikk; Hr. Knutzon lagde imot, og Daniel totte denne hadde nokso gode Grunnar. Men endeleg rauk Hr. Knutzon og kunde ikkje lenger klara seg. Daa fortalde han rolegt, at det, han her hadde sagt, det hadde han ikkje av seg sjølv, men fraa ein Mann som Grosserar Lampe, og han skulde daa tru, at *den* Mannen visste kva han sagde. Hm, so slike Folk og kann vera

usjølvtendige! tenkte Daniel; han likad seg. Men at dei hadde Mod til aa *segja* det –!

Sidan kom Storr innpaa sitt gamle Snakk um Nasjonaløkonomien. Han var rasande vond paa dei Bønderne, som hogg ut Skogarne sine og dermed øydde burt baade sin eigen og Landets Kapital; men tilslutt fann han daa ut, at det kanskje var naudsynlegt, at Landskapitalen vart oppøydd. For so lengje me hadde den, so livde me paa den, og so lengje me gjorde det, vart me korkje Folk elder rike. Daa lo Student Stensrud og spurde, um det altso var so aa forstaa, at me ikkje vart rike, fyrr Landet var øydelagt, og dertil svarad Grosseraren Ja. Eit Folk vart aldri rikt av aa liva paa sin Kapital! Og endaa verre var det med desse andre store Næringsgreinerne vaare, Skipsferdi og Fisket; for det var eit reint Lotterispel, ^[298] og det lærde Folk upp i ein daarleg Moral! Her gjekk Folk burtetter Havkanten og sette alle sine Spareskillingar i Skipspartar elder i Fiskedrifti; slog det godt til, so tente dei Pengar – og sette dei i andre Skipspartar; gjekk det so galet, so ramlad heile Greida, og dei stod att med tvo Hender tome; det var ei *Gründung* ^{k213} utan Underlag; det *maatte* enda med Armod. Men det verste var, at det øydelagde alt Framtak, all Viljekraft. Folk lærde seg til aa lita paa Slumpelukka, vilde verta rike i ei Snøggvending, drøymde istadenfor aa arbeida; grov etter gamle Skattar elder tok Skjerp paa Svovlkis og Kraakesylv ... og rett som det var, *maatte* dei paa «Kassa». ^{k214} Sjølve Religionen vart brukt til aa læra Folk upp i denne økonomiske Villmannskapen. Prestarne gjekk og snakka for dei um, at dei skulde lita paa Vaarherre og ikkje syta for i Morgo; det var faarlegt og syndigt aa stræva etter Rikdom; ein skulde vera «fornøiet i sin Kreds», og liva som Fuglarne i Lufti ... ^{k215} Kunde ein venta nokon Ting av eit Folk, som vaks upp med slik Lærdom? Eit slikt Folk *vart* eit Folk av Letingar og Drøymarar. Dei gjekk og sleit for aa halda Livet i seg, men lenger kom dei ikkje. Kunde ikkje Vaarherre gjera so væl, at han leet dei finna ein Gullklump i Aakeren sin? Kunde ikkje Vaarherre senda eit rikt Fiske, elder gjeva gode Fragter? Kunde ikkje Vaarherre lata det rigna med Tolvskillingar elder snøa med Dalarsetlar? – Studentarne lo, Daniel med, men paa ein serskild Maate.

Men, heldt Storr fram, berre Bønderne kom burt ^[299] til Amerika, so vart dei som Folk av eit annat Slag. Tingen var, at der lærde dei ein annan Moral. Det var ingen der, som fortalde dei, at dei skulde lita paa Vaarherre; der fekk dei vita, at dei skulde hjelpa seg sjølve, og naar dei hadde lært det, so *klarad* dei seg sjølve! – Daniel totte Grosseraren hadde Rett i somt av det, han sagde i Kveld; Bønderne var som han sagde; han hadde sjølv røynt det. Og um dei so vart Studentar, var dei Villmenn ...

«Oh! oh! oh!» lo Aslak Fjordan burte i Kroken sin, «eg er med det Partiet, som vil avskaffa Prestarne, eg! der er eg med! oh! oh! oh! anten so Fa'n det er reaksjonært elder ... Hoh-oh-oh, dei Svinebeisti! Stend dei ikkje der og lyg so det renn av dei, kvar Guds skapte Sundag! Trur dei ikkje me veit, at Jesus vart Gud paa Kyrkjemøtet i Nikæa^{k216} 300 Aar etter han var daud? hoh-oh-oh! utnemnd til Gud med simpelt Fleirtal? Og Fleirtal fekk han, fordi Keisaren gjekk med! hadde Keisaren gjenget med Arius^{k217} daa, som han gjorde fleire Gonger fyrr, so hadde Jesus aldri i Verdi vortet Gud! Og det *veit* dei, dei Svinebeisti!» – Hu, for eit Snakk. For ein Raaskap i Tanke og i Tale; sjølve Dialekten var simpel! – Men Gregus Johnsen sat og nikkad og totte Aslak talad godt; kanskje livde han paa Aslak no. Ender og Gong strauk han seg gjennom Haaret, heldt so Fingrarne framfor seg og stirde paa dei med eit myrkt Uttryk; han vilde sjaa, um det hadde fylgt Haar med; for Gregus Johnsen heldt paa aa missa Haaret sitt. Det heile gav ^[300] eit Inntrykk av nokot forkomet, armodslagt, fantefaret; Daniel snudde seg ifraa dei med Mothug. Han totte han kjende sine Bondestudentar att; dei kunde ikkje eingong rangla med Anstand. «Ja Gu vaagar *han* seg her inn!» sagde Endre Storr laagt og stirde mot Døri. Daniel fylgde Augo hans og fekk der sjaa ein Mann, som han totte han skulde kjenna. Jau, han kjende Mannen; det var Olai Bruvik. «Det er ein norsk Odelsbonde, det», sagde Storr. «Sjaa kor stød og paaliteleg han ser ut, so roleg og aalvorleg og ærleg; du skulde tru, det var ein Gudsflugl, – og so er det ein utkropen Kjeltring. Han hev handlat nokre Aar her i Byen, fekk Pengar med Kona si og øydde dei upp; so livde han paa Vekslar, laante Pengar, kor han kunde, snytte halve Byen ... for ingen kunde annat enn tru paa slik ei Aasyn! Men dei fekk læra, at under den rolege og kalde Yta gjøymde der seg ... ein djup og syrgjeleg Raaskap. Pengarne gjekk til store Kalas og sjofle Kvinnfolk og ... Her um Dagen spelad han upp. Kreditorarne skal hava Von um aa faa halvannan Prosent, segjer dei.» Studentarne lo.

Men Daniel totte han fekk vera sjølvstendig no, og so sagde han, at det var visst likso store Kjeltringar i Byen som paa Landet. Dertil svarad Endre Storr Ja. Denne Hr. Bruvik var i Grunnen ein Repræsentant for heile Folket. Me gjekk her og galdt for aa vera so grunnstøde og grunnærlege, og naar det kom til Stykket, var me eit Folk av Fantastar ... usolide, usætande, lettsindige ... Taterpakk ^[301] ... Aa venta, at Bonden skulde vera meir ærleg og solid enn andre, var vitlaust. Bonden var *upplærd* til aa gaa Krokvegjer, til aa lirka og ljuga seg fram ... der skulde stor Kultur til, fyrr Folk lærde, at det var galet aa ljuga, ja fyrr dei berre lærde aa skilja klaart millom Sanning og Lygn. Dette totte Daniel var eit underlegt Snakk; men han tagde. Dei drakk; Storr baud nye Sigarar. So sagde han: «Dessutan er det ein

annan Ting ... Kor mange Bondegutar er det væl – vanlege Bondegutar –, som veks upp i ein fri, glad Heim, og, lat oss segja, i eit ... menneskelegt Forhold til sine Foreldre? – Det er ... ja. Millom Bonden og Son hans stend den gamle Læra, at ein Far, ein rett Far, han skal *banka* Son sin for all Ting, baade for det han hev gjort, og for det, han ikkje hev gjort ... banka han jamvæl til aa tru og beda ... og so byrjar det med, at Guten vert rædd Far sin ... og løyner seg for Far sin, og lyg for Far sin ... og tilslutt vil Guten ... ofta iallfall ... vera ... vera utskjemd.» – Daniel ynskte han kunde gløyma, at han hadde voret Bonde.

– «Ei Minneskaal for Olsen den fyrste!» sagde Aslak Fjordan og drakk; «Olsen den fyrste var ein bra Kar! Hadde eg havt Raad, skulde eg jagu reist der upp i Morgo og fylgt han til Jordi! – Hellest forstod eg lengje, at han hadde Tæring.» Daniel vart forstøkt av aa høyra dette, men hugsad so, at han skyldte Olsen den fyrste 4 Dalar, som han altso no slapp aa betala. «Hærland hev nok og Tæring», sagde Gregus Johnsen. «Ja det er verre», sagde [302] Strand, «for Hærland er daa jagu eit av dei beste Hovud, eg hev kjennt!» «Han kunde vortet nokot stort, han», sagde Aslak. «Men han hev havt det vondt ... mykje Arbeid og lite Mat; kaldt Rom, sunde Styvlar; – det gjeng so i Verdi.» – Daniel kjende seg uhyggjeleg. Godt, at han var komen ut av det Livet. So kom det yver han ein Tanke, som han strakst slog ifraa seg –: at han vilde kjenna det som ein Lette, dersom *alle* hans gamle Kjenningar vilde døy. –

Daa dei gjekk, sat Aslak Fjordan og trættad med Strand um Fram; det hørdest ut til, at Strand og Fram var Uvenner, og at Aslak vilde hava Strand til aa vera Skuld i dette. Men Strand bannad som ein Tyrk og sagde, at det var Fram, som hadde Skuldi. Daniel slapp ut usedd. Den einaste Kjenningen, han sidan raakad, var Ottkanten, som kom og gjorde seg kjend og snakkad «folkeleg» Politikk og bad um aa faa laana ein halv Dalar; Fyren saag fæl ut. Daniel stakk til han ei Mark og gjekk.

–Uppe paa Steinsrud seig Dagarne seint. Ein Dag stod det ein Post i «Den gode Borger», som Daniel meinte han kunde klara, og som han vilde ha søkt, dersom han hadde havt Laud. Som han gjekk og undrast paa, um det kunde nytta aa skriva til Pater um denne Posten aa faa han til aa leggja eit godt Ord inn for seg, – fekk han Brev fraa Kapellan Hirsch. Det var eit langt Brev; Daniel vart mest kald um Hjartat, daa han kjende att Handskrifti. Han flaug det igjenom med Uro. *Visste* Kapellanen nokot?–

[303] Kapellanen forklarad Grunnarne til, at han ikkje hadde skrivet fyrr; det hadde mest komet av, at han meinte Daniel burde faa utvikla seg heilt ut

fritt, *sjølvstendig*. No trudde Kapellanen, at Guten var vaksen nok til aa taka imot baade Raad og Rettleiding; «Rud hev fortalt meg, at du sidan i Sumar hev voret Huslærer paa Landet, og der veit eg du hev samlat deg og komet til full Klaarskap um det, som maa vera Grunnen i Livet ditt», skreiv han. Og han heldt fram: «Eg vonar for visst, at du hev bergat Barnehugen din gjennom Strævet; for du veit, at det er Barnet, som eig Himmeriket, og eig den sannaste Visdom. Og iser trur eg meg trygg paa, at du hev haldet deg fri av alt dette Byvaset, denne tome, hole, skraslande «formelle Daning» elder kva dei kallar det; du var ein for varm og ægte Natur til, at slikt skulde kunna bergtaka deg. Du hev set so mykje av Bylivet, at du veit, kva det er verdt. Kaate Munnar og kalde Hjarto, Smaamoro istadenfor Aalvor, Vitsar istadenfor Visdom, Dans ikring Gullkalven og Aping etter aandlause Motar istadenfor eit Liv i Kjærleik og Kraft, – det er nokonlunde Kjennemerki paa dette Livet, som dei vil skal gjelda for det høgste, – eg vil ikkje tala um all den Sedløysa og Styggedomen, som løyner seg attum Stasen, og som ikkje er til aa nemna. Kvar aalvorleg Tanke drep dei med Laatt; deira Livs Maal er aa eta og drikka og sola seg i Naadestraalarne fraa dei, som hev Magti. Dei sel sine Meiningar for eit Smil og sine Sjæler for ein Orden, og heile Livet deira er ^[304]ei straalande Lygn. Naturlegvis veit eg, at det finst det, som er godt og fagert i Byen og; der er baade Kunst og andre Ting, som kann lyfta og gleda Aanden, – eg vil ikkje tala um alle dei gode Menn og Kvinnur, som ein der kann raaka og tala med, Folk, som liver eit sannt Menneskeliv midt i Tomleiken og Staaket. Det, eg talar um, er det, som me *serleg* kallar Bylivet, dette Livet, som gjer Folk til Pyntedokkur og Dansemeistrar og drep alt Liv og all Aand og alt Aalvor i eit endelaust Jag etter Fjas, og tømmer Folk so reint for all aandeleg Merg, at dei tilslutt ikkje kann hava andre Meiningar og Tankar enn dei, som er paa Moten. Og det vil du kjenna til likso godt som eg. Nei, – som eg trur eg paa min Maate lærde deg: Mannen er Gudskelov annat enn ei Parykblokk elder oppklædd Dokka, og Livet er nokot annat enn aa kunna dansa godt og vera Løva i ein Balsal. – – Og *det* er det største, eg hev lært her paa Landsbygdi: at kor armt og skralt og ofta ufagert «Folkelivet» kann taka seg ut for den, som ser det «ovanfraa» gjennom Lorgnettar, – det er daa det, som eig mest av Sanning og Aalvor og Hjartelag; det er daa det, som er det rikaste og sannaste i Grunnen. Her er lite Form, men dessmeir Innhald; det er klaare, klingande Malmen, ein her finn; Yta er kald og myrk, men under den gjøymer der seg Gull, Hjartegull. *Her* maa me byrja, her maa den arbeida, som vil vera med paa aa vekkja Folkeaanden i Norig.

Du vil hava set, at eg i desse Aar hev havt mykje aa staa i. Eg hadde ikkje tenkt meg Folket ^[305]slik, daa eg laag og drøymde i Kristiania. Mang ein Gong hev eg voret

paa Veg til aa oppgjeva Trui. Det hev set meg ut til, at Folket ikkje aaleine var dvalebundet, men steingjenget^{k218} under all denne Uaand, under Matstrævet paa den eine Side og Pietismen paa den andre, elder rettare, at det var staalslitet og utlivt, reint magtlaust av det lange Marerid. Men ettersom eg hev lært Folket liksom personlegt aa kjenna, hev desse myrke Tankarne tint burt; – eg skal, um me eingong raakast, kunna fortelja deg mange og merkjelege Ting um dette. Mykje leidt hev eg set, men meir Hjartegull hev eg funnet, og det tidt der, som ein skulde venta aa finna alt annat enn Gull.

Men eg hev meir og meir lært aa sjaa, at den rette Maaten aa vekkja Folket paa, den er ikkje aa senda Bonden til Byen, der han ofta vert utskjemd og gløymer baade «*Moders Maal og Faders Skik*»;^{k219} nei, Bonden maa vera Bonde, og faa Daning – sann Daning, Aands- og Hjartedaning – paa heilt upp heimsleg Grunn. Difor hev eg ikkje hjelpt andre enn deg til aa studera; eg hev helder sendt dei paa Folkehøgskulen. Folkehøgskulen er det største og fagraste, som er oppkomet i Nordlandi i heile vaar Nytid, og den vil gjera eit Verk – fyrst og fremst her i Norig –, som framande Folk og komande Ætter skal undrast yver.»

Kapellanen fortalde so, at han agtad seg til aa byrja ein Folkehøgskule sjølv um eit Aars Tid elder so; som Prest kunde han enno ikkje faa utretta so ^[306] mykje som han vilde, og no, daa Verfar hans var daaen, fekk han dessutan Raad til aa vaaga eit slikt Tiltak. Fyrst maatte han ut av Landet eit Aars Tid og kvila og samla Lærdom; men so skulde Tanken i Verk. Han spurde Daniel, um ikkje han vilde vera med paa dette.

«Det vert ikkje stor Løn, du fær; men det vert so mykje, at du klarar deg paa Lands Vilkaar, og naar ein hev so ein klarar seg, so skal ein ikkje hava meir. Og eg veit, at du hev voret oppglødd for dei Livstankarne, som dette Arbeidet er bygt paa; og du veit, at Livsmaalet for Mannen, det er at hava nokot stort aa arbeida fyre og strida fyre; og du vil aldri trega paa, at du hev ofrat deg til eit so fagert Arbeid i Aandens Tenest, som dette er. Eg vil ikkje yvertelja deg; kvar fær taka det Arbeidet, han kjenner seg kallad til, og der vil han best finna sitt Livsmaal. Men eg vil beda deg tenkja yver, um du er stød paa, at du kjenner ditt Kall retteleg. Du hev tenkt paa aa vera Prest; er du stød paa, at du vil magta denne tunge Gjerningen i Tider som desse? Elder kanskje du hev fenget andre Tankar; kanskje vil du verta Vitenskapsmann elder nokot slikt. Men tenk det væl yver; ingen Ting er verre enn aa «*tage Feil af sin Bestemmelse*.»^{k220} Brevet, sluttad med ei hjarteleg Helsing; Daniel drog Anden djupt og tenkte med eit Slags spottande Gleda: han veit ikkje nokot, han helder. –

– Det fyrste av Brevet, det um Bylivet, lagde Daniel litet Merke til; det kunde vera sannt paa ein ^[307]Maate, men –. Det siste av Brevet derimot gav honom mangt og mykje aa tenkja paa.

– Han trudde ikkje han hadde Kall til aa vera Høgskulelærer. Han hadde ingen rett Hug. Gaa der uppe millom Bønderne og læra dei Livsvisdom, det kunde vera fagert og godt ... men kanskje Bonden trong likso mykje til annan Slags Lærdom. Vitenskapsmann? Nei, det hadde han aldri tenkt paa. Han brydde seg ikkje større um Vitenskapen. Han kunde aldri i Grunnen forstaa, kva den skulde vera god for. Sanningi *hadde* me. Alt det, som Vaarherre hadde funnet det tenlegt for oss aa vita, det hadde han opplyst oss um i Bibelen. Kva var det so, dei leitad etter? Og um, dei laag aldri so lengje og rotad og grov i Kjøt og Blod og daude Skrottar, so fann dei aldri ut, kva Livet var, og ikkje fekk dei vita nokot um Livet etter dette helder. Det, dei leitad etter, visste Bibelen, og meir til. Di meir ein tenkte etter, di meir vilde ein finna, at Bibelen gav Svar paa alle vaare Spursmaal. Og dei Svari, me der fann, vilde alltid visa seg aa vera dei djupaste og beste. Der var eit og annat i Bibelen, som me ikkje forstod; men just det viste, at Bibelen var Guds Ord; for hadde det voret berre Menneskeverk, so hadde me kunnat forstaa altsaman. Det einaste, han hadde Hug til aa studera, var Teologi. Den lærde oss aa tyda Bibelen, og ein Teolog kunde vita meir enn nokon annan um det, som var verdt aa vita. Teologien var den einaste sanne og solide Filosofi; den *visste* nokot, den; men den ^[308]andre Filosofien, den foor berre med Talemaatar. – Men naar han hadde lært det, han skulde, so vilde han vera Prest. Ein Prest hadde ei fager Gjerning, og Presten var ein Mann, som Folk hadde Bruk for, og som dei vyrde; det var han, som raadde for Kyrkja, og som var mest høyrd i Sokni; ingen kunde gjera so mykje som han. Og Daniel saag i sine Tankar ein hyggjeleg kvit Prestegard lysa fram millom grønne Tre; og han saag seg sjølv der som Far og Herre, og saag ei Prestekona, som –; ja, det var Inga. –

Nei, han vilde ikkje paa Folkehøgskulen. Han var ikkje ferdig med Studentertilivet sitt eingong. Til Byen maatte han; han hadde so mykje aa gjera der; han skulde lesa Teologi og andre Ting, og arbeida seg fram til sjølvstendige Meininger ... Som han gjekk og grundad paa desse Ting, kom han til aa tenkja paa, at naar den rike Proprietær Rud var daaen, so kanskje *Kapellanen* kunde hjelpa han med Pengar! Den Tanken likad han so godt, at han strakst sette seg til aa skriva Svarbrev.

Han var ikkje enno so klaar yver seg sjølv, skreiv han, at han torde vaaga aa svara anten Ja eller Nei paa Spursmaalet um Folkehøgskulen. Det einaste han visste var, at han trong til aa lesa Teologi eit Aars Tid eller tvo. Han utviklad dette med mange Ord, og fekk det ikkje so ille til. Tilslutt kom han innpaa Pengenaudi si, og

sagde, at baade var det vondt for han aa faa nokon Post, og dessutan trong han just no til aa lesa i Ro ei Tid; han hadde [\[309\]](#) aldri fenget lesa i Ro, og han var i Grunnen altfor lite utviklad enno til aa vera Lærar. Han sluttad med, at han visste seg inkje Raad, men at han fekk drygja og sjaa, um det ikkje skulde laga seg. –

I sju lange og sju breide venta han paa Svar. Han tok alt til aa undrast paa, um han skulde skriva til Grosserar Helle og prova med honom; men so kom det Brev fraa Kapellanen, og der stod, at Daniel skulde snakka med Jens Rud, so vilde *han* gjera Utveg. Men Kapellanen vilde ikkje, at Daniel skulde liggja altfor lengje og «lesa i Ro»; for den Teologien, me no hadde, var den verste tyske Aandløysa, som kunde tenkjast, og reint ut faarleg aa rota seg ned i; og naar det kom til Stykket, so lærde ein meir av Livet enn av alle Bøker. Difor vilde Jens Rud sjaa aa skaffa han lite Arbeid, naar det leid paa, men daa ikkje meir, enn at han skulde kunna lesa samstundes.

Daniel likad ikkje dette siste so godt; men ein Utveg var all Tid betre enn ingen, og so fekk ein sjaa etterkvart. Daa han fortalde Hanna, at han skulde reisa, saag han, at ho vart annars ved, [k221](#) og han kunde ikkje dylja for seg sjølv, at han likad dette.

XIII.

[310] Med Gleda saag han Kristiania att, der det laag og dirrad i Juli-Soli, graatt og svevnugt, tyrstande etter Regn. Her var daa i Grunnen den einaste Staden, der ein Student kunde halda ut aa liva, og han tenkte med seg sjølv, at han vilde helder slita sine Dagar som Ekstraskrivar enn grava seg ned paa Bondebygdi som Lærar i Livsvisdom. –

Han leigde seg eit 4 Dalars Rom i Homannsbyen, vilde bu som Folk. So gjekk han til Skræddaren. Betalad sine gamle Klæde og borgad seg nye, dei finaste og gildaste han enno hadde aatt. Hjaa Hattemakaren kom han i Skade for aa kjøpa seg ein Flosshatt, hadde ikkje just tenkt paa dette, men vart forførd. Tilslutt kjøpte han eit Par svarte Hanskar. Og daa han so ein Dag stod for Spegilen sin og mynstrad seg, kunde han ikkje annat finna, enn at han saag gild ut. Og han strauk seg gjennom Skjegget og tenkte, at naar han no berre kom paa Danseskulen og fekk læra formel Daning, so skulde han verta ein nokso præsentabel Herre.

Men daa han kom paa Gata i den nye Stasen sin, totte han alt Folk gjekk og saag paa han og undrast. Dei totte kanskje det var rart, at han, [311] som berre var Bondegut, vilde gaa og sprikja og vera Storkar ... Denne Tanken prøvde han aa læ burt. Og han kjeikad seg upp og sette *frons urbana* so godt han kunde, for det var den, det kom an paa ... Men det var ikkje alltid, det hjelpte. Alle Folk var so flirvise og viktige; det var som dei trudde dei var nokot meir enn andre ... men dei kunde bia! Dei kunde bia, dei gode Folk! Naar han ein gong kom i Kappe og Krage, og dei daa kanskje sat i Kyrkja og hørde sin Dom av hans Munn, so gløymde dei nok aa flira! – Uff, den som kunde verta Bisp.

– Han gjekk paa Helsing til Grosserar Storr og vart væl fagnad, endaa Grosseraren sjølv ikkje var heime. Fru Lovise var reint som ei Syster imot han, og iser var ho fornøgd, naar ho fekk han til aa fortelja um seg sjølv. Daniel hadde ikkje nokot imot aa gjera henne til Viljes i dette Stykket, og so fortalde han alt det, som han vilde ho skulde vita. Og han fortalde ikkje annat enn som sannt var; han kunde forsvara kvart Ord, han sagde – for han vilde ikkje vera nokon Ljugar –; men han maatte likevæl undrast sjølv yver, kor godt han fekk det til. Sjølve Hauden til

Artium klarad han fint; og daa Fru Storr sagde, at Haud var ein god Karakter, og at Bror hennar helder ikkje hadde meir enn Haud til Artium, vart Daniel so fornøgd, at Augo hans lyste gjennom Brillleglasi. Fru Storr saag seg glad paa desse Augo; dei var so djupe og trufaste, totte ho. So fortalde ho han, kor glade dei hadde voret i han der heime paa Steinsrud; daa ho serskilt nemnde Hanna, gjorde [312] ho det paa ein slik Maate, at Daniel vart raud. Fraa den Stundi tottest ho kjenna hans Hjartans Løyndom; men Daniel tottest likso tydeleg vita, kor han i Tilfelle vilde hava *henne* i den Saki. –

So gjekk han i Russelaget. Der skulde det nye Studenterlivet hans byrja, og han spaadde seg ein herleg Kveld millom den grøne Ungdomen. Men han kom snart etter, at Russen i Aar ikkje var som Russen fraa hans Tid. Der var Leven og Staak i Kveld som daa; men der var ikkje slik Gleda i det. Og det, som skulde vera morosamt, vart ofta etter hans Meining dumt, ja raatt. Han undrast paa dette eit Bil; tilslutt fann han Grunnen –: det maatte koma av, at det i Aar var so mange Bondestudentar.

Han kjende dei Kararne, berre han saag dei. Og han likad dei mindre og mindre. Dette tunge og breide i Rørslur og Andlitsdrag, dette, som han fyrr hadde trutt var Kraft, – det var ikkje Kraft; det var «Raaheita». Bystudentarne hadde ikkje nokot slikt, men kunde vera like kraftige for det. Og det verste var, at Bondegutarne no saag ut til aa gjera seg til av Raaskapen sin. Dei *gjordest*paa aa vera Bønder; der var tilmed dei, som gjekk bondeklædde. Og so gjekk dei og glodde paa Bystudentarne og paa alt, som fint var, med ein Storsnut so ulidande ... Daniel fekk sjølv merka dette, og vart baade harm og heit. Men verre enn verst var det, at Bystudentarne fann seg i dette Bondeveldet, ja gjorde Krus for Bønderne atpaa. Det gjekk so vidt, at der var Bystudentar, som lagde seg etter aa [313] sjaa ut som Bønder sjølve. Daniel saag seg leid paa alt dette. Skulde det halda slik paa, so vilde det snart ikkje vera nokot framifraa aa vera Student. Alle desse Bondegutarne drog Studenterlivet ned; Folk vilde koma til aa ikkje vyrda Studentarne meir enn andre Seminaristar.

Punsen gjorde seg fælt drjug, og daa han endeleg kom, var han ikkje drikkande. Det var Sukkervatn. Russetalen hadde nokot av det same. Der var mykje søtt og lite sterkt, mange Blomar, men lite til aa læ aat. Det meste var fagre Ord um Studenten som «Folkets Søn» og Studenten som «Berar av Ideen»; Russen helsad alt dette med rasande Eldhug, og Daniel hadde so nær sjølv vortet riven med; men so hugsad han i rette Stundi, at slikt vilde opplyste Folk kalla Frase. –

Og det vart verre og verre, di lenger det leid. Soleis var der ein, som talad for vaare «folkelege Stormenn», som han sagde var Utslag av den norske Folkeaand; dei løyste det, som laag bundet i Folket, og var Folkeførarar, Folkeskaldar, Folkekjempur, Folkefrelsarar; ein annan talad i svimrande Ord um «Nordens Aand», som *var* alt og var god til alt; so kom det ein og talad for Folkehøgskulen, som han sagde var Dotter av Nordens Aand; denne Skulen skulde vekkja Folket og løysa Folket og spela Folkeprinsessa ut av Havmannens Vald, men Havmannen var Materialismen; tilslutt kom det ein ung Bygut upp og talad paa «Maalet». Daa vart Daniel baade skamfull og arg. Han likad ikkje aa høyra denne Bondelaaten ^[314] i godt Lag, og dessutan, naar ein fyrst med Slit og Slæp hadde arbeidt seg upp or Bondelivet, so vilde ikkje *han* vera med paa aa støypa seg ned i det att. Han reiste seg og gjekk ut i eit Siderom. «Eit Live! fyre da' norska Maalet!» skreik Maalstrævaren; «Hurra! Hurra! Hurra –!» svarad Salen; Daniel meinte dei var galne.

Han sette seg ved eit Bord og stakk paa Punsen. Han kjende seg so leid og aaleine. Bønderne kunde han ikkje lika, og millom Byfolket var han nok helder ikkje rett heime. No hadde han fenget som ei Von um aa naa fram til fin Folkeskikk; men so gav Byfolket seg til og vilde vera Bønder att; det var plent liksom det, han hadde strævat etter i alle sine Dagar, no ikkje lenger skulde vera nokot tess. Han forstod ikkje slikt; det tok til aa gaa i Ring for han. Tilslutt vart hans harmfulle Tanke heftande ved Kapellan Hirsch. Hadde den ... den ... Drøymaren lært han upp paa vanleg Latinskulevis, so hadde kanskje alt no voret godt. Men slik var det, naar Fatikmanns Son skulde fram i Verdi; so gjekk det paa Slump, og so gjekk det deretter. «Hurra! Hurra! Hurra!» kom det dundrande fraa Salen som kvasse harde Toreskrell, «Hurra! Hurra! Hurra!» verre og verre ... og so ein Dur, eit Dunder av Klapp; og ut av Braket arbeidde det seg fram ein Tone, ein Song, sterkare og sterkare, sterkare og sterkare, og Songen vart til ein Storm, som fyllte Huset –:

«Ja vi elsker dette Landet
som det stiger frem
^[315]furet, veirbidt over Vandet
med de tusind Hjem!»

Daniel sat og lydde paa Songen og undrast paa, um dei der inne elskad Fedrelandet slik som dei skreik til. Men hellest var det minst fyre ^{k222} aa elska Fedrelandet for dei, som hadde det godt. –

Litt lenger utpaa Kvelden kom han i Lag med Strand og nokre andre; ein av desse hadde ei Konjakflaska med seg, og so fekk Daniel kvessa Punsen sin. Det hjelte godt. Men Strand gjorde Narr av Daniels «nye Menneske» og hadde lært seg til med ein Maate aa tala paa, halvt skjemtande og halvt spottande, som Daniel ikkje kunde lika. Ein var aldri stød um, anten han meinte det paa vondt elder godt; det var ein Bondestorsnut, mykje verre enn *frons urbana*. Av dei andre lagde Daniel mest Merke til ein feit, bleik, vaarklædd Fyr med ljust, rikt Haar, taksteinsraudt Skjegg og store Brillur; det var han, som hadde Konjakflaska med seg, og Namnet hans var Olai Juberg; det skulde altso vera han, som Haugum hadde sagt var so øydelagd? Det maatte vera nokot stort Tøv. So var der ein halvgamall ein, som vart præsenterad som «*Cand. filos.* Eleaser Karelius Manassesen Stormyrhals, almindelig kaldet Karl Magnus», ein svart-smusken, mager, ivrig Kar; fraa dei gruve Akslerne skaut Hals og Hovud seg fram som paa ein Fugl; den fjorde i Laget var ein ung Russ, Aslak Mogjen fraa Telemark, som var kanskje den fagreste Guten, Daniel enno hadde set, men som ein likevæl kunde sjaa var Bonde. Daniel undrast lengje [316] paa denne Guten, men fann endeleg ut, at det maatte vera ein Ætting av desse gamle Odelsbønderne, som no snart berre vilde vera Mythe. –

Karl Magnus førde Ordet for det meste. Han var rasande oppglødd yver den unge Bergensaren, som hadde talat Maal; slik skulde det gaa! paa den Maaten skulde Maalsaki vinna! Han likad Russen godt i Aar. Det var Folk med Aalvor, og so var der so mange Bønder. Gilde, støde Gutar, seige som Bjørkekubbar; mange av dei hadde merkjeleg gode, sterke Aasyn; og so blygdest dei ikkje lenger for aa vera Bønder! – Han gjekk alltid um Hausten og saag paa Russen, saag etter, korleis Aakeren stod, um det var Grøda, som var verd aa berga inn; han hadde slik Gleda i den Tanken, at kvar ny Haust gav nye Voner for Landet. Og so var det so flirande aa sjaa paa alle desse gamle, desse, som gjekk og masad og aldri vart ferdige. Heile Aaret laag dei i Hi, some uppaa Landet, andre paa ein Hybel; ingen visste um dei; men til Artium kom dei krekande fram, underlege og forkomne, folkerædde, holsvoltne, slitte og bøtte, fælare og fælare for kvart Aar, meir og meir lurvelege, yvergrodde med Skjegg, med Ragg! ha-ha-ha, dei hadde Ragg! Gamle Vidunderbø, han var daa endeleg bergad; Karl Magnus hadde saknat honom i Aar. Men no var det Lars Risvold; han vart visst likso seig, han. Karl Magnus hadde maattet laana han Pengar til Eksamensavgift i Aar ... 10 Dalar Netto, burtkastat til ingen Verdsens Nytte. «Ja han liver paa Laan no», sagde Strand. [317] «Men han held seg fin likevæl!» svarad Karl Magnus; «han rakar seg og gjeng med kvitt Slips ... Det er det dummaste, du kann sjaa; alle Folk trur, han er Teolog! Han ser ut som eit Asen

i Messeserk, elder som ein Saud^{k223} i Snibel!» –Di meir han drakk, di høgmealtare vart han, og han fiktad med Armar og Aksler, som han skulde hava Betaling.

Aa ja, meinte Strand, det var mange av desse Bondegutarne, som det gjekk sjeis med. Mange naadde ikkje Artium; andre rokk so langt, men ikkje lenger; some stansad med Andre-Eksamen, og andre døydde. Ja, svarad Karl Magnus, det var mange som døydde i dei Bilom;^{k224} vonde Dagar og Slit drap mang ein Mann; og dei, som naadde fram, var ofta utslitne. «Og dei fleste vert Teologar», sagde Olai Juberg med eit seint, rolegt Maal. Aa ja. Karl Magnus kjende dei, desse nye Bondeteologarne; dei var audkjende,^{k225} dei; fæle Fantar, tunge som Kjølsvin, med myrke, breide, fanatiske Andlit, høvelege til Tukthusprestar elder Indremisjonærar ... Men det var naturlegt, at dei fleste Bondegutarne gjekk den Vegen. Dei var opplærde til det, fyrst paa Aalmugskulen og sidan paa Seminarskulen; naar dei so kom her inn, visste dei ikkje, kva Studering var; det einaste, dei kunde, var aa læra Leksar og tru paa Skulemeistaren, og so tok dei Teologien. Det kunde vera godt og væl, men ... Pokkeren take han Gamle-Eirik Pontoppidan! «Og Ramslesningi», sagde Strand. «Aa», svarad Karl Magnus, «den er ikkje den verste! Naar det gjeld Pontoppidan, so trur eg snarare Ramslesningi er ^[318] ein god Ting; for dei, som lærer seg til aa tru, at dei *forstend* Pontoppidan, dei vert reint øydelagde. Dei fær Fjøli for Augo og Ringen i Nasen slik, at dei aldri lærer aa tenkja sjølvstendig ... Nei; men den kateketiske Metoden, Far! den er Ulukka! Det er beintfram *Upplæring* i aa vera Ettersnakkar og usjølvstendig; du skulde aldri sjaa slik Styggedom!» – «Aa, naar det kjem til Stykket», sagde Strand, «so er det Dogmatikken og den Greida, som maa ut av Skulen, skal det verta Folk av oss.» – «Skaal, Strand!» ropad Juberg; «ja, ja, Heimen og Kyrkja greider no Trui best, *dei*», meinte Karl Magnus.

«Enn du daa, Aslak, vil du verta Teolog?» spurde Strand. «Aa langt ifraa», svarad Aslak, han smilte som eit Barn; «eg vil ikkje vera nokot Slags Embættsmann, eg.» «Det gjer De rett i», sagde Karl Magnus. «Naar Folk kjem i Embætte, er dei som dei var daude; dei vert so bundne av alt dette «foreskrevne», og so somnar dei av, kapslar seg inn som Trikinar, og ét og drikk og avancerar etter Anciennitet» ... «Ja, og so hev dei ikkje nokon *Vyrndad* millom Folk!» meinte Aslak; «dei er so nautne, at dei berre vert til Laatt, og gjeng berre og snakkar um, at dei hev so lite Løn og fær so smaae Pensjonar; og slik som dei ser ut daa! Naar du ser slik ein gamall graa og sur og skakk og sliten Fut elder Prest, so er det plent som du saag eit Par gamle, skeive, uttrødde Sko!» Aslak lo lystigt; dei andre med. Men Daniel var vond og kunde ikkje lenger lika Aslak; – aa segja nokon ^[319] Ting imot kunde sjølv sagt ikkje nytta i eit Lag som dette. –

Betre likad han seg, daa dei tok til aa fortelja Sogur fraa «Fabrikken». Strand og Juberg fortalde i Kapp, og Daniel lo, so Taarerne draup, og fortalde eit Par Smaating, som han og kunde hugsa. Og han minntest sine Skuledagar paa Fabrikken som nokot av det morosamaste og beste, han hadde livt. Karl Magnus forklarad, at Gammeln hadde gjort meir i vaart folkelege Utviklingsarbeid, enn nokon kunde rekna ut, og han heldt serleg fram, at so mange av Bondegutarne fraa hans Skule vart Juristar og Filologar. Og det vart tidt vaare beste Folk. Gjennom dette kom dei til aa snakka um Hærland, og Strand sagde, at det einaste, denne vantad paa aa vera «fullvaksen», var, at han ikkje var Sosialist. Daniel lagde væl Merke til dette. Karl Magnus lagde imot; men det kom seg naturlegvis berre av, at ikkje han helder var «fullvaksen» i den folkelege Politikken. –

Daa Laget sluttad, gjekk Strand, Karl Magnus og Daniel heim til Olai Juberg og drakk Øl, og daa vart Samtalen nokot lettare. Strand og Juberg fortalde um sine Synder, som nok ikkje var so faae som dei burde vera; og det var Gutar, som ikkje var bljuge for aa segja som det var til. Det var forunderlegt so raatt som slikt vart, naar det ikkje vart fortalt med den rette Svingen, tenkte Daniel; han gav seg i Snakk med Karl Magnus. Denne var litt drukken og tok til aa fortelja um ei stor Uppfinning, som han arbeidde med; det var ein Maskin [320] til aa fljuga med, som han trudde vilde verta praktisk. Han grov og leitte i alle Lommur etter ei Teikning, han hadde gjort til denne Maskinen, men fann istadenfor den eit Brev, som førde Tanken hans inn paa ei ny Leid. Brevet var fraa ein Skulemeistar, som hadde misst Posten sin, fordi han var væl glad i godt Lag; det hadde fleire Gonger voret Ugreidur med han; men tilslutt hadde han gjort litt ... litt ... «Skandale?» spurde Daniel; «aa ja»; og so vart han sett paa bar Bakke. No vilde han her inn til Hovudstaden og søkja si Næring, for det var ein flink Kar; men Karl Magnus visste, at det ikkje kunde nytta. «Ein Fyr, som er avsett for Fyll!» – Daniel hadde i Grunnen vondt av Skulemeistaren; men naar slike Folk ikkje passad seg, so kunde dei ikkje venta likare ...

«Ja, ja, det er det, som er Ulukka», sagde Daniel, han tok og til aa faa væl mykje Øl, «det er det som er Ulukka ... Folk vil liva godt og ... hava det godt ... istadenfor aa arbeida og spara. Tener dei litt, so gjeng det til Stas og Fjas; dei ét det upp, og drikk det upp ... og vil vera store Herrar paa Kreditt; og so gjeng dei og drøymer og drøymer og liter paa Slumpelukka ... Gjeng det galet, so kann dei alltid faa nokot Arbeid sidan ... Slikt gjeng aldri godt. Det er Villmannsskap! Bonden er ikkje lenger den ... Odelsbonden, som han var i gamle Dagar; Garden hans stend i Pant i Hypotekbanken ... og so gjeng Bonden og trælær for den, og det vert upp i Fant alt ihop ... Det hev voret sagt [321] mange fagre Ord i Kveld um Upplysning og Aandsliv;

men ... ja. Folket maa læra aa arbeida, det er Tingen!» Strand sat og glodde paa Daniel med heite Augo; so sette han i og svor paa, at den, som sagde, at Folket ikkje arbeidde, han laug! og den, som sagde, at Folket livde for godt, han var eit Talghovud elder ein Kjeltring ... Det kunde væl henda, at desse Proprietærarne uppaa Kaksebygdi livde som Naut og drakk Skogarne sine upp i Sjampanje; men dersom Hr. Braut trudde, at Bønderne i det heile var slike Skadedyr, so var ikkje *han* Mannen til aa føra det store Ord i denne Sak! Daniel saag paa Strand, hadde aldri set Maken til Augo; dei lyste brandgult som paa ein Orm. «Eg hev væl Rett til aa hava ... Meiningar, eg og», stotad Daniel. «Dei Meiningarne, De hev lært uppaa Kaksebygdi, dei kann De faa hava for Dykk sjølv», svarad Strand eggjande og uhøflegt; «og hellest hev De væl aldri havt meir 'Meiningar' enn De hadde godt av, Hr. Braut!» Daniel vart uroleg; han svarad: «Eg hev aldri voret Partimann ... Eg bryr meg Fa'n um Politikken ... Det eine Partiet kann vera likso godt og likso galet som det andre ... Skillingspolitikken, den hev eg no aldri trutt paa ... Landet vert ikkje rikt av aa knipa inn 20 Dalar av ein stakkars Pensjon ... Og kanskje er det ikkje Gull, alt som glimar, i denne Folkehøgskulen helder ... Hadde Kandidat Meier fenget det Prestekallet han søkte ...» – «Hev Meier søkt Prestekall?» harskad Strand i. «Han, som ikkje eingong hev teket *practicum!*»^{k226} skreik Karl ^[322] Magnus. «Ja so», sagde Daniel; han kjende seg vaapenlaus og vart rædd. «De vil kanskje prøva aa kasta Mistanke paa ein Mann som Meier, De?» spurde Strand med sitt trøyttesame, eggjande Maal, som der no kom nokot raatt og vondt upp i; «det er Fanden gale meg det sjoflaste eg hev høyr! Koma med vitterleg Lygn for aa sverta ein Mann, som hev sett heile sitt Liv inn paa aa hjelpa Bonden! Meier er ein Mann, som skulde hava Takk og Vyrndad av heile Landet; og minst av alle tenkjer eg Hr. D. Braut hev Rett til aa tala um uægte Gull!» Strand snakkad seg meir og meir sinnad og vart tilslutt sa grov og leid, at Daniel ikkje saag seg onnor Raad enn aa koma seg av Garde. Med tungt Hovud og tunge Føter ruslad han heim; han hatad Strand og heile Hurven; det var reine Raaheita alt ihop. –

– Um Morgonen vaknad han punsetung og leid. Det siste av Gaarkvelden hugsad han uklaart; so laag han og strævad i pinefull Uro med aa draga seg det til Minnes. Og di meir han hugsad det, di sveittare vart han. Aldri i Verdi torde han koma til Jens Rud no; han fekk skriva til han, og skriva strakst.

Og han skreiv, – og fekk skriftligt Svar. Stutt og rolegt. Jens sende ei «Anvisning» paa Sakføraren sin; der kunde Daniel hevja 10 Dalar kvar Maanadsdag. 10 Dalar, smaatt Stell, tenkte Daniel. So lovad Jens, at han skulde sjaa aa finna Arbeid til han; naa, det vert væl ikkje so braadt, tenkte Daniel. Tilslutt Helsing fraa Kapellan

Hirsch, som no var i Tyskland, [323] men ventad seg heimatt til Vaaren. Naa! ikkje fyrr, tenkte Daniel. –

Men av Tonen i Brevet forstod han greiddt, at Jens ikkje lenger vilde hava nokot Kjennskap med han. Daa kom det nokot ubljugt og kaldt upp i han, og han sagde for seg sjølv: «Godt og væl! Likso godt, at dei veit det! Dei kann faa vita meir ... og so er eg daa kvitt dei!»

Men han likad seg ikkje rett. Han hadde liksom ein Usmak av seg sjølv, og han tenkte med Fælske paa, kor fint Jens Rud kunde smila. –

– Paa dei teologiske Forelesningarne kom han til aa trivast godt. Han merkte nok, at han hadde gløymt ymist av sin Artiumskunnskap, og mangt av det, som ein her burde kunna, hadde han aldri visst; han fekk nok taka seg ei Grunnskuring i Forkunnskapar, naar han fekk Stunder til det; men sjølv Teologien vart han glad i, og det var nokot Tøv, det, som Karl Magnus hadde sagt um denne Lærdomen. For her var meir enn nok til aa prøva Tanken sin paa, og meir enn nok aa granska. Mest dagstødt kom Professorarne inn paa djupe, vande Spursmaal, som stundom var so svære, at han aldri hadde tenkt, der kunde finnast slike i Trui; men di sværare dei var, di gildare var det; for han visste alltid so trygt, at Professorarne vilde vita tilslutt aa greida seg paa den rette, fyreskrivne Maaten.

Ein av dei fyrste Dagarne raakad han Haugum, som han helsad paa med stor Gleda. Men Haugum viste seg aa vera den same som han hadde voret, [324] kanskje helder litt verre. Han gjekk so vidt, at han kritiseraad sjølv Professorarne; og alt, som ikkje var etter hans Hovud, det var «aandlaust» og meiningslaust og ravgalet paa alle Maatar. Daniel kunde ikkje lika slikt. Det var Fanatisme, tenkte han, og han forstod, at der ikkje var Raad med Haugum. Sidan talad dei sjeldan um høgare Spursmaal; Daniel kunde ikkje vera som han vilde, naar han talad med sin gamle Ven. –

Um Kjærasten til Haugum fekk han vita, at ho ikkje var so rik som ho kunde ha voret; Far hennar hadde sett mest alle Pengarne sine i Skipspartar, og hadde havt svære Tap i seinare Tid. «Er det den fyrste, du hev elskat, dette?» spurde Daniel. «Aa langtifraa», svaraad Haugum og lo, «eg hev elskat so mange!» – «Ja men – for Aalvor?» – «For Aalvor hev eg berre elskat ei fyrr, og ho narraad meg.» – Um ei Stund heldt han fram: «Det er sannt: kor liver Hanna Stensrud? ho er ikkje forlovad enno?» – «Ikkje det eg veit.» – «Hm, rart nok! Ho var so gode Venner med ein Løytnant her inne ... some segjer med tvo ... Men dei fann henne kanskje

ikkje rik nok, kann eg tru.» Daniel kolnad; «*er* ho ikkje rik?» spurde han. «Aa jau, for oss so –. Kanskje *du* tenkjer paa henne?» – «Aa langtifraa!»

Johannes Ortvedt var ein av dei, som hadde forandrat seg; han gjekk svartklædd fraa Topp til Taa og saag aalvorleg, men blid ut; lo ikkje lenger, berre smilte. Dei kom etterkvart til aa faa nokot av ^[325] same Hamen alle ihop; det lagde seg yver dei smaatt i Senn som ein Skugge. Um Sven Dufva vart det fortalt, at han laag heime paa Landet og kvilte Hovudet sitt, som han hadde sprengt i Artiumstidi; Halvor Mosebø var like eins heime. Dei hadde maattet taka han heim; han var komen litt paa Rangelen her inne. Student Rødberg foor ikring paa Vestlandet og var Lægprædikant. Markus Olivarius studerad «Jus, Filologi, Teologi, Medisin med fleire Vitenskapar» og «kunde alt, som andre ikkje kunde»; Gregus Johnsen laag paa Landet og samlad nye Inntrykk. Jens Rud skulde studera Jus eit Aars Tid; so vilde han heim att og vera Gardmann. Hærland hadde fenget ein liten Post ved ein Privatskule her, men var sjukleg, Stakkar; Aslak Fjordan var faren til Amerika. Til Amerika? Foor akademiske Borgarar til Amerika? – Aa, det høvde; *Aslak* var iallfall reist. Han vilde der burt og gjera nokot til Gagns, sagde han, vilde ikkje gaa her og slengja i alle sine Dagar som ein stakkars Embættsmann. Det var ikkje nokot for ein sterk, arbeidsfør Kar det, meinte Aslak. Prest *kunde* han ikkje vera; for han innbillte seg, at han hadde vortet slik ein Fritenkjar; Jurist elder Doktor *vilde* han ikkje vera, daa han korkje hadde Hug til aa flaa Folk elder til aa drepa Folk; og Skulemeistar vilde han ikkje vera, um dei forgyllte han! Nei, han vilde til Amerika og arbeida. Heime kunde han ingen Veg koma; Garden sin hadde han etet upp med Lut og Lunnende, og *her* i Landet gjekk det nok ikkje an for ^[326] ein *civis academicus* aa gjera nokot til Gagns! – Daniel riste paa Hovudet og kunde ikkje forstaa seg paa Aslak Fjordan.

– Paa ei Ettermiddagsforelesning raakad han sin gamle Skulekammerat Kristian Bliland; det var berre med Naudi at dei kjende kvarandre att. Dei hadde mykje aa drøsa um no, og Daniel fylgde Kristian heim. Det viste seg, at Kristian var sin same i Lag og i Aatferd; men Meiningar hadde han skift um ymse Ting, og daa vart Daniel so glad, at han vaagad seg fram med somt av det, han hellest ikkje torde tala um. Han fekk daa millom annat vita, at Kristian nok helst vilde fylgja dei «folkelege», naar han berre kunde vera stød paa, at dei ikkje gjorde alt for fast Samlag med Grundtvigsmennerne. «Ja er det ikkje det, eg og er rædd?» sagde Daniel forundrad og glad; «dei er Grundtvigsmenn mest alle ihop! og mange er reine Rasjonalistar!» – «Ja, Rasjonalistarne, dei er no ikkje so faarlege», svarad Kristian rolegt; «det er dei grundtvigske med sine Folkehøgskular og alt det –; skulde dei faa Inngang i Folket ... med sin Pelagianisme^{k227} og heile sin flaae og

grunde Kristendom ... so Gud hjelpe oss.» – «Det er sannt», sagde Daniel. «Ikkje likar eg den Maaten, Jaabæk brukar Guds Ord paa i Bladet sitt helder», heldt Kristian fram; «nei kven kann lika den?» svarad Daniel; «og no er dei alt komne so langt, at dei tek til aa snakka beintfram um aa taka Kristendomen ut or Skulen!.» «Det kann eg ikkje tru», sagde Kristian aalvorlegt. «Tru? Eg hev høyrst det med mine egne Øyro ... [327] ja av Teologar hev eg høyrst det!» Kristian ruggad paa Hovudet. «Og det, som er verre enn alt», foor Daniel fram, glad og ivrig, «eg hev høyrst dei segja ende ut, at Konsekvensen av desse folkelege Tankarne er Sosialismen! Sosialismen og Kommunismen ... er det ikkje fælt?» Kristian tagde og kom i Tankar. «Eg for min Part», heldt Daniel fram og gjorde seg roleg, hev i seinare Tid funnet det best aa slaa meg ifraa Politikken og dei Ting; for det er ikkje godt aa vita, kor langt ein kann fylgja med no.» – «Nei», sagde Kristian, «det gjeld nok aa sjaa seg fyre.» Daniel var so glad, at han undrast paa det sjølv.

Han aat til Kvelds hjaa Kristian, men fekk korkje Øl til Maten elder Toddy etterpaa. Kristian lagde iser ut um Grundtvigianismen og kor faarleg den var; sidan fortalde han um, at dei paa Latinskulen hadde havt slik ein merkjeleg Mann til Religionslærer i dei siste Par Aari. Daa Daniel vilde gaa, sagde Kristian: «Skulde det ikkje vera godt, um me bad litt med kvarandre i Kveld?» – Au, stend det slik til, tenkte Daniel; «jau, jau, gjerna», stotad han. Og so maatte han høyra paa Kveldsbøni hans Kristian, som vart baade lang og drjug. Ja; den, som kunde vera som Kristian! Daniel for sin Part fekk væl drygja, til han vart Prest, tenkte han. So lengje ein laag her og studerad, hadde ein so mange andre Ting aa tenkja paa ... det var ikkje so greidt. Hellest var det no som ein tok det til med denne Bondeskikken aa «halda Bøni»; i fine Hus brukad dei det aldri, og dei var væl like gode Kristne [328] for det ... So snart Kristian hadde sagt Amen, sagde Daniel Godnatt og gjekk. Han aat aldri meir til Kvelds hjaa Kristian Bliland. –

Men some Tider aat han til Kvelds hjaa Endre Storr. Fru Lovise var alltid so hyggjeleg, og so lærde han formel Daning i dette Huset. Grosseraren kom Daniel til aa lika meir og meir etterkvart. Det var i Grunnen ein vitug Mann, og han var ikkje so materialistisk helder som fyrr; det var som han fekk meir og meir Vyrndad for den akademiske Daning, etterkvart som han saag, at det var fraa den, me maatte venta den største Hjelpi mot Frasepolitikken. Student Stensrud og hans Venner vankad jamt hjaa Storr; Daniel vart so halvt um halvt kjend med some av dei, og han fann til si Gleda ut, at dei ikkje *var* so reint overlag fine, som han fyrr hadde trutt. So var det ein annan Ting, han var nokso fornøgd for. Han kom meir og meir etter, at Folk flest ikkje var stort sjølvstendigare enn han hadde voret. Det var nok ein helder aalmenn Ting, det, at Folk laante sine Meiningar av andre. Og so vart dei

sjølvstendige med Aari, etterkvart som desse laante Meinigarne grodde seg fast i dei. Daniel hadde ei Kjenning av, at han snart skulde vera likso sjølvstendig som nokon av dei andre; Halvor Mosebø kunde for den Skuld vera kor han vilde med Forelesningarne yver Ethikken.

Meir og meir lærde han aa forstaa, at det ikkje kunde nytta aa «tru paa Bonden». Han hugsad nok den Kallen, som han gjekk der burti Bygderne og [329] grov i Moldi, skiten og svart, berre tenkjande paa det, som gav i Gryta, og full av Hat og Mistru til all Autoritet og Daning og Opplysning ... Skular vilde han ikkje hava; Jensens Lesebok^{k228} var Djevleskap; vilde ein læra han Folkeskikk, so berre vart han vond elder gjorde Gjøn, og Statsaker hadde han so lite Tanke um, at han leet seg køyra i Ring av Jaabæk; – og slike Folk skulde styra Landet! I Grunnen var der væl ingen, som meinte slikt. Dei, som sagde det, hadde væl sine *eigne* Formaal ... Hjelpa Bonden fram? Bonden *vilde* ikkje fram. Han *kunde* ikkje koma fram helder. Han hadde ikkje Raad til det. Han maatte slita all sin Dag for Maten til Munns; han fekk ikkje Stunder til aa læra. Det nyttad ikkje aa snakka um slikt. Det var berre dei, som hadde Raad, som kunde vera opplyste. –

– Med Pengar hadde Daniel vondt for aa klara seg, og verre og verre vart det. Og endaa maatte han stundom hjelpa andre. Lars Risvold kom upp ein Kveld og sette seg til aa prata ... Daniel forstod so godt kva han vilde og ynskte Fyren til Bloksberg. Men dersom den Stakkaren no gjekk og svalt? so skulde ein hava det paa Samvitet, um ein svarad nei ... Det var sannt, det gamle Ordet, at Armod var Synd. Slike Gagnløysur, som gjekk og livde av aa plundra sin Næste, fortente i Grunnen aa svelta.

Det kom fleire slike, derimillom Peder Monsen, som vilde laana ein Dalar til i Morgo; han fekk med det same Tilføre til aa fortelja, at han *ikkje* hadde sagt nokot til Jens Rud um den Pipekonserten ... [330] So kom det ein Hr. Drilevig, som viste fram Attestar fraa fleire Professorar og hadde fenget Hjelp og Studnad av snart sagt kvar kjend Mann i heile Byen, men som enno ikkje hadde lært dei tvo fyrste Deklinasjonarne; sidan kom Bent Bu; han helsad paa Daniel som «gamall Skulekammerat» og var kjend med ein Gong. Daniel hugsad ikkje Fyren, ikkje Navnet dessmeir, men torde ikkje annat enn halda gode Minur; han reiv i Øl og drakk Skaal for «gamle Dagar», og var i si verste Beit. Men Bent Bu fortalde med Laatt og Gaman um dei Maatarne, *han* hadde brukt til aa freista Livet. Svoltet hadde han tidt og traadt; meir enn ein Gong hadde han livt i Dagevis paa berre kaldt Vatn; men like kaut hadde han voret, og so hadde han havt det godt med, some Tider. Millom annat hadde han skrivet i Avisur, lagat ihop Skrynjur og selt

dei til «Posten» for ei Mark, og annat slikt; men det beste Spikket, han hadde gjort, det var daa han heldt Strid med seg sjølv i «Bondevennen» og «Posten» um Folkehøgskulen. Skreiv fyrst eit Stykke i «Posten» under Merket «*Audiatur et altera pars*»^{k229}. – ha-ha! – skreiv so eit Stykke i «Bondevennen» imot denne same «*Audiatur*», fiktad mot seg sjølv so Busti fauk, og fekk Pengar baade i «Posten» og i «Bondevennen»! – Ja, ja! kva Fanden gjorde det? Kunde det ikkje vera det same for dei Fillebladi, kven som skreiv, berre det var godt skrivet? – Jau, Daniel kunde ikkje motsegja det; han likad i Grunnen denne djerve, buse Karen, som var so lite Partimann. – Men Enden paa ^[331] Visa vart: laana meg ein Dalar. Daniel kunde med Sanning segja, at han ikkje aatte Pengar den Dagen; men daa vilde Bent Bu laana Klokka hans, so han kunde faa Pengar paa den. «Eg skal faa 2 Dalar paa den Filleklokka», sagde Bent, «og so fær *De* den eine! Kom no!» Men daa vart Daniel rædd Fyren og fann paa ei liti Lygn, so han bergad seg. –

Det vart snart so ille med Pengar for Daniel, at han maatte laana sjølv. «Studenterlivet» vart det lite av med; han hadde aldri Raad.

Det var eit Bil, han heldt paa aa koma i Lag med Olai Juberg og hans Venner, Gutar, som hadde god Greida baade paa Studenterlivet og paa Kristiania-Romantikken; men dei hadde ikkje Pengar, dei helder, daa visst ikkje meir enn dei turvte sjølve. Han var fælt leid yver dette, og han harmad seg baade tidt og traadt yver Kapellan Hirsch, som hadde sett han paa Sveltekur her inne. –

Naar han um Maanadsdagen fekk sine tie Dalar, var det berre so vidt han fekk stogga dei verste Kreditorarne sine; so var han snaud. Han gjekk som inni ein stor Ring av gamall og ny Gjeld, og Ringen drog seg meir og meir ihop, tettare og tettare inntil ... han saag godt, at dette ikkje kunde bera til. Og so kunde han kvar Dag venta, at Jens Rud kom og baud han Arbeid, fælt, aandlaust Skulearbeid ...

– Skulde han gjera seg uvyrden og fria til Hanna? Ho var ikkje stygg. Ho hadde endaa havt Løytnantar til Friarar ... Og so hadde ho Bydaning. ^[332] Ho kunde spela Piano. Og ho kunde laga Mat. Og ho hadde Sans for Poesi, ikkje so liten Sans for Poesi ... Gjorde han dette, so kunde han faa Pengehjelp av Proprietæren, kom med ein Gong ut av all si Skuld og Naud, og kunde endeleg eingong faa liva eit Par glade Studenteraar ... Naar han vart eldre og fekk Embætte, vilde han umvenda seg og taka Livet aalvorlegt, og daa vilde Hanna i Grunnen vera høveleg. Inga? ja, men naar han ikkje fekk Pengar, so vart han gangande her i alle sine Dagar som gamall Student elder Skulemeistar, og kunde ikkje gifta seg med henne kor som var ... og kor visste han, at Inga Holm brydde seg um Daniel Sørbraut? Det heile var nokot

stort Tøv, Barnedraumar, Gutegrillur ... naar det kom til Aalvor i denne Verdi, so kunde det nok ikkje nytta aa hefta seg burt med slikt. –

Han gjekk og tenkte paa dette, men det vart ikkje av; kvar Gong han skulde til, misste han Hugen. Derimot tok han til aa spara.

Ein sur, myrk Vinterdag flutte han uppaa Hægdehougen og leigde seg inn i eit Kot til halv tridje Dalar; sidan bar det i Veg med «Middag paa Dampen». Det var hardt aa gaa paa, totte Hr. Braut. Naar han kom inn i den store myrke Matsalen, var der ei Matlukt so ram og stram, at han vart mett med det same, og so var her so «folkelegt» og fælt ... Klokka litt yver 2 kom Armodsdomen fraa Skularne og Universitetet strøymande, alle desse Bondegutarne og Fatikmannssønerne, som studerad ... han hadde aldri ^[333] fyrr visst, at dei var so stygge. Og han kjende Lukt av Hybelen, av gamall Tobaksrøyk og Parafin, av Kaffemaskinar, Husholdningsbraud og Pultost, og han saag Minningar av all den Vesaldom, som fylgjer med, naar tunge Arbeidskrefter set seg uppaa eit Kot og les istadenfor aa slita og arbeida i den friske Lufti. Sjølve Maten smakad «folkelegt» her; han maatte ha voret fælt demokratisk i den Tidi, daa han fann denne Levemaaten god. Ender og daa saag han Kjenningar, som han ikkje vilde raaka, slike som Hærland elder Fram; dei saag endaa skralare ut enn fyrr, totte han, og Fram var lang og losliten og mager, med eit fælt, lurvutt Haar nedyver Øyro og Aksler, so han saag ut som ein Kommunarð; ^{k230} det var ikkje likt til, at dei «store Idearne» kunde korkje føda elder klæda sine Folk. Daa hadde dei det betre, desse gamle Departementskararne og Pensjonistarne, som hadde sitt visse Braud, – endaa dei saag ikkje glade ut, dei helder, der dei sat og maulad yver Labskausen og yver sine svikne Voner, trøytt og leide, graae av Papirdumba og Kontorluft, med smale, magre, turre Andlit, med Maanar og Fleinskallar og graatt Skjegg ... Busteper'ar, Hønsehaukar med fallande Fjør, – underlege Motstykke til Studentarne. Men her og kvar sat Menn av Folket, skitne, tettbygde, stolpesterke Arbeidsmenn, og aat og drakk so rolegt og hjartelegt, som der ikkje skulde finnast den Ting paa Jordi, som heitte den Dag i Morgo.

Daniel sat og saag paa dei gamle, tildess han ^[334] forstod dei. Dei hadde drøymt stort og fagert, dei og eingong; og so skulde dei no sitja her og maula Labskaus millom Arbeidsmenn og Fiskekjeringar. Det var fælt aa tenkja paa. Og endaa vilde Jaabæk knipa, – knipa og knipa paa kvar stakkars Skillingen, som ein arm Statstenar skulde freista Livet med i sin gledelause Alderdom. «Folket»? Folket saag dei her rundt ikring seg, sterkt, raatt og friskt; Folket livde likso godt som dei, betre enn dei, og hadde ikkje kostat ein Skilling paa aa læra Græsk og Latin. Ein dugande Arbeidskar tente kanskje ein Dalar um Dagen, og *han* hadde ikkje

Vekselobligasjonar sugande paa seg som Blodiglar, elder ein Flokk Gutar, som var nøydde til aa studera ... Folket hadde det godt; dei, som var opplyste, hadde det vondt; og endaa sat han Bonden der uppi Thinget og vilde knipa og knipa ... for no var det Raaskapen, som skulde regjera; Raaskapen skulde styra Landet!^{k231} – Daniel kunde godt forstaa, at dei kallad Jaabæk upp paa sine Hestar og Hundar.

Han saag det so klaart som Soli: Embættstanden maatte bergast uppe. Den raae Hopen vilde, at alt skulde vera Hop, og so laag dei og nivellerad og nivellerad og vilde røra alting saman i ei Sørpa; det var komet so vidt, at Bondegutar gjekk her og gjorde Narr av Embættsmännerne ... og dei hadde litt Rett: Embættstanden var ikkje lenger det, han hadde voret. Men slikt gjekk ikkje an. Nokot maatte der vera i eit Samfund, som lyfte seg upp yver Mugen; nokot maatte der vera, som var stort og ædelt og ^[335] hadde Glans og Autoritet; ein Statstenar og hans Yrkje maatte staa som nokot høgt og heilagt i Folket. Embættstanden var den einaste her i Landet, som kunde liva eit Aandsliv; den akademiske Daning var Ideens Presteskap; og det gjekk ikkje an, at Ideens Prestar svalt. Men Folket skulde arbeida, – arbeida og tena Pengar. Daa vilde alt verta hyggjelegt og godt som i gamle Dagar; Skillingspolitikken vilde døy, og den gamle Odelsbonden vilde paa nytt koma til Magt i Norigs Dalar.

Han saag det so klaart! og saag det i slik ein stor, blaanande Samanheng ... det var den største Tanken, han hadde havt. Og no tenkte han sjølvstendig. –

– Ein Dag etter Nyaar kom Jens Rud og baud Daniel Arbeid. Hærland hadde vortet sjuk og maatte hava ein i Staden sin ei Tid; 14 Dagar elder so; ein fekk vona, at det ikkje vart lenger. Daniel vilde og vona det. Han tok imot Tilbodet med ein Takk, som ikkje var svært varm.

Og Arbeidet gjekk som han tok det til. Gutarne var vrang og leide og Undervisningsarbeidet aandlaust; Timarne vilde aldri taka Ende, han kunde stella seg som han vilde. Den einaste, som hjelpte han litt til Rettes, var Karl Magnus, som og var Lærar ved den Skulen; men kvar Dag, naar Daniel trøytt ruslad heim av Skulen, svor han med seg sjølv paa, at no vilde han fria til Hanna Stensrud. –

Han maatte halda ut paa Skulen ein heil Maanad. ^[336] So snart han var fri og hadde fenget Løni si, – kom Rekningarne. Rekningar i Rad og i Flokk, og Kammeratar, som reiv og rykte, og Peder Monsen og Ottkanten, som vilde laana ... Daa Daniel paa ein Maate hadde klarat dette ifraa seg, kom Postguten med eit Brev. Daniel reiv det upp i uvisse Voner –: det var fraa Jens Bakke. Denne hadde spurt, at Hr. Braut no skulde ha fenget ein god Skulepost; Bakke vilde daa ynskja Hr. Braut til Lukka

med denne. Hellest vilde han segja, at han hadde havt ymse Pengetap i seinare Tid ... vilde vera svært takksam ... berre eit litet Avdrag kvar Maanad ... «Din Moldtræl» sagde Daniel og slengde Brevet.

– Det gjekk ikkje for seg ^{k232} dette her. Han *saag*, at han ikkje klarad seg, og han kom snart so djupt i Gjeld, at han fekk gaa og slita og træla i alle sine Livedagar berre med aa betala. Skulde det verta Løni for alt hans lange Stræv, at han skulde liva si Tid som ufri Mann, aldri verta Sjølveigar, alltid slita for andre? Kanskje naadde han ikkje eingong so langt som til Embættseksamen.

Og so at han skulde taka Hjelp av Kapellan Hirsch, – denne Aandsmannen, som til Takk for Hjelpi vilde hava han med for ein Svelteskilling paa eit Arbeid, som Daniel ikkje likad! Det var ein ulidande Ting aa vera hjelpt fram i Verdi av andre. Det var som ein hadde selt Sjæli si. Alt det ein var og vart, det hadde ein andre aa takka fyre; og dei Kararne, dei *kravde* sin Takk! Ein hadde ikkje fri ^[337] Rett yver seg sjølv; ein maatte hugsaa paa, at Per og Paal vilde hava Gleda av Pengarne sine; – og Kapellan Hirsch vilde hava endaa meir, han. Daniel tenkte seg harm paa dette. Han vilde ikkje gaa slik lenger; han vilde forlova seg og vera sin eigen Herre. Proprietær Stensrud sagde visst ikkje nei, naar han hørde, at Friaren var ein Mann med sjølvstendige Meiningar, og ein Mann, som kunde vera teologisk Kandidat um tri Aar. –

Han strævad lengje, fyrr han fekk Friarbrevet istand. Det skulde som alle slike Brev vera kjærlegt; men so skulde han ikkje segja meir helder, enn han kunde svara til, naar han raakad Kjærasten personleg. Daa han var ferdig og hadde skrivet Utskrifti, vart han med ein Gong modlaus. Det var liksom so fælt, dette her. Han hadde aldri tenkt, at det skulde gaa slik til med Daniel Braut. Og Inga Holm var nok ikkje so gløymd, som han hadde tenkt ... Stakkars Inga! Enn um ho no hadde gjenget i alle desse Aari og ventat paa han? Han hugsad Middagslaget i Klokkargarden; han saag henne sitjande i den koselege Klokkestova, søt og ung, drøymande um sin Ven; og der var Sol inne og Sol ute, og Lauvet i Hagen blakrad i Sumarvinden og kviskrad um so mange hyggjelege Ting ... Han maatte jaga Draumarne burt med Magt. Hadde ikkje sjølv Kapellan Hirsch gift seg til Pengar? Hende ikkje slikt kvar Dag? – Der var dei, som giftad seg med 40 Aars Gjentur for aa faa Pengar, og Hanna var daa berre sju–otte og tjuge. Dessutan var han *nøydd* ^[338] til, for Fanden! Han stakk Brevet i Lomma og flaug paa Dør; best aa faa det sendt, fyrr Tankarne snudde. Daa han kom paa Gata, saag han ei Ungmøy, som var so fager, at han aldri hadde set slikt; og strakst etter ei til, og endaa ei til ... han hadde aldri set so mange fagre Damur, og dei var so forunderleg fagre! friske

og jomfruelege, blømande av Ungdom, varme, glade, daarande, forlokkande; han sukkad av Saknad; Verdi var full av fagre Møyar, Møyar som Liljur, Møyar som doggfriske, nysprungne Rosur; men han – han skulde gifta seg med Hanna Stensrud. Naa, um nokre Aar var væl dei likso gamle som ho; han var ein Fatikmanns Son og fekk ikkje krevja det beste; naar han fekk Pengar, skulde han nok greida det ... Men daa han kom til Postkassa, vart det med ein Gong klaart for han, at Brevet kunde drygja til i Morgo.

Paa Heimvegen dreiv han innum Karl Magnus, hadde ikkje Hug til aa vera aaleine. Der sat Dølen og pratad; men det høyrdest ut til, at han var i Ulag. Han talad um, kor lite Hjelp og Samhug han fekk, og kor armt dette Landet var aa liva i for Folk som honom. Han heldt seg sjølv for so god ein Mann, baade med Kunnskap og med Gaavur hellest, at i eit større Land kunde han havt det *romt*; men her vart han Ekstraskrivar. Og tilslutt tok dei ifraa han den Biten med, so han berre hadde sin arme «Døl» aa halda seg til, og den vilde mange lesa, men faae betala; Skadebot for det, han ved sin ærlege Tale hadde misst, kunde han helder ikkje [339] faa, og det endaa han meinte han hadde gjort likso mykje til Framhjelp av ein norsk Bokavl han som mange andre.

Nei; ein skulde gjera Guano i dette Landet; det var det einaste, Folk hadde Bruk for. Dette Landet var eit Fjos og ikkje ein Folkeheim, og naar Kui fekk sitt Vombfyll, ho, so var ho fornøgd. Det kunde ikkje nytta aa bjoda fram Varar, som Folk ikkje vilde hava; og kva Fanden brydde Nordmennen seg um Norskdøms elder Guanokratarne um Dikt? Regjeringi var eit Hønehovud, som ikkje forstod seg paa annat enn det aandeleg daude, og Storthingsbønderne dugde, som rimelegt var, ikkje til annat enn til aa vera Rovediltarar for Presten. Haa! haa! haa! jau det var Statsmenn! Dei gav 1000 Dalar til kvar gamall Prest, som ikkje lenger kunde gøy, og skalv i Kneom, so snart dei saag Fjøri i Futehatten; men kom det ein Mann, som vilde skaffa Tankar inn i alt dette Flesket, so fekk han gaa til Fatik-Kassa, han; kvi Fanden gjorde han ikkje Flesk som dei andre? Ein kunde stundom tru, at desse Samrøingarne hadde Rett i, at Landet var for litet til aa vera eit Rike, – elder at det ikkje var nokot Land, men berre ei Samling av 400 Prestegjeld, som aldri kunde læra aa tenkja annat enn Fatikmanns Tankar. Og Vaarherre maatte vita, um dette nasjonale Strævet vaart i Grunnen var annat enn tome Draumar, bygde paa Gravhaugar og gamle Eventyr.

Karl Magnus gjekk og dreiv i ein gamall vid, sliten Slengfrakke og høyrde paa dette; snart laag [340] han i Sofaen og stirde, snart stod han framfor Spegilen og greidde sitt svarte Skjegg; uroleg og underleg var han; Daniel bad Gud fri seg for aa verta

gamall Student. Stundom prøvde Karl Magnus aa faa Ordet; men det nyttad sjeldan; Dølen vilde tala sjølv. Og kva annat kunde han tru, sagde han, enn at vaart nasjonale Stræv var Tull og Tøv, naar han saag, kor lite dei norske Odelsbønderne brydde seg um baade Maalet og Landet sitt? Dei gav sjuttan i heile Stasen og drog til Amerika; det var den Hjelpi, me fekk av dei. Og so sat han der, han, stakkars Kroken, i sitt kalde Kammers og skreiv og skreiv, og blees paa Fingrarne, at dei ikkje skulde valna, og lo og slog seg glad for aa sleppa aa graata; og dei las og lo og hadde Gaman og totte den Dølen var ein trøysam Kar; men dei vilde ikkje hjelpa han so mykje som med litt Skrivning dessmeir, so han kunde faa Tid til aa arbeida paa slikt, som betre kunde visa, kva han dugde til. Og var det ein Gut, som der var Von i, so skulde du mest jamt sjaa, at han døydde, fyrr han vart mogen. Smaarusket og Skrapet, det livde, for det kunde liva seg under kvar Tuva; men var det eit Ungtre, som skaut seg høgare opp, so vart det brotet av Ve'r og Vind og vonde Dagar; og det verste var, at ein maatte segja dei var sæle, som fara fekk. Som no denne Hærland'en. Det var just slik ein emneleg Gut, som Dølen hadde ventat seg stor Hjelp av i sitt nasjonale Stræv ... no laag han der! Dølen greet. «Hærland? er han sjuk!» skvatt Daniel upp. «Ja», svarad Karl Magnus. «Han hev ^[341] galopperande Tæring!» jamrad Dølen, «og vil snart vera daud som ei Sild!»

–

Daniel reiste seg og sagde Godnatt. Døydde Hærland, maatte *han* taka Skulen ... Han strauk ende ned til Posthuset att og lagde Friarbrevet i Kassa. – –

Svaret kom – forunderleg braadt. Ho elskad; ho hadde elskat; ho vilde elska ... «og no kjem Papa til Byen um ei Tid, so kann De sjølv beda han um mi Haand; for eg kann ikkje snakka til han um slikt, eg, veit De.» Daniel sagde fleire Gonger til seg sjølv: «no hev eg vunnet». –

Men han hadde ingen Hug til aa snakka med Proprietæren. Daa vilde han helder faa Fru Storr til aa greida den Saki; ho var so snild, ho, og so vilde ho ikkje taka det so prosaisk. – Han gjekk til Fru Storr.

Ho tok imot han smilande og mild, og so skalkutt, at han vart raud. «So De er slik ein, De?» Han sette paa seg eit Smil og svarad: «Forstod De ikkje det –?» – «Aa ... men De kunde no gjerna ha sagt meg det.» – «Trur De, at ... at ... at Proprietæren –?» – «Aa, eg veit ikkje ... han hev sine Grillur, ser De!» – «Ja; – og eg eig ingenting, som De veit ...» – «Det gjer det same; eit Embætte er likso godt som ein Arv ... Men, ser De ...» – «Ja dersom det er *nokot annat*», svarad Daniel, han saag paa Fru Lovise med klaare, rædde Augo, som gjenom Brillglasi saag karakterfaste

ut –, «so vil eg beda Dykk segja Proprietæren, [342] at det, eg lærde av honom ifjor, det hev eg ... det ... det kann eg i Aar ... og no er eg ... no er eg *sjølvstendig!*» Hr. Braut sveittad. Ho heldt fram, liksom ho ikkje hadde høyrte dette siste: «men, ser De, Far er so *glad* i Hanna; han vil ikkje vera av med henne, er eg rædd; – men, Herre Gud! den djerne hev Lukka med seg ...» –

– Det var ein fager Dag i Slutten av Mai. Alt hadde greidt seg paa beste Maaten; Proprietæren hadde sjølv voret i Byen og skipat Saki. Han vilde ikkje høyra eit Ord um, at Verson hans skulde gaa og træla som Skulemeistar; – Pengarne hadde han laant; men det gjorde naturlegvis det same. Og gamle Stensrud hadde voret so hyggjeleg; og so hadde Daniel fylgt med han tipp til Pater, og Pater hadde like eins voret so hyggjeleg og fornøgd.

Daniel Braut var paa Veggen til Danseskulen. Som trulovad Mann maatte han kunna dansa, og no hadde han Raad til aa kosta Lærdomen paa seg og. Han drog seg maklegt nedetter Gata i den unge Solglansen, og han grundad og tenkte og fann ut, at han i Grunnen var væl faren.

Han var komen so langt, at han var trygg for seg. Han hadde naatt Hamn etter mange Aars Sigling og Kryssing. Og so var han kvitt den Politikken. –

Fyrr hadde han livt i eit Kav og ein Strid, som han aldri kom til Endes med; der var ikkje *Fred* i den Flokken, han daa fylgde; det heile var eit usunnt, unaturlegt Stræv, som ingenstad bar av; men no hadde han funnet Fred, og Freden var søt.

[343] Vaarherre hadde ställt alting væl. Naar han saag attende paa Livet sitt no, forstod han Meiningi med alt og saag tydeleg Guds Styring i kvar Tilburd. Det einaste han ikkje skynad rett, var den Haud'en til Artium; men den tilgav han Vaarherre; Umvendingshistoria si sprang han yver. –

Rud og Haugum og den Flokken, dei fekk segja kva dei vilde. Han hadde so gode Folk paa si Sida no, at han ikkje var rædd. Han vilde helder hava med seg heile det store opplyste Samfund enn ein Flokk pengelause Idealistar; og han var friare no, naar han heilt fekk fylgja si naturlege Trong til aa bøygja seg loyalt og mjukt for all Autoritet, enn han var, daa han var med og reiv ned paa Autoriteten. Det var sannt, som Professoren sagde: ein naadde ikkje sann Fridom ved aa *raada* seg sjølv, men ved aa *bøygja* seg sjølv, bøygja seg heilt og audmjukt. –

Han var bergad. Um nokre Aar vilde han vera komen inn i den Pyramiden av Glans og Høgd, som han alltid hadde drøymt um, og som var det høgste i Landet; og daa

kunde han med Sanning segja, at han hadde naatt sitt Ideal. Han visste knapt nokon Ting, som kunde vera gildare enn aa sitja paa ein gamall Prestegard og vera Herre yver Bønder. Og daa skulde han læra Folket aa arbeida, arbeida ... Han hadde vondt av den Ungdomen, som gjekk her og dreiv og kastad seg burt i Stræv for ville og lause «Idear», som aldri i Verdi kunde skaffa sine Folk annat enn slitne Frakkar og brotne Voner. Men dei Skraalhalsarne, som gjekk og forførde Ungdomen, og [344] reiv ned paa alt, og ikkje var fornøgde med nokon Ting, dei kjende han at han *hata*d. Kva var det dei vilde for nokot? Var ikkje Samfundet so godt ställt som ein kunde ynskja og venta? – Han rette seg upp og saag seg ikring. Hm, der var dei igjen, desse Snobbarne, desse Sviskeprinsarne, som gjekk og glodde paa Folk og flirde ... Pokkeren maatte vita, kva dei hadde aa flira av. Med ein Gong gjekk det som ein Styng igjenom han: der kom ei, som var so lik Inga Holm. Aa Gud, Inga Holm. At han ikkje hadde skrivet til henne fyrst. Han forstod det ikkje. Ho, som var so ung og so søt, ho, som hadde voret liksom Draumen i hans Ungdom, Draumen, Huldri ... Nei, han maatte ikkje tenkja paa slikt. Han hadde ikkje Lov til det no. Men ein Ting fekk han Hug til –: han vilde kjøpa Asbjørnsens Huldre-Eventyr ...

–So mange fagre Møyar. Some unge og spede som ein sprettande Blom, andre rike og fulle som Svanur ... Men no hadde han Pengar. No vilde han liva eit Par glade Studenteraar; – Vaarherre tilgav nok det, og andre turvte ikkje vita um det. Hanna, ho var vaksi og klok; ho vilde ikkje krevja meir av han enn rimelegt; han fekk skriva til henne so ofta han kunde; ho fekk vera glad ho vart gift. Han skulde nok koma til aa halda av henne. Den som berre var yver det fyrste Møtet ...

Det var ein underleg Ting aa vera trulovad. Han var liksom ein annan Mann no. Det var dei, som hadde Krav paa han, som aatte han ... Men [345] no kunde han og skriva heim og fortelja, at han var forlovad med ei Frøken, med ei rik, fin Frøken. *Det* vilde vera nokot aa faa vita for dei Bønderne der heime, og for Jens i Larsebakken, og Grosserar Helle –! Han saag upp og lo.

Eit Stykkje ned i Gata saag han tvo Karar koma gangande; han kvakk og vart uroleg, for den eine var Jens Rud. Men den andre? Den høge og graahærde med breid, svart Hatt –? Daniel stirde som han var galen. Det var daa væl aldri –. Det kunde daa væl aldri i Livet vera ... Kapellan Hirsch? –

Student Braut visste ikkje si arme Raad. Han snudde seg rundt, skaut Kryl paa Ryggen og tok til Beins med lange Stig; svingad so inn i ei Sidegata.

Bibliografi

Bache-Wiig, Harald, Gunnar Foss, Harald Hellum, Tove Indregard og Åsfrid Svensen 1976. *Frå vesle Daniel til student Braut. Individ, samfunn og tilpassing i Arne Garborgs Bondestudentar*. Oslo: Aschehoug.

Buvik, Per 1975. «Daniels fall. Et problematisk aspekt ved Garborgs *Bondestudentar*». I: *Edda* 1975, 4.

Karlsen, Siri Enger 2001. «Ironi og intensjon i *Bondestudentar* og *Trøtte Mænd*». I: *Norsk skrift* 2001, 102.

Midbøe, Hans 1951. *Arne Garborg og Bondestudentar*. Oslo: Gyldendal.

Mork, Geir 2002. *Den reflekterte latteren. På spor etter Arne Garborgs ironi*. Oslo: Aschehoug.

Sjåvik, Jan 1985. *Arne Garborgs Kristiania-romaner*. Oslo: Aschehoug.

Time, Sveinung 2004. «Den forsinka latteren». I: *Norsk litteraturvitenskapelige tidsskrift* 2004, 1.

Winsnes, A. H. 1961. «Arne Garborg 1» I: Bull, Francis m. fl.: *Norsk litteraturhistorie*, b. 5. Oslo: Aschehoug.

Noter

[n1](#). *Forfattarnote sist i boka*: Mykje av «Dødens» Tale i Kap. V og det meste av «Frams» i Kap. VIII er laant fraa Skrifter av A. O. Vinje og O. J. Fjørtoft.

[k1](#). Thi ser I ... sødelig so-ove] Sitatet er frå Thomas Kingos (1634–1703) salme «Uden Herren opholder vort Huus og vor Gaard» (nr. 97 i Kingos salmebok). «ser» er imperativ fleirtal av «se» (sjå), «ville», «sidde» osb. er presens fleirtal. Meininga i sitatet blir: Sjå! – de (dere) som står tidleg opp og sit seint (oppe) om kvelden – med sorg, arbeid og stor vantru vil de gjøre dykk rike – med bekymring et de det fordervelege brødet. For Gud gir sine både klede og føde – når dei søv søtt. Eller på enklare norsk: Sjå, alle de som slit og strevar seint og tidleg for brød og rikdom, [alt dykkar strev er fåfengt] for Gud gir sine [born] både klede og føde – medan dei søv. – Denne salmestrofa opnar altså for eit sentralt aspekt ved tematikken i boka: splittinga mellom svevn/ latskap – arbeid – og gudsfrykt.

[k2](#). Johan Arndt] Johann Arndt (1555–1621), tysk teolog og talsmann for «pietismen», som la vekt på kjenslemessig intensitet i truslivet

[k3](#). Skattkista] *Skatkisten*, ei andaktsbok av den tyske presten og misjonæren Johannes Gossner (1773–1858); kom ut i 1825, blei omsett til dansk i 1845, fekk stor utbreiding i Norge

[k4](#). taka aat med] ta fatt på

[k5](#). skugrad] *skugre*: skjelve

[k6](#). snuggad seg] her truleg: skunda seg

[k7](#). stritad og stertad] *strita* og *sterta* er eit ord-par, der bae orda tyder om lag det same: å streva.

[k8](#). Manna] nærande føde som Gud gav israelarane i deira førtiårige ørkenvandring – etter 2. Mos 16, 1–25 og 4. Mos 11

[k9](#). vabba] gå tungt og mødesamt

[k10](#). Forklaringi] *Sandhed til Gudfrygtighed* av den dansk-norske teologen Erik Pontoppidan d. y. (1698–1764); «forklarte» Martin Luthers katekisme og var lesebok i norsk skole fram til 1860-tallet

[k11](#). forvend] omsnudd, bakvend

[k12](#). Hovudgjerd] sengekarm eller hovudpute. Meininga må vere at alt det som «hovudgerd» her er bilete på – altså kvile, svevn osb. – til og med lediggang –, er slikt som *Satan* freistar oss menneske med.

[k13](#). i Grunnteksten] Originalspråket for Det gamle testamentet er hebraisk; originalspråket for Det nye testamentet er gresk; men den katolske kyrkja har dessutan godkjent den latinske omsettinga av Bibelen, som blir kalla «Vulgata», som offisiell grunntekst.

[k14](#). aa svara or Grunnen] å gi svar som byggjer på «heilage» skrifter som Bibelen eller andaktsbøkene

[k15](#). Urtegardsmann] person som er inspirert av Johann Arndt (jfr. tidl. note), særleg av huspostillen hans: *Samtlige Bøger om den sande Christendom (tilligemed hans Paradis-Urtegaard)* (1605–1609, dansk omsetjing 1838)

[k16](#). Klokkarskulen] skole for dei flinkaste gute-konfirmantane, dei som ville bli omgangsskole-lærarar

[k17](#). Metode] Den undervisningsmetoden kapellan Hirsch utviklar i kapittel II, avslører han som ein lett karikert Grundtvig-disippel. N.F.S. Grundtvig (1783–1872) og følgjarane hans hadde ein optimistisk tillit til *gud-skapte* evner i folket. Men dei norske pietistane – under leiing av m. a. Gisle Johnson (1822–1894) – gjorde det til eit poeng å markere skiljet mellom «dei vakte», dvs. dei sjølve – pietistane – på den eine sida, og på den andre sida folk flest – dei «vane-kristne» dvs. det «folket» som Grundtvig hadde slik tiltru til. Dogmet om *arvesynd* og frelse ved tru på Jesu soningsdød stod meir sentralt for pietistane enn for grundtvigianarane. Eller med andre ord: Menneskesynet var meir optimistisk hos grundtvigianarane, og meir resignert eller pessimistisk hos pietistane. Det blir då interessant at Daniel i løpet av romanen utviklar seg mellom tre polar: grundtvigianismen til Hirsch, pietismen til Pater omnipotens (sjå kapittel VIII) og nærings-interessene til statskyrkje-prestane – alle tydeleg karikerte.

[k18](#). «Aasynjerne»] kvinnelege gudar i norrøn mytologi

[k19](#). Hlidskjálv] Odin sitt høgsete i Valhall

[k20](#). Gyger] trollkjering

[k21](#). Staalsliti] sløv (oftast om kniv, øks, ljå el. lkn.)

[k22](#). Olger Danskes Krønike] Holger Danske skal etter segna vere nasjonalkjempe for danskane. Heltebragdene hans blir fortalde i Holger Danskes krønike, som blei publisert i mange utgåver, og som var populær også i Norge.

[k23](#). Pintse-Vind] vinden av flammar og lys som disiplane opplevde på den aller første pinsedagen (Ap 2)

[k24](#). Vaabøn] forbanning

[k25](#). Bellum gallicum] Gallar-krigen

[k26](#). fine Fimur] griller; nykker

[k27](#). vassla] tøve; gjøre unyttige ting

[k28](#). Kjøtfjording] eit kvart slakt

- [k29](#). Smørambar] *ambar*: eit kjørel av tre
- [k30](#). smaamylte] trekte på smilebandet
- [k31](#). Krangel med dei vakte] Den folkelege religiøse vekkinga som Hans Nielsen Hauge sette i gang sist på 1700-talet, blei frå 1850-talet trekt inn i preste-utdanninga – i ei form som statskyrkja kontrollerte – av teologen Gisle Johnson (jfr. tidl. note). Denne teologien vart ein kombinasjon av pietisme og ortodoksi, og kom til å stå i motsetnad til grundtvigianismen. Vi finn konflikten att i *Bondestudentar* i diskusjonane mellom «dei vakte» og «dei folkelege».
- [k32](#). Loci natura erat hæc, quem locum nostri castris delegerant] (lat.) naturen var slik på den staden folka våre hadde valt til leirplass, frå *Gallar-krigen* av Julius Cæsar
- [k33](#). med Fysnad] grådig
- [k34](#). Madvig] Johan Nicolaj Madvig (1804–1886), dansk politikar og latin-ekspert
- [k35](#). Stjernerap] stjerneskot
- [k36](#). flikrande og liskrande] ord-par, der båe orda tyder: innsmigrande
- [k37](#). knistande] pipande
- [k38](#). stod att] nådde att
- [k39](#). lett i Taumen] lett å styre
- [k40](#). Fabrikken] «Heltbergs Studentfabrikk», ein latinskole som blei grunnlagt og driven av Henrik Anton Schjøtt Heltberg (1806–1873)
- [k41](#). døkke] dunkel
- [k42](#). Traleverk] gitter
- [k43](#). Gilead] stadnamn i Bibelen
- [k44](#). Svabbesalen] «Svaddesalen», ein dansesal i Stavanger
- [k45](#). fingerfaren] saumfaren og omsnakka
- [k46](#). Netlur] nesler
- [k47](#). gaarutte] med sølestriper
- [k48](#). for 1] dvs. for 1 skilling
- [k49](#). Høkerhandel] krambu, småhandel
- [k50](#). lesa etter] lese seg opp, ta igjen klassekameratane
- [k51](#). «Folkevennen» av Ole Vig] Ole Vig (1824–1857), folkeopplysningsmann og forfattar, redaktør av tidsskriftet *Folkevennen*, grundtvigianar og derfor i konflikt med den norske pietismen i samtida
- [k52](#). frons urbana] (lat.) direkte omsett: by-panne; her: ei sjølvkjensle som bygger på at ein er heilt stød i etiketten til overklassa
- [k53](#). forsømde] skulka
- [k54](#). Velten] av beste slag
- [k55](#). Smalagarde] saueflokk

[k56](#). Ikkje samlad han] han var ikkje ved sine fulle fem

[k57](#). der korkje var Ev elder Stev i] noko som berre var meiningslaust

[k58](#). riktande] pipande

[k59](#). halv tridje hundrad] 250

[k60](#). Jaabækianar] Tarald Ruste var altså tilhengar av Søren Jaabæk (1814–1894), som var bondeførar på stortinget 1845–1891. Mest kjend vart han for å ville avskaffe pensjonane til embetsmennene. Han samarbeidde med Johan Sverdrup om danninga av partiet Venstre.

[k61](#). higrad] humra

[k62](#). med Skalken] med eit skøyeraktig glimt i auget

[k63](#). Livius] Titus Livius, romersk historikar

[k64](#). Amo – amas – amat! amamus – amatis – amant] (lat. bøyingsmønster) eg elsker, du elsker, han elsker osb.

[k65](#). Madvig] her: ei kjend lærebok i latinsk grammatikk av den danske professoren Johan Nicolai Madvig (1804–1886)

[k66](#). All Ting var tri ... Gammeln] Her er det nok Hegels filosofi som blir karikert. Den tyske filosofen Georg Wilhelm Friedrich Hegel (1770–1851) stod sentralt i europeisk filosofi på 1800-talet. Eit sentralt punkt hos han var at tilveret lar seg forstå som ei uendeleg rekke av motsetningar mellom 3 «polar»: tese, antitese og syntese.

[k67](#). Lentur] puss; vittige påfunn

[k68](#). gjorde Sold] kringsette

[k69](#). Remdølerne og Bellovakingarne] fornorska former av namnet på galliske folkeslag

[k70](#). Horats ... Lystgard] Quintus Horatius Flaccus, romersk diktar (65–8 f. Kr.), skildrar ofte det rolege livet på godset sitt

[k71](#). Falerner] kjend italiensk kvit-vin

[k72](#). Jeronymus'ar og Jesper Ridefutar] rollefigurar i *Erasmus Montanus* av Ludvig Holberg (1684–1754)

[k73](#). hic, hæc, hoc, hujus, hujus, hujus] (lat. bøyingsmønster) her

[k74](#). Lartem Porsinnam] Porsinna, etruskisk konge, hadde ein heiderstittel (lartem), som blir *lars* i nominativ

[k75](#). Mangelsgarden] tvangsarbeids-anstalt/fattighus; eigentleg «Prinds Christian Augusts Minde», men folk flest sa «Mangelsgården» etter ein tidlegare eigar av huset, general Johan Mangelsen (1694–1769)

[k76](#). nisi, quanta vi civitates eam (libertatem) expetunt, tanta regna reges defendant] (lat.) om ikkje kongane vil forsvare sine rike like mykje som borgarane vil søke fridomen sin

- [k77.](#) Petum] tobakk
- [k78.](#) Jabb] etterplapring
- [k79.](#) Vimringar] sløvingar
- [k80.](#) «Sven Dufva»] eit dikt i *Fänrik Ståls sägner* av den finske diktaren Johan Ludvig Runeberg (1804–1877)
- [k81.](#) «Ruderne»] flokken kring Jens Rud
- [k82.](#) Segn ... Domedag] I ei tysk folkebok frå 1600-talet blir det fortalt om skomakaren Ahasverus; Jesus kom framom huset hans på veg til Golgata og bad om å få kvile der; men Ahasverus jaga han vidare; etter segna blir Ahasverus straffa med å aldri kunne døy, slik at han må streifa kring i verda til domedag.
- [k83.](#) jamtad] mjaua
- [k84.](#) «Munnskjenk!» «Ganymedes!»] Ganymedes var munnskjenk for dei greske gudane på Olympen
- [k85.](#) kraumande] myldrande
- [k86.](#) Magister bibendi] (lat.) drikkemeister; kjøgemeister
- [k87.](#) Faustis avibus] (lat.) om alt går vel
- [k88.](#) Pereat Rector!] (lat.) Ned med rektor!
- [k89.](#) Silentium!] Stille!
- [k90.](#) smeren] feit og søt; ekkel
- [k91.](#) Paa Talarstolen ... Darre] Granskartradisjonen har tatt for gitt at denne talaren er eit portrett av professor Marcus Jacob Monrad (1816–1897). Han var ein av dei leiande hegelianarane i norsk idehistorie, og ein sentral ideolog på den konservative sida i norsk kulturpolitikk.
- [k92.](#) Vivat rector] (lat.) Leve rektor!
- [k93.](#) ton bion theôn] (gr.) livet til gudane
- [k94.](#) nam et heic dii sunt] (lat.) for også her er gudane; frå «Nathan der weise» av den tyske diktaren Ephraim Lessing (1729–1781)
- [k95.](#) cives academici] (lat.) akademiske borgarar
- [k96.](#) Navaren] *navar*: eit stort bor; her refererer det truleg til ordtaket «det er godt å gjera med gode greier, sa mannen, han flådde merra med navaren»
- [k97.](#) Dølen] Denne talaren er tydelegvis modellert over diktaren Aasmund Olavsson Vinje (1818–1870); her har han fått namn etter det bladet som han gav ut, *Dølen*. Vinje tok ofte del i samkomer med studentane, og heldt ofte talar for dei. Olav Midttun opplyser at det meste av «Dødens» tale her er etter ein tale som Vinje heldt for kvinna på 50-årsfasten i «Selskabet for Norges Vel i 1859 (*Dølen* II, 1. januar 1860).
- [k98.](#) Kvinna var eit skrøpelegt Kar] Jfr. 1. Peters brev (3, 7) i Det nye testamentet: «Kvinna er eit veikare kjerald.»

[k99](#). Satyr] gresk skoggud som attrår kvinner; svarar til Pan i latinsk mytologi

[k100](#). skalkutt] ironisk, skøyeraktig

[k101](#). Guanokratiet] *guano*: egentleg fugleskit, som vart importert som gjødsel frå Sør-Amerika; «Guanokrat» blei nytta som skjellsord for *materialist* og for halv-korrupt byråkrat som dreiv privat handel attåt embetet sitt.

[k102](#). Per Degn] komisk bløffmakar i *Erasmus Montanus* av Ludvig Holberg (1684–1754)

[k103](#). Læstedrægtigheit] lasteevne på seglskip

[k104](#). i Spikje] hang til speking

[k105](#). Hunner og Vandaler] hunarar invaderte Europa på 300-talet, og vandalane truga og invaderte Romarriket på 400-500-talet

[k106](#). Saturnus] Saturn, romersk gud, svarar til Kronos i gresk mytologi, som skal ha ete opp barna sine

[k107](#). Akilles] gresk segn-helt; mora hadde gjort han usårleg ved å halde han i den eine hælen og så dyppe heile kroppen hans i eld og deretter i elva Styx (den elva som renn mellom dei levande si verd og dødsriket), men fordi ho heldt han i hælen, var han sårbar akkurat der og der vart han til slutt råka av fiendane sine og døydde.

[k108](#). Og nok en Skaal ... Piger] frå songen «For Norge, Kjæmpers Fødeland» av Johan Nordal Brun (1745–1816)

[k109](#). Freya] kjærleiksgudinna i norrøn mytologi

[k110](#). glein] preteritum av *glin*: glinse

[k111](#). Skautarne] fleirtal bunden form av *skøyt*, altså om to eller fleire stykke som blir skøyte saman

[k112](#). kleissen] klissete

[k113](#). døynende] fuktig varme

[k114](#). sliare] *sli*: slem

[k115](#). hadde etter] hadde igjen

[k116](#). troten] oppbrukt; utslitt

[k117](#). Myrmenn] dei som kjøpte seg ein verdlaus jordlapp for å få røysterett (røysteretten var på denne tida reservert for menn og då berre for embetsmenn eller menn som åtte jord eller eit privat firma); «akademiske Myrmenn» må vera menn som snik seg til ein akademisk posisjon som dei ikkje var meinte å ha

[k118](#). Demissjonsrett] *demisjon*: avvising; bortvising; utkasting

[k119](#). Dimissjonsretten] *dimisjon*: sleppe nokon fram til eksamen

[k120](#). Laud] forkorting av *laudabilis*: ros-verdig. I tillegg til dei latinske nemningane var det tallkarakterar – med 1 som høgaste karakter og 6 som lågaste. Under laud'en var det *haud* (*haud illaudabilis*): ikkje urosverdig; ikkje så verst. Og under *haud* var *non* (*non contemnendus*) lågaste ståkarakter: ikkje å forakte.

- [k121](#). Bate] nytte; fordel
- [k122](#). vandt] her: lite truleg
- [k123](#). avstyggjeleg] fælsleg
- [k124](#). Svarvestolen] eigentleg ein dreiebenk, men *heile Svarvestolen* er vel her ein metafor for «heile greia», d. e. eksamen
- [k125](#). Heile] hjerne
- [k126](#). Kjelvur] enger
- [k127](#). Plastik] formkunst
- [k128](#). Andre-Eksamen] examen philosophicum, førebuande prøver
- [k129](#). Kvarmar] augnelok
- [k130](#). «Helligt, helligt, helligt er Studentens Kald!»] tekst av Andreas Munch (1811–1884)
- [k131](#). homo novus] eigentleg: ny mann; her: eit menneske som ikkje høyrer til ei av dei store og velkjende ættene
- [k132](#). keivelege] klossete
- [k133](#). frons urbana] direkte omsett: by-panne; her: ein metafor for overklassefolk med usvikeleg etikette og sosial arroganse
- [k134](#). «Helligt, helligt, helligt!»] frå diktet «I Sønner af Fjældet» av Henrik Wergeland (1808–1845)
- [k135](#). Mjødmerne] hoftene
- [k136](#). Tolvskillingen] ein av dei billegaste plassane lengst bak i salen
- [k137](#). redigera kvarandre in absurdum] mistolke kvarandre på urimelege måtar
- [k138](#). langsamt] keisamt
- [k139](#). Filosofien ... nikkad] Jfr. tidlegare note. Georg Wilhelm Friedrich Hegel (1770–1831) freista m. a. å skape ein syntese av filosofi og teologi, som t. d. Søren Kierkegaard (1813–1855) gjekk til åtak på alt i 1840-åra. Noko av grunnen til at Hegel endå ein gong blir gjort til lått, kan vere at Marcus Jacob Monrad (1816–1897, modellen for «professor Darre» på russefesten) var hegelianar lenge etter at Hegel hadde tappt hegemoniet sitt elles i Europa.
- [k140](#). Skandinavismen] Ideen om eit kulturelt og politisk samarbeid mellom Noreg og Sverige og Danmark stod sterkt mellom unge akademikarar i siste halvta av 1800-talet. Unge akademikarar tok sikte på embetsstanden, som i prinsippet måtte vere lojal mot (svenske-)kongen, samtidig som den norske embetskulturen var sterkt knytt til dansk overklasse.
- [k141](#). Dilla] alvorleg fyllesjuke
- [k142](#). Jeg har baaret ... lyse Slot] dikt av den danske dikteren Hans Peter Michael Rosing (1830–1904)
- [k143](#). Fyresyningar] førestellingar

[k144.](#) Mulmet sank, det svale] hyllingsdikt til den nordiske kvinna av dansken Jens Christian Hostrup (1818–1892)

[k145.](#) Samson, som elskede Daliladalila, daliladalila] revy-vise frå 1870-talet av dansken Erik Bøgh (1822–1899)

[k146.](#) jabbad] *jabbe*: jatte med

[k147.](#) Keisar Kaligula] Caligula (12–41 e. Kr.), romersk keisar

[k148.](#) aut Cæsar, aut nihil] (lat.) anten keisar eller ingenting

[k149.](#) fastande] edru

[k150.](#) ulkeleg] kvalmande; motbydeleg

[k151.](#) Dampen] Christiania Dampkjøkken, serveringsstad der ein kunne kjøpe billig mat og ete i store matsalar

[k152.](#) Elia] profet, omtalt i Det gamle testamentet (GT 2 Kong 2, 11)

[k153.](#) Josef] omtalt i Det gamle testamentet (GT 1. Mos 37–50)

[k154.](#) Daniel] omtalt i Det gamle testamentet (GT Daniel 6, 17).

[k155.](#) Habakuk] profet, omtalt i Det gamle testamentet (GT Hab)

[k156.](#) svabbande] vassande

[k157.](#) de fire Species] rekneartane addisjon, divisjon, multiplikasjon, divisjon

[k158.](#) Reguladetri] rekneart der ein ut frå tre kjente storleikar kan finna den fjerde

[k159.](#) Kans] sjans

[k160.](#) Kastelar] Emilio Castelar (1832–1899), spansk statsmann og universitetslærer, tilhengjar av religionsfridom og republikk, omtykt i radikale krinsar i Noreg. Olaus Fjørtoft omsette og publiserte fleire tekstar av han i vekebladet sitt *Fram*.

[k161.](#) Tilstand i Frankrike] må dreie seg om misnøyen med Napoleon III i åra rundt 1870, då parisarane gjorde revolusjon og etablerte den kommunistiske «paris-kommunen» i 1871

[k162.](#) Teatret] Christiania Theater

[k163.](#) gjøld] smigra

[k164.](#) Tonn for Tunga] ikkje sei det til nokon!

[k165.](#) Frams] romanfiguren Fram er tydelegvis eit portrett av Olaus Fjørtoft (1847–1878). Han var ein radikal politisk aktivist og skribent, og han redigerte vekebladet *Fram*. Fjørtoft kalla sjølv tilhengjarane sine for «Fram». Han var ivrig republikanar, og opptatt av dei nye sosialistiske og kommunistiske ideane. Han var dessutan målmann, men ville at alle skulle skrive på sitt eige målføre.

[k166.](#) Røvarar fraa Appeninerne] støttespelarane til Giuseppe Garibaldi (1807–1882), som stridde for å samle Italia til eitt rike

[k167.](#) Haruspeksarne] romerske prestar, som meinte å kunne sjå inn i framtida og varsle om – og hindre – naturkatastrofar

[k168](#). den nye Skuleloven] Dette må gjelde skulelova frå 1860. Hovudmannen bak denne lova var Ole Hartvig Nissen (1815–1874). Denne lova endra allmugeskulen frå rein konfirmasjonsførebuing til ei breidare folkeopplysning. I røynda hadde mange prestar støtta opp om arbeidet med fornying av skolen, og mange lekfolk hadde sett seg i mot. Så «Fram» er urettvis mot prestane her. Men folk var delte i spørsmålet. Striden varte hundreåret ut.

[k169](#). Klokkaramt] Møre og Romsdal vart kalla «klokkaramt» avdi fleire av stortingsrepresentantane derifrå var klokkarar

[k170](#). Seminarskulen] lærarskulen

[k171](#). Katekiseringsøvelse] undervisning i kristne dogme ved hjelp av spørsmål og svar

[k172](#). den resiske Regel] gamal rekneregul med to par storleikar som er parvis proporsjonale

[k173](#). Paternosteret] Fader vår

[k174](#). anten dei gjekk med Krage elder Hette] d.v.s. anten dei var protestantar eller katolikkar

[k175](#). Kong Saul] konge i Israel, som ifølgje Det gamle testamentet vart helbreda for sinnssjukdom når David spelte og song vekk dei vonde åndene som herja med han (1 Sam 16, 23)

[k176](#). Oktanten] omgrep frå geometrien: 1/8 sirkel

[k177](#). kom skjeglände] her: gikk skeivt

[k178](#). sagde so Vaarherre til Fanden] jf. Jobs bok 6, 7

[k179](#). Pater omnipotens] (lat.) allmechtige far. Denne romanfiguren har som modell Peter Hærem (1840–1878), ein kjend indremisjonsmann, som hadde hjelpt Garborg i ungdommen i Kristiania.

[k180](#). Manuduktøren] rettleiaren

[k181](#). Husi] her: horehus

[k182](#). «de skal verta som Gud»] 1 Mos 3, 5: «Men Gud veit at den dagen de et av frukta, skal augo dykkar opnaast, de skal verta som Gud og kjenna godt og vondt.»

[k183](#). Slutdag] ein dag med sludd/våt nedbør

[k184](#). klar] sliten

[k185](#). Krimsmak] *krim*: slim; snørr

[k186](#). kleimde] klistra

[k187](#). talmad] plaga

[k188](#). Bikar] beger

[k189](#). Masket] skrapet; skiten

[k190](#). Jacta est alea] (lat.) loddet er kasta; Cæsars ord då han kryssa elva Rubicon

[k191](#). Seksa] kveldsmat

[k192](#). Sekstar paa sitt Fjordamaal] målføret frå Fjordane hadde ord på seg for å skifte i tonehøgde med intervall opp til sekst og septim

[k193](#). Chignonarne] nakkehåret sett opp i ein slags pung; hår-mote på 1860-talet

[k194](#). stod i Gov] var som ein sandstorm

[k195](#). Bolkekanten] bjelkekanten

[k196](#). sky-hulde] *hulde*: preteritum av å *hylja*, dvs. innhulle (t.d. med slør, teppe el.)

[k197](#). or] vakna

[k198](#). Fusentast] villstyring; brushovud

[k199](#). Folketidende] radikalt vekeblad utgitt av Søren Jaabæk (1814–1894)

[k200](#). Bløyg] kile

[k201](#). langsamt] keisamt

[k202](#). Fjongfole] spradebass

[k203](#). comme il faut] (fr.) slik ein bør

[k204](#). usvipelegt] klossete

[k205](#). kor var Holger Danske i 1864] Hr. Petersens poeng er at Holger danske ikkje kom danskane til unnsetning i krigen mot Preussen i 1864.

[k206](#). en quick patron] (fr.) ein kvikkas

[k207](#). Befordringsvæsenet] *befordring*: transport

[k208](#). Ovbunad] stas

[k209](#). Hespelen] floken

[k210](#). Sakførar Stensgaard] ein karikert opportunist i *De unges forbund* av Henrik Ibsen (1828–1906)

[k211](#). Absinth] sterk, grønnleg likør, som dei drakk oppblanda med vatn

[k212](#). den fransk-tyske Krigen] krigen mellom Tyskland og Frankrike 1870–1871

[k213](#). Gründung] (ty.) grunnlegging

[k214](#). Kassa] fattigkassa

[k215](#). liva som Fuglarne i Lufti] Jfr. Matt. 6, 26: «Sjå på fuglane under himmelen! Dei sår ikkje. Dei haustar ikkje og samlar ikkje i hus, men Far dykkar i himmelen før dei likevel. Er ikkje de mykje meir enn dei?»

[k216](#). Kyrkjemøtet i Nikæa] kyrkjemøtet i Nikea i Tyrkia i år 325, vedtok med demokratisk fleirtal at Jesus var Gud, jamstelt med Faderen

[k217](#). Arius] biskop frå Libya, røysta imot dette vedtaket

[k218](#). steingjenget] forsteina

[k219](#). Moders Maal og Faders Skik] uvisst om sitatet er etter Ole Vig (1824–1857) eller N.F.S. Grundtvig (1783–1872)

[k220](#). sin Bestemmelse] Kappellan Hirsch tar for gitt, som mange andre i siste halvta av 1800-talet, at kvart menneske har ein «bestemmelse», dvs. at Gud har

etla den einskilde til særskilde oppgåver.

[k221](#). vart annars ved] vart uroleg; tok seg nær av det

[k222](#). minst fyre] ingen sak

[k223](#). Saud] sau

[k224](#). i dei Bilom] i desse tider

[k225](#). audkjende] lett kjennelege

[k226](#). practicum] praktisk teologisk seminar, obligatorisk tilleggsutdanning for teologar som vil bli prestar

[k227](#). Pelagianisme] Etter den britiske munken Pelagius, som på 400-talet avviste dogmet om arvesynda, og hevda at mennesket var i stand til å leve eit moralsk liv.

[k228](#). Jensens Lesebok] P. A. Jensen (1812–1867) redigerte ei ny lesebok for folkeskolen, som kom ut i 1863. Den skulle erstatte *Sandhed til Gudfrygtighed* av Pontoppidan. Jensens lesebok provoserte mange, for den inneheldt ein del verdslige tekstar, medan Pontoppidan var ei katekisme-forklaring.

[k229](#). Audiatur et altera pars] (lat.) ein skal og høyre den andre parten

[k230](#). Kommunard] ein som var med i Pariserkommunen 1871

[k231](#). Raaskapen skulde styra Landet] ironisk vri på songen «Kunnskap skal styra rike og land» av A. O. Vinje (1818–1870)

[k232](#). Det gjekk ikkje for seg] dette gjekk berre ikkje

[v1](#). Den versjonen av *Bondestudentar* som stod i *Fedraheimen* (jfr. innleiinga), har somme passasjar som Garborg strauk i førsteutgåva av boka frå hausten 1883. Det første dømet kjem her; *Fedraheimen* fortel meir enn førsteutgåva om korleis Daniel tenkjer ved dette høvet: «Det var sjeldan, han spurde Far sin um nokot, og det hadde aldri hendt, at han hadde spurd han um slike høgare ting. Men i Dag sette han seg fyre, at han vilde gjera det. Han vilde spyrja, um Folk totte det var Moro aa gaa slik og træla, naar dei gjorde det, endaa Boki so tydeleg sagde, at dei kunde sleppa; elder han vilde spyrja, um det ikkje var Synd og Vantru, det dei gjorde no, – aa, han kunde koma med ei heil Rad av Spursmaal, totte han.»

[v2](#). *Fedraheimen*: ... hava Rett. Det kunde ikkje nytta aa tenkja paa nokon Ting; dei vaksne visste det alltid betre. Hug til aa arbeida ...

[v3](#). *Fedraheimen*: ... gaa daa! Den som var glad var Maren; no var daa den Sorgi sløkt.

[v4](#). Her føyer *Fedraheimen* til: «Det var rimelegt.»

[v5](#). *Fedraheimen*: ... for oss paa Jordi. Dessutan var Arbeidet godt til aa allstødt minna oss um at me var Syndarar, og til aa halda oss audmjuke; Læraren fekk ...

[v6](#). *Fedraheimen*: ... um nokon Ting. Og det mest forunderlege var, at Læraren hadde spurt alt i hop ut av Borni sjøve, so at Daniel for kvart Spursmaal hadde

visst, kva der skulde svarast – for det hadde han lært fyrr –; det var altso greidt nok, at Læraren hadde Rett. So laut ein ...

[v7](#). *Fedraheimen*: ... arbeida, med hovudet. Dette hadde Daniel no i Grunden aldri visst og aldri tenkt seg; men det maatte vera so, av di Læraren vilde hava dette Svaret. Og Læraren gav ...

[v8](#). *Fedraheimen*: ... Kapellanen trufast inn. Fyrst las dei eit Par Kongesogur, og dette var nokot annat enn dei Røvarsogurne ned fraa Rom, sagde Kapellanen. Deretter bar det laust med Diktatarar, helst dei historiske. Slike som Holberg ...

[v9](#). *Fedraheimen*: ... han vera med. Den som ikkje var med her, maatte sjølv vera ein Moldtræl. Kapellanen forstod Tankarne hans og tenkte med seg i stille Gleda, at *dette* var aa vera Ungdomslærar, *dette* var aa vera Uppfostrar! So mykje «gylden Sæd» som der vart nedlagt i denne Barnesjæli, so *kunde* ikkje Hausten annet (sic.) enn verta rik. – / Tri Slags Menn var det, som kunde vera Fyregangsmenn i vaart store Folke-Arbeid, sagde han. Det var fyrst Skalden. Han kunde slaa Gullstrengjerne slik, at Folket kjende det inn i sine Hjarterøter; han kunde syngja, so all trolldom brast, syngja, so den bergtekne *maatte* vakna og minnast, kor han var fødd og kor han var boren, og kor han i Sanning hørde heime. So var det Folkehøgskulelæraren. Han bar dei løysande Aandstankarne ut til Folket gjennom det livande Ordet; han vekkte dei sovande Sjæler, so dei kunde høyra Skaldens Song. Den tridje var Presten. Han var paa ein Maate den sterkaste; for han tente paa ein Gong Guds Aand og Folkeaanden. Men hellest kunde alle vera med, kvar paa sin Maate. Her var meir enn nok aa gjera for oss alle, og endaa den minste Gjerning kunde gjeva rik Frukt, naar ho vart gjord i Kjærleik og Truskap. / Daniel tenkte med Gleda paa, at han skulde verta Prest. – / Ein Ting var litt leid, og det var ...

[v10](#). *Fedraheimen*: ... var nokon Nøkk? Nei, Naturen var plent Aandlaus paa den Maaten. Men dersom Folket ...

[v11](#). *Fedraheimen*: ... leet han um. Dei gjorde ikkje annat der enn laag og eksera med denne Grammatikken, so Gutarne vart so turre som Departementsfolk og so snuskloke som gamle Kjeringar. Det var ikkje ...

[v12](#). *Fedraheimen*: ... saa ofta att. Tilslutt fekk han ein Regel elder tvo um Grammatikken: men det maatte gaa fort, for at dei ikkje skulde koma ut av Samanhengen. Daniel totte ...

[v13](#). *Fedraheimen*: Um ei Stund sagde Kapellanen, at no fekk dei nok taka til med Latinen. Det var ikkje etter Metoden. Men Tidi fall slik, at Kapellanen laut driva paa. Daniel var stolt. Lesa Latin! Han fortalde det til alle,han saag, Og der var som ei Høgtid yver han, daa han kom heim den Dagen.

[v14](#). *Fedraheimen*: ... maatte ein læra dei, og det var væl nokonlunde raadlaust. Dessutan hadde Ordi tidt so mange Meiningar, so at um ein forstod dei paa ein Stad, so forstod ein dei kanskje ikkje paa ein annan og so var ein like nære. Men endaa galnare ...

[v15](#). *Fedraheimen*: ... livde dei. Dei syntest vera plent like sæle, anten dei lærde nokot elder ikkje. Det var som ...

[v16](#). *Fedraheimen*: ... som vedkom «Henne». Det var for desse Rimi, som allstødt kom i Vegen, og tidt nok maatte han for deira Skuld skriva nokot annat enn det han hadde tenkt paa. Mest alltid sette han ein syrgjeleg Ende på Dikti sine; for daa vart dei meir poetiske, totte han. – Heile Skulen ...

[v17](#). *Fedraheimen*: ... ingenting, Han hadde dessutan ikkje nokot aa segja; han hadde fengje sitt fyrr, og væl so det. – Dei sagde ...

[v18](#). *Fedraheimen*: ... aa koma der. Han brydde seg visst ikkje meir um Aand enn um sine gamle Treskor. – Men Jaabækianaren ...

[v19](#). *Fedraheimen*: ... og gjorde Sold paa disse Villmennerne i Gallia, den Styggheita ...

[v20](#). *Fedraheimen*: ... sagde han tilslutt og pustad. Men Daniel var glad, fordi han endeleg hadde fengje visst, kva Gammeln meinte, naaar han sagde «ho» om Folk; for det sagde han alltid, naar han totte det gjekk galet. Med «ho» meinte Gammeln ...

[v21](#). *Fedraheimen*: Der er Skilnad paa consilium med s og concilium med c! Aa eg arme Mann! Kor skal det gaa med meg? Eg kjem til aa svelta ihel, eg arme Mann! Aa desse Gutarne (...) og det er di Skuld, Lars! Det er di Skuld, Lars Risvold, som ikkje veit Skil paa ...

[v22](#). *Fedraheimen*: ... hyggjelegt. So sælt, so solfullt, so rikt; Make til ...

[v23](#). *Fedraheimen*: saarare enn daa. Men verre enn alt vondt var det aa vakna um Morgonen, vekkt av Solsteik og Flugesong. – Det var ei stor ...

[v24](#). *Fedraheimen*: ... og styrkjer. Det er Jarn og Kinin, maa De vita.» – So kjøpte ...

Arne Garborgs *Bondestudentar* er lastet ned gratis fra e-bokportalen Bokselskap. Lesetekst og flere nedlastningsmuligheter m.m. er gratis tilgjengelig på bokselskap.no